



Prop. 1 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2015

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1670

Inntektskapittel: 3021–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5605 og 5692–5693



Prop. 1 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2015

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1670

Inntektskapittel: 3021–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5605 og 5692–5693

Innhold

Del I	Innleiing	9	4	Oversynstabellar for budsjettet	23
1	Oversyn	11	4.1	Bruk av stikkordet «kan overførast»	26
1.1	Område	11		Årsverksoverslag per 1. mars 2014 på Finansdepartementet sitt område	27
1.2	Hovudoppgåver og organisering ..	11	4.2		
1.3	Oversyn over budsjettframlegget for Finansdepartementet	12			
1.3.1	Samla utgifter	12			
1.3.2	Samla inntekter	13			
2	Nokre viktige oppgåver i 2015	14	5	Nærare omtale av løvingsframlegga m.m.	31
2.1	Statens pensjonsfond	14			
2.2	Betre skatte- og avgiftsforvaltning	14			
2.2.1	Bakgrunn	14			
2.2.2	Organisatoriske endringar og tiltak	15			
2.3	Omstilling i Direktoratet for økonomistyring	19			
2.4	Større openheit og meir informasjon om pengebruken i staten	19			
2.5	Regelverksarbeid på finansmarknadsområdet	19			
2.6	Arbeidet med berekraftig utvikling og klima	20			
3	Oppfølging av oppmodingsvedtak	21			
3.1	Vedtak nr. 328 (2012–2013) 17. desember 2012	21			
3.2	Vedtak nr. 27 (2013–2014) 26. november 2013	21			
3.3	Vedtak nr. 28 (2013–2014) 26. november 2013	21			
3.4	Vedtak nr. 269 (2013–2014) 12. desember 2013	21			
3.5	Vedtak nr. 366 (2013–2014) 20. mars 2014	21			
3.6	Vedtak nr. 589 (2013–2014) 20. juni 2014	22			
3.7	Vedtak nr. 600 (2013–2014) 20. juni 2014	22			
3.8	Vedtak nr. 601 (2013–2014) 20. juni 2014	22			
3.9	Vedtak nr. 602 (2013–2014) 20. juni 2014	22			
3.10	Vedtak nr. 603 (2013–2014) 20. juni 2014	22			
3.11	Vedtak nr. 604 (2013–2014) 20. juni 2014	22			
			Del II	Budsjettframlegget for 2015 ...	29
			5	Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	32
				Programkategori 00.30 Regjeringa	32
				Kap. 20 Statsministerens kontor	33
				Kap. 3020 Statsministerens kontor	33
				Kap. 21 Statsrådet	33
				Kap. 3021 Statsrådet	34
				Kap. 24 Regjeringsadvokaten	34
				Kap. 3024 Regjeringsadvokaten	35
				Programkategori 00.40 Stortinget og underliggjande institusjonar	36
				Kap. 41 Stortinget	36
				Kap. 3041 Stortinget	43
				Kap. 42 Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	43
				Kap. 43 Stortingets ombodsmann for forvaltninga	44
				Kap. 3043 Stortingets ombodsmann for forvaltninga	46
				Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	46
				Kap. 3044 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	47
				Kap. 45 Nasjonal institusjon for menneskerettar	47
				Kap. 51 Riksrevisjonen	47
				Kap. 3051 Riksrevisjonen	49
				Programområde 23 Finansadministrasjon	50
				Programkategori 23.10 Finansadministrasjon	50
				Kap. 1600 Finansdepartementet	50
				Kap. 4600 Finansdepartementet	60

Kap. 1602 Finanstilsynet	61	<i>Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.</i>	125
Kap. 4602 Finanstilsynet	65	Kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken	125
Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet	66	Kap. 5341 Avdrag på uteståande fordringar ..	127
Kap. 1605 Direktoratet for økonomistyring ..	66	Kap. 5351 Overføring fra Noregs Bank	127
Kap. 4605 Direktoratet for økonomistyring ..	71	Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	128
Kap. 1608 Tiltak for å styrke statleg økonomi- og prosjektstyring	72	Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	129
<i>Programkategori 23.20 Skatte- og avgiftsadministrasjon</i>	74	Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	130
Kap. 1610 Toll- og avgiftsetaten	75	Del III Andre saker	131
Kap. 4610 Toll- og avgiftsetaten	83	6 Likestilling og mangfold	133
Kap. 1618 Skatteetaten	85	6.1 Finansdepartementet	133
Kap. 4618 Skatteetaten	100	6.2 Etatane under Finansdepartementet	133
<i>Programkategori 23.30 Offisiell statistikk</i>	103	6.3 Legemeldt sjukefråvær i Finansdepartementet og dei underliggjande etatane	136
Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå	103	6.4 Programkategori 00.30 Regjering	138
Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå	111	7 Miljø- og ressursspørsmål	140
<i>Programkategori 23.40 Andre føremål</i>	112	7.1 Finansdepartementet	140
Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift	112	7.1.1 Oppfølging av arbeidet med berekraftig utvikling	140
Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	113	7.2 Statistisk sentralbyrå	141
Kap. 1634 Statens innkrevjingssentral	115	Forslag	143
Kap. 4634 Statens innkrevjingssentral	118	Vedlegg 1	
Kap. 1638 Sal av klimakovtar	119	Tilsetningsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak	151
Kap. 4638 Sal av klimakovtar	119		
Kap. 1645 Statens finansfond	120		
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	121		
<i>Programkategori 24.1 Statsgjeld, renter og avdrag m.m.</i>	121		
Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.	122		
Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløysing ...	124		

Tabelloversikt

Tabell 5.1	Ressursbruken i Finanstilsynet, fordelt på tilsynsområde	62	Tabell 5.19	Oppgåvebør ved rapportering til Statistisk sentralbyrå	105
Tabell 5.2	Innbetaling av skattar, avgifter og toll	75	Tabell 5.20	Prosentdel av oppgåvegjevarane som rapporterer elektronisk	106
Tabell 5.3	Toll- og avgiftsetaten – statistikk frå grensekontrollen	76	Tabell 5.21	Frigjevne statistikkar	106
Tabell 5.4	Toll- og avgiftsetaten – grensekontroll – beslagsstatistikk	77	Tabell 5.22	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift – forvaltningsorgan utanfor ordninga	114
Tabell 5.5	Toll- og avgiftsetaten – resultat for økonomisk kontroll – korrigert til føremon for staten ..	78	Tabell 5.23	Statens innkrevjingssentral – registrerte krav og innkravd beløp per år	115
Tabell 5.6	Toll- og avgiftsetaten – økonomisk kontroll – kontrollstatistikk	79	Tabell 5.24	Statens innkrevjingssentral – innkrevjingseffektivitet (løysings- og innbetalingsprosent)	116
Tabell 5.7	Toll- og avgiftsetaten – inntekter og restansar	79	Tabell 5.25	Statens innkrevjingssentral – produktivitetsutvikling	116
Tabell 5.8	Fastsette skatter og avgifter – oversyn	86	Tabell 5.26	Rett saksbehandling	117
Tabell 5.9	Tal på behandla sjølvmeldingar m.m.	87	Tabell 5.27	Statens innkrevjingssentral – servicegrad	117
Tabell 5.10	Skatt og arbeidsgjevaravgift for inntektsåra 2010–2012	89	Tabell 5.28	Innanlandsk statsgjeld per 31. desember 2013	121
Tabell 5.11	Meirverdiavgift for avgiftsåra 2010–2012	89	Tabell 5.29	Garantiordningar for Den nordiske investeringsbanken	126
Tabell 5.12	Skatteetaten – samla aktivrestanse	90	Tabell 6.1	Likestilling og mangfold i etatane under Finansdepartementet	134
Tabell 5.13	Behandla meldingar i Skatteetaten – resultat	91	Tabell 6.2	Kvinner sin del av løna til menn i eit utval kodar	134
Tabell 5.14	Tal på behandla klager på skattevedtak	92	Tabell 6.3	Tilsette med innvandrarbakgrunn	135
Tabell 5.15	Tilsegsordninga ved oppfølging av konkursbu	102	Tabell 6.4	Legemeldt sjukefråvær i pst. – både kjønn	136
Tabell 5.16	Aktualiteten til statistikken – talet på veker frå utgangen av referanseperioden til publisering	104	Tabell 6.5	Legemeldt sjukefråvær i pst. – kvinner	136
Tabell 5.17	Publisering av statistikk – avvik frå varsle tidspunkt	105	Tabell 6.6	Legemeldt sjukefråvær i pst. – menn	137
Tabell 5.18	Svarprosentar i undersøkingar frå Statistisk sentralbyrå	105	Tabell 6.7	Legemeldt sjukefråvær i pst. etter aldersgruppe	137
			Tabell 7.1	Løyvingar til miljøtiltak	140

Figuroversikt

Figur 1.1	Verksemder på Finansdepartementet sitt område i 2015	11
Figur 2.1	Betre skatte- og avgiftsforvaltning – oversyn	15

Figur 5.1	Arbeidet til skatte- og avgiftsadministrasjonen med fastsetjing og innkrevjing av skattar og avgifter	74
-----------	---	----



Prop. 1 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2015

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1670

Inntektskapittel: 3021–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5605 og 5692–5693

*Tilråding fra Finansdepartementet 26. september 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiing

1 Oversyn

1.1 Område

I denne proposisjonen kjem departementet med framlegg om utgifter og inntekter under programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar*, programområde 23 *Finansadministrasjon*, medrekna skatte- og avgiftsadminstrasjonen, og programområde 24 *Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.* Ansvaret for løvingane, medrekna rekneskapsavlegging, under programkategoriane 00.30 *Regjeringa* og 00.40 *Stortinget og underliggende institusjonar* ligg til høvesvis Statsministerens kontor og Stortinget sine eigne institusjonar. Av praktiske grunnar vert desse programkategoriane ført opp i Finansdepartementet sin proposisjon, og beløpa er tekne med i oversyn over løvingar på Finansdepartementet sitt område. Framlegg under programkategori 00.40 er i samsvar med framlegget frå stortingsadministrasjonen.


1.2 Hovedoppgåver og organisering

Finansdepartementet med underliggjande etatar har ansvar for m.a. å

- medverke til eit høveleg grunnlag for vedtak i den økonomiske politikken og i budsjettarbeidet
- sikre finansieringa av den offentlege verksemda gjennom skattar og avgifter
- samordne arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyringa i staten
- forvalte statleg formue og gjeld
- medverke til eit offisielt statistikk- og datagrunnlag til bruk i offentleg og privat verksemd
- medverke til velfungerande finansmarknader

Politikken på dei ovannemnde områda er omtalt i Meld. St. 1 (2014–2015) *Nasjonalbudsjettet 2015*, Prop. 1 S (2014–2015) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2015* og Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*. Proposisjonen her omfattar i fyrste rekje forvaltinga og administrasjonen på desse områda.

Nedanfor er eit oversyn over verksemder på Finansdepartementet sitt område.



Figur 1.1 Verksemder på Finansdepartementet sitt område i 2015

¹ Ansvarstilhøvet mellom Norges Bank og statsmaktene i m.a. budsjettsaker og administrative saker er regulert ved lov 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv.

² Fondet er særskilt rettssubjekt, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet.

³ Verksemde med eige styre.

1.3 Oversyn over budsjettframlegget for Finansdepartementet

1.3.1 Samla utgifter

Programområde under departementet

Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	(i 1 000 kr) Pst. endr. 14/15
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	2 020 962	2 096 300	2 319 500	10,6
Programområde 23 Finansadministrasjon	28 567 547	30 333 711	36 059 100	18,9
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	78 763 638	10 758 600	74 351 400	591,1
<i>Sum utgifter</i>	<i>109 352 147</i>	<i>43 188 611</i>	<i>112 730 000</i>	<i>161,0</i>

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar

Programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar* omfattar regjeringa og Stortinget med underliggende institusjonar. Framlegg til løyving for 2015 under dette programområdet utgjer 2 319,5 mill. kroner. Av auken på 223,2 mill. kroner frå saldert budsjett 2014 gjeld 202,5 mill. kroner kap. 41 *Stortinget*. Auken gjeld særleg utgifter til rehabilitering av Stortings eide eiendom Prinsens gate 26.

Framlegget under programkategori 00.40 *Stortinget og underliggende institusjonar* er i samsvar med framlegget frå stortingsadministrasjonen.

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programområde 23 *Finansadministrasjon* omfattar skatte- og avgiftsadministrasjon, offisiell statistikk, finansadministrasjon og nokre andre føremål. Det samla framlegget til løyving for 2015 under dette programområdet utgjer 36 059,1 mill. kroner. Det er ein auke på 5 725,4 mill. kroner frå saldert budsjett 2014. Av auken heng 5 150 mill.

kroner saman med innføring av ei nettoordning for budsjettering av meirverdiavgift. Etter den nye ordninga vil dei fleste ordinære forvalningsorgan ikkje belaste eigne budsjettkapittel med meirverdiavgiftsdelen av ei rekning. I staden vert avgifta belasta Finansdepartementets kap. 1633 *Nettordning, statleg betalt meirverdiavgift*.

Fra 2015 av vert Statens innkrevjingssentral ein del av Skatteetaten. Dette er eitt av fleire tiltak og oppgåveoverføringer for å skipe ei betre skatteinngåve. Sjå nærmare omtale i pkt. 2.2 nedanfor.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.

Programområdet omfattar utgifter til renter og avdrag på den innanlandske statsgjelda og på statsskassa sine krav. Departementet sine renter og avdrag på statsgjeld er budsjetterte til 74 291 mill. kroner. Hovudgrunnen til auken på 63 565,4 mill. kroner frå saldert budsjett 2014 er at eit stort obligasjonslån har forfall i 2015, medan det for 2014 ikkje er rekna med nokon avdrag.

Utgifter fordelt på postgrupper

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	(i 1 000 kr)
					Pst. endr. 14/15
01-23	Driftsutgifter	11 236 294	10 369 911	15 642 800	50,8
30-49	Nybygg, anlegg m.m.	408 742	405 100	526 600	30,0
50-59	Overføringar til andre statsrekneskap			20 000	
60-69	Overføringar til kommunar	17 185 303	19 800 000	20 200 000	2,0
70-89	Overføringar til private	13 977 808	12 613 600	14 921 600	18,3
90-99	Utlån, avdrag m.m.	66 544 000		61 419 000	
	Sum under departementet	109 352 147	43 188 611	112 730 000	161,0

Utgifter under programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar* og programområde 23 *Finansadministrasjon* er stort sett administrasjonsutgifter. Av dei samla utgiftene utgjer driftsutgiftene 75,9 pst. under programområde 00 og 81,1 pst.

under programområde 23, utanom kap. 1632 *Kompensasjon for meirverdiavgift* og kap. 1633 *Nettordning, statleg betalt meirverdiavgift*. Renteutgiftene er ført over postgruppe 70–89 og utgjer 86,3 pst. av framlegget for den postgruppa.

1.3.2 Samla inntekter

Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	(i 1 000 kr)
				Pst. endr. 14/15
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	40 445	130 250	25 800	-80,2
Programområde 23 Finans-administrasjon	3 145 299	3 174 100	2 705 400	-14,8
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	10 347 436	3 069 800	13 558 600	341,7
Sum inntekter	13 533 180	6 374 150	16 289 800	155,6

Samla inntekter, utanom skattar og avgifter, utgjer 16 289,8 mill. kroner. Av det er 5 558,3 mill. kroner utbyte og renteinntekter, m.a. 3 000 mill. kroner i overføring frå overføringssfondet i Noregs Bank. Statens renteinntekter av foliokontoen i Noregs

Bank og andre krav i 2015 er omtalte i kap. 5605 *Renter av kontantar i statskassa og andre fordringar*. Det er gjort greie for skattar og avgifter i ein særskild proposisjon – Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*.

2 Nokre viktige oppgåver i 2015

Nedanfor er det gjort greie for nokre av dei viktige oppgåvene Finansdepartementet i 2015 skal utføre i tillegg til å samordne den økonomiske politikken:

2.1 Statens pensjonsfond

Stortinget har i lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond gjeve Finansdepartementet ansvaret for forvaltinga av fondet. Den operasjonele forvaltinga av Statens pensjonsfond utland (SPU) og Statens pensjonsfond Noreg (SPN) er det høvesvis Noregs Bank og Folketrygdfondet som tek hand om, jf. § 2 i lova. Departementet har fastsett føresegner for forvaltinga i særskilde mandat for Noregs Bank og Folketrygdfondet. Her er det gjort greie for referanseindeksar og rammer for forvaltinga, og ein finn føresegner om risikostyring, rapportering og ansvarleg investeringspraksis. Mandata er prinsippbaserte, og dei føreset at Noregs Bank og Folketrygdfondet fastset meir detaljerte interne reglar.

Den samla marknadsverdien av Statens pensjonsfond var 5 662 mrd. kroner ved inngangen til andre halvår 2014. Av dette var 5 478 mrd. kroner i SPU og 183,5 mrd. kroner i SPN. Det er venta at fondet vil vekse i tida som kjem. Langsiktig og god forvalting av denne fellesformuen er ei viktig oppgåve.

Finansdepartementet fastset investeringsstrategien for fondet med retningsliner for ansvarlege investeringar og følgjer opp forvaltinga. I 2015 skal det arbeidast med prioriterte oppgåver som gjeld denne strategien.

Arbeidet med Statens pensjonsfond er nærmere omtalt i Meld. St. 19 (2013–2014) *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2013* og i Meld. St. 1 (2014–2015) *Nasjonalbudsjettet 2015*.

2.2 Betre skatte- og avgiftsforvaltning

2.2.1 Bakgrunn

Dagens organisering av skatte- og avgiftsadministrasjonen er eit resultat av ei lang utvikling. Dei

ulike etatane på området har arbeidd godt innanfor dagens organisering, men utviklinga og oppgåvefordelinga mellom dei har ikkje i tilstrekkeleg grad vorte sett i samanheng. Dette har ført til ei lite tenlig oppsplitting av arbeidsoppgåver som mellom anna hindrar fagleg samordning og heller ikkje fremjar rettstryggleik og effektivitet i saksbehandlinga. Lite einsarta oppgåver trekkjer merksemd og ressursar bort frå kjerneoppgåvene som ingen andre etatar kan eller skal utføre. Det har vorte gjennomført fleire utgreiingar som har vist at betre samordning av dette området vil kunne frigjere ressursar, forbetra arbeidsprosesar og redusere kostnadane ved IKT-utvikling.

Skatteetaten har om lag 5 800 årsverk og har som oppgåve å fastsetje og kontrollere skattar og å fastsetje, krevje inn og kontrollere innanlands meirverdiavgift. I tillegg har etaten ansvaret for folkeregisteret. Dei kommunale skatteoppkrevjarane har om lag 1 400 årsverk, og har ansvar for å krevje inn skattane, føre skatterekneskapen og gjennomføre arbeidsgjevarkontroll. Toll- og avgiftsetaten har om lag 1 850 årsverk, og oppgåvene er å motverke ulovleg inn- og utførsel av varer og sørge for riktig fastsetjing, rettidig innbetaling og kontroll av toll og avgift. Statens innkrevjingssentral (SI) har om lag 350 årsverk og har som hovudoppgåve å sørge for effektiv og korrekt innkrevjing på vegne av 35 statlege oppdragsgjevarar.

Både erfaringane frå reorganiseringa av Skatteetaten (ROS) i perioden 2008–2010 og velukka utvikling av IKT-systema i Skatteetaten, har vist at større fagmiljø og auka spesialisering gjev meir effektiv ressursbruk i etaten. Samanlikna med åra før ROS, utfører Skatteetaten i dag fleire oppgåver med færre tilsette, har betre resultat, og det har vorte enklare for skattytarane. Dette syner at tiltaka gjennomført i Skatteetaten i dei seinare åra, har hatt effekt. Dette er nyttige røynsler å ta med i utviklinga av skatte- og avgiftsforvaltninga.


Utviklinga dei seinare åra peiker ut fleire kriterium og føringar som er viktige i vurderinga av ei ny organisering av skatte- og avgiftsforvaltninga. Dei er mellom anna:

- rettstryggleik – betre kvalitet i oppgåveløysinga, medrekna auka likebehandling
- så enkle løysingar som råd er, for innbyggjarar og næringsliv
- betre kompetansemiljø gjennom større eininger
- stadsuavhengig organisering der det er mogleg – auka spesialisering
- best mogleg samordning av innkrevjinga av skatte- og avgiftskrav
- meir samordna kontrollarbeid
- best mogleg utnytting av ressursane, også på IKT-området

2.2.2 Organisatoriske endringar og tiltak

Regjeringa vil gjennomføre ei rekke endringar i dei etatane som handterer skatt, avgift, toll og innkrevjing, og i oppgåvefordelinga mellom dei. Hovudmåla for regjeringa i arbeidet med ei betre skatte- og avgiftsforvaltning er:

- styrking av arbeidet mot svart økonomi
- betre grensekontroll
- forenkling for innbyggjarar og næringsliv
- redusert ressursbruk



Figur 2.1 Betre skatte- og avgiftsforvaltning – oversyn

Endringane inneber ei reindyrking av oppgåvene til både Skatteetaten og Toll- og avgiftsetaten.

Toll- og avgiftsetaten skal reindyrkast som grenseetat. Etaten skal styrkast for å utnytte den strategiske posisjonen han har på grensa til å drive effektiv grensekontroll og vareførselsadministrasjon.

Skatteetaten vil med desse tiltaka få heilskap i sitt ansvar for skatter og avgifter. Etaten vil i den nye organiseringa få det samla ansvaret for at rett skatt og avgift vert fastsett, innkravd og kontrollert, gjennom å overta ansvaret for fastsettjing og

innkrevjing av særavgifter og innførselsmeirverdiavgift frå Toll- og avgiftsetaten, overta ansvaret for dokumentavgifta frå Kartverket, overta ansvaret for skatteinnkrevjinga frå dei kommunale skatteoppkrevjarane og gjennom at Statens innkrevjingssentral vert lagd inn i Skatteetaten.

Ved å reindyrke fagområda og samle ansvaret og kompetansen på skatt og avgift i sterke eininger, skal det utviklast ei meir kompetent skatte- og avgiftsforvaltning. Oppgåvene skal løysast meir heilskapleg, betre og meir effektivt, og samtidig gje meir eins behandling og rettstryggleik. Skatt-

ytarane vil med dette få berre ein etat å ha kontakt med i skatte- og avgiftssaker.

Regjeringa vil gjennom dette arbeidet også bygge sterke regionale fagmiljø. Det trengst rett nok ikkje like mange skattekontor som før, men teknologien moglegger samtidig saksbehandling uavhengig av stad, og legg dermed til rette for sterke kompetansemiljø utanom dei største byane. Kontora i Skatteetaten har landsdekkjande vedtaksmyndighet, som byggjer opp under dette. Skatteetaten har allereie positive røynsler med ei slik organisering, mellom anna gjennom at dei fleste sjølvmeldingar frå Oslo no vert behandla i Skatt nord.

Vidare er det eit klårt behov for ei større IKT-samordning på området. Både med omsyn til meir utveksling av informasjon, som kan gje meir heilskap i forvaltninga av skatt og avgift, og for å redusere kostnader ved drift og utvikling av system. Vi får endå meir nytte av det gode IKT-miljøet i Skatteetaten.

Regjeringa har for 2015 sett av om lag 40 mill. kronar til Skatteetaten og om lag 40 mill. kronar til Toll- og avgiftsetaten til dekning av ein del kostnader ved overføringa av oppgåvene, jf. omtale under kap. 1610 og 1618.

Særavgiftsforvaltning

Provenyet frå særavgiftene utgjer i dag 87 mrd. kroner. Av dette kjem 32 mrd. kroner frå motorvognavgiftene. Avgiftene kan administrativt grovt grupperast i følgjande fire hovudkategoriar etter korleis avgiftene er bygde opp, og kva som skapar avgiftsplikt: 1) vareavgifter der avgiftsplikta i utgangspunktet oppstår ved innførsel og innanlandsk produksjon, som til dømes avgift på alkohol, tobakk, sukker, sjokolade, bensin, 2) utskrivningsavgifter til eigalar av køyretøy som til dømes årsavgifta og vektårsavgifta, 3) registreringsavgifter som til dømes eingongsavgifta, omregistreringsavgifta og dokumentavgifta, 4) utsleppsavgifter, som avgift på sluttbehandling av avfall og avgifta på utslepp av NO_x. Særavgiftsforvaltninga omfattar fastsettjing, innkrevjing, kontroll, klagebehandling, regelverksutvikling og drift av IT-løysingar. Toll- og avgiftsetaten vil framleis innhente informasjon om varer som vert innførte, inkludert særavgiftspliktige varer, og ha ansvaret for grensekontrollen.

Overføring av særavgiftsforvaltninga til Skatteetaten er ein naudsnyt og naturleg del av å gje etaten eit heilskapleg ansvar for alle skattetyper. Overføringa vil bidra til ei meir eins forvaltning av alle skatte- og avgiftstyper i ein etat. End-

ringane inneber ei reindyrking av både Skatteetatens og Toll- og avgiftsetatens oppgåver. Overføringa kan gje styrkt kompetanse på skatte- og avgiftsområdet ved at fagmiljøa vert knytte nærmare til kvarande i same etat.

Tiltaket skal på sikt gjere det enklare for næringsdrivande, mellom anna ved samordning av rapportering, innbetaling og kontroll. Når Skatteetaten får betre moglegheit til å avstemme særavgiftsoppgåvene med andre skatte- og avgiftskrav, kan det òg medverke til meir effektiv kontroll og betre administrative prosedyrar, og dermed redusere omfanget av svart økonomi og avgiftssvindel.

Uavhengig av overføringa må det utviklast nye IT-løysingar for handtering av særavgifter. Systemstøtta til dagens teknologiske plattform i Toll- og avgiftsetaten vil ta slutt ved utgangen av 2018. Å flytte oppgåva og sistema til Skatteetaten vil gjere utviklinga av ny IT-løysing billigare, sidan eit nytt særavgiftssystem vil ha om lag dei same grunnelementane som dei skatte- og avgiftssystema Skatteetaten allereie forvaltar. Sjå særskild omtale under kap. 1618.

Det er planlagt at overføringa av ansvaret for særavgiftene skal gjelde frå 1. januar 2016. Dette vil krevje mykje samarbeid og ressursar frå både Toll- og avgiftsetaten og Skatteetaten i 2015.

Meirverdiavgift ved innførsel

I dag vert meirverdiavgift betalt til Toll- og avgiftsetaten ved innførsel av alle varer. Dette gjeld både næringsdrivande og privatpersonar. Meirverdiavgiftspliktige næringsdrivande kan frådragsføre avgifta i si omsetningsoppgåve til Skatteetaten, dersom varen er til bruk i avgiftspliktig verksemd. Meirverdiavgift ved innanlands omsetnad vert allereie i dag administrert av Skatteetaten, og med denne endringa vil Skatteetaten få ansvaret for heile meirverdiavgiftsforvaltninga.

Skattedirektoratet og Toll- og avgiftsdirektoratet skal saman greie ut korleis overføringa av meirverdiavgift ved innførsel kan gjennomførast på ein best mogleg måte. Blant anna skal det greiest ut om meirverdiavgifta som kjem ved innførsel, i framtida ikkje skal betalast når varane vert fortolla, men først på eit seinare tidspunkt, såkalla utsett avrekning. I den vidare prosessen skal òg overslag over kostnader og vinster greiest ut.

Det er planlagt at overføringa skal gjelde frå 1. januar 2016. Dette vil krevje mykje samarbeid og ressursar frå både Toll- og avgiftsetaten og Skatteetaten i 2015.

Frå årsavgift til avgift på trafikkforsikringar

Årsavgift for motorkøyretøy vert i dag forvalta av Toll- og avgiftsetaten og Statens innkrevjingssentral. Av alle særavgifter er det årsavgifta som har dei største administrative kostnadene, fordi krava vert sendt ut til eigarane av kvar einskild motorvogn. Finansdepartementet har sett i gang eit arbeid med siktet på at årsavgifta skal erstattast med ei avgift som vert pålagt forsikringsselskapet ved sal av obligatoriske ansvarsforsikringar på køyretøy. Ei slik endring vil gje mange fordelar, mellom anna ein meir effektiv ressursbruk. Samstundes vil endringa gje større fleksibilitet for bileigarane, til dømes ved kjøp av ny bil, eigar-skifte, avregistrering og liknande, ved at bileigaren vert belasta for avgifta berre for den tida køyretøyet er forsikra. Den nye avgifta vil ha same struktur og nivå som dagens årsavgift, og den økonomiske belastninga på bileigarane er venta å verte om lag som i dag. Finansdepartementet tek siktet på å sende saka på høyring innan utgangen av 2014.

Styrking av grensekontrollen

Grensekontrollen til Toll- og avgiftsetaten er viktig for å tryggje samfunnet. Etaten skal effektivt kontrollere gods, reisande og transportmiddel. I tillegg utfører etaten oppgåver på vegne av meir enn 20 andre offentlege etatar. Vareførselskontrollen omfattar legale varer, varer det er restriksjonar på å innføre som kjemikaliar og legemiddel, og illegale varer som narkotika. Etaten skal også motverke import av piratkopierte varer. Dette vernar forbrukarane og gjev meir produkttryggleik og jamnare konkurransevilkår i næringslivet, og er såleis eit viktig tilskot i kampen mot svart økonomi. Etaten oppdagar også personar som vert mistenkt for å reise inn eller ut av landet i strid med utlendingslova.

Grensetrafikken har dei seinara åra også monaleg, og stadig meir av den alvorlege smugglinga skjer i regi av kriminelle nettverk. Ein må difor vurdere tiltak som kan styrke Toll- og avgiftsetatens grensekontroll. Kontrolloppgåvene til etaten har også i omfang og i kompleksitet. Det har vorte vanlegare med smuggling inni kroppen, og kamufleringa av narkotiske stoff er vorten meir sofistikert. Smuglarar bruker også avanserte kontraspaningstiltak for å unngå Toll- og avgiftsetatens kontrollar. Ein aukande bruk av Internett for omsetjing og import av illegale varar, som til dømes syntetiske narkotiske stoff, er med på å gjøre grensekontrollen meir innfløkt enn før.

Med overføring av forvaltinga av særavgift og meirverdiavgift ved innførsel til Skatteetaten kan Toll- og avgiftsetaten reindyrkast som grenseetat. Ei mindre og meir eins oppgåveportefølje vil gje etaten moglegheit for auka merksemdu mot grenseoppgåvene.

Finansdepartementet har gjeve Toll- og avgiftsdirektoratet i oppdrag å greie ut og føresla tiltak for å styrke grensekontrollen. Det skal mellom anna vurderast om etaten bør utføre andre oppgåver på grensa. Det vil då vere naturleg å sjå nærare på oppgåvefordelinga mellom Toll- og avgiftsetaten og Politiet på grensa. Det skal samstundes greia ut om det trengs nye verkemiddel og fullmakta på grensa. Etaten skal også greie ut kva som er tenleg bemanning og behov, og sjå om nye teknologiske kontrollverktøy kan takast i bruk i grensekontrollen. Etaten er vidare beden om å gå gjennom eksisterande lov- og forskriftsheimlar og vurdere behovet for regelverksendringar som kan bidra til å styrke grensekontrollen. Toll- og avgiftsdirektoratet skal i 2014 levere ein rapport til Finansdepartementet med tilrådde tiltak.

Dokumentavgift

Eit krav om dokumentavgift oppstår når nokon tinglyser eit dokument som overfører heimel til fast eigedom. Fastsetjing, kontroll og innkrevjing av dokumentavgifta vert i dag handtert av Kartverket, medan Statens innkrevjingssentral har ansvar for tvangsinnkrevjinga og Toll- og avgiftsdirektoratet er klageinstans. Det er Skatteetaten som fastset skatt på fast eigedom som formuesobjekt, og ved vinst og tap etter kjøp og sal. Skatteetaten har i samband med likninga oversikt over personar og eigedomar og ein dialog med skattytarane.

Ei overføring vil kunne innebere at både fastsetjing og kontroll, og innkrevjinga som finn stad i Kartverket, vil gjerast av Skatteetaten. Ei slik løysing vil medverke til ei meir eins forvalting av skatter og avgifter for fast eigedom. Dessutan vil Skatteetaten også kunne handtere drift av IT-løysingar og bidrag til regelverksutvikling. Tinglysinga vil framleis skje ved Kartverket, medan grunnboka vil verte eit kjelderegister for fastsetjing av avgifta hos Skatteetaten.

Dokumentavgifta er ei stor inntektskjelde, og den einaste særavgifta som i dag ikkje handteras av ei av Finansdepartementets underliggjande verksemder. Ei overføring vil også opne for at ein kan samordne regelverket for dokumentavgift med andre skatte- og avgiftskrav, og styrke det

faglege miljøet rundt skatte- og avgiftshandtering av fast eigedom. Styringa av dokumentavgifta vil òg lettare kunne samordnast med styringa av andre skattar og avgifter. Tiltaket vil på sikt kunne gje effektivisering og krevje mindre ressursar. Overføringa må gjerast på ein slik måte at prosessen med overføring av fast eigedom ikkje vert meir komplisert for publikum. Dette skal greiaast ut i den vidare prosessen. Det er planlagt å setje tiltaket i verk frå 1. januar 2016.

Innlemming av Statens innkrevjingssentral i Skatteetaten

Statens innkrevjingssentral (SI) ligg i Mo i Rana og krev inn nærmere 200 slags krav for 35 offentlege verksemder. SI har bygd opp eit solid og godt fagmiljø for innkrevjing og har de seinare åra gjennomført digitaliseringstiltak som har gjeve gode resultat. Innleminga av verksemda i Skatteetaten er meint å gje ei betre utnytting av SI sine fagmiljø og få ei meir heilskapleg og effektiv innkrevjing av offentlege krav.

Finansdepartementet har lagt grunn at SI beheld namnet og at endringa ikkje skal føre til oppseiingar eller endra lokalisering. Skattedirektøren kan likevel omdidispose midlar og ressursar slik han meiner det er best for heile etaten. SI og Skatteetaten har fått eit sams oppdrag om å greie ut korleis innleminga reint praktisk skal gjerast, og på sikt vurdere korleis Skatteetaten etter endringa kan utnytte SI sin kompetanse best mogleg. Innleminga skal gjelde frå 1. januar 2015.

SI leverer i dag drift, vidareutvikling og support på økonomisystema til politiet (PLØS), medan politiet sjølve fører rekneskapen. Direktoratet for økonomistyring (DFØ), som òg ligg under Finansdepartementet, har som ei av sine hovudoppgåver å levere lønns- og rekneskapstestester til statlege verksemder. Finansdepartementet ser det som føremålstenleg at både SI og DFØ koncentrerer verksemda si om kjerneoppgåvene. Finansdepartementet har difor avgjort at SI si levering av økonomisystemtenester til politiet skal fasast ut etter ein overgangsperiode.

Flytting av skatteoppkrevjinga

Ansvaret for skatteoppkrevjinga er i dag delt mellom Skatteetaten, som har det faglege ansvaret, og kommunane, som har det administrative ansvaret. Ein god del kommunar har skipa interkommunale einingar, og det er i dag 288 kommunale skatteoppkrevjarkontor som brukar drygt 1 400

årsverk på skatteoppkrevjarfunksjonen. I tillegg til skatteinnkrevjing driv kontora arbeidsgjevarkontroll og fører skatterekneskapen. Skatteoppkrevjing vert brukt som ei sams nemning om dei samla oppgåvene som ligg til skatteoppkrevjarfunksjonen.

Dagens organisering av skatteoppkrevjinga er ikkje føremålstenleg, korkje når det gjeld fag, styring eller ressurshandtering. Spørsmålet om å flytte skatteoppkrevjinga til Skatteetaten er utgreidd fleire gonger, seinast i 2004 (NOU 2004: 12 *Bedre skatteoppkrevjing*) og i 2007 (NOU 2007: 12 *Offentlig innkrevjing*). Skatteoppkrevjarfunksjonen er i dag ved lov lagt til kommunane. Denne organiseringa er historisk og ikkje fagleg underbygd. Skatteoppkrevjing er ikkje ei naturleg kommunal oppgåve der lokalpolitiske forhold har innverknad, men ei regelstyrt oppgåve som vert utført på vegne av skattekreditorane staten, fylkeskommunen og kommunane. Desse oppgåvene er i liten grad prega av skjøn, og behovet for næreleik til publikum er difor lite. I behandlinga av Prop. 95 S (2013–2014) slutta Stortinget seg til at eit av kriteria for vurderinga av oppgåvefordelinga mellom stat og kommune er at «oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar».

I dag vert skatteoppkrevjinga kjenneteikna av mange svært små einingar. Fleire fagmiljø er kritiske små, og over 60 pst. av kontora nyttar to eller færre årsverk. Skatteetaten på si side nyttar om lag 90 årsverk på å følgje opp skatteoppkrevjarane.

Regjeringa vil overføre dei kommunale skatteoppkrevjarane oppgåver til Skatteetaten. Oppgåvene som skatteoppkrevjarkontora gjer for kommunane, medrekna innkrevjing og rekneskapsføring av kommunale krav og communal inkasso, skal ikkje flyttast.

Det er rekna med at overføringa av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten kan redusere den samla ressursbruken med om lag 400–500 årsverk. Tiltaket vil òg gje større og betre fagmiljø, auka grad av likebehandling av skattytarar og betre rettsstryggleik. For dei skatte- og avgiftspliktige vil tiltaket gje ei forenkling i og med at dei no kan halde seg til ein etat med hele ansvaret for fastsetjing, innkrevjing og kontroll av skattar og avgifter.

Skattedirektoratet har fått i oppdrag å greie ut korleis skatteoppkrevjarfunksjonen skal organisera i Skatteetaten for å oppnå ei meir effektiv skatteoppkrevjing. Direktoratet skal greie ut korleis funksjonen kan overførast frå kommunane til

Skatteetaten og sjå på behov for endringar i regelverket som følgje av overføringa. Utgreiinga skal vere ferdig innan 15. november 2014, og Finansdepartementet tek siktet på å sende framleggjet frå direktoratet på høyring innan utgangen av 2014.

Ny kontorstruktur i Skatteetaten

Samla vil tiltaka for ei betre og meir effektiv skatte- og avgiftsforvaltning gje Skatteetaten eit meir omfattande ansvarsområde, og dette tilseier at det er tid for ein større gjennomgang av etaten sin kontorstruktur. Samtidig har auka bruk av elektroniske tenester og opprettinga av telefonetenesta Skatteopplysninga gjeve eit langt mindre behov for fysisk oppmøte ved skattekontora. Brukarane kan dermed få eit godt tenestetilbod sjølv om det vert færre skattekontor. Meininga med gjennomgangen er å leggje til rette for at etaten kan løye oppgåvene på ein betre og meir effektiv måte. Finansdepartementet forventar at ein i framtida vil ha færre, større og betre skattekontor, men har som føresetnad at ein framleis skal ha ei god regional fordeling av arbeidsplassane og gje eit godt tenestetilbod til skattytarane. Dette skal ligge til grunn for Skatteetatens vurderingar. Skatteetaten skal innan 1. mai 2015 levere ein rapport med forslag til ny kontorstruktur.

2.3 Omstilling i Direktoratet for økonomistyring

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) er staten sin hovudleverandør av løns- og rekneskapstenester. Talet på løns- og/eller rekneskapskundar hos DFØ aukar jamt, og omfattar no om lag fire av fem statlege verksemder.

Desse fellesenestene har over tid endra seg frå manuelle prosessar til digitale tenester som i stor grad er automatiserte. Utviklinga held fram, og fører til andre arbeidsformer og oppgåver enn tidlegare. Kundane har store forventningar til tenestene.

DFØ står no midt i ei omstilling der talet på kontorstader skal reduserast frå åtte til tre, samstundes som tenestene skal leverast til kundane som før omstillingsperioden. 2014 har vore prega av førebuing av avviklinga av kontorstader og av oppbygging av dei kontorstadane som skal vidareutviklast. Etter omstillinga vil DFØ kunne levere dei same tenestene som i dag til ein lågare årleg kostnad for fellesskapet og med auka driftstryggleik. Over tid reknar ein med at ei betre organisert verksemde vil gje betre tenester til kundene.

2.4 Større openheit og meir informasjon om pengebruken i staten

Frå 1. januar 2014 vart den nye artskontoplanen for staten teken i bruk i alle statlege verksemder, med nokre få, mellombelste unntak. Dette gjer at Statsrekneskapen etter kvart vil innehalde monaleg meir informasjon enn før. Innan nokre få år vil den nye kontoplanen mellom anna gje eit betre grunnlag for å samanlikne rekneskapsinformasjon på tvers av statlege verksemder og over tid, og gje betre grunnlag for å analysere og stille saman tal for staten sett under eitt

Innan 15. mars 2015 skal alle statlege verksemder leggje fram ein årsrapport og ein årsrekneskap for 2014 etter den standarden som vart fastsett i 2013. Årsrapportar og årsrekneskapar skal gje oversyn over korleis verksemndene har nytta budsjettet sitt og kva for resultat dei har nådd i året som er gått. Årsrapport og årsrekneskap er viktige grunnlag for departementa si styring av verksemndene, men dokumenta kan også vere gode informasjonskjelder for publikum. Både årsrapport og årsrekneskap skal publiseraast på heimesidene til verksemndene innan 1. mai 2015, eller så snart rapporten er handsama i styringsdialogen mellom departementet og verksemda.

Dette vil gje ålmenta eit betre grunnlag for å gjere seg opp ei mening om kva staten bruker pengar på, og kva ein får igjen for pengebruken.

I 2015 vil Finansdepartementet arbeide vidare saman med DFØ for å kvalitetssikre tala og presentere samla tal for staten basert på ny artskontoplan. Ein må også gjere rekneskapen tilgjengelig for brukarane på ein høveleg måte.

2.5 Regelverksarbeid på finansmarknadsområdet

På finansmarknadsområdet har det gjennom mange år vore arbeidd mykje med å utvikle og tilpasse rammevilkåra for finansnæringa gjennom føremålstenlege lover og forskrifter. Regelverket skal medverke til at finansmarknadane og finansinstitusjonane er effektive. Samtidig skal det fremje tryggleik, soliditet og stabilitet i finansmarknaden. Det er lagt stor vekt på at den samla reguleringa skjer på ein konsistent måte for dei ulike typar finansinstitusjonar, med lik regulering av lik type risiko, uavhengig av kva slags finansinstitusjon som tek risikoen. Kundane sine interesser skal også takast vare på når ein fastset reglar. Regelverksarbeidet på finansmarknadsom-

rådet speglar i stor mon arbeidet med nye reglar i EU/EØS, i tillegg til enkelte nasjonalt initierte prosessar. Rapportering av gjennomførte regelverksoppgåver og gjennomgang av prioriterte regelverksoppgåver er omtalte i del II av proposisjonen under kap. 1600 *Finansdepartementet*.

Arbeidet med finansiell stabilitet er delt mellom Finansdepartementet, Finanstilsynet og Noregs Bank. Finansdepartementet arbeider særleg med rammeverk for finanssektoren. Ein omtale av dette området og av stoda i dei internasjonale finansmarknadene er gjeven i Meld. St. 1 (2014–2015) *Nasjonalbudsjettet 2015* og i den årlege finansmarknadsmeldinga som har meir utførleg informasjon om utviklinga i finansmarknadene, utsiktene for finansiell stabilitet og omtale av finansmarknadsreguleringa. Meld. St. 21 (2013–2014) *Finansmarknadsmeldinga 2013* vart framlagd i april 2014 og drøfta då Stortinget behandla Innst. 214 S (2013–2014). Som følgje av den internasjonale finanskrisa i 2008–2009 er det sett i gang omfattande internasjonale prosessar for å få på plass nye og betre reguleringar av finansmarknadene, jf. arbeidet til G 20, Baselkomiteen og EU (mellanom anna det såkalla CRR/CRD IV-regelverket).

2.6 Arbeidet med berekraftig utvikling og klima

For at ressursane i samfunnet skal nyttast effektivt må omsyn til miljø og andre eksterne effektar reknast med i økonomiske avgjerder. Bruk av økonomiske virkemiddel, som til dømes prising av miljøgode og indirekte verknader av utslepp av klimagassar, gjer at dei som skal ta avgjerdene i alle sektorar og på alle nivå får insentiv til å ta omsyn til miljøet. Dette bidrar til grøn vekst og auka velferd på lang sikt. Finansdepartementet har eit ansvar for innrettinga av avgifter i miljøpolitikken.

Finansdepartementet tek del i dei internasjonale klimamøta som ein del av den norske forhandlingsdelegasjonen under leiing av Klima- og miljødepartementet.

Finansdepartementet har òg ansvaret for framskriving av miljøskadelege utslepp til luft og analyser av økonomiske sider ved miljø- og klimapolitikken.

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

3.1 Vedtak nr. 328 (2012–2013) 17. desember 2012

«Stortinget ber regjeringen endre det generelle bruksfradraget slik at det blir en avgiftsmessig nedtrapping av engangsavgiften for import av bruktbiler som er mellom 15 og 30 år gamle.»

Fra 1. januar 2014 endra Finansdepartementet frådraga med utgangspunkt i nye berekningar av verdifallet for bilar. Dei eldre bilane fekk auka frådrag, medan det berre vart gjort mindre endringer for nyare bilar.

3.2 Vedtak nr. 27 (2013–2014) 26. november 2013

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå skateregelverket for bønder i lys av endringene knyttet til arveavgiften, og komme tilbake til Stortinget med dette i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2014.»

I Meld. St. 2 (2013–2014) *Revidert nasjonalbudsjett 2014*, kap. 4.3 Gjennomgang av landbruksbeskatningen, omtalte regjeringa konsekvensane for landbruket av å innføre kontinuitet ved avviklinga av arveavgifta. Det vart samstundes gjeve ei oversikt over særskilde skatteordningar for bønder.

3.3 Vedtak nr. 28 (2013–2014) 26. november 2013

«Stortinget ber regjeringen sikre at det i regelverket om land-for-land-rapportering innarbeides mål om å synliggjøre uønsket skattetilpassing.»

Vedtaket er omtalt under kap. 1600 Finansdepartementet, hovedavsnittet Rapport, i proposisjonen her.

3.4 Vedtak nr. 269 (2013–2014) 12. desember 2013

«Stortinget ber regjeringen fremme en ordning med skattefradrag for ENØK-tiltak i husholdningene så snart som mulig og senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2015.»

Vedtaket er omtalt i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*.

3.5 Vedtak nr. 366 (2013–2014) 20. mars 2014

- «1. Stortinget ber regjeringen sette ned en ekspertgruppe. Gruppen skal vurdere om utelukkelse av kull- og petroleumsselskaper framstår som en mer effektiv strategi enn eierskapsutøvelse og påvirkning for å adressere klimaspørsmål og bidra til endringer fram i tid. Ekspertgruppen skal også gje råd om kriterier for eventuell utelukkelse av denne type selskaper. Ekspertgruppens anbefalinger inngår som en del av grunnlaget for stortingsmeldingen om forvaltingen av Statens pensjonsfond våren 2015.
- 2. Dokument 8:16 S (2013–2014) – representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Marianne Marthinsen og Torstein Tvedt Solberg om å utrede Statens pensjonsfond utlands investeringer i kullselskaper – vedlegges protokollen.»

Finansdepartementet sette 4. april 2014 ned ei ekspertgruppe på seks personar som skal vurdere verkemiddelbruk og investeringar i kol- og petroleumsselskap i Statens pensjonsfond utland (SPU). Gruppa har fått eit mandat i tråd med stortingsvedtaket og skal leggje fram sine råd innan utgongen av november 2014. Departementet legg opp til ein grundig og open prosess etter at gruppa har gjeve sin rapport og vil omtale saka i meldinga til Stortinget våren 2015 om forvaltinga av Statens pensjonsfond.

3.6 Vedtak nr. 589 (2013–2014)
20. juni 2014

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med den varslede gjennomgangen av bilavgifter vurdere endring av veibruksavgiften, slik at unntak for denne kun ges for drivstoff og drivstoffblandingar som oppfyller bærekraftkriteiene i EUs fornybardirektiv.»

Regjeringa gjer greie for sitt arbeid med ein heilsakleg gjennomgang av køyretøy- og drivstoffavgiftene og av dette oppmodingsvedtaket i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*.

3.7 Vedtak nr. 600 (2013–2014)
20. juni 2014

«Stortinget ber regjeringen følge rettsutviklingen i EU/EØS nøyne og så raskt som mulig vurdere om det er mulig å få gjennomslag for endringer i notifikasjonen i DA-ordningen som inkluderer transportsektoren eller større deler av transportsektoren.»

I Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015* er det gjeve ei vurdering av høve til å få godkjend ei utviding av DA-ordninga til heile eller delar av transportsektoren og opplyst at ein vil følgje utviklinga i EU/EØS nøyne.

3.8 Vedtak nr. 601 (2013–2014)
20. juni 2014

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake senest i revidert nasjonalbudsjett 2015 med en vurdering av effektene av de kompensererende tiltakene som er foreslått i Prop. 118 S (2013–2014) og eventuelt foreslå endringer.»

I revidert nasjonalbudsjett 2015 vil regjeringa omtale verknadene av dei kompensererande tiltaka som det vart gjort framlegg om i Prop. 118 S (2013–2014) *Endringer i statsbudsjettet 2014 (endring av den differensierte arbeidsgiveravgiften og kompensererende tiltak)*. Dersom det er grunnlag for det, vil regjeringa også føreslå endringar i tiltaka.

3.9 Vedtak nr. 602 (2013–2014)
20. juni 2014

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2015 vurdere kompensasjon for fylkeskommunenes økte kostnader som følge av endringene i DA-ordningen, knyttet til investeringer, drift og vedlikehold av fylkesveier.»

Regjeringa gjer greie for si vurdering av saka i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*.

3.10 Vedtak nr. 603 (2013–2014)
20. juni 2014

«Stortinget ber regjeringen kvalitetssikre hva fylkeskommunenes økte kostnader til kjøp av transporttjenester blir i 2014 som følge av endringene i DA-ordningen, og eventuelt komme tilbake til Stortinget i forbindelse med ny saldering av statsbudsjettet 2014. Stortinget ber regjeringen også vurdere hvordan man kan sikre at kompensasjonen kommer bedriftene til gode.»

Regjeringa vil gjøre greie for oppfølging av vedtaket i samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2014.

3.11 Vedtak nr. 604 (2013–2014)
20. juni 2014

«Stortinget ber regjeringen vurdere om ekstraordinære tiltak for å styrke forsyningssikkerheten av kraft kan være et godt kompensrende tiltak for næringer som er berørt av endringene i DA-ordningen. Videre ber Stortinget regjeringen vurdere om kompetansehevende tiltak også kan være et formålstjenlig kompensrende tiltak som da må gjelde alle sektorer som blir unntatt fra ordningen med redusert arbeidsgiveravgift.»

Regjeringa vil legge fram si vurdering i revidert nasjonalbudsjett for 2015.

4 Oversynstabellar for budsjettet

Statens innkrevjingsentral er fra 1. januar 2015 ein del av Skatteetaten. I tabellane nedanfor er Statens innkrevjingscentral ikkje med i 2013- og 2014-

tala for kap. 1618 Skatteetaten og kap. 4618 Skatteetaten.

Utgifter fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
Regjeringa					
20	Statsministerens kontor	97 312	98 300	99 600	1,3
21	Statsrådet	173 324	151 300	154 700	2,2
24	Regjeringsadvokaten	73 115	79 000	77 000	-2,5
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>343 751</i>	<i>328 600</i>	<i>331 300</i>	<i>0,8</i>
Stortinget og underliggjande institusjonar					
41	Stortinget	1 139 729	1 210 800	1 413 300	16,7
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	5 902	6 800	6 800	0,0
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga	61 542	63 300	64 300	1,6
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggings-teneste	10 892	10 400	13 000	25,0
45	Nasjonal institusjon for menneskerettar			9 300	
51	Riksrevisjonen	459 146	476 400	481 500	1,1
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>1 677 211</i>	<i>1 767 700</i>	<i>1 988 200</i>	<i>12,5</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>2 020 962</i>	<i>2 096 300</i>	<i>2 319 500</i>	<i>10,6</i>
Finansadministrasjon					
1600	Finansdepartementet	400 592	384 400	386 000	0,4
1602	Finanstilsynet	345 252	339 800	338 700	-0,3
1605	Direktoratet for økonomistyring	393 950	366 211	352 500	-3,7
1608	Tiltak for å styrke statleg økonomi- og prosjektstyring	15 971	17 000	17 400	2,4
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>1 155 765</i>	<i>1 107 411</i>	<i>1 094 600</i>	<i>-1,2</i>

Kap.	Nemning	(i 1 000 kr)			
		Rekneskap 2013	Saldet budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
Skatte- og avgiftsadministrasjon					
1610	Toll- og avgiftsetaten	1 618 790	1 572 400	1 584 900	0,8
1618	Skatteetaten	5 093 283	5 114 800	5 466 600	6,9
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>6 712 073</i>	<i>6 687 200</i>	<i>7 051 500</i>	<i>5,4</i>
Offisiell statistikk					
1620	Statistisk sentralbyrå	733 733	743 400	743 000	-0,1
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>733 733</i>	<i>743 400</i>	<i>743 000</i>	<i>-0,1</i>
Andre føremål					
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	18 785 676	21 490 000	22 020 000	2,5
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift			5 150 000	
1634	Statens innkrevjingssentral	305 024	299 000		-100,0
1638	Sal av klimakvotar	872 276	3 700		-100,0
1645	Statens finansfond	3 000	3 000		-100,0
	<i>Sum kategori 23.40</i>	<i>19 965 976</i>	<i>21 795 700</i>	<i>27 170 000</i>	<i>24,7</i>
	<i>Sum programområde 23</i>	<i>28 567 547</i>	<i>30 333 711</i>	<i>36 059 100</i>	<i>18,9</i>
Statsgjeld, renter og avdrag m.m.					
1650	Statsgjeld, renter m.m.	12 219 638	10 758 600	12 912 400	20,0
1651	Statsgjeld, avdrag og innløysing	66 544 000		61 419 000	
	<i>Sum kategori 24.10</i>	<i>78 763 638</i>	<i>10 758 600</i>	<i>74 331 400</i>	<i>590,9</i>
Statlege fordringar, avsetningar m.m.					
1670	Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken			20 000	
	<i>Sum kategori 24.20</i>			<i>20 000</i>	
	<i>Sum programområde 24</i>	<i>78 763 638</i>	<i>10 758 600</i>	<i>74 351 400</i>	<i>591,1</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>109 352 147</i>	<i>43 188 611</i>	<i>112 730 000</i>	<i>161,0</i>

Inntekter fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	(i 1 000 kr)		
			Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
Regjeringa					
3020	Statsministerens kontor	1 280			
3021	Statsrådet	1 080	300	300	0,0
3024	Regjeringsadvokaten	16 217	13 900	14 400	3,6
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>18 577</i>	<i>14 200</i>	<i>14 700</i>	<i>3,5</i>
Stortinget og underliggende institusjonar					
3041	Stortinget	9 803	113 600	8 500	-92,5
3043	Stortingets ombodsmann for forvaltninga		481		
3044	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste		455		
3051	Riksrevisjonen	11 281	2 450	2 600	6,1
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>22 020</i>	<i>116 050</i>	<i>11 100</i>	<i>-90,4</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>40 597</i>	<i>130 250</i>	<i>25 800</i>	<i>-80,2</i>
Finansadministrasjon					
4600	Finansdepartementet	223 003	1 000	500	-50,0
4602	Finanstilsynet	13 718	10 500	10 500	0,0
4605	Direktoratet for økonomistyring	60 521	45 900	49 000	6,8
5580	Sektoravgifter under Finansdepartementet	312 004	329 800	335 900	1,8
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>609 246</i>	<i>387 200</i>	<i>395 900</i>	<i>2,2</i>
Skatte- og avgiftsadministrasjon					
4610	Toll- og avgiftsetaten	90 346	39 900	76 100	90,7
4618	Skatteetaten	272 725	137 400	2 009 000	...
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>363 071</i>	<i>177 300</i>	<i>2 085 100</i>	<i>...</i>
Offisiell statistikk					
4620	Statistisk sentralbyrå	227 955	218 600	224 400	2,7
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>227 955</i>	<i>218 600</i>	<i>224 400</i>	<i>2,7</i>
Andre føremål					
4634	Statens innkrevingssentral	1 939 665	1 851 400		-100,0
4638	Sal av klimakvotar	5 362	539 600		-100,0
	<i>Sum kategori 23.40</i>	<i>1 945 027</i>	<i>2 391 000</i>		<i>-100,0</i>
	<i>Sum programområde 23</i>	<i>3 145 299</i>	<i>3 174 100</i>	<i>2 705 400</i>	<i>-14,8</i>

Kap.	Nemning	Rekneskap		Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
		2013				
Statlege fordringar, avsetningar m.m.						
5341	Avdrag på uteståande fordringar	6 000 363		300	8 000 300	...
5351	Overføring frå Noregs Bank				3 000 000	
5605	Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	4 272 633		2 991 200	2 474 100	-17,3
5692	Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	73 513		77 200	82 700	7,1
5693	Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	927		1 100	1 500	36,4
	<i>Sum kategori 24.20</i>	<i>10 347 436</i>		<i>3 069 800</i>	<i>13 558 600</i>	<i>341,7</i>
	<i>Sum programområde 24</i>	<i>10 347 436</i>		<i>3 069 800</i>	<i>13 558 600</i>	<i>341,7</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>13 533 332</i>		<i>6 374 150</i>	<i>16 289 800</i>	<i>155,6</i>

4.1 Bruk av stikkordet «kan overførast»

Kap.	Post	Nemning	(i 1 000 kr)	
			Overført til 2014	Framlegg 2015
1600	21	Spesielle driftsutgifter	19 687	51 600
1605	21	Spesielle driftsutgifter	2 501	0
1608	21	Spesielle driftsutgifter	3 093	17 400
1618	22	Større IT-prosjekt	345 215	323 600
1620	21	Spesielle driftsutgifter	39 628	210 900

Overførbare løyingar på Finansdepartementet sitt område er knytte til prosjekt og ordningar som går over fleire år, og der det kan vere noko

uvisse om framdrifta. Oversynet gjeld ikkje postgruppa 30–49 *Nybygg, anlegg m.m.*

**4.2 Årsverksoverslag per 1. mars 2014
på Finansdepartementet sitt
område**

Kap.	Nemning	Per 1. mars 2013	Per 1. mars 2014
20	Statsministerens kontor	77	73
21	Statsrådet	86	79
24	Regjeringsadvokaten	51	52
Sum	Regjeringa	214	204
41	Stortinget	446	459
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	4	4
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga	51	53
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	8	8
51	Riksrevisjonen	478	480
Sum	Stortinget og underliggende institusjonar	987	1 004
1600	Finansdepartementet	303	297
1602	Finanstilsynet	265	270
1605	Direktoratet for økonomistyring	352	356
1610	Toll- og avgiftsetaten	1 841	1 861
1618	Skatteetaten	5 926	5 801
1620	Statistisk sentralbyrå	891	850
1634	Statens innkrevjingsentral	339	347
Sum	Finansadministrasjon	9 917	9 782
Totalsum	Regjeringa, Stortinget og underliggende institusjonar og Finansadministrasjon	11 118	10 990

Del II
Budsjettframlegget for 2015

5 Nærare omtale av løyvingsframlegga m.m.

Nokre generelle nyordningar

Krav om produktivitetsvekst

Den årlege produktivitetveksten er viktig for velstandsauken i eit land. Regjeringa følgjer dette opp i Sundvolden-erklæringa og har sett ned ein eigen produktivitetskommisjon. Regjeringa vil byggje sin politikk på ein effektiv bruk av dei ressursane som er i fellesskapet. Regjeringa har som føresetnad at alle statlege verksemder kvart år gjennomfører tiltak for å auke produktiviteten. For å gje insentiv til meir effektiv statleg drift og med dette skape rom for andre prioriteringar, vil ein setje i gang ein avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform. Delar av gevinstane frå mindre byråkrati og meir effektiv pengebruk vil ein trekke inn for å kunne nytte til andre føremål. Denne innhentinga vert sett til 0,5 pst. av driftsutgiftene i verksemndene. For å gjøre ordninga føreseieleg, er berekningsgrunnlaget saldert budsjett året før. Ordninga er nærmare omtalt i *Gul bok 2015*. For

budsjettkapita under Finansdepartementet utgjer innsparinga om lag 42,5 mill. kroner.

Nøytral meirverdiavgift i statsforvaltninga

Frå 2015 går ein over til nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan. Denne ordninga inneber at betalt meirverdiavgift som hovudregel ikkje lenger skal førast som ei driftsutgift på eigne budsjettkapittel. I staden skal avgifta førast sentralt på kap. 1633 *Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift*, post 01 *Driftsutgifter*. I budsjettet for 2015 er postane 01–49 budsjetterte utan meirverdiavgift. Ordninga fjernar ei konkurranseslempe for private aktørar. Nokre forvaltningsorgan vert haldne utanfor ordninga, men dette gjeld ingen instansar under Finansdepartementet. Ordninga er nærmare omtalt i *Gul bok 2015*. På Finansdepartementets budsjettkapittel er om lag 535 mill. kroner flyttet til det nye kap. 1633 frå andre kapittel.

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar

Programkategori 00.30 Regjeringa

Utgifter under programkategori 00.30, fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
20	Statsministerens kontor	97 312	98 300	99 600	1,3
21	Statsrådet	173 324	151 300	154 700	2,2
24	Regjeringsadvokaten	73 115	79 000	77 000	-2,5
	Sum kategori 00.30	343 751	328 600	331 300	0,8

Om Statsministerens kontor, Statsrådet og Regjeringsadvokaten

Statsministerens kontor og Statsrådet

Statsministerens kontor hjelper statsministeren med leiing og samordning av arbeidet til regjeringa, m.a. ved å førebu, gjennomføre og følgje opp regjeringskonferansane.

Visse saker vert behandla i Statsrådet under Kongen si leiing. Det gjeld til dømes framlegg til nye lover, budsjettframlegg og andre framlegg til vedtak i Stortinget. Statsministerens kontor har saman med fagdepartementa ansvar for å førebu, gjennomføre og følgje opp Statsrådet sine møter hjå Kongen. Vidare samordnar kontoret regjeringsmedlemmane si deltaking i debatter og spørjetimar på Stortinget. Kontoret skal også stø statsministeren i internasjonalt arbeid. Dessutan har kontoret løns- og arbeidsgjevarfunksjonar for regjeringsmedlemmane og andre politikarar i departementa.

Statsministerens kontor har tre avdelingar (administrativ og konstitusjonell-, innanriks- og internasjonal avdeling) og ein kommunikasjonsseksjon. Regjeringa si bilteneste hører inn under administrativ og konstitusjonell avdeling.

Regjeringsadvokaten

Hovudoppgåvene til Regjeringsadvokaten er å føre civile rettsaker på vegne av staten og gje fråsegner om rettslege spørsmål. Regjeringsadvokaten har som mål at staten får dekt behovet sitt for advokattenester på ein god måte, og slik at dei tildekte ressursane vert utnytta best mogleg sett under eitt. Brukarane skal oppfatte embetet som serviceinnstilt, målretta og effektivt. Saksbehandlinga skal vere rask og god.

Brukarane til Regjeringsadvokaten er dei statlege organa, dvs. regjeringa, departementa og verksemndene under departementa. Saksfeltet omfattar alle område av staten si verksemd. Viktige område er domstolskontroll av offentlege styresmakter (skatt, tryggd, konsesjonar, ekspropriaasjon m.m.), skadebotsaker, eigedomssaker, saker om arbeids- og tenestetilhøve m.m. I tillegg fører Regjeringsadvokaten saker for internasjonale domstolar, t.d. Menneskerettsdomstolen i Strasbourg og domstolane i EU og EØS.

Kap. 20 Statsministerens kontor

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	97 312	98 300	99 600
	Sum kap. 0020	97 312	98 300	99 600

Rapport 2013

Post 01 Driftsutgifter

Statsministerens kontor har hjelpt statsministeren med å leie og samordne arbeidet til regjeringa, m.a. med å førebu, gjennomføre og følge opp regjeringskonferansane. Regjeringsskiftet i oktober førte til auka utgifter til ymse ikt- og kontorutstyr og supplering og vedlikehald av møbler og inventar. I tillegg auka utgiftene i samband med styrking av den overordna koordineringa og opp-

følginga av tryggings- og beredskapsarbeidet på tvers av departamenta.

Budsjett 2015

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga under kapittel 20 *Statsministerens kontor* dekkjer vanlege driftsutgifter for kontoret. Departementet gjer framlegg om at ramma for 2014 vert ført vidare reelt uendra i 2015.

Kap. 3020 Statsministerens kontor

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
16	Refusjon av foreldrepengar	807		
18	Refusjon av sjukepengar	473		
	Sum kap. 3020	1 280		

Kap. 21 Statsrådet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	173 324	151 300	154 700
	Sum kap. 0021	173 324	151 300	154 700

Post 01 Driftsutgifter

Rapport 2013

Regjeringsskiftet førte til auka utgifter til tryggingstiltak og styrking av den overordna koordineringa og oppfølginga av tryggings- og beredskapsarbeidet på tvers av departamenta. Det vart utbetalt slutttyting til politikarane som gjekk av.

Utgiftene til regjeringa si bilteneste auka på grunn av auka utskiftingstakt for bilar.

Budsjett 2015

Løyvinga under kap. 21 *Statsrådet* skal dekkje lønsutgifter for regjeringsmedlemmane, statssekretærane og dei politiske rådgjevarane og ein del andre utgifter knytt til den politiske leiinga i

departementa. Det gjeld m.a. utgifter til bustad for pendlarar, heimreiser og besøksreiser for familie, diett ved utgifter til dobbelt hushald og barnehagetilbod for den politiske leiinga.

Løyvinga dekkjer dessutan generelle driftsutgifter for den politiske leiinga i departementa, irekna utgifter til tenestereiser og alle driftsutgifter knytt til Regjeringa si bilteneste.

Nærare reglar om kva for yttingar den politiske leiinga kan få dekt, finst i «Reglement om arbeidsvilkår for politisk leiing», fastsett ved kgl.res. 28. mars 2003. Reglementet er supplert og utfylt i «Håndbok for politisk leiing», som vert gjeve ut av Statsministerens kontor.

Framlegget inneber ein reell auke av budsjett ramma med 5,8 mill. kroner.

5,2 mill. kroner, medrekna meirverdiavgift, gjeld kjøp av ein ny bil for transport av regjeringa sine medlemmar. 0,6 mill. kroner er vidareføring frå 2014 av tryggingstiltak for regjeringa sine medlemmar.

Fullmakt til overskridning

I samråd med politiet set Statsministerens kontor i verk visse tryggingstiltak for regjeringa. Det er vanskeleg å budsjettera tiltaka, og dei kan endre seg i løpet av budsjettåret. Difor gjer departementet framlegg om samtykkje til at Statsministerens kontor i 2015 kan overskride løyvinga på kapittel 21 *Statsrådet*, post 01 *Driftsutgifter* for å setje i verk naudsynte tryggingstiltak for regjeringa, jf. framlegg til romartalsvedtak III.

Kap. 3021 Statsrådet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Leigeinntekter	232	300	300
16	Refusjon av foreldrepengar	848		
	Sum kap. 3021	1 080	300	300

Post 01 Leigeinntekter

Posten omfattar inntekter ved framleige av ledige pendlarbustader. Departementet gjer framlegg om same løyving for 2015 som for 2014.

Kap. 24 Regjeringsadvokaten

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	57 332	61 500	62 600
21	Spesielle driftsutgifter	15 783	17 500	14 400
	Sum kap. 0024	73 115	79 000	77 000

Rapport 2013

I 2013 kom det inn 973 nye saker til Regjeringsadvokaten, ein auke på 77 i høve til 2012. Det var særleg fleire utlendingssaker. Vidare er sakene

ofte meir komplekse enn før og krev stadig meir ressursar til førebuing og gjennomføring.

Utviklinga går òg i retning av at både fråsegnsaker og rettssaker vert større og meir komplekse. Det har særleg samanheng med at rettskjel-

dematerialet er meir omfattande og samansett, og at sakene oftare har eit internasjonalt tilsnitt. Difor aukar behovet for spesialkompetanse innan menneskerettar, EØS-rett og allmenn folkerett.

Av dei nemnde sakene er 766 rettssaker (675 i 2012), 112 rådgjevande fråsegner (119 i 2012) og 103 høyringar (102) i 2012. Blant rettssakene utgjer områda trygd, psykisk helsevern og utlendingssaker framleis ein stor del.

Utlendingssakane viser ei ytterlegare auke til 172 saker frå toppåret 2011 (164 saker). Også for psykisk helsevernsakene noterer vi toppnotering med 222 saker, en gjennomsnittleg auke med 16 pst. frå dei tre siste årene. Talet på trygdesaker ligg på same nivå som tidlegare år.

Arbeidsmengda for dei tilsette hos Regjeringsadvokaten er aukande. Noko vert løyst ved å setje ut saker til private advokatar og ved noko eigenprosedyre i etatane. Sakene som vert sett ut til private advokatar, er helst slike som det er mange relativt like av. Dei fleste krevjande saker og ankesaker må behandlast av Regjeringsadvokaten.

Budsjett 2015

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal fyrst og fremst dekkje løns- og driftsutgifter hjå Regjeringsadvokaten. For å sikre eit kvalifisert advokatkorps i ei tid der sakene stadig vert meir innfløkte, er Regjeringsadvokaten meir enn før nøydd til å halde på dei mest røynde advokatane, særleg dei som har møterett for Høg-

sterett. Embetet har arbeidd for, og greidd, å halde på mange av desse advokatane. Sidan advokatar kjem i ein høgare lønskategori når dei får møteretten, har dette følgjer for dei samla lønsutgiftene.

Advokatene hos Regjeringsadvokaten er svært ettertrakta i den private advokatmarknaden, der lønene er høge. Når embetet dessutan taper i lønsutviklinga i samanlikning med andre delar av stats- og kommuneforvaltninga og domstolane, fører det til utfordringar i lønsadminstrasjonen. Kompleksiteten i porteføljen gjer at det ikkje er enkelt å erstatte røynde tilsette som sluttar.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje prosessutgifter og utgifter til leige av advokatar. Nokre sakstypar slik som utlendings- og trygdesaker, er tyngjande fordi det er så mange einskildsaker.

Per 11. juni 2014 er talet på trygdesaker svakt aukande.

Sidan andre halvår 2013 har Regjeringsadvokaten sett ein klart aukande tendens i talet på utlendingssaker. Per 11. juni 2014 har embetet registrert ein auke på 62,5 pst. frå same tid året før. Denne tendensen er ei vidareføring frå andre halvår 2013. Det er avgjerande for den samla behandlinga av utlendingsområdet at rettssakene kan behandlast raskt. Det knyter seg stor usikkerheit til tala, sidan grunnlaget for saker er uføre-seileg.

Kap. 3024 Regjeringsadvokaten

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Vederlag for utgifter i rettssaker	13 992	13 900	14 400
16	Refusjon av foreldrepengar	1 497		
18	Refusjon av sjukepengar	728		
	Sum kap. 3024	16 217	13 900	14 400

Post 01 Vederlag for utgifter i rettssaker

Inntektsframleggget dekkjer inntekter som følgjer av at staten vert tilkjend sakskostnader i sivile

saker der Regjeringsadvokaten har vore prosessfullmeiktig. Departementet føreslår at ramma for 2014 vert ført vidare i 2015.

Programkategori 00.40 Stortinget og underliggjande institusjonar

Utgifter under programkategori 00.40, fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr) Pst. endr.
		2013	budsjett 2014	2015	14/15
41	Stortinget	1 139 729	1 210 800	1 413 300	16,7
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	5 902	6 800	6 800	0,0
43	Stortings ombodsmann for forvaltninga	61 542	63 300	64 300	1,6
44	Stortings kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	10 892	10 400	13 000	25,0
45	Nasjonal institusjon for menneskerettar			9 300	
51	Riksrevisjonen	459 146	476 400	481 500	1,1
Sum kategori 00.40		1 677 211	1 767 700	1 988 200	12,5

Kap. 41 Stortinget

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2013	budsjett 2014	2015
01	Driftsutgifter	784 548	854 500	875 000
32	Kjøp av leilegheiter, <i>kan overførast</i>	56 737		
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	125 812	176 900	346 300
70	Tilskot til partigruppene	160 780	164 000	174 000
72	Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek	1 400	1 500	1 500
73	Kontingentar, internasjonale delegasjoner	10 452	11 400	13 000
74	Reisetilskot til skular		2 500	3 500
Sum kap. 0041		1 139 729	1 210 800	1 413 300

Hovedoppgåver og organisasjon

Oppgåvene og arbeidsordninga til Stortinget som konstitusjonelt organ er nedfelt i Grunnlova, lov, stortingsvedtak og konstitusjonell praksis. Stor-

tingets konstitusjonelle hovedoppgåver er å vedta lover, løyve pengar til rådvelde for regjeringa og føre kontroll med regjering og forvaltning.

Stortings administrasjon skal organisere og utvikle det parlamentariske arbeidet og legge til

rette for at representantane skal kunne skjøtte verva sine på ein god måte.

Stortingets administrasjon skal formidle kunn-kap om Stortingets verksemد og folkestyret.

Stortingets administrasjon skal drifte og modernisere Stortingets bygningar og system på ein måte som tek vare på dei historiske verdiane.

Det administrative arbeidet skal utførast slik at det sikrar omdømet til Stortinget på best mogleg måte. Administrasjonen skal opplevast som relevant, profesjonell, effektiv og samfunnsmedviten av stortingsrepresentantane og andre målgrupper. Stortingets administrasjon skal ha ein felles kultur basert på verdiane hjelpsam, ansvarleg, påliteleg og open.

Direktøren er den øvste administrative leiaren for Stortinget og står direkte under Stortingets presidentskap. Administrasjonen er organisert i fem avdelingar: konstitusjonell avdeling, drifts- og serviceavdelinga, forvalningsavdelinga, informasjons- og dokumentasjonsavdelinga og internasjonal avdeling. I tillegg ligg sikkerheitsseksjonen, bedriftshelsetenesta og leiingssekretariatet under direktøren.

Rapport 2013

Ny strategi for perioden 2014–2018

I 2013 blei det utarbeidd ein ny strategi for Stortings administrasjon, som gjeld for perioden 2014–2018. Strategien famnar både den verksemda administrasjonen allereie driv med, samtidig som han strekkjer seg etter nye mål. Administrasjonens kjerneoppgåve er å støtte opp under den parlamentariske verksemda og legge til rette for å gjere kvardagen til representantane enklare, slik at dei best mogleg kan skjøtte dei politiske verva sine. Over tid har også andre sentrale oppgåver vakse fram, og dette blir gjort tydeleg i den nye strategien.

Stortingsvalet 2013

Stortingsvalet medfører omfattande arbeid i heile organisasjonen. På det parlamentariske området blei eit elektronisk kandidatregister, som danna grunnlag for å overføre det nyvalde stortinget til det elektroniske parlamentariske oppfølgningssystemet (EPOS), registrert før valet. Etter valet bestod arbeidet blant anna av å hjelpe fullmaktskomiteane i prosessen med godkjenning av valet, utarbeide oversyn for bruk i alle delar av organisasjonen, samansettninga av komiteane og diverse val til interne og eksterne organ. Introduksjons-

dagar for nye representantar blei haldne 2.–4. oktober. Dag éin handla om Stortingets kjernevirksemد. Dag to handla om det å vere ny på Stortinget med vekt på haldningar, ansvar og rolleforståing. Dag tre handla om Stortingets administrasjon. I tillegg blei ein ekstra introduksjonsdag for nye representantar halden etter regjerings-skiftet, der utvalde delar av dei tre introduksjons-dagane blei presenterte.

Internasjonalt arbeid

Reiser og besøksverksemد

2013 var prega av noko mindre reiseaktivitet for Stortings presidentskap og delegasjonar på grunn av aktivitetane knytte til stortingsvalet og eit nytt storting.

Samarbeidet med Europaparlamentet

Administrasjonen (inkludert Brussel-kontoret) har gjennomført ulike tiltak for å bidra til auka forståing om EU/EØS-saker på Stortinget. Dette skjer gjennom informasjon og kompetansetiltak, gjennom å svare på spørsmål frå representantane og ved å leggje til rette for møteplassar mellom Stortings representantar og folkevalde i Europa-parlamentet og i dei nasjonale parlamenta i EU.

EU/EØS-informasjon

Administrasjonens faggruppe for EU/EØS-informasjon (stortingsbiblioteket, utgreiingsseksjonen og det internasjonale sekretariatet) utarbeider informasjonspakker til Europautvalets møte og dei europapolitiske utgreiingane til utanriksministeren/statsråden for Europa-saker. Stortings Brussel-kontor sender også ut informasjon om aktuelle saker. Dei informerer fortløpande om forslag til EØS-relevante rettsakter frå Europa-kommisjonen. Stortingsbiblioteket utarbeider EU/EØS-nyheitsbrev, som frå mai 2013 blei tilgjengelege på Stortinget.no. Dette førte til at talet på abonnement auka med 75 pst., frå ca. 300 (160 interne og 140 eksterne) til totalt 525 abon-nantar.

Parlamentarisk barentssamarbeid

Stortinget var vertskap for den sjette Barents parlamentarikarkonferansen i Harstad den 22.–24. april 2013. Konferansen samla rundt 120 deltaka-rar frå Noreg, Sverige, Finland, Russland og EU-parlamentet.

Sesjonen til Nordisk råd i Oslo

Den 65. sesjonen til Nordisk råd blei arrangert i Stortinget hausten 2013. I samband med sesjonen blei i tillegg om lag 45 møte haldne i Stortingets møterom, medrekna møta dei nordiske statsministrane hadde.

Verksemderstyring

I 2013 blei det gjort eit omfattande arbeid for å forbetre verksemderstyringa i stortingsadministrasjonen. Innføring av økonomireglementet til staten frå 1.1.2013 førte til eit behov for gjennomgang av styringssystemet. Eit heilskapleg oversyn over dei styrande dokumenta til administrasjonen blei utarbeidd. Som ein del av internkontrollen identifiserte ein på bakgrunn av risiko og vesentlegheit eit behov for å utarbeide bedriftspolitikk. Ein utarbeidde bedriftspolitikk for internkontroll på økonomiområdet, økonomistyring, økonomiforvaltning og innkjøp.

Innføring av eit nytt økonomireglement førte også til ein brei gjennomgang av organiseringa og fullmaktene. Det blei utarbeidd ein ny hovudinstruks for verksemderstyring, som blei sett i verk frå 1.1.2014. Utarbeidninga av ny strategi førte til arbeid med ein ny målstruktur som blei innarbeidd frå og med 2014. Med bakgrunn i den delvis innkjøpsintensive verksemda til administrasjonen var ein oppteken av å gjøre innkjøpsverksemda til ein meir integrert del av verksemderstyringa.

Økonomiforvaltning

Administrasjonen har i 2013 gjennomført tiltak for å forbetre rutinar og kvaliteten i rekneskapsføring og rapportering.

Stortingsadministrasjonen gjorde i 2013 ein avtale med DFØ om kjøp av rekneskapsstenester som blei sett i verk frå 1.1.14. Administrasjonen vil i løpet av 2014 gjennomføre ei evaluering av arbeidsdelinga med DFØ med mål om å realisere gevinstar.

Tilgjengeleggjering av informasjon på digitale plattformer

Arbeidet med det nye intranettet har prega administrasjonen i heile 2013. I løpet av året er ei avansert løysing med ei rekke funksjonar til nytte for brukarane spesifisert og utvikla. Når intranettet står ferdig, vil det blant anna innehalde ein avansert kalenderfunksjon, ei nyheitsteneste som gjev

informasjon om nyheiter frå alle brukarportalar, moglegheiter for brukartilpassing, eit søk i alle kjelder og mykje nyttig intern informasjon.

Stortingsbiblioteket la i 2013 til rette ulike typar innhaldstenester på pc og nettbrett. Blant dei mest populære tenestene er nyheitsvarsling, som blir tilbode på iPad, i Løveporten og som e-postvarsling. Ved slutten av 2013 var ca. 400 ulike nyheitsprofilar tilgjengelege, det vil seie lenkjer til førehandsdefinerte nyheitssøk, som dekte alle representantar, statsrådar, parti, komitear og tema. Rundt 380 personar på Stortinget tok imot e-postvarsling når det var noko nytt i media frå dei nyheitsprofilane dei abонnerer på.

Ny mobilstrategi for 2013–15 blei vedteken i mai 2013. Den nye strategien omtaler blant anna fleire plattformer å velje mellom på mobile eininger og ei gradvis utskifting av stasjonære pc-ar til berbart utstyr. Ei enkel mobil produktpakke til nye representantar blei lansert ved valet i haust.

Stortingstorget

I 2013 starta administrasjonen planlegginga av eit utvida servicetorg for representantane – stortingstorget. Ideen bak stortingstorget er at representantane skal ha eitt kontaktpunkt for tenestene til administrasjonen. Behovet for eit slikt kontaktpunkt blir aktualisert ved at fleire av tenestene til administrasjonen blir lokaliserte i Stortingsgata 6 i perioden 2014–2020 i samband med ombygginga av Prinsens gate 26 og fløya mot Akersgata. Stortingstorget blir etablert i 2014, sentralt i første etasje i stortingsbygningen. Her samlast i første omgang tenester frå servicesenteret, ikt-seksjonen, seksjon for representantordningar og kunnkapstenester frå biblioteket, arkivet, utgreiingsseksjonen og informasjonsseksjonen.

Informasjonsskjermar

Prosjektet «Etablering av informasjonsskjermar i mottaksarealer» har som formål å gjøre nødvendig praktisk informasjon tilgjengeleg på ein effektiv, brukarvenleg og oversynleg måte. Infoskjermene skal bidra til at representantar, tilsette og besökande på enkelt vis får godt oversyn over kva som skjer kor og når i Stortingets bygningar.

Skjermene skal vise dagens møteprogram, bilete frå salen og høyringar, med tilhøyrande talarlister og informasjon om andre møte og aktivitetar i Stortinget. Biletkavalkadar med historisk og anna tids- og aktualitetsuavhengig innhald skal også kunne visast.

DigiStorting og elektronisk langtidslagring

27. november 2013 blei stortingsforhandlingar 1814–2001 på nett presenterte for publikum i lagtingssalen. I samarbeid med Nasjonalbiblioteket er stortingsforhandlingane 1814–2001 digitaliserte, filene er strukturerte, og det er etablert lenkjer mellom hovudregisteret og innhaldet i stortingsforhandlingane. For perioden 1814–2001 utgjer dokumenta og referata om lag 3 millionar sider, mens hovudregistra utgjer 18 600 sider.

Stemmerettsjubileet 2013

Sekretariatet for grunnlovsjubileet har i samarbeid med stortingsarkivet hatt ansvaret for Stortingets tiltak ved stemmerettsjubileet. Stortinget heldt eit eige jubileumsmøte 11. juni og markerte med det 100-årsjubileet for allmenn røysterett. Stortingets tredje visepresident Marit Nybakk opna ei utstilling i historisk sal. Temaet for utstillinga var Stortingets behandling av kvinnestemmerettsspørsmålet og det enorme engasjementet til kvinneforeiningane for å påverke Stortingets avgjerd. Utstillinga inneholdt sentrale dokument frå stemmerettskampen frå stortingsarkivet, slik som grunnlovsforslag som blei fremja, underskriftskampanjar og appellar. Utstillinga er tilgjengeleg på nettstaden til Stortinget.

Stortinget gav støtte til ei eiga debattbok som stemmerettskomiteen gav ut til skuleelevar. Stortinget har gjeve bidrag til den digitale læringsressursen «Min stemme» som er ein felles nettstad for barnehagar og skular i høve jubilea i 2013 og 2014.

Grunnlovsjubileet 2014

Førebuingane til grunnlovsjubileet i 2014 er møtte med stor forventing frå mange forskjellige grupper og aktørar i samfunnet. Det vitnar om betydeleg interesse for Noregs konstitusjonelle grunnlag og Stortingets heilt sentrale rolle i dette. Å møte denne interessa er ei viktig oppgåve for administrasjonen.

Hovudoppgåver i 2013 har vore:

- utvikling og lansering av det offisielle programmet for jubileet i 2014
- marknadsføring av jubileumskalenderen
- planlegging av Stortingets hovudarrangement i jubileumsåret
- lansering og marknadsføring av visuell identitet/grafisk profil for jubileet både i Noreg og i utlandet
- utvikling av nettstaden for jubileet

- utvikling av kommunikasjonsplan, formidlingsstiltak og faglege ressursar
- ferdigstilling av bokprosjektet Stortingets historie 1964–2014
- lansering av jubileumssongen «Det går et festtog gjennom landet», Stortingets gave til kor i høve jubileet
- utvikling av fellestiltak og arrangement med vekt på det dansk-norske perspektivet ved jubileet og opningsarrangementet i Kiel

Aktivitetar med barn og unge som målgruppe

Stortingets første ordinære ungdomsparlament blei arrangert 4. og 5. mars 2013. Ungdom mellom 13 og 18 år blei inviterte til Stortinget for å diskutere saker dei er opptekne av. Formålet med samlinga var å gje ungdom ei moglegheit til å uttale seg på nasjonalt plan om saker som angår dei, og å bidra til at ungdom lærer om Stortinget og den demokratiske prosessen. 19 plassar var øyremerkte medverknadsorgan for unge i fylka, og 36 plassar var sette av til enkeltpersonar og var såkalla opne plassar.

Arbeidet med ein ny film til MiniTinget blei sluttført i 2013. Filmen blei teken i bruk i starten av oktober etter gode tilbakemeldingar frå ulike testgrupper.

MiniTinget og 2050 har fått fleire spørsmål knytte opp til utvikling av tilsvarende rollespel i andre verksemder. Det nederlandske parlamentets besøkssenter (ProDemos) og KS var på synfaring i løpet av året. Spela har også blitt besøkte av studentar som arbeider med pedagogiske utviklingsprosjekt.

I 2013 blei det brukt 2 mill. kroner på reisetøtte til klassar som besøkte MiniTinget og «2050-valget er ditt».

Store markeringar og arrangement

I 2013 var det ca. 300 markeringar og demonstrasjonar på Eidsvolls plass. I samband med stortingsvalet 2013 sette Dagbladet opp eit valstudio på plenen mot Rosenkrantzgaten i fire veker. TV 2 nytta plassen til eit flyttbart studio to helgar før valet. I tillegg hadde NRK sendingar frå plassen dagen etter stortingsvalet.

Markering med vinnaren av Nobels fredspris

Vinnaren av Nobels fredspris for 2013, Organisasjonen for forbud mot kjemiske våpen (OPCW), representert av generaldirektør Ahmet Üzümcü, besøkte Stortinget 11. desember. Besøket blei i

2013 arrangert i form av ein samtale mellom generaldirektøren, stortingspresidenten og leiaren for utanriks- og forsvarskomiteen som blei direkte overført på tv.

Inkluderande arbeidsliv

Stortingets administrasjon har frå 2004 vore part i avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Ein gjennomførte i 2013 tilretteleggingstiltak overfor ei rekke medarbeidarar for å sikre at dei kan vende heilt/delvis tilbake i aktivt arbeid etter langtidsfråvær og/eller uførepensjon. Det er sett av særskilde lønsmidlar for å bidra til intern mobilitet. Det blir også gjeve bistand til karriereplanlegging for personar som har behov for å omstille seg. Det er gjennomført ein revisjon av det seniorpolitiske dokumentet til administrasjonen.

Sikkerheit og beredskap

Som oppfølging av 22. juli-hendingane har ein arbeidd med ei rekke tiltak innanfor sikkerheitsområdet. Ein har sett i verk fleire synlege og ikkje-synlege tiltak for å betre sikkerheita for representantar og dei som har sitt virke på Stortinget. Dette består både av fysiske og tekniske installasjonar og tilhøve av meir administrativ art.

Rehabilitering av Prinsens gate 26 (P26) og tilkomstkulvert

Prosjektet med rehabilitering av Prinsens gate 26 omfattar både rehabilitering av sjølve Prinsens gate 26 og bygging av eit nytt post- og varemottak under Wessels plass med ein tilkomstkulvert frå Rådhusgata. I mai 2013 blei det levert eit forprosjekt for rehabiliteringa av Prinsens gate 26 og nytt post- og varemottak. Parallelt med prosjektering av P26 og post- og varemottak har ein jobba med plassering av innkjøyringa til det nye post- og varemottaket. Etter ein lengre prosess med naboar, byantikvar og bymiljøetaten arbeidde ein fram eit alternativ som ein er einige om, med innkjøring frå Rådhusgata. Kostnadsramma for dette er 1,14 mrd. kroner per april 2014.

Prosjektet har forventa byggjestart i juli 2014 og blir gjennomført i samarbeid med bymiljøetaten.

Mål og budsjett 2015

Stortingets strategi for 2014–2018 er lagd til grunn for mål og tiltak i 2015. Strategien inneholder fire hovudsatsingsområde som blir konkretiserte

gjennom årlege verksemdsplanar. Tiltak under kvart satsingsområde er såleis aktivitetar som må gjennomførast i 2015 for at Stortinget skal oppnå hovudmåla sine innan 2018.

Kjerneoppgåva til Stortingets administrasjon er å legge til rette for den parlamentariske verksamda og samtidig ha ansvaret for å formidle kunnskap og informasjon om demokratiet og å ta vare på og modernisere Stortingets bygningar.

Eit vitalt parlamentarisk arbeid

Administrasjonen skal sikre god kvalitet og kontinuitet i støtta til presidentskapet og representante gjennom hjelp under saksbehandlinga i plenum, komitear og internasjonalt arbeid.

Ein skal utvikle ein IKT-strategi som støttar målet til verksamda om å vareta parlamentariske prosesser gjennom moderne digitale kommunikasjonsløysingar og arbeidsprosesser. Strategien vil gje føringar for vegval og prioriteringar av aktivitar innanfor strategiperioden 2014–2018.

Nye mobile IKT-løysingar skal forenkla tilgangen til informasjon og fremje effektiv kommunikasjon, uavhengig av tid og stad.

I strategiperioden fram til 2018 arbeider administrasjonen for å utvikle tenestene, slik at produksjonen av dokument knytte til den parlamentariske prosessen i Stortinget blir meir effektiv.

I 2015 vil Stortinget arrangere ein NATO-PAkonferanse. Presidentskapet sette i 2014 ned eit utval som skal evaluere EOS-utvalget, inkludert rammebetingelsane til EOS-utvalget. Det vil vere seks personar i utvalet og dei skal levere ein slutt-rapport innan 15. desember 2015.

Aktuell kunnskapsformidling om folkestyret

Stortingets kommunikasjon med omverda skal vere relevant og god og bidra til eit godt omdøme. Han skal også gje befolkninga eit godt grunnlag for demokratideltaking og opne for samhandling mellom veljarane og dei folkevalde.

Det er eit mål at *stortinget.no* og dei ulike kommunikasjonstenestene til nettstaden er dei føretrekte, interaktive kanalane for kunnskap om folkestyret. Administrasjonen skal utvikle og forvalte IKT-løysingar som gjer aktiv kunnskapsformidling mogleg. Spesielt vil det bli lagt vekt på stabile og sikre løysingar for portalar, både for allmenn tilgang til informasjon og intern informasjonsutveksling.

I 2015 blir arbeidet med å legge om *stortinget.no* til plattformuavhengig design tilpassa mobile einingar sluttført.

Ein hovudaktivitet i utviklingsarbeidet for 2015 er arbeidet med ny løysing for videoarkivsystem for publisering av lyd og bilete. Verktøyet Digi-Storting skal vidareutviklast med ein fjerde inngang gjennom talarregisteret. Ein plan for gjenomgang og vedlikehald av innhaldet i dokumentarkivet skal også utviklast.

Stortingets administrasjon skal førebu formidlinga av folkestyret i framtida, og det vil i løpet av 2014 bli etablert ein kommunikasjonsstrategi som vil bli følgd opp vidare i 2015. Kommunikasjonsstrategien inneholder blant anna mål, målgrupper og tiltak. Strategien heng saman med strategiplanen for administrasjonen for 2014–2018.

I 2015 skal ein utvikle omvisingstilbod for nye målgrupper i samsvar med ny kommunikasjonsstrategi. Planlagde tiltak i samband med markeringa av jubileet for stortingsbygningen i 2016 vil ha prioritet. Blant desse tiltaka er arbeidet med utvikling av bokverk om stortingsbygningen og arbeidet med å utvikle ei virtuell vandring i stortingsbygningen på *stortinget.no*.

Smart representantservice

Etableringa av Stortingstorget skal vere eit supplement til Løveporten der representantane får «alle» relevante tenester på ein stad. Servicetilbodet vil bli styrkt og gjort lettare tilgjengeleg gjennom samlokalisering av tenestene i Stortingstorget, som opnar 1.10.2014. Representantane vil i Stortingstorget ha eitt fysisk kontaktpunkt i administrasjonen for spørsmål som gjeld tenestene til administrasjonen. Administrasjonen arbeider for god og effektiv kopling mellom tenestetilbodet på Stortingetorget og i Løveporten.

Administrasjonen skal legge til rette for enkle, brukarvenlege verktøy og digitale løysingar. Administrasjonen vil utvikle søkbare tenester på intranettet blant anna for å gjere regelverket for den parlamentariske saksbehandlinga meir tilgjengeleg for brukarane. Dei elektroniske systema som støttar den parlamentariske prosessen, vil bli vidareutvikla i 2015 og tilpassa ulike elektroniske plattformer. Nye mobile IKT-løysingar skal forenkle tilgang til informasjon og fremje effektiv kommunikasjon, uavhengig av tid og stad.

Forbetring av administrative støttefunksjonar og representantordningar som reiseoppgjer vil halde fram i 2015.

I 2014 har ein sett i gang eit arbeid som har som målsetjing å etablere eit elektronisk oppslagsverk over dei lover og reglar som regulerer dei administrative tilhøva for representantane, og arbeidet held fram i 2015.

Profesjonell drift og utvikling av bygningane

Stortingets administrasjon skal forvalte, drifte og utvikle Stortingets bygningar og bustader, slik at dei gjev trygge og gode rammer for det parlamentariske arbeidet samtidig som ein kjem funksjonelle behov til møtes og stortingsbygningen blir godt bevart. Vesentlege bygningsmessige oppgåver er planlagde i 2015 og fram til 2017. Store rehabiliteringsarbeid vil vere i gang i Prinsens gate 26, og i tillegg skal ein starte bygging av nytt post- og varemottak og innkøyringstrasé til dette mottaket.

Ombyggingsarbeida, nybygg og innkøyringstrasé (kulvert) har ei total kostnadsramme på 1,14 mrd. kroner per april 2014 og er planlagt ferdigstilte i løpet av 2017. Statistisk sentralbyrås byggjekostnadsindeks for bustader blir lagd til grunn for indeksjusteringa i perioden 2015–2017.

Som ei førebuing til 150-årsjubileet for stortingsbygningen i 2016 er det planlagt rehabilitering og vedlikehald i delar av stortingsbygningen og mindre oppgraderingar av interiøret.

Basert på ein heilskapleg plan for stortingsbygningen som blei utvikla i 2014, vil ein også gjennomføre delprosjekt for å oppgradere interiør og uttrykk i 2015. Her vil både møblering og lyssetjing vere viktige element i ei modernisering, samtidig som ein tek omsyn til dei bevaringsverdige elementa.

Det blei i 2014 sett i verk eit program for oppussing av pendlarbustader, og dette held fram i 2015. I tillegg vil aktivitetar i samband med større oppgraderingsbehov av eksisterande pendlarleilegheiter bli starta opp, eventuelt planlagd utskifting ved kjøp/sal.

Med basis i risikovurderingar vil det bli sett i verk nye sikringstiltak både utvendig og innvendig. Blant anna vil ein utføre arbeid med ei trinnvis utbygging av perimetersikring rundt stortingsbygningen.

Målet om eit «grønt storting» skal vere ein av premissane for utviklingsarbeidet i Stortinget.

Attraktiv, kompetent organisasjon med godt arbeidsmiljø

Stortingets administrasjon skal ha ein kultur der dei etiske retningslinene og verdigrunnlag skal speglast av i haldningane og framferda til den enkelte. Internkommunikasjonen skal vere god og effektiv. Stortingsadministrasjonen skal ha ein felles kultur basert på verdiane hjelpsam, ansvarleg, påliteleg og open.

Stortingsadministrasjonen skal strekkje seg mot å vere ei føregangsverksemrd i heilskapleg lei-

arskap, medrekna god styring og medarbeidarutvikling. Når det gjeld leiing, betyr dette eit behov for tydeleg målstyring og prioritering av ressursar med god forankring i den overordna strategien.

Den interne styringa skal vere enkel og heilskapleg, med tydelege roller og ansvar og god økonomistyring og verksemddsstyring. Leiarane i administrasjonen skal ha tilgang på god og relevant styringsinformasjon når dei treng det. System og verktøy for styring, innsyn og kontroll skal vidareutviklast i 2015. System for verksemddsstyring skal bli implementerte i 2015, og samtidig skal administrasjonen arbeide vidare med utvikling og implementering av eit heilskapleg system for internkontroll.

Stortingets administrasjon skal arbeide kontinuerleg med målretta kompetanseutvikling, med riktig kompetanse på rett stad. Ein vil fokusere på å nytte eigne tilsette til vedvarande oppgåver, slik at kompetansen blir verande i verksemda. I løpet av 2014 vil det bli etablert ein HR-strategi, som vil bli følgd opp vidare i 2015.

Vidare har ein i 2015 planlagt å implementere eit program for kompetanseutvikling og vurdere innføring av e-læringsverktøy i samband med introduksjonen av nye medarbeidarar og leiarar. Administrasjonen vil i 2015 halde fram med arbeidet med leiarutvikling gjennom eit revidert og oppdatert leiarutviklingsprogram.

Budsjett 2015

Budsjettet omfattar den parlamentariske aktiviteten, medrekna Stortingets deltaking i internasjonale parlamentarikarforsamlingar, reiser elles og godtjerslene til stortingsrepresentantane. Budsjettet omfattar den administrative drifta og vedlikehaldet av Stortinget.

Stortingets budsjettkapittel viser ein total vekst på 330,5 mill. (27,3 pst.) frå saldert budsjett 2014 til forslag 2015. Etter uttrekk av meirverdiavgift som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift i statsforvaltinga, er veksten 202,5 mill. kroner (16,7 pst.).

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar løn og godtjersler for stortingsrepresentantar og tilsette og utgifter til Stortingets kjøp av varer og tenester. Vidare omfattar

posten utgifter til reiser og deltaking i faste internasjonale parlamentarikarforsamlingar. Utgifter til trykking av Stortingets publikasjonar, drift av Stortingets bibliotek og arkiv og vedlikehald og drift av bygningane og tenestebustadene til Stortinget er også med i denne posten.

Totalt aukar utgiftene på denne posten med 20,5 mill. kroner, tilsvarende 2,4 pst. frå saldert budsjett 2014 til 2015. Før uttrekk av meirverdiavgift er auken 62,8 mill. kroner eller 7,3 pst.

Post 32 Kjøp av leilegheiter, kan overførast

Posten omfattar kjøp av pendlarbustader.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar kjøp av teknisk utstyr, fornying og vidareutvikling av Stortingets IKT-system, kjøp av kunst, ombyggingsarbeid og større vedlikehaldsarbeid i Stortinget. I 2015 vil prosjektet med rehabilitering av Prinsens gate 26 halde fram og andre bygningsarbeid starte opp.

Post 70 Tilskot til partigruppene

Posten omfattar tilskota frå Stortinget til gruppesekretariata til partia. Tilskotet til kvar stortingsgruppe er avhengig av representasjonen til partiet på Stortinget. Det blir gjeve eit fast, felles grunntilskot til kvar partigruppe og eit tillegg per stortingsrepresentant.

Post 72 Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek

Posten omfattar tilskot til biblioteket ved Nobelinstituttet.

Post 73 Kontingentar, internasjonale delegasjoner

Posten omfattar kontingentane til Nordisk råd, OSSE og IPU.

Post 74 Reisetilskot til skular

Posten omfattar støtte til sokjarar frå skular som besøkjer Stortinget.

Kap. 3041 Stortinget

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Salsinntekter	7 692	7 600	7 600
03	Leigeinntekter	2 111	1 000	900
40	Sal av leilegheiter		105 000	
	Sum kap. 3041	9 803	113 600	8 500

Under dette kapittelet blir blant anna salsinntekter, sal av pendlarbustader og leigeinntekter budsjetterte. Salsinntektene kjem stort sett frå kafeteriaene.

Bestillingsfullmakt (romertsvedtak):

- Stortinget samtykkjer i at ein i 2015 kan inngå avtalar for oppgåver som blir avslutta i 2015 og

seinare under kap. 41 Stortinget, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, innanfor den kostnadsramma som er nemnd i Prop. 1 S (2014–2015).

Kap. 42 Ombodsmannsnemnda for Forsvaret

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	5 902	6 800	6 800
	Sum kap. 0042	5 902	6 800	6 800

Hovudoppgåver

Ombodsmannsnemnda skal bidra til å sikre dei allmennmenneskelege rettane for personellet i Forsvaret og ved arbeidet sitt prøve å medverke til å effektivisere Forsvaret. Leiaren for nemnda er kalla Ombodsmannen for Forsvaret, er årslønt og leier Ombodsmannens administrasjon.

Vernepliktige mannskap, verva og tilsette i Forsvaret kan føre alle typar saker inn for Ombodsmannen, dersom dei meiner dei er urettmessig, urimeleg eller urettferdig behandla av dei ordinære forvaltningsorgana i Forsvaret. Talet på førespurnader til Ombodsmannen er mange, og dei fleste førespurnadene blir løyste ved dialog og på det lågast moglege nivået. Talet på førespurnader frå vernepliktige, tilsette og veteranar til Ombodsmannen innanfor det ein kan rubrisere som «rådgjevande og rettleiande funksjon», har dei siste åra vist ein aukande tendens, det same har førespurnader frå personellorganisasjonane.

Ombodsmannen er på ei rekke besøk til militære avdelingar og tenestestader og underviser bl.a. på kurs for dei tillitsvalde. Ombodsmannen får ei rekke førespurnader frå tenestemannsorganisasjonar, forsvarsrelaterte frivillige organisasjoner, veteranorganisasjonar, veteranar og familiene deira, etterlatne og pårørande, og hjelper personell i eller etter teneste i fleire samanhengar og saker.

Saker av prinsipiell karakter eller som har særlig allmenn interesse, blir lagde fram for nemnda etter at Ombodsmannen har førebudd dei. Som ledd i tilsyn og kontroll av tenesteforholda i Forsvaret har Ombodsmannsnemnda rutinemessige inspeksjonar (synfaringar) til avdelingar, garnisonar og fartøy. Stortinget, forsvarsministeren og forsvarssjefen kan legge fram saker for Ombodsmannen og Ombodsmannsnemnda til fråsegn.

Ombodsmannen bidreg i eit internasjonal arbeid i regi av Geneva Centre for the Democratic Control of Armed Forces og deltek i eit internasjo-

nalt samarbeidsforum for ombodsmenn innan hovudsakeleg NATO/OSSE.

Melding til Stortinget

Ombodsmannsnemnda sender årleg melding om verksemda si til Stortinget (Dokument 5). Gjenpart av meldinga blir send Forsvarsdepartementet og Forsvarets organ og avdelingar. Ombodsmannen og nemnda kan også, når dei finn det ønskjeleg, sende melding til Stortinget om enkeltsaker i løpet av året.

Av meldinga for 2013–2014 går det fram at det samla talet på klager held seg stabilt, men enkelte førespurnader og klagesaker omfattar grupper av personell, og talet på personar som er involverte i sakene, er langt høgare enn talet på saker. Dei fleste førespurnadene/sakene blir løyste gjennom

rettleiing og råd ved besøk av Ombodsmannen ved avdeling eller per telefon/samtale. Desse sakene blir ikkje registrerte som klagesaker. Meldinga inneheld dessutan ein del faste årlege rapportar som blant anna gjeld Tillitsmannsordninga, HMS, Forsvarets sanitet, Vernepliktsverket, Bustad- og Velferdstenesta, Vaksenopplæringa, Generaladvokaten – og dessutan verksemda og saker hos Ombodsmannen.

Klagesakene hos Ombodsmannen er blant anna knytte til spørsmål vedrørande utsetjing av førstegongsteneste, utsetjing av øvingar, økonomiske ytingar som bustøtte, sosial stønad, økonomisk erstatning, medisinske vedtak, tannpleie, trygd, legevedtak, dei tilsette sine rettar, forbigaing, ytringsfridom, disciplinærskaper, teneste i internasjonale operasjonar, tenestefråsegner, ferie, fritid, mv.

Kap. 43 Stortingets ombodsmann for forvaltninga

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	61 542	63 300	64 300
	Sum kap. 0043	61 542	63 300	64 300

Hovedoppgåver og organisering

Sivilombodsmannens formål og oppgåver følgjer av lov om Stortingets ombodsmann for forvaltninga av 22. juni 1962 og Stortingets instruks for ombodsmannen av 19. februar 1980. Sivilombodsmannen er vald av Stortinget for ein periode på fire år.

Som Stortingets tillitsmann skal Sivilombodsmannen føre kontroll med at det i den offentlege forvaltninga ikkje blir gjort urett eller feil mot den enkelte borgaren. Ombodsmannen skal også bidra til at forvaltninga respekterer og sikrar menneskerettane. Desse oppgåvene blir første og fremst varetakne gjennom undersøkingar og behandling av klager frå enkeltpersonar, organisjonar og selskap. Ombodsmannen tek også opp saker på eige initiativ, i hovudsak basert på kjennskap til forhold i forvaltninga som det kan vere grunn til å ta opp særskilt. Han er på besøk til offentlege etatar, fylkesmenn, kommunar og lukka institusjonar. Der det er behov for det, blir besøka følgde opp for å få betre forholda. For borgarane er Sivilombodsmannen eit alternativ og eit supplement til domstolskontrollen med forvalt-

ninga. Gjennom meldingane sine til Stortinget gjev Sivilombodsmannen informasjon om korleis Grunnlova, lover og Stortingets vedtak i praksis blir brukte i forvaltninga.

Ombodsmannens kontor er organisert i fem avdelingar som behandler klagesaker innan ulike rettsområde, ei avdeling for førebygging av tortur og ei administrasjonsavdeling.

Rapport for 2013

Ombodsmannens årsmelding for 2013 blei overlevert Stortinget i mars 2014 og er teken inn i Dokument 4 (2013–2014). Meldinga gjer greie for hovudinntrykk frå klagesaksbehandlinga i 2013 og omtaler også enkelte utviklingstrekk i forvaltninga basert på ombodsmannens meir generelle erfaringar.

Klasesaksbehandling

Talet på klagesaker har dei siste åra lege relativt stabilt på rundt 3000 klager i året, etter at ein har hatt ein betydeleg auke gjennom fleire år. Det kom inn 2942 saker i 2013, mot 3011 året før. 45

saker blei tekne opp på eige initiativ i 2013, mot 35 i 2012. Samla tilgang på saker var dermed 2987 i 2013, mot 3046 året før. Saksavviklinga viser at talet har lege omtrent på same nivå som året før (høvesvis 3076 og 3167 saker). Den positive utviklinga i saksbehandlingen har halde fram i 2013, og saksbehandlingen ved årets slutt hadde gått ned til 329 saker, eller med om lag 21 prosent samanlikna med 2012. Om lag 49 prosent av førespurnadene blei realitetsbehandla, og 51 prosent av sakene blei avviste, mot 53 prosent for høvesvis realitetsbehandla og 47 prosent for avviste saker året før. Fordelinga mellom realitetsbehandla og avviste saker har vore relativt stabil gjennom fleire år.

Saksbehandlingstida syner ei positiv utvikling og har gått noko ned for alle saker i 2013. Saksbehandlingstida er dels eit uttrykk for den interne effektiviteten i klagesaksbehandlinga og dels eit uttrykk for kor raskt forvaltninga responderer på førelegg frå ombodsmannen.

Arbeidet med menneskerettar

Noreg ratifiserte 27. juni 2013 tilleggsprotokollen til FNs torturkonvensjon (OPCAT). I denne samanhengen blei det etablert ei ny ordning med regelmessige besøk frå eit uavhengig organ til stader der menneske er fråtekne fridomen, for å førebygje tortur og anna rå, umenneskeleg eller nedverdigande behandling eller straff. Stortinget vedtok samtidig at Sivilombodsmannen skulle ha ansvaret for denne besøksordninga, også kalla nasjonal førebyggjande mekanisme (NFM). I 2013 var det derfor fokus på å planleggje, utvide arbeidsstokken og legge til rette for denne funksjonen.

I tillegg arrangerte Sivilombodsmannen det årlege menneskerettsseminaret i 2013. Seminaret gjorde greie for ulike problemstillingar knytte til fridomstapet til mindreårige i politiarrest, fengsel og barnevernsinstitusjonar. Dessutan inngår menneskerettslege problemstillingar også i den ordinære klagesaksbehandlinga.

Anna verksemد

I 2013 blei det gjennomført eit organisasjonsprosjekt der strukturen og arbeidsprosessar i verk-

semda blei gjennomgått. Enkelte prioriteringar og forenklingar blei innførte.

Mål og budsjett for 2015

Ombodsmannen skal på bakgrunn av klager frå borgarane undersøke saka og gjere ei rettsleg vurdering av dei spørsmåla som klagene måtte reise. Ombodsmannen står likevel fritt til å ta opp dei spørsmåla han meiner er av interesse. Undersøkinga og vurderinga skal gjerast på ein formålstenleg, effektiv og rasjonell måte. I 2015 vil det bli arbeidd vidare med å behandle saker etter de prioriteringskriteria som blei utvikla for verksemda i 2013. Ein vil leggje vekt på å behandle saker av stor rettssikkerhetsmessig betyding, prinsipielle saker, saker der ombodsmannen er einaste klagemøglegheit, og hastesaker knytte til innsyn og partsinnsyn. Visse typar saker vil ein som hovudregel leggje mindre arbeid i.

Andre viktige mål i 2015 er framleis å leggje vinn på ei effektiv saksbehandling, redusert saksbehandlingstid, god juridisk kvalitet og tillit i samfunnet, gode og effektive interne rutinar og støtteaktivitetar og vidareutvikling av ombodsmannskontoret som ein god arbeidsplass. Ein vil leggje vekt på tiltak som kan bidra til å gjøre ombodsmannsordninga betre kjend.

Ein vil leggje vekt på å vidareutvikle funksjonen som nasjonal førebyggjande mekanisme (NFM). I samband med dette vil ein i 2015 besøke fleire stader der menneske har lide fridomstap, f.eks. fengsel, politiarrestar, psykiatriske institusjonar og barnevernsinstitusjonar.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til Sivilombodsmannens kjøp av varer og tenester.

Budsjettauken for 2015 er i hovudsak knytt til auka ressursar for å behandle klager om sein saksbehandling og manglande svar frå forvaltninga, ressursar for å gjøre ombodsmannsordninga betre kjend og ressursar til å sikre ei god administrativ støtte for ombodsmannsordninga.

Kap. 3043 Stortingets ombodsmann for forvaltninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
16	Refusjon av foreldrepengar		481	
	Sum kap. 3043		481	

Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	10 892	10 400	13 000
	Sum kap. 0044	10 892	10 400	13 000

Budsjettforslag for 2015

Budsjettforslaget for 2015 er på 13,5 mill. kroner før uttrekk av meirverdiavgift med 0,5 mill. kroner. Saldert budsjett for 2014 på 10,4 mill. kroner vert ved Stortingets handsaming av Prop. 93 S (2013–2014) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2014*, auka med 1,9 mill. kroner til 12,3 mill. kroner.

I forslaget for 2015 har ein teke høgd for styrkinga av sekretariatet frå og med andre halvår 2014. Det vil seie at lønskostnader og andre kostnader i samband med utvidinga er tekne med.

I tillegg kjem forventa kostnadsauke elles, medrekna forventa normal lønsutvikling.

Behovet for kr 400 000 under konto 4980 «Datamaskinar» er grunngjeve med at det i 2015 er naudsynt å skifte ut serveren til det sikkerheitsgraderte datanettverket til utvalet. Dagens server er frå 2010, og utvalet eit ikkje reservemaskinvare til han. Ein sårbarheitsanalyse utvalet har utført, syner at det vil vere naudsynt både å skifte ut serveren og å kjøpe reservemaskinvare til han. Det er i forslaget teke høgd for begge delar. Utvalet syner til tidlegare orienteringar til Stortinget om nødvendigheita av eit sikkert gradert datanettverk som fungerer godt, og det forholdet at dette er utstyr som kostar vesentleg meir enn ordinært datautstyr.

Rapport for 2013

EOS-utvalet har i 2013 gjennomført 28 inspeksjoner av ulike etatar og avdelingar. Av desse er 16 inspeksjonar haldne i verksemde sentralt, 10 i ytre einingar og lokale ledd og ein i ein institusjon som hjelper Politiets tryggingsteneste (PST), og ein inspeksjon som ledd i undersøkinga av ei klagesak. Tre av inspeksjonane var umelde. Det er halde 21 interne arbeidsmøte. Utvalet har i 2012 fått 47 klagesaker, og utvalet har teke opp 26 saker av eige tiltak. Utvalet gav i 2013 frå seg to særskilde meldingar til Stortinget.

Nærare opplysningar om verksemda er gjevne i årsmeldinga frå utvalet for 2013.

Mål for 2015

Hovudoppgåva til utvalet er å føre løpende kontroll med EOS-tenestene. Kontrollen skal gjennomførast i form av inspeksjonar, behandling av klagesaker og behandling av saker som blir tekne opp av eige tiltak. Den faglege verksemda til utvalet blir i hovudsak styrt av det som kjem fram gjennom inspeksjonsverksemda og klagesaker, og av dei signala som Stortinget gjev ved behandlinga av årsmeldinga frå utvalet.

Rammene for verksemda til utvalet er fastsett i lov og instruks om kontroll med etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste. Etter kontrollinstruksen § 11 nr. 2 skal den årlege tilsynsverksemda til utvalet minst omfatte halvårlege inspeksjonar av E-tenesta sentralt, kvartalsvise inspek-

sjonar i Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM), seks inspeksjonar av PST sentralt og tre inspeksjonar av Forsvarets tryggingsavdeling. I tillegg skal utvalet utføre inspeksjonar av PST-einingar i minst fire politidistrikt, minst to av stasjonane til E-tenesta og/eller tryggings- og etterretningsfunksjonar ved militære stabar og avdelingar og av personelltryggingstenesta ved minst to departement eller etatar utanfor NSM.

Som ledd i tilsynsarbeidet vil utvalet i 2014 halde fram med prosjektredda undersøkingar. Det har den seinare tida vore aukande merksemrd mot

verksemda og regelverket til tenestene, og utvalet vil framleis følgje med på utviklinga i EOS-tenestene. Den auka merksemra fører til at utvalet stadig undersøkjer saker som har vore gjenstand for offentleg kritikk. I 2014 vil utvalet ytterlegare styrke sekretariatet sitt ved å opprette tre nye stillingar – ein jurist, ein teknolog og ein samfunnsvitar. Utvalet vil stadig nytte teknisk sakkyndige for å halde seg oppdatert på den teknologiske utviklinga i EOS-tenestene. Utvalet vil framleis oppretthalde kontakten med andre kontrollmyndigheter og relevante fagmiljø både i Noreg og internasjonalt.

Kap. 3044 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
16	Refusjon av foreldrepengar		455	
	Sum kap. 3044		455	

Kap. 45 Nasjonal institusjon for menneskerettar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter			9 300
	Sum kap. 0045			9 300

Ny nasjonal institusjon for menneskerettar skal ifølgje Stortingets vedtak av 19. juni 2014 etablerast frå 1. januar 2015 og skal organisatorisk ligge under Stortinget. Det er en føresetnad at Den nasjonale institusjonen oppfyller FN-prinsippa om nasjonale institusjonars status (Paris-prinsippa). Presidentskapet har fått fullmakt til å utarbeide

forslag til lov og instruks for institusjonen. Stortinget vel leiar, og institusjonen skal lokalisera saman med og ha ei administrativ tilknyting til Sivilombodsmannen. Hovudoppgåva til nasjonal institusjon vil vere å styrke gjennomføringa av menneskerettane i Noreg.

Kap. 51 Riksrevisjonen

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	459 146	476 400	460 000
75	Internasjonale organisasjonar og nettverk			21 500
	Sum kap. 0051	459 146	476 400	481 500

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til Riksrevisjonens kjøp av varer og tenester. Ein ventar at lønsutviklinga i Riksrevisjonen følgjer lønsutviklinga i staten elles.

Hovudoppgåver og organisering

Riksrevisjonen blir leidd av eit kollegium som er sett saman av fem riksrevisorar som er valde av Stortinget for ein periode på fire år. Riksrevisjonens formål, oppgåver og rammevilkår følger av lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 nr. 21 og instruks om verksemda til Riksrevisjonen av 11. mars 2004. Riksrevisjonen skal gjennom revisjon, kontroll og rettleiing bidra til at inntektene til staten blir innbetalte slik det er føresett, og at midlane og verdiane til staten blir brukte og forvalta på ein økonomisk forsvarleg måte og i samsvar med Stortings vedtak og føresetnader, jf. riksrevisjonslova § 1.

Riksrevisjonen kan også etter avtale ta på seg revisjons-, kontroll- og bistandsoppdrag internasjonalt. Stortinget kan påleggje Riksrevisjonen å setje i gang særlege undersøkingar. Oppgåvene er nærmare utdypa i instruksen om verksemda til Riksrevisjonen.

Riksrevisjonen er organisert i sju avdelingar. Kollegiet vedtok i desember 2013 ny organisering av Riksrevisjonen. Per 1. mai 2014 blei det oppretta ei ny avdeling for metodestøtte og utvikling, mens talet på rekneskapsrevisjonsavdelingar blei redusert frå fire til tre. Det er framleis to forvaltningsrevisjonsavdelingar, ei administrasjonsavdeling og ein stabsseksjon direkte knytt til revisjonsråden.

Rapport 2013

Riksrevisjonen har ein fireårig strategisk planperiode. Visjonen for perioden 1. mai 2010 til 30. april 2014 var «å bidra effektivt til Stortings kontroll og fremme god forvaltning». Fem strategiske hovudmål var definerte for perioden:

- Riksrevisjonen har allmenn tillit, og rolla og oppgåvene er godt kjende i Stortinget og forvaltninga.
- Revisjonen blir gjennomført på ein einskapleg måte og har høg fagleg kvalitet.
- Riksrevisjonen har kompetanse til å gjennomføre arbeidsoppgåvene på ein effektiv og tilfredsstillande måte.
- Riksrevisjonen er ein leiande aktør innan utvikling av offentleg revisjon internasjonalt.

- Riksrevisjonen er ein god arbeidsplass som tiltrekkjer seg og beheld kompetente og engasjerte medarbeidarar.

Rapporteringa for 2013 viser at revisjonen i hovudsak er gjennomført i tråd med planen. Uføresette forhold medfører likevel alltid eit behov for enkelte omprioriteringar av ressursane. Omprioriteringane er baserte på ei vurdering av vesentlegheit og risiko for feil og manglar.

I 2013 blei det gjennomført ein grundig prosess for å fastsetje ein ny strategisk plan for perioden frå mai 2014 til april 2018. Planen blei vedteken av Riksrevisjonens kollegium i desember 2013.

I 2013 blei 67 prosent av personalressursane brukte på revisjonsfaglege aktivitetar, 4 prosent på internasjonale aktivitetar, 6 prosent på kompetanseutvikling og 22 prosent på leiing, administrasjon og andre støttefunksjonar, som IKT, økonomi, personell, arkiv, bibliotek, reinhald, resepsjon og sentralbord. Den delen av ressursane som er brukt til revisjonsfaglege aktivitetar, har gått opp med to prosentpoeng samanlikna med 2012. Samtidig er delen av ressursane til kompetanseutvikling noko redusert, frå 9 til 6 prosent. Den høge ressursbruken på kompetanseutvikling i 2012 kom av utstrekkt opplæring knytt til nye internasjonale revisjonsstandardar, nytt elektronisk revisjonsstøttesystem og innføringa av elektronisk saksbehandling.

Riksrevisjonen har i samarbeid med Noregs kommunerevisorforbund etablert eit vidareutdanningsprogram i offentleg revisjon, som leier fram til ein mastergrad frå NHH. Formålet med ei slik utdanning er å styrke kvaliteten på offentleg revisjon gjennom å skape eit felles fagleg grunnlag. Denne vidareutdanninga starta opp hausten 2013.

Riksrevisjonen har i samband med bistand til institusjonsutvikling av andre riksrevisjonar innrapportert 11,2 mill. kroner som bistandsmidlar (DAC-midlar) til OECD via Norad i 2013. I 2012 var dette talet 10,7 mill. kroner.

Ei detaljert orientering om verksemda i 2013 blir lagd fram for Stortinget i Dokument 2 (2013–2014).

Mål og budsjett for 2015

Riksrevisjonens visjon for planperioden 2014–2018 er å bidra til betre offentleg ressursbruk. Tre strategiske mål er definerte for perioden:

- Aktuell og samfunnsnyttig revisjon
- Profesjonell revisjon og kontroll
- God leiing og effektiv ressursbruk

For å leggje til rette for best mogleg utnytting av eigne ressursar skal arbeidsprosessar gjerast enklare og bli meir effektive – innanfor både revisjon og administrasjon. I perioden vil det derfor vere behov for kontinuerleg forbetring av revisionsprosessane, kompetanse og kompetanseutviklingsprosessar og leiing. I budsjettet kjem dette fram ved at budsjettforslaget for 2015 blir redusert samanlikna med budsjettet for 2014. Riksrevisjonen planlegg å redusere talet på årsverk med ca. 15 i 2015, reduksjonen skal skje ved naturleg avgang.

Riksrevisjonens utviklingssamarbeid med riksrevisjonar i andre land vil bli vidareført, og Riksrevisjonen vil framleis samarbeide tett med IDI (INTOSAI Development Initiative), spesielt når det gjeld å bidra til å styrke regionale INTOSAI-organisasjonar.

I 2016 går leigeavtalen for Riksrevisjonens hovudkontor i Pilestredet 42 ut, og det blir arbeidd med å finne nye eigna lokale. Flytting til nye lokale vil skje anten i 2015 eller i 2016. I Riksrevisjonens budsjettforslag for 2015 er det ikkje teke høgd for dei eingongskostnadene som eventuelt vil oppstå i samband med flyttinga. Flytting til nye lokale kan også medføre at Riksrevisjonens leigekostnader blir endra. Riksrevisjonen vil ved behov kome tilbake til Stortinget om dette.

Post 75 Internasjonale organisasjoner og nettverk

Budsjettposten gjeld drifta av sekretariatet til INTOSAI Development Initiative (IDI). Eit mål

med IDIs arbeid er å styrke offentleg revisjon i utviklingsland og gjennom dette bidra til eit godt styresett, utvikling og tiltak mot fattigdom. Over 140 riksrevisjonar i utviklingsland deltek i utviklingsprogram som blir gjennomførte av IDI. Riksrevisjonen overtok ansvaret for IDI i 2001. Overtakinga var godkjend av Stortinget, jf. Dokument 3:14 (1997–98) og Innst. S. nr. 8 (1998–99), og INTOSAIs øvste organ (kongressen) i 1998. IDI er organisert som ei stifting med eit styre, sekretariat og ein rådgjevande komité. Styret av stiftelsen er leia av riksrevisoren.

Finansiering av IDIs utviklingsprogram kjem frå ei rekke gjevarar, medrekna Det Internasjonale fond for landbruksutvikling, Finland, INTOSAI, Irland, Storbritannia, Sveits, Sverige, USA, Verdsbanken, Østerrike og riksrevisjonane i Kuwait og Saudi Arabia. Ei rekke riksrevisjonar gjev også støtte til IDIs arbeid i form av ressursar og tenester.

Drifta av IDI-sekretariatet har til og med for budsjettåret 2014 vore finansiert ved tilskot over Utanriksdepartementets budsjett kap. 160, post 75. Riksrevisjonen reviderer Utanriksdepartementet og Norad, og ordninga med finansiering av IDI gjennom Norad kan potensielt representera ein interessekonflikt. Det blir derfor føreslege at tilskot til drift av IDI frå 2015 blir overført frå Utanriksdepartementets budsjett til Riksrevisjonens budsjett. Innvilga tilskot for 2014 var 21 mill. kroner. Føreslege beløp for 2015 er 21,5 mill. kroner, noko som representerer beløpet for 2014 oppjustert for å kompensere for pris- og lønsauke.

Kap. 3051 Riksrevisjonen

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Refusjon innland	1 774	1 800	1 800
02	Refusjon utland	870	650	800
16	Refusjon av foreldrepengar	4 678		
18	Refusjon av sjukepengar	3 959		
	Sum kap. 3051	11 281	2 450	2 600

Riksrevisjonen vil få refusjonar i samband med inngått leigeavtale med IDI-sekretariatet og internasjonale revisjonsoppdrag.

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programkategori 23.10 Finansadministrasjon

Utgifter under programkategori 23.10, fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1600	Finansdepartementet	400 592	384 400	386 000	0,4
1602	Finanstilsynet	345 252	339 800	338 700	-0,3
1605	Direktoratet for økonomistyring	393 950	366 211	352 500	-3,7
1608	Tiltak for å styrke statleg økonomi- og prosjektstyring	15 971	17 000	17 400	2,4
Sum kategori 23.10		1 155 765	1 107 411	1 094 600	-1,2

Kap. 1600 Finansdepartementet

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2015	
01	Driftsutgifter	332 888	316 400	321 400	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	55 504	55 400	51 600	
70	Forsking på og allmennopplysning om finansmarknaden	12 200	12 600	13 000	
Sum kap. 1600		400 592	384 400	386 000	

Hovedoppgåver

Arbeidsoppgåvene til Finansdepartementet kan delast inn i fem hovedområde:

- Samordning av den økonomiske politikken, som omfattar
 - overvaking og analyse av den økonomiske utviklinga
 - finanspolitikk
 - penge- og valutakurspolitikk
 - inntekts- og fordelingspolitikk
 - strukturpolitikk, mellom anna verkemåten til arbeidsmarknaden og produktmarknadene
- Arbeidet med formues- og gjeldsforvalting, som omfattar
 - investeringsstrategien til Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg
 - oppfølging og vidareutvikling av rammeverket for forvaltinga av Statens pensjonsfond
 - statleg gjeldsforvalting
- Arbeidet med statsbudsjettet, som omfattar
 - samordning av regjeringa sitt arbeid med berekraftig utvikling
 - internasjonalt økonomisk samarbeid
 - offisiell statistikk, erekna overordna styring av Statistisk sentralbyrå

- utgifter og inntekter på statsbudsjettet under dei einskilde fagdepartementa
 - effektivitet og ressursbruk i statsforvaltninga, økonomiske og administrative verknader av offentlege utgifter og ordningane for kvalitetssikring av større statlege investeringsprosjekt
 - forvalting og utvikling av regelverket for økonomistyring i statsforvaltninga, tiltak for å legge til rette for økonomistyringa i verksemdene og overordna styring av Direktoratet for økonomistyring
 - saker frå fagdepartementa med økonomiske og administrative følgjer
4. Arbeidet på skatte- og avgiftsområdet, som omfattar
 - skatte- og avgiftsframlegg som ledd i den samla finanspolitikken
 - utvikling av regelverk for skattar, avgifter og toll
 - fordelingsverknadene av skatte- og avgiftssistema og verknader på inntektene til det offentlege og ressursutnyttinga i økonomien
 - styring av Skatteetaten og Toll- og avgiftsetaten
 - internasjonalt samarbeid på skatte-, toll- og avgiftsområdet
 5. Arbeidet med finansmarknadsspørsmål, som omfattar overordna styring av Finanstilsynet og utforming av regelverk for og overvaking av
 - finansinstitusjonane (bankar, andre kreditteinstitusjonar, forsikringsselskap, m.m.)
 - verdipapirmarknaden og infrastrukturføretaka for verdipapirmarknaden (autoriserte marknadspllassar, verdipapirregister m.m.)
 - eideomsmeklarar, rekneskapsførarar og revisorar
 - struktur- og konkurransepolitikk for finansmarknaden
 - finansiell stabilitet

Rapport

Økonomisk politikk og forvaltning av statsgjelda

Arbeidet med å utforme og samordne den økonomiske politikken til regjeringa er ei av hovudoppgåvene til Finansdepartementet, jf. nasjonalbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett. Politikken og dei analysane han byggjer på, får brei omtale i budsjett dokumenta til Stortinget.

Norsk økonomi har klart seg bra samanlikna med mange andre land. Sysselsetjinga vaks vidare i 2013 og i fyrste halvår 2014, og arbeidsløysa er låg. I 2013 auka brutto nasjonalprodukt for Fast-

lands-Noreg med 2 pst., som var noko under snittet for dei siste 40 åra. Aktivitetsnivået i fastlandsøkonomien er likevel klårt høgare enn før finanskrisa.

Samstundes er kostnadsnivået i Noreg vorte høgt. Det gjer situasjonen krevjande for fleire utekonkurrerande næringar. Investeringane i føretak på fastlandet har vore låge i fleire år, og vi ser no at også investeringane i petroleumsnæringa går ned. Veksten i produktiviteten har dei siste åra vore lågare enn det vi har vore vane med.

Regjeringa fører ein politikk som legg til rette for ein stabil og vekstkräftig økonomi. Oljepengebruken følgjer handlingsregelen og er tilpassa stoda i norsk økonomi. I tillegg til kor mykje oljeinntekter som vert brukt over budsjettet, legg Regjeringa vekt på at bruken skal underbyggje vekstevna i norsk økonomi. Difor har Regjeringa redusert skattar og auka løvingane til infrastruktur og utdanning.

Forvaltinga av statsgjelta er omtalt i den årlege lånefullmaktsproposisjonen. Det er inngått avtalar med Noregs Bank om forvaltning av statens gjeld og likviditet og om konsernkontoordininga. Etter desse avtalane skal Noregs Bank mellom anna gje råd om opplåninga til staten, ta seg av den operative forvaltninga av innanlandske låneoptak og pleie andrehandsmarknaden for statspapir. Som varsla i siste lånefullmaktsproposisjon ser departementet nærmare på denne arbeidsdelinga med sikte på å reindyrke si rolle som overordna, styrande eining og Noregs Banks rolle som utøvande eining innanfor ramma av eit mandat.

I den årlege finansmarknadsmeldinga står det meir om korleis departementet vurderer utøvinga av pengepolitikken.

Formuesforvalting

Departementet rapporterte om forvaltinga av Statens pensjonsfond i 2013 i Meld. St. 19 (2013–2014) *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2013*.

Meldinga drøfta fleire sider ved strategien, mellom anna ein brei gjennomgang av Noregs Banks forvalting av SPU. I meldinga vart det lagt opp til endringar i strategien for ansvarlege investeringar for SPU og til å auke ramma for dei miljørelaterte investeringsmandata i SPU frå 20–30 mrd. kroner til 30–50 mrd. kroner. Meldinga inneholdt dessutan analysar av resultata i forvaltinga for 2013 og ein brei omtale av arbeidet med ansvarlege investeringar. Stortinget hadde meldinga oppe 3. juni 2014.

Sjå elles omtale i del I, pkt. 2.1 Statens pensjonsfond.

Arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyring i staten

Finansdepartementet har eit ansvar for effektiv ressursbruk i statsforvaltninga. Dette vert ivareteke mellom anna ved å fastsetje og forvalte sams prinsipp og normer for økonomistyring i staten (økonomiregelverket m.m.) og ved ulike tiltak for å leggje til rette for økonomistyringa i statlege verksemder.

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) har fullmakt til å forvalte hovuddelen av økonomiregulverket, med unntak for fagområdet etatsstyring, som framleis ligg til departementet. Finansdepartementet og DFØ legg til rette for fagleg utvikling og overføring av kompetanse om god verksemds- og økonomistyring i staten.

Som ei oppfølging av tilrådingane i NOU 2012: 16 *Samfunnsøkonomiske analyser* fastsette Finansdepartementet i 2014 eit nytt rundskriv med prinsipp og krav som skal følgjast i samfunnsøkonomiske analysar som skal inngå i staten sine avgjelder. DFØ utforma same året ei ny rettleiing i samfunnsøkonomisk analyse. Til saman gjev dette eit nytt rammeverk for samfunnsøkonomiske analysar i Noreg.

Ei arbeidsgruppe leidd av Finansdepartementet, leverte i juni 2014 ein rapport med tilråding om reglar for bruken av internrevisjon i statsforvaltninga. Det finst i dag inga sams, fagleg ramme for internrevisjon, og ingen kriterium for kva for verksemder som bør etablere ei slik ordning. Rapporten er sendt på ålmenn høyring med frist 15. oktober 2014.

Finansdepartementet leiar Faggruppa for etatsstyring, eit fagleg nettverk for etatsstyring med deltakarar frå alle departementa. Gruppa skal leggje til rette for informasjonsutveksling og kompetansebygging på tvers av departementsfellesskapen og medverke til fagleg utvikling på dette feltet. I 2014 gjekk Finansdepartementet og Universitetet i Oslo saman om å etablere eit treårig forskingsprogram om etatsstyring. Dersom det viser seg mogleg å finne sokjarar med god nok fagleg bakgrunn, vil programmet verte gjennomført i åra 2015–2017. Dette arbeidet vil medverke til å byggje opp og halde ved lag god kunnskap om status på fagområdet etatsstyring. Saman med andre kjelder vil desse tiltaka gje grunnlag for å vurdere om det trengst endringar i regelverket for styringstilhøva mellom departement og verksemde.

Skatte- og avgiftsområdet

Avgrensa skatteplikt for offentleg eigde sjukehusapotek

Departementet sende 6. mai 2014 på høyring eit framlegg om å innføre skatteplikt for inntekter frå publikumsutsal i offentleg eigde sjukehusapotek.

Offentleg eigarskap til norske sjukehusapotek er i dag organisert i fire helseføretak under kvart sitt regionale helseføretaka. Finansdepartementet gjer framlegg om å innføre ei avgrensa skatteplikt for offentleg eigde sjukehusapotek. Framlegget inneber at helseføretak som driv sjukehusapotek, skal skattleggjast for inntekter frå publikumsutsal. Endringsframlegget gjeld ikkje dei delane av verksemda i apoteka som gjeld levering av legemiddel og farmasøytske tenester til norske offentlege sjukehus.

Framlegget sikrar lik behandling av private og offentlege apotek. Framlegget sikrar òg at Noreg innfrir forbodet mot offentleg stønad i EØS-avtalen. Høyringsfristen var 7. juli 2014, og framlegget vert gjort i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*.

Forskrift om grense for frådrag for gjeldsrenter i interessefellesskap

Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2014 vedtok Stortinget at det skal gjelde ei grense for frådrag for gjeldsrenter til nærliggande part. Frådraget kan ikkje gå over 30 pst. av ein særskild fastsett resultatstorleik. Det er i utgangspunktet berre renter til nærliggande (interne renter) som skal skjerast bort. Renter på lån frå ein ikke nærliggande part skal likevel reknast som interne renter dersom ein nærliggande part har stilt tryggleik for lånet. I desember 2013 sende departementet på høyring eit framlegg til forskrift om unntak frå føresegna om omklassifisering av renter ved tryggleik frå nærliggande part. Departementet fastsette forskrift om unntak i april 2014. Dette kan medføre at færre selskap må leggje om finansieringa.

Skatteordningane for landbruket

Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2014 bad Stortinget regjeringa om å gå gjennom skatte-regelverket for bønder i lys av endringane i arveavgifta. Dette vart gjort i Meld. St. 2 (2013–2014) *Revidert nasjonalbudsjett 2014*, kap. 4.3 Gjennomgang av landbruksbeskatningen. Samstundes vart det signalisert at regjeringa vil gå gjennom skattlegginga av landbruket med sikte på å gjere regel-

verket enklare og meir oversiktleg og betre ressursbruken. Ein tek siktet på å leggje gjennomgangen opp slik at endringar her vert knytte opp mot oppfølging av utgreiinga frå ekspertutvalet til vurdering av skattlegging av føretak (Scheel-utvalet).

Forskrift og lovendring – overgangsregel til friinntektsendring (petroleumsskatt)

Ved handsaminga av Prop. 150 LS (2012–2013) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga*, vedtok Stortinget å redusere satsen for friinntekt i petroleumsskattelova § 5. Endringa har verknad for kostnader til erverv av driftsmiddel pådratt frå og med 5. mai 2013. Samstundes vart det vedteke ein overgangsregel. Finansdepartementet sende 12. desember 2013 på høyring eit framlegg til forskrift til utfylling og gjennomføring av overgangsregelen, og eit framlegg til endringar i overgangsregelen. Forskrifta vart vedtatt av departementet 25. april 2014 og presiserer overgangsregelen. Lovendringane vart vedtatt ved handsaminga av Prop. 94 LS (2013–2014) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga*. Desse utvidar bruksområdet til overgangsregelen. I tillegg er det teke inn ei endelig tidsavgrensing for overgangsregelen.

Enklare skattereglar for deltarlikna selskap

Finansdepartementet sende 15. mai 2014 på høyring framlegg til enklare skattereglar for deltarlikna selskap. Høyringsfristen var 15. juli 2014, og lovframlegg vert gjort i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*. Endringane vil gje klårt enklare reglar for skatttytarane og deira hjelparar (rekneskapsførarar, revisorar og advokatar m.fl.). Dessutan vil dei lette og betre likningsbehandlinga.

Endringar i ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift og kompenserande tiltak

Europakommisjonen fastsette i juni 2013 nye retningsliner for regional statsstønad. I oktober 2013 fastsette ESA, EFTAs overvakingsorgan, tilsvarande retningsliner for EFTA-landa. Desse retningslinene inneber at ordninga med regionalt differensiert arbeidsgjevaravgift måtte endrast med verknad frå 1. juli 2014. I 2014 har regjeringa fortsatt den omfattande prosessen med ESA og Europakommisjonen for å få aksept for å vidareføre ei best mogleg ordning med differensiert arbeidsgjevaravgift innanfor rammene av dei endra retningslinene for regional statsstøtte. Ordninga vart notifisert til ESA 13. mars 2014. I notifikasjonen

vart det presisert at norske styresmakter var usikre på omfanget av sektorunntaka, og at ein ville kome tilbake til dette dersom det seinare viste seg å vere grunnlag for det. Etter fleire møte med Europakommisjonen i mai, vart det klårt at det var grunnlag for snevrare sektorunntak. Ordninga vart difor notifisert på nytt 3. juni, og 6. juni la Finansdepartementet fram Prop. 118 S (2013–2014) *Endringer i statsbudsjettet 2014 (endring av den differensierte arbeidsgiveravgiften og kompenserende tiltak)*. Endringane og dei kompenserande tiltaka vart vedtekne av Stortinget 20. juni 2014 med verknad frå 1. juli 2014.

Skatteforvaltningsprosjektet

Finansdepartementet har i 2014 gjennomgått forvaltningsreglane på skatteområdet, mellom anna skatt, arbeidsgjevaravgift, meirverdiavgift og særavgifter, med siktet på å sende framlegget på høyring hausten 2014. Arbeidet omfattar emne som opplysningsplikt for skatte- og avgiftspliktige, kontrollreglar, partsinnsyn, dekking av sakskostnader m.m. Målet med gjennomgangen er å samle forvaltningsreglane i ei særskild skatteforvaltningslov, for å gjøre regelverket meir tilgjengeleg. Dette vil m.a. styrke rettstryggleiken for skatttytarane.

Endringar i klagenemndsordninga på skatte- og avgiftsområdet

Finansdepartementet sende 28. april 2014 framlegg om ny struktur for klagenemndene på skatte- og avgiftsområdet på høyring. Høyringsfristen var 1. august 2014, og framlegg til lovendringar er gjort i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*, kap. 13. Departementet føreslår ei samla klagenemnd for skatt og meirverdiavgift, «Skatteklagenemnda». Skatteklagenemnda skal dekke heile landet og tre i staden for dei fem regionale skatteklagenemndene vi har i dag, Klagenemnda for meirverdiavgift og skatteklagenemndene ved Sentralskattekontoret for storbedrifter og Sentralskattekontoret for utanlandssaker. Departementet gjer framlegg om at den nye nemnda skal delast i avdelingar, med fleire avdelingar med tre medlemmar (allmenn avdeling) og ein eller fleire avdelingar med fem medlemmar (stor avdeling), og at nemnda får ein leiar og ein nestleiar. Vidare er det føreslått strengare krav til kvalifikasjonane til medlemmane av nemnda, og at departementet skal oppnemne dei. Det er òg føreslått eit eige sekretariat, underlagt Skattedirektoratet, som skal førebu sakene for nemnda.

FATCA – nye opplysningsplikter om finansielle tilhøve

Frå 1. juli 2014 vart likningslova endra ved at ei rekke finansielle aktørar vart pålagde å gje opplysningar til norske skattestyresmakter om finansielle aktiva som tilhører amerikanske personar. Endringa måtte til for at Noreg skulle kunne hente inn og gje desse opplysningane til amerikanske skattestyresmakter, jf. «avtale mellom Kongeriket Norge og Amerikas Forente Stater om forbedret internasjonal overholdelse av skattelovgivningen og gjennomføring av den amerikanske lovgivningen FATCA» (Foreign Account Tax Compliance Act. Lovføresegna opnar òg for at aktørane skal gje opplysningar om finansielle aktiva for andre personar enn amerikanarar, men ei slik plikt vert ikkje aktuell før det er etablert naudsynte system for det. Sjå omtale i Prop. 1 LS (2013–2014) *Skatter, avgifter og toll 2014*, kap. 16.

Høyring – nytt regelverk for kassasystem

Finansdepartementet sende 15. februar 2012 på høyring ei utgreiing frå Skattedirektoratet med framlegg til nytt regelverk for kassasystem, med m.a. krav om nærmere spesifiserte funksjonar. Nye reglar vil medføre at leverandørar av kassasystem må oppgradere det systemet dei har i dag, og kome med ei produkterklæring til skattekontoret som syner at funksjonskrava er oppfylte. Den 16. august 2013 vart framlegget sendt på høyring i EØS-området etter EØS-høyTINGSLOVA § 4. EFTAs overvakingsorgan (ESA) svarte på framlegget 12. november 2013. Forslaget er no til behandling i departementet.

Meirverdiavgift og fast eigedom

Den 1. juli 2014 vart den frivillige registreringsordninga i meirverdiavgiftslova forenkla. Kravet til søknad om frivillig registrering for allereie avgiftsregistererte uteigarar av bygg eller anlegg vart fjerna. I tillegg vart det endringar i verknadstidspunktet for når den frivillige registreringa skal gjelde frå. Dette gjev uteigarar noko meir tid på å områ seg utan å miste retten til tilbakegåande avgiftsoppgjer. Sjå nærmere om endringane i Prop. 94 LS (2013–2014) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga*, kap. 4.

Finansmarknadsområdet

Regelverksarbeidet på finansmarknadsområdet har i stortingssesjonen 2013–2014 resultert i desse lovendringane og lovframleggane:

Stortinget vedtok 10. desember 2013, etter framlegg i Prop. 199 L (2012–2013), *lov om tenestepensjon* (*tenestepensjonslova*). Lova inneholder rammer for ein ny type skattefavorisert tenestepensjonsordning, som private arbeidsgjevarføretak kan opprette og tilby dei tilsette. Den nye tenestepensjonsordninga er eit sjølvstendig alternativ til yttings- og innskotsordningane, og har trekk frå både desse ordningane. Lova vart sett i verk 1. januar 2014.

Ved behandlinga av Prop. 1 LS (2013–2014), jf. Innst. 2 S (2013–2014), fatta Stortinget 5. desember 2013 vedtak om å redusere oppbevaringstida for rekneskapsdokumentasjon til 5 år. Samstundes gav Stortinget departementet heimel til ved forskrift å krevje lengre oppbevaringstid for visse slags dokumentasjon. I Prop. 1 LS (2013–2014) står det òg at departementet vil vurdere om Skatteetaten og politiet har naudsynte heimlar til å pålegge lengre oppbevaring ved bokettersyn eller etterforsking i straffesak. Reduksjonen i kravet til oppbevaringstid vart sett i kraft 1. februar 2014. Samstundes gav departementet i oppdrag til Skattedirektoratet å greie ut om det er behov for krav til lengre oppbevaringstid for einskilde slag av rekneskapsdokumentasjon. For å sikre at naudsynt dokumentasjon vert tilgjengeleg medan Skattedirektoratet gjennomfører utgreiinga, vart det fastsett forskrift om overgangsreglar. Utgreiinga vart sendt på høyring med frist for merknader 1. september 2014.

Etter framlegg i Prop. 1 LS (2013–2014) *Skatter, avgifter og toll 2014* vedtok Stortinget 5. desember 2013 også nye reglar om land-for-land rapportering i rekneskapslova og verdipapirhandelova. Etter dei nye reglane skal rekneskapspliktige og føretak som avhendar finansielle instrument noterte på norsk regulert marknad, som driv verksemد innan utvinningsindustrien eller skogdrift innan ikkje-beplanta skog, utarbeide og offentleggjere ein årleg rapport med opplysningar om betalingar til myndigheter på land- og prosjektnivå. Stortinget gav også departementet heimel til å fastsetje utfyllande reglar om krav til rapporteringa i forskrift. Det nye lovreglane gjeld for rekneskapsår påbyrja 1. januar 2014 og seinare.

Samstundes med behandlinga av framlegget om nye land-for-land rapporteringskrav i Prop. 1 LS (2013–2014), fatta Stortinget 26. november 2013 følgjande oppmodingsvedtak: «Stortinget ber regjeringen sikre at det i regelverket om land-for-land-rapportering innarbeides mål om å synliggjøre uønsket skattetilpasning.» For å følgje opp detta har Finansdepartementet fastsett forskrift med utvida regler om land-for-land-rapportering

(«LLR»). Etter forskriftera er det mellom anna stilt krav om at rapporteringspliktige skal gje opplysninigar om datterselskapa sine, samt rentekostnaderne mellom føretak i same konsern. Dei utvida rapporteringskrava vil hjelpe til å synleggjere uønskt skattetilpassing. I Prop. 1 LS (2013–2014) skriv departementet at LLR-regelverket skal evalueraast etter tre år, slik at norske erfaringar og posisjonar eventuelt kan spelast inn overfor EU-kommisjonen i samanheng med evalueringa av EUs eige LLR-regelverk. Finansdepartementet vil i denne evalueringa søkje å få nærmare utgreidd korleis det norske LLR-regelverket ytterlegare kan hjelpe til å synleggjere uønskt skattetilpassing. Ein vil i evalueringa særskilt vurdere ytterlegare rapporteringskrav med omsyn til rapporteringspliktige sin verksemid i andre jurisdiksjonar enn der utvinningskjær, samt andre rapporteringspostar.

Stortinget vedtok 11. april 2014, etter framlegg i Prop. 188 L (2012–2013) *Endringer i finansvirksomhetsloven og eiendomsmeblingsloven mv. (klagenemndbehandling, oppgjør av eiendomshandler mv.)* nye reglar om nemndbehandling av tvistar mellom finansføretak og forbrukarkundane deira. Reglane gjev heimel til å gje forskrift om at finansføretak skal vere tilslutta ei klagenemnd, og at finansføretak skal dekkje eigne og kunden sine sakskostnader ved ei eventuell rettsak dersom føretaket ikkje følgjer fråsegner frå ei klagenemnd. Det vart òg vedteke endringar i eiendomsmeklingslova om oppgjer av eigedomshandler, endringar av reglane om teieplikt i finanstilsynslova § 7, sentralbanklova § 12 og folketrygfondlova § 6, og endringar i verdipapirregisterlova som opnar for å gje innsyn til forsikringsføremål i opplysninigar i verdipapirregister underlagde lov pålagd teieplikt. Lovendringane vart sette i verk 1. juli 2014.

Stortinget vedtok 10. juni 2014, etter framlegg i Prop. 77 L (2013–2014) *Lov om forvaltning av alternative investeringsfond*. Lova skal medverke til konkurransedyktige rammevilkår for bransjen og ivareta omsynet til investorvern og verne om forbrukarar. Lova inneber at forvaltarar av ei rekje kollektive investeringsstrukturer som i dag ikkje er underlagd særskilt regulering, vert lovregulerte. I tillegg vil forvaltarar av nasjonale fond, mellom anna spesialfond, som etter gjeldande rett er regulerte i verdipapirfondlova, verte omfatta av den nye lova. Framlegget gjennomfører venta framtidige EØS-plikter i Europaparlamens- og rådsdirektiv 2011/61/EU, omtalt som AIFM-direktivet («Alternative Investment Fund Managers Directive»). AIFM-direktivet legg til

rette for ein intern marknad i EØS for forvaltning av alternative investeringsfond og marknadsføring av slike fond til profesjonelle investorar. I proposisjonen er det òg gjort framlegg om reglar om marknadsføring av alternative investeringsfond til ikkje-profesjonelle investorar. Lova vart sett i verk 1. juli 2014.

Stortinget vedtok 20. juni 2014, etter framlegg i Prop. 87 L (2013–2014) endringar i fleire lovar på finansmarknadsområdet. Børslova og verdipapirhandellova vert endra, og ei ny lov om kredittvurderingsbyrå vert vedteken. Mellom anna vert det vedteke nye reglar om eigarkontroll i børsar og verdipapirregistre, endra reglar om sentrale motpartar, lovregulering av utkontraktering av oppgåver på finansområdet, og krav om kjønnsnøytrale premie og teneste for nye avtaler i private og frivillige forsikringar utanfor arbeidsforhold. Lovendringane vert sette i verk til ulik tid, og ny lov om kredittvurderingsbyrå er gjeldande frå 1. januar 2015.

Finansdepartementet la 20. juni 2014 fram Prop. 125 L (2013–2014) *Lov om finansforetak og finanskonsern* (finansforetakslova). Lovframlegget inneheld reglar om løyve, organisatoriske reglar, generelle verksemdsreglar, reglar om sikringsordningar og soliditetssvikt og sanksjonsreglar for bankar, forsikringsselskap og andre finansføretak. Det vart føreslått nye kapitalkrav for forsikringsføretak, vidareføring av kapitalkrava for bankane, modernisering og utbygging av reglane om samarbeidsavtaler utanfor konsernforhold, regulering av finansføretaks namnebruk, plikt for bankane til å handtere kontantar og andre materielle endringar. Lovframleggjet byggjer på Banklovkommisjonen si utreiing NOU 2011: 8 *Ny finanslovgivning* til Finansdepartementet 27. mai 2011. Lovframlegget er no til behandling i Stortinget.

Budsjett 2015

I kap. 2, del I av denne proposisjonen er det omtalt fleire prioriterte oppgåver for Finansdepartementet i 2015. Dessutan går det fram av rapportdelen ovanfor at fleire av dei sakene som er omtalte der, krev oppfølging i seinare år.

Økonomisk politikk

Arbeidet med å utforme og samordne den økonomiske politikken til regjeringa vil vere ei hovudoppgåve for Finansdepartementet også i 2015. Politikken og dei analysane han byggjer på, vil få ein brei omtale i dei løpende budsjett dokumenta

til Stortinget. Sjå nærmere omtale i Meld. St. 1 (2014–2015) Nasjonalbudsjettet 2015.

Formuesforvalting

Departementet sitt arbeid med fondet går ut på å utvikle den langsigtige investeringsstrategien til fondet, fastsetje og følgje opp retningslinjer for forvaltinga, og å ta vare på fondet si rolle som ansvarleg investor. I tillegg til eigne ressursar nyttar departementet eksterne fagmiljø i inn- og utland.

Arbeidet med å utvikla investeringsstrategien for fondet i 2015 tek utgangspunkt i dei måla som er skildra i Meld. St. 19 (2013–2014) *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2013*. Sjå nærmere omtale i del I, pkt. 2.1 *Statens pensjonsfond*, i proposisjonen her og i Meld. St. 1 (2014–2015) *Nasjonalbudsjettet 2015*.

Arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyring i staten

Finansdepartementet og Direktoratet for økonomistyring (DFØ) vil i 2015 vidareføre arbeidet med å leggje til rette for fagleg utvikling og kompetanseoverføring i staten når det gjeld god verksemds- og økonomistyring. Arbeidet i DFØ vil i det komande året vere prega av omstillinga som direktoratet skal gjennom. Det kan gjere at utviklingsoppgåvene ikkje kan prioriterast like høgt som elles, og at direktoratet i staden må leggje størst vekt på å levere gode og trygge løns- og rekneskapstenester som verksemndene i staten er avhengige av.

Finansdepartementet vil gjennom Faggruppa for etatsstyring halde fram arbeidet med å utveksle informasjon og byggje kompetanse på tvers av departementsfellesskapen om styring av underliggende verksemder.

Ved inngangen til 2014 var det 63 statlege verksemder som nytta dei statlege standardane for periodiserte verksemdsrekneskapar (SRS). 12 verksemder førte periodiserte verksemdsrekneskap, men utan å følgje dei statlege standardane.

Mot slutten av 2014 vil Finansdepartementet sende på høyring eit framlegg om endringar i dei statlege standardane for periodiserte verksemdsrekneskap (SRS). I dag er det opp til verksemndene som fører periodiserte rekneskapar og departementet deira om dei vil følgje desse anbefalte standardane. I samband med revideringa skal standardane gjerast obligatoriske for statlege, periodiserte verksemdsrekneskapar frå 1. januar 2016, dersom høyringa ikkje gjer grunn til noko anna.

Finansdepartementet og DFØ vil arbeide vidare med å få fram ein samla presentasjon av utgiftene og inntektene etter art, no som denne informasjonen vert rapportert til statsrekneskapen frå 2014.

Finansdepartementet vil følgje opp tilrådinga om reglar for bruk av internrevisjon i statsforvaltinga etter høyringsperioden. Departementet vil i 2015 vurdere endringar i økonomiregelverket for å få på plass reglar for internrevisjon i staten, i tråd med tilrådinga frå arbeidsgruppa og høyringsfråségn i saka.

Finansdepartementet vil følgje opp arbeidet med å kvalitetssikre større statlege investeringsprosjekt, jf. omtale under kap. 1608 Tiltak for å styrke statleg økonomi- og prosjektstyring.

Skatte- og avgiftsområdet

Enklare reglar for utanlandske arbeidstakrar

Departementet gjennomgår reglane og praksisen for skattlegging og likning av utanlandske arbeidstakrar på kortvarige arbeidsopphald i Noreg. Målet er å gjøre det enklare for skatttytarane å oppfylle pliktene sine og for likningsstyresmaktene å handsame likninga for denne gruppa arbeidstakrar.

Skatteordningane for landbruket

Regjeringa vil gå gjennom skatteordningane for landbruket for å gjøre regelverket enklare og meir oversiktleg. Endringane i skattereglane for landbruket kan bli knytt opp mot oppfølginga av Scheel-utvalet.

Skatteforvalningsprosjektet

Prosjektet er omtalt i rapportdelen ovanfor. Departementet tek sikte på å sende på høyring eit notat om nye skatteforvalningsreglar i 2014. I 2015 vil departementet arbeide vidare med forslaget og utarbeide ein lovproposisjon.

Common Reporting Standard (CRS)

OECDs skattekomité vedtok 13. februar 2014 ein global standard for automatisk utveksling av finansielle kontopplysningar til bruk på skatteområdet, Common Reporting Standard (CRS). På bakgrunn av at Rådet i OECD i sin rekommandasjon 15. juli 2015 har oppmoda både medlemslanda og ikkje-medlemsland om å bruke standarden i sine nasjonale reglar og internasjonale avtaler, tek departementet sikte på å inngå i

ein slikt samarbeid innanfor ramma av den multilaterale konvensjonen om administrativt samarbeid i skattesaker. Departementet vil sjå nærmare på naudsynte endringar i regelverket for å leggje til rette for meir informasjonsutveksling med andre land.

Meirverdiavgift – endringar i representantordninga

Avgiftssubjekt som ikkje har forretningsstad eller heimstad i meirverdiavgiftsområdet, skal registrere seg ved representant. Departementet arbeider no med ein større gjennomgang av heile representantordninga. Bakgrunnen for dette er at EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) i ei grunngeiven fråsegn i 2012 konkluderte med at representantordninga kan vere i strid med EØS-avtalen. Sjå omtale i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*, kap. 21.

Refusjon av eingongsavgift

EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) har i ei grunngeiven fråsegn konkludert med at gjeldande regelverk gjer det vanskeleg for utanlandske leasingverksemder å tilby leasingbilar til personar som er busette i Noreg. Toll- og avgiftsdirektoratet har 26. juni 2014 sendt på høyring eit forslag om ei ordning med refusjon av eingongsavgift ved eksport av køyretøy. Departementet tek sikte på at ordninga kan gjennomførast frå 1. januar 2015, sjå omtale i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*, kap. 7.4.2.

Finansmarknadsmrådet

I 2015 vil mellom anna desse lovsakene krevje særleg innsats på finansmarknadsmrådet:

Rettsakter frå EU

I EU er det dei siste årane vedteke ei rekke EØS-relevante rettsakter på finansmarknadsmrådet, mellom anna det nye kapitalkravsvirket for bankar m.m., eit nytt krisehandteringsdirektiv, eit nytt innskotsgarantidirektiv, eit nytt solvensregelverk for forsikringsverksemder, eit konsolidert rekneskapsdirektiv, endringar i revisjonsdirektivet og ei ny forordning om revisjon av allmennytige føretak. På verdipapirområdet er det mellom anna vedteke MiFID, rapporteringsdirektiv og marknadsmisbruksdirektiv. EU-kommisjonen har òg gjort framlegg om revidert betalingstenestedirektiv og nytt kvitvaskingsdirektiv. Desse framlegga er førebels ikkje vedtekne.

Finansdepartementet vil også i 2015 arbeide med å gjennomføre EØS-relevante rettsakter i norsk rett.

Eit viktig spørsmål for det kommande EØS-arbeidet er den såkalla tilsynsbyråsaka. EU etablerte med verknad frå 1. januar 2011 ein ny sams tilsynsstruktur på finansmarknadsmrådet.

EØS/EFTA-statane og Kommisjonen har sidan 2010 arbeidet for å finne ei EØS-tilpassing til EUs nye finanstilsynsstruktur. Inntil det er funne ei løysing får ein ikkje tatt inn i EØS-avtala rettsaktene som etablerer tilsyna, og heller ikkje nye rettsakter som gjev ytterlegare kompetanse til tilsyna. Sjå nærmare omtale i Meld. St. 1 (2014–2015) *Nasjonalbudsjettet 2015*.

Vedtekne EØS-relevante rettsakter som det vil bli arbeidd med, er mellom anna nye reglar om handtering av kriser i finansinstitusjonar, innskotsgarantidirektivet og solvensreglar for forsikring (Solvens II).

Nye reglar om handtering av kriser i finansinstitusjonar

I EU vart det i mai 2014 vedteke eit nytt direktiv om handtering av økonomiske problem i finansinstitusjonar, jf. direktiv 2014/59/EU. Målet med direktivet for krisehandtering er at ein betre skal kunne handtere kriser som oppstår, mellom anna slik at både små og store institusjonar skal kunne avviklast utan at det skaper finansiell ustabilitet, og utan å tyngje offentlege budsjett. Direktivet inneholder reglar om fleire nye tiltak som skal kunne setjast i verk ved ulike typar av problem og kriser. Mellom anna kan nasjonale styresmakter skrive ned og konvertere til eigenkapital skyldna-dene til ein institusjon i vanskars (s.k. *bail-in*), jf. også omtale i pkt. 3.2.5 i Meld. St. 21 (2013–2014) *Finansmarknadsmeldinga 2013*. Direktivet skal gjennomførast i EU-landa innan utgangen av 2014. Direktivet er ikkje enno teke inn i EØS-avtalen. Dette må ein sjå i samanheng med arbeidet med å finne ei EØS-tilpassing til EUs nye finanstilsynsstruktur.

Det norske systemet for handtering av finansinstitusjonar som hamnar i økonomiske vanskars, er nedfelt i banksikringslova. I brev 26. juni 2009 gav Finansdepartementet Banklovkommisjonen mandat til å greie ut ein revisjon av banksikringslova med forskrifter. Arbeidet skal tilpassast endringar i relevante EU-reglar.

Innskotsgaranti

I april 2014 vedtok EU eit nytt innskotsgarantidirektiv. I det nye direktivet er det eit deknings-

nivå på 100 000 euro for innskotsgarantiordningar, og det er gjeve ein overgangsperiode på fem år (fram til utgangen av 2018) for land med høgare dekning enn 100 000 euro. For andre viktige spørsmål, slik som finansiering av fond og utbetalingstid, er det gjeve ti års overgangstid. Fyrst etter desse ti åra har EU eit harmonisert innskotsgarantisystem. Noreg vil kome tilbake til denne saka overfor EU i samband med innlemminga av direktivet i EØS-avtalen. Dette vil fyrst kunne gjevest når det er funne ei EØS-tilpassing til EUs nye finanstilsynsstruktur. I Noreg er bankinnskot garanterte med 2 millionar kroner per innskytar per bank.

Nye solvensreglar for forsikring (Solvens II)

Eit nytt solvensregelverk for forsikringsverksamhet, Solvens II, vart vedteke i EU i 2009, jf. direktiv 2009/138 EF. Eit av måla med det nye regelverket er at forsikringsselskapene skal verte underlagde krav om avsetjingar og soliditet som speglar risikoene i forsikringsselskapene betre enn dei noverande reglane. Det har vore trøng for å utvikle direktivet på fleire viktige punkt, mellom anna for å tilpasse regelverket til EU sin nye tilsynsstruktur og til nye reglar om langsiktige garantiar. Endringane vert gjort med direktiv 2014/51/EU, det såkalla Omnibus II-direktivet. EU-landa har frist til 31. mars 2015 med å fastsetje nasjonale reglar i tråd med Solvens II-direktivet med endringar. Reglane skal i utgangspunktet og i hovudsak tre i kraft 1. januar 2016, men det er omfattande og langvarige overgangsreglar. Vidare skal utfyllande EU-reglar på fleire nivå setjast i kraft samtidig med direktivreglane.

Solvens II-direktivet er teke inn i EØS-avtala, og Finansdepartementet har gjort framlegg om å gjennomføre hovudreglane frå direktivet i den nye finansføretakslova, jf. Prop. 125 L (2013–2014). Finanstilsynet har i oppdrag å utarbeide utkast til forskriftsreglar for å gjennomføre dei meir detaljerte direktivreglane og dei utfyllande EU-reglane på lågare nivå. Finansdepartementet tek sikte på å sende forskriftsutkasta på høyring på vanleg måte.

Kollektive uførepensjonsordningar i privat sektor

Banklovkommisjonen la 4. desember 2013 fram utgreiinga NOU 2013: 12 *Uførepensjon i private tjenestepensjonsordningar*, med utkast til reglar for skattefavoriserte kollektive uførepensjonsordningar i privat sektor som er tilpassa hovudprinsippa i ny uføretrygd i folketrygda. Utgreiinga har vore på høyring, og høyringsfristen gjekk ut 6. mars

2014. Finansdepartementet arbeider no med framlegg til nye lovreglar om uførepensjon i private tenestepensjonsordningar som byggjer på Banklovkommisjonen si utgreiing og merknadene frå høyringsinstansane.

Samfunnstryggleik og beredskap

På ansvarsområdet til Finansdepartementet skal det arbeidast systematisk med samfunnstryggleik. Beredskapen for å kunne handtere ekstraordinære hendingar skal vere god. Departementet og dei underliggjande etatane har eit beredskapsplanverk for å kunne handtera uynskte hendingar.

Finansdepartementet har inngått ein utvida avtale for utflytting av verksemda i tilfelle departementet må evakuere G-blokka i regjeringskvartalet. Avtalen sikrar departementet kontorplassar og tilgang til fellesareal. Med denne avtalen er departementet betre i stand til å ta hand om avgjerande funksjonar etter ei evakuering. Alle viktige beredskapsplanar og varslingslistar vert oppdaterte jamleg.

Ei hovudutfordring i finanssektoren er å halde betalingsformidlinga ved lag slik at samfunnet får dekt behovet for betalingstenester. Finanssektoren vert meir og meir sårbar for svikt i drifta av IKT-system og i tilgangen på telekommunikasjon og straum, jf. skildringa i kapittel 2.7 i Meld. St. 21 (2013–2014) *Finansmarknadsmeldinga 2013*. Dei siste åra har det vorte arbeidd med å effektivisere og tilpasse beredskapen i finanssektoren med tanke på kor sårbart eit moderne betalingssystem er. I 2000 vart det såleis skipa eit eige beredskapsutval for finanssektoren (BFI). BFI skal sikre ei best mogleg samordning av beredskapsarbeidet i den finansielle infrastrukturen, og utvalet vurderer m.a. driftsstabilitet, risiko og sårbarheit. Utvalet skal kome fram til og samordne tiltak for å førebyggje og løyse krisesituasjonar og andre situasjoner som kan gje store forstyrringar i den finansielle infrastrukturen. Medlemmene i utvalet representerer dei mest sentrale aktørane i den norske finansinfrastrukturen. Finanstilsynet har ansvaret for leiing og sekretariat. Finansdepartementet er observatør på møta.

I fyrste halvdel av 2014 var det to ordinære møter i BFI, og eit til er planlagt seinare i 2014. Det er òg planlagt 1–2 øvingar i utvalet i 2014, slik som i tidlegare år. Det er planlagt minst like stor aktivitet i 2015.

Finansdepartementet, Noregs Bank og Finanstilsynet arbeider jamleg med overvaking og regelverksutvikling for å medverke til finansiell stabilitet.

Finansdepartementet har dei seinare åra rapportert til Stortinget om utsiktene for finansiell stabilitet to gonger i året: i finansmarknadsmeldinga (som kjem i april/mai) og i nasjonalbudsjettet (som kjem i oktober). Mange av tiltaka på dette området skjer gjennom regelverksutviklinga. I den siste finansmarknadsmeldinga, Meld. St. 21 (2013–2014) *Finansmarknadsmeldinga 2013*, er det i kapittel 4 gjort greie for regelverkssendringar i 2013. I kapittel 3 i meldinga er det gjort greie for pågående arbeid med regelverkssendringar, så som nye kapitalkrav for finansinstitusjonar, nye reglar for forsikring og pensjon og regelverksutvikling i verdipapirmarknadene. Finansdepartementet har gjort greie for utsiktene og arbeidet for finansiell stabilitet i kapittel 2 i meldinga. I tillegg er dette omtalt mellom anna i Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) *Endring av Prop. 1 S (2013–2014) Statsbudsjettet 2014* (sjå s. 23–25), og Meld. St. 2 (2013–2014) *Revidert nasjonalbudsjett 2014* (sjå s. 57–60).

Også Noregs Bank og Finanstilsynet publiserer jamleg rapportar om utsiktene for finansiell stabilitet og om risikotilhøva i finanssystemet. Noregs Bank legg fram «Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet» fire gonger i året, og rapportane «Finansiell stabilitet» og «Finansiell infrastruktur» ein gong i året. Finanstilsynet legg fram to årlege rapportar om utsiktene for finansiell stabilitet, kalla «Finansielt utsyn» og «Finansielle utviklingstrekk», og ein årleg rapport om arbeidet med IKT-tryggleik i finanssektoren («Risiko- og sårbarhetsanalyse»).

Fleire etatar under Finansdepartementet forvaltar omfattande produksjonssystem som behandler store informasjonsmengder, inkludert Folkeregisteret som er eit sentralt grunndataregister for personinformasjon. Det vert arbeidd med å modernisera Folkeregisteret. Arbeidet har ein tidshorisont på fleire år, men tryggleiken i det noverande registeret vert løpende vurdert etter det trugselbiletet som gjeld.

Post 01 Driftsutgifter

Driftsløyvinga dekkjer lønsutgifter og andre utgifter til drift av departementet. Finansdepartementet hadde per 1. mars 2014 ei bemanning som svarer til 297 årsverk. Lønsutgifter m.m. utgjer om lag 77 pst. av budsjettet. Av andre driftsutgifter utgjer lokalleige den største einskildposten. For 2015 føreslår departementet ei løyving på 321,4 mill. kroner. Det er lagt opp til om lag same aktivitetsnivå som i 2014.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Posten omfattar hovudsakleg utgifter til forskingsoppdrag, utgreiingsarbeid og ein del særlege innkjøp. Forskingsmidlane vert særleg brukte til program i regi av Noregs forskingsråd, m.a. knytte til skatteøkonomi. Regjeringa har nyleg fastsett nye mål for verksemda i forskingsrådet – sjå nærmere omtale i Prop. 1 S (2014–2015) for Kunnskapsdepartementet.

Løyvinga dekkjer òg utgifter til kjøp av utviklingstenester frå Statistisk sentralbyrå. Ei viktig oppgåve som Statistisk sentralbyrå utfører for departementet, er å halde ved like det økonomiske modellapparatet som vert brukt i arbeidet med den økonomiske politikken. I tillegg vert midlane på posten brukte til ei rekje særskilte utgreiingsoppgåver, m.a. kjøp av eksterne konsulenttenester i samband med departementet si oppfølging av Statens pensjonsfond.

For 2015 føreslår departementet ei løyving på 51,6 mill. kroner. Det er rekna med noko større kjøp av utviklingstenester o.l. enn i 2014, og det er også rekna med større utgifter til fleire utval.

Finansdepartementet får refusjonar frå andre offentlege verksemder som departementet samarbeider med. Sidan det er uvisst kor store refusjonane vert, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskrida løyvinga under kap. 1600, post 21 *Spesielle driftsutgifter* med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4600, post 02 *Ymse refusjonar*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 70 Forsking og allmenn opplysning om finansmarknaden

I samband med statsbudsjettet for 2002 vart det vedteke å bruka ein del av provenyet frå omdanning og sal av Oslo Børs til å skipe eit finansmarknadsfond med ei fondsavsetning på 90 mill. kroner (Finansmarknadsfondet). Føremålet med Finansmarknadsfondet er å medverke til auka kunnskap om og forståing for verkemåten til finansmarknaden, mellom anna regulering av marknader og marknadsaktørar, og å fremje innsikt og auke medvitet om etikk på finansmarknadsområdet. Fondet skal medverke til forsking, utdanning og allmenn opplysning om finansmarknadsspørsmål.

Fram til utgangen av 2012 var kapitalen i Finansmarknadsfondet plassert som kontolån til staten. Fondsutbytet vart ført som inntekt i statsbudsjettet og gav grunnlag for ei utgiftsløyving til dei nemnde føremåla. Utbytet frå fondskapitalen

året før vart ført som inntekt i statsbudsjettet året etter.

I samband med statsbudsjettet for 2013 vart det vedteke å skipa ein ny modell for løyvingar til Finansmarknadsfondet, slik at sjølvé fondet vart avvikla 1. januar 2013. Fondskapitalen vart tilført statskassa og erstatta med vanlege utgiftsløyvingar over statsbudsjettet frå og med budsjettåret 2013, sjå side 48–50 i Prop. 1 S (2012–2013) for Finansdepartementet. Med den nye løyvingsmodellen legg ein opp til å halda tildelingane om lag like store som dei var under den tidlegare modellen, målt i faste prisar. For 2012, siste gongen med den tidlegare modellen, vart det løyvd 11,8 mill. kroner.

For 2015 føreslår departementet i samsvar med modellen ei løyving på 12,6 mill. kroner på kap. 1600, post 70.

Fullmakt til å rette opp uoppklåra differansar og feilføringar i statsrekneskapar frå tidlegare år

Frå tid til anna oppstår det differansar i rekneskapen hos rekneskapsførarane i staten. Nokre av differansane vert ikkje oppklåra endå det er gjort mykje for å finna ut kva dei kjem av. Det hender òg at beløp vert tilviste og posterte feil i stats-

rekneskapen, og at feilen først vert funnen etter at årsrekneskapen er avslutta.

På grunn av eittårsprinsippet vil retting av slike feil, med motsett posterering i rekneskapen for eit seinare år, medføre at den rekneskapen òg vert galen. Slik Finansdepartementet ser det, er det mest korrekt at uoppklåra differansar og andre feil vert retta opp i statsrekneskapen med posteringar over kontoen for forskuingar i balansen. Då vil desse posteringane ikkje påverke løyvingsrekneskapen det året rettinga vert gjord. Rettinga må skje etter ei posteringsoppmoding frå vedkomande departement og i) etter at ein har gjort det ein kan for å oppklåre differansen og ii) berre når feilposteringa ikkje kan rettast på nokon annan måte.

Det må hentast heimel frå Stortinget i kvar sak før posteringsoppmoding kan sendast til Finansdepartementet. For mindre beløp bør Finansdepartementet ha fullmakt.

Stortinget vedtok ved behandling av Innst. S. nr. 252 (1997–98), jf. St.prp. nr. 65 (1997–98), å gje Finansdepartementet ei fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 1998. Denne fullmakta er teken opp att i budsjett dokumenta kvart år sidan. Departementet gjer framlegg om same fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 2014, jf. framlegg til romartalsvedtak IX.

Kap. 4600 Finansdepartementet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
02	Diverse refusjonar	2 140	1 000	500
16	Refusjon av foreldrepengar	4 486		
18	Refusjon av sjukepengar	2 233		
85	Avkastning frå Finansmarknadsfondet	7 478		
95	Fondskapital	206 666		
	Sum kap. 4600	223 003	1 000	500

Post 02 Diverse refusjonar

Posten omfattar refusjonar frå andre offentlege verksemder som Finansdepartementet samarbeider med.

Kap. 1602 Finanstilsynet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	331 914	327 500	328 500
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	13 338	12 300	10 200
	Sum kap. 1602	345 252	339 800	338 700

Føremål og hovedoppgåver

Oppgåvene til Finanstilsynet er fastlagde i lov 7. desember 1956 nr. 1 om tilsyn med finansinstitusjoner mv. (finanstilsynslova), og dei ulike særlovene for områda under tilsyn. Finanstilsynslova § 1 slår fast kva institusjonar det skal førast tilsyn med, og i § 3 er det gitt nokre overordna føresegner om verksemda til Finanstilsynet:

«Tilsynet skal se til at de institusjonar det har tilsyn med, virker på hensiktsmessig og betryggende måte i samsvar med lov og bestemmelser gitt i medhold av lov samt med den hensikt som ligger til grunn for institusjonens opprettelse, dens formål og vedtekter. Tilsynet skal se til at institusjonene under tilsyn i sin virksomhet ivaretar forbrukernes interesser og rettigheter.»

Finanstilsynet vedtok i 2010 ein overordna strategi for perioden 2010–2014. Hovudmåla til Finanstilsynet her er «.... å bidra til å sikre finansiell stabilitet og velfungerende markeder....». I strategien er dette konkretisert i dei følgjande delmåla:

- solide og likvide finansinstitusjonar
- god overvaking av risiko i økonomi og marknader
- forbrukarvern gjennom god informasjon og rådgiving
- god leiing og verksemderstyring i føretaka
- robust infrastruktur som sikrar betaling, handel og oppgjer
- tilstrekkeleg og påliteleg finansiell informasjon
- god marknadsåtferd
- effektiv krisehandtering

For å nå måla for verksemda bruker tilsynet ei rekke verkemiddel, anten kvar for seg eller i kombinasjon. Verkemidla er:

- tilsyn og overvaking
- forvalting
- regelverksutvikling
- informasjon og kommunikasjon

Finansiell stabilitet og velfungerande marknader er hovudmåla for Finanstilsynet. Dette må til for å sikre tillit til det finansielle systemet, ei stabil økonomisk utvikling og verne brukarane av finansielle tenester. Finansiell stabilitet inneber at det finansielle systemet er solid nok til å formidle finansiering, utføre betalingar og fordele risiko på ein tilfredsstillande måte, både i oppgangs- og i nedgangstider. Finanstilsynet skal særleg prioritere dei institusjonane og områda som har meist å seie for finansiell stabilitet og velfungerande marknader, inkludert IKT-systema.

Forbrukarvern er grunnleggjande i heile tilsynsverksemda. Finanstilsynet legg særleg vekt på at føretak som tilbyr finansielle tenester og produkt, oppfyller krav til god kunderådgiving. Dette sikrar at kundane forstår risikoene i dei produkta dei vert tilbodne, og at rådgivinga varetak behova til den enkelte kunden på ein god måte.

Finanstilsynet har definert fleire utfordringar og tiltak på tilsynsområda. Desse er nærmare omtalte i strategien, mellom anna under punktet «Utfordringer og tiltak på tilsynsområdene».

Finanstilsynet er leidd av eit styre på fem medlemmar, supplert med to representantar frå dei tilsette ved behandling av administrative saker. Medlemmene og varamedlemmene vert peika ut av Finansdepartementet for ein periode på fire år. Leiargruppa i Finanstilsynet består av seks personar. Verksemda hadde per 1. mars 2014 ei bemaning tilsvarende 270 årsverk.

Rapport 2013

Nedanfor følgjer ein nærmare omtale av arbeidet i Finanstilsynet i 2013.

Tabell 5.1 Ressursbruken i Finanstilsynet, fordelt på tilsynsområde

Tilsynsområde	Rekneskap 2012		Rekneskap 2013		Plantal 2014	
	Årsverk	Prosent	Årsverk	Prosent	Årsverk	Prosent
Bankar	68,1	26,2	66,0	25,4	69,4	26,5
Finansieringsselskap	3,0	1,1	3,6	1,4	3,7	1,4
Betalingsføretak	2,5	1,0	2,7	1,0	-	-
Kredittføretak	3,9	1,5	3,5	1,3	3,9	1,5
Prospektkontroll	12,1	4,6	10,5	4,0	10,5	4,0
Forsikringsselskap	47,2	18,1	47,0	18,1	48,7	18,6
Holdingselskap	2,1	0,8	2,1	0,8	2,4	0,9
Pensjonskasser og -fond	9,4	3,6	9,8	3,8	9,9	3,8
Verdipapirmarknaden	52,8	20,3	57,0	21,9	52,9	20,2
Eigedomsmekling	10,3	3,9	9,6	3,7	9,4	3,6
Inkassoføretak	4,2	1,6	4,1	1,6	3,1	1,2
Revisorar	17,6	6,8	16,9	6,5	17,7	6,8
Rekneskap generelt	0,8	0,3	-	-	-	-
Rekneskapsførarar	14,0	5,4	14,5	5,6	13,6	5,2
Rekneskapskontrollen	8,8	3,4	10,7	4,1	12,2	4,7
Andre	3,5	1,4	2,3	0,9	4,5	1,7
Sum	260,3	100	260,3	100	261,9	100

Det er godt samsvar, og ingen vesentlege avvik, mellom plantal for 2013 som vart presentert i Prop. 1 S (2012–2013), og rekneskapen for 2013.

Allment

Summen av årsverk i Finanstilsynet var den same i 2013 som i 2012, jf. tabellen ovanfor. Bruken av ressursar på dei fleste tilsynsgruppene var også tilnærma uendra frå 2012 til 2013. Verdipapirmarknaden og rekneskapskontrollen hadde ein liten oppgang, medan bankar og prospektkontrollen hadde ein liten nedgang i ressursbruken.

For å tilpassa seg framtidige krav og utfordringer gjorde Finanstilsynet i 2013 nokre endringar i organisasjonsstrukturen sin. I tillegg prioriterte tilsynet òg i 2013 utviklinga av tekniske løysingar for å auke effektiviteten og betre grunnlaget for tilsynsarbeidet.

Finanstilsynet har sett opp konkrete mål for saksbehandlingstida for eit utval forvaltingssaker og for tilsynsrapportar og -merknader. For dei fleste forvaltingssakene er målet at 90 prosent

skal vere ferdig behandla innan 30 dagar. For enkelte kompliserte sakstypar er det sett lengre fristar. Fristen for tilsynsrapportar og -merknader varierer noko mellom dei ulike tilsynsområda. På alle område vart det registrert ein nedgang frå 2012 til 2013. Arbeidet med å redusere saksbehandlingstida vert vidareført.

Arbeid med tryggleik og beredskap er ein integrert del av verksemda. For å betre systematiseringa av arbeidet i eigen organisasjon har Finanstilsynets teke i bruk eit nytt verktøy for tryggleik og beredskap.

Finanstilsynet gjennomførte ei kvantitativ brukarundersøking blant føretak under tilsyn i 2013 etter same leid som i 2006 og 2010. Svarprosenten var på 68 prosent, som er tilfredsstillande. Konklusjonen var at Finanstilsynet på eit overordna nivå vert vurdert godt på dei fleste områda det vart målt på, og ganske likt med resultata frå 2010.

Finanstilsynet gjennomfører forskjellige stress-testar, analysar og inspeksjonar for å følgje utviklinga og avdekkje problem tidleg. Tematilsyn, dokumentbasert tilsyn og stadleg tilsyn er nyttige

verkemiddel. Til dømes gjennomførte Finanstilsynet 252 stadlege tilsyn, inkludert 18 IT-tilsyn i 2013, medan talet i 2012 var 255. På verdipapirområdet var enkelte tilsyn særleg krevjande og meir ressurskrevjande enn planlagt.

Nedanfor følgjer ei kort oversikt over aktiviteten i 2013 ut frå prioriteringar i budsjett dokumenta og delmåla i strategien. Ein meir detaljert gjennomgang finst i Meld. St. 21 (2013–2014) *Finansmarknadsmeldinga 2013*.

Solide og likvide finansinstitusjonar

I vurderingane av soliditeten til bankane vart det gitt tilbakemeldingar til større og til risikoutsette mindre bankar om behov for ytterlegare kapitaloppbygging på bakgrunn av nye kapitalkrav og risiko. Likviditetsrisiko og bankane si finansiering fekk størst merksemd, og bankar med svake verdiar på indikatorar for likviditet og langsiktig finansiering vart følgde opp. Det vart lagt særleg vekt på analysar av kredittrisiko på eksponeringar mot næringseigedom, shipping og oppkjøpsfinansiering, og det har vore gjennomført nærmare analysar av kredittrisiko i små bankar. Etterleving av retningslinjer for lån til bustader vart følgde opp. Analyse og tiltak knytte til pantsetting og overføring av bustadlån til føretak som gjev ut obligasjoner med fortrinnsrett (OMF-føretak), vart gjennomførde.

I oppfølginga av soliditet i forsikringsselskap og pensjonskassar vart det lagt særleg vekt på å følgje opp dei soliditetsmessig utsette selskapa.

Kapitaldekning, risikoforhold og økonomisk utvikling i verdipapirføretak og forvaltingsselskap vart følgde opp kvart kvartal. Fleire føretak på verdipapirområdet vart varsle om tilbakekall av løyve på grunn av manglande kapitaldekning, men i alle tilfelle vart forholda retta opp.

Nytt soliditetsregelverk for forsikring (Solvens II) vil tre i kraft 1. januar 2016, og det vert arbeidd med nødvendige tilpassingar i soliditetsovervakkinga for perioden fram til dette. Arbeidet med å vurdere føresegner for overgang og arbeidet med forskrifter vart sett i gang.

Førebuingane til rapportering i CRD IV (startar i 2014) og Solvens II (foreløpig rapportering startar i 2015) er omfattande og teknisk utfordrande. Gjennomgang av eksisterande rapportering gjennom finansmarknadsdatabasen med sikte på at denne må tilpassast ny rapportering som følge av CRD IV og Solvens II, vart starta i 2013. Behandling av søknader om å bruke interne modellar (IRB) er omfattande, og det vart vurdert ulike tiltak for å auke risikovektene på bustadlån. Tiltak vil verte gjennomførde i 2014.

God overvaking av risiko i økonomi og marknader

Vurderingar av utsikter til moglege finanzielle stabilitetsproblem vart lagde fram i rapporten *Finansielt utsyn 2013* i fyrste halvår og i *Finansielle utviklingstrekk 2013* i andre halvår. Vidare vart det utarbeidd kvartalsvise resultatrapportar for finansinstitusjonar som la vekt på utvikling i soliditet og likviditet.

Det vert kontinuerleg arbeidd med vidareutvikling av makrotilsyn og metodar for overvaking av finansiell stabilitet, som òg omfattar arbeidet med å forsterke samanhengen mellom analyse av risiko i institusjonar og makroøkonomisk risiko. Arbeid med å vidareutvikle modellar vart intensivert, og det vart knytt nærmare kontakt med akademiske miljø. Det vart lagt vekt på å utvikle modellar for stresstesting av finanssektoren og av enkeltinstitusjonar.

Forbrukarvern gjennom god informasjon og rådgiving

Finanstilsynet har kartlagt og ført tilsyn med verdipapirføretaka og kartlagt privat pensjonssparing. Finanstilsynet har arbeidd med å ivareta forbrukarvern på alle dei sentrale marknadsområdane. Mellom anna vart etterleving av retningslinjene for bustadlån følgde opp gjennom tilsyn og informasjon.

I tilsynet med eigedomsmeklärane vart det sett i verk kontroll av etterleving av reglar som er særleg viktige for forbrukarane, slik som sikring av klientmidlar og utforming av kjøpekontraktar ved sal av nye bustader.

Skikka leiing og tilfredsstillande verksemdstyring i føretaka

Behandling av konsesjonar og meldingar om endringar skjer løpende, og det vart behandla ei rekke konsesjonssøknader om nyetablering og fusjonar på tilsynsområda i 2013. Omfanget av stadlege tilsyn i føretak under tilsyn vart som planlagt. Elles vart det gjennomført eit stort mengd vurderingar av om styremedlemmar og leiarar av føretak på verdipapirområdet er eigna. Vurderingane vart særleg utførde ved omorganiseringar av verksemndene.

Finanstilsynet peikte på revisorane sitt ansvar for å følgje opp at føretak under tilsyn etterlev lovkrav og krava til verksemdstyring. Det vart mellom anna sendt likelydande brev til revisorar for forsikringsformidlarar og til revisorar for betalingsføretak om dette.

I tilsynet med bankane vert det lagt meir vekt på vurderingar av forretningsmodell og strategi. I ein av bankane vart leiing og styre skifte ut etter tilsyn. I 2013 var det særleg merksemd på risikostyring for kreditrisiko og likviditetsrisiko, og i fleire bankar vart det peikt på svakheiter i risikostyringa på likviditetsområdet. Det vart også lagt vekt på rammar for, og styring av, marknadsrisiko i små bankar. I forsikring vart det sett i gang arbeid med å gjennomføre samla risikovurdering ut frå Solvens II. På verdipapirområdet er det gjennomført ei kartlegging knytt til den auka aktiviteten i obligasjonsmarknaden.

Robust infrastruktur som sikrar tryggje betalingar, handel og oppgjer

Rapporten *Risiko- og sårbarheitsanalyse* 2013 om bruk av IKT i finansføretaka vart lagt fram i første halvår. Rapporten la vekt på sårbarheit som følge av auka omfang av og kompleksitet i teknologiske løysingar i finanssektoren, og sårbarheit i infrastruktur for betalingssystem. I 2013 vart det også lagt stor vekt på risiko og sårbarheit i betalingsistema, både som følge av kriminalitet og teknologisk svikt.

Trygging av bruksretten som bankane har til løysingane for sams infrastruktur på betalingsområdet, vart følgje opp, og det vart lagt stor vekt på risiko ved utkontraktering av sentrale og kritiske funksjonar i betalingssistema.

Det var tilsyn i fleire delar av infrastrukturen på verdipapirområdet, og fleire saker var knytte til regelverk og strukturendringar på området.

Tilstrekkeleg og påliteleg informasjon

Aktiviteten på prospektområdet har vore relativt høg i perioden, med 201 godkjende prospekt. Av desse var det 10 noteringsprospekt. Rekneskapskontrollen vart intensivert, og det vart gjennomført kontroll av 60 årsrekneskap og 10 delårsrekneskap. Dette er ein auke frå tidlegare år.

God marknadsåtferd

Gjennom stadlege tilsyn har Finanstilsynet kontrollert at det er etablert forsvarleg internkontroll, slik at regelverksbrot vert forhindra og moglege brot vert fanga opp. Internkontrollen skal også bidra til at gode etiske normer vert følgde. Etterleving av kvitvaskingsregelverket vart følgje opp i stadlege tilsyn, og i fleire bankar vart det avdekte brot på dette. Ulovleg forsikringsformidling og

ulovlig forsikringsverksemdu vart avdekte gjennom oppfølging av tips.

Systemet for fastsettjing av NIBOR vart undersøkt i 2013, og Finanstilsynet foreslo fleire tiltak for å gjere det meir robust.

Finanstilsynet arrangerte i 2013 eit seminar for offentleg forvaltning om informasjonshandtering for å sikre god marknadsåtferd. Det vart også gjennomført fleire undersøkingar av marknadsåtferd på ulike område.

Effektiv krisehandtering

Førebuinga til gjennomføring av kriseløysingsdirektivet held fram. Arbeidet med å vurdere institusjonane sine gjenopprettingsplanar vart så langt koncentrert om dei største bankane.

Arbeidet i Beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur (BFI) og rapportering om hendingar legg til rette for effektiv handtering av svikt i infrastrukturen. Det vart gjennomført øvingar for å prøve beredskapen mot svikt i infrastruktur.

Beredskapsplanane i infrastrukturføretaka på verdipapirområdet vart innhenta som eit ledd i Finanstilsynet sin gjennomgang og systematisering av eigne beredskapsplanar. Parallelt med dette vart det utreda behov for betre heimlar for styring av avvikling av verksemd i verdipapirføretak.

Budsjett 2015

Finansiell stabilitet og velfungerande marknader er hovudmål for Finanstilsynet, og skal vere særleg prioriterte i Finanstilsynets arbeid i 2015. Finanstilsynet må til kvar tid innafor gjeldande budsjetttramme prioritere oppgåver som bidreg til å nå desse hovudmåla.

For å sikre den finanzielle stabiliteten skal Finanstilsynet mellom anna peike på utviklingstrekk i økonomi, marknader og institusjonar som kan truge den finanzielle stabiliteten, og rapportere jamleg om utviklinga til allmenta og Finansdepartementet. Stadlege og dokumentbaserte tilsyn med institusjonane som også leiar til konkrete tilbakemeldingar til institusjonane, er viktige verkemiddel for å nå hovudføremåla. Finanstilsynet skal på eige initiativ setje i verk tiltak overfor enkeltinstitusjonar der det er naudsynt og i tråd med regelverket Finanstilsynet er sett til å forvalte. Det er her viktig med rask og effektiv handtering av eventuelle regelbrot.

Finansdepartementet vil stille opp mål for dei einskilde oppgåvene tilsynet har, i tildelingsbrevet for 2015.

Den føreslalte løyvinga skal brukast i samsvar med strategien og oppgåvene til tilsynet. Departementet føreslår å setje budsjetttramma til Finanstilsynet for 2015 til 338,7 mill. kroner. Reelt er budsjetttramma litt lågare enn for 2014 idet det er rekna med ein viss produktivitetsvekst. Finanstilsynet må difor prioritere strengt innafor ramma for å følgje opp dei ulike tilsynsområda som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter. For 2015 føreslår departementet å løyve 328,5 mill. kroner under post 01. Reelt er dette om lag 1,5 mill. kroner lågare enn saldert budsjett for 2014. Finanstilsynet får stadig nye og endra oppgåver. Tilsynet må til kvar tid kunne løyse aktuelle oppgåver innafor løvingsramma. Finanstilsynet må òg arbeide for å sikre rasjonell og effektiv drift.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for IT-systema i Finanstilsynet. For 2015 gjeld det m.a. vidare arbeid med å utvikle ei datavarehusløysing for bank- og forsikringsområdet. Denne skal leggje til rette for betre utdrag frå og analysar av innrapporterte data, utvikling av innrapporteringsløysingar for forsikring i samband med Solvens II og innrapporteringsløysingar for bank i samband med CRD IV. Det vil òg bli arbeidd med å tilretteleggje for EØS-krav på verdipapirområdet, vidareutvikle Altinn II og anna planlagt modernisering og effektivisere registerløysingane som støttar kjerneprosessane i Finanstilsynet sitt arbeid med konsesjon og tilsyn.

For 2015 gjer departementet framlegg om å løyve 10,2 mill. kroner, mot 12,3 mill. kroner i saldert budsjett. Korrigert for uttrekk av meirverdiavgift og prisjustering er nivået uendra. I samband med nokre av prosjekta som er nemnde over, kan det vere behov for å tinga for meir enn det som er løyvd. Difor ber departementet om ei tingingsfullmakt på 10 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Kap. 4602 Finanstilsynet

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2015	
03	Prospektkontrollgebyr		8 193	10 000	10 000
16	Refusjon av foreldrepengar		2 133		
18	Refusjon av sjukepengar		1 365		
86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.		2 027	500	500
Sum kap. 4602		13 718	10 500	10 500	

Post 03 Prospektkontrollgebyr

Posten omfattar gebyr frå den operative prospektkontrollen for omsetjelege verdipapir. Dei kostnadene som Finanstilsynet har til prospektkontrollen, vert dekte ved at utskrivaren betaler eit gebyr til Finanstilsynet. Finanstilsynet skal sjå til at gebyr i størst mogleg utstrekning reflekterer dei reelle kostnadene ved prospektkontrollen. Eventuelle avvik mellom dei ilagde gebyra og kostnadene til Finanstilsynet vert fordelt året etter på dei noterte utskrivarføretaka, anten som ei til-

leggsutlikning eller som ei nedsetjing av utlikninga til andre tilsynsutgifter. Slike etterutrekningar vert av praktiske årsaker ført på kap. 5580 *Sektoravgifter under Finansdepartementet*, post 70 *Finanstilsynet, tilskot frå tilsynseiningerane*.

Post 86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.

Posten omfattar inntekter frå vinningsavståing ved brot på verdipapirhandelova. Her vert det dessutan ført inntekter frå gebyr som er ilagde ved for

sein innlevering av rekneskap eller brot på føresegnehene om melde- og flaggeplikt i verdipapirhandelova. Dessutan kan ein her føre ein del andre

regelbrotsgebyr som Finanstilsynet har lovfesta rett til å leggje. Inntekter som vert førde på denne posten, kan ikkje disponerast av Finanstilsynet.

Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	312 004	329 800	335 900
	Sum kap. 5580	312 004	329 800	335 900

Utgiftene til Finanstilsynet vert fullt dekte av institusjonane som er under tilsyn etter finanstilsynslova § 1 eller annan lovheimel. Utlikninga vert gjort av Finanstilsynet, og ho vert godkjend av Finansdepartementet. Inndekkinga av utgiftene er heimla i finanstilsynslova § 9. Det samla tilskotet frå tilsynseiningane i 2015 er budsjettert til 335,9 mill. kroner. Utrekninga og betalinga av tilskotet frå kvar tilsynseining skjer etterskotsvis. Grunnen er at det samla utlikningsbeløpet ikkje vil vere klart før på slutten av budsjettåret, og at oversynet

over kva for einingar som skal utliknast, fyrst ligg føre når året er omme. Fram til no har ein utlikna løyvingsbeløpet frå året før, men frå 2015 skal det nyttast reknescapstal. Dette gjev ei meir presis kostnadsovervelting, men over tid vil utlikna beløp verte om lag uendra.

Forslaget for 2015 er utrekna som sum saldert utgiftsbudsjett for 2014 minus budsjetterte prospektkontrollgebyr for 2014 pluss kompensasjon i 2014 for lønsoppgjeret dette året.

Kap. 1605 Direktoratet for økonomistyring

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	343 154	337 911	336 600
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	21 631	8 400	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	29 165	19 900	15 900
	Sum kap. 1605	393 950	366 211	352 500

Føremål, hovedmål og organisering

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) er statens ekspertorgan for økonomi- og verksemndsstyring i staten. Med utgangspunkt i Reglement for økonomistyring i staten (økonomiregelverket) og Bestemmelser om økonomistyring i staten skal DFØ leggje til rette for god styring. DFØ skal syte for ei heilskapleg tilnærming på området.

Visjonen til direktoratet er effektiv ressursbruk i staten.

Hovudmåla for DFØ er å leggje til rette for føremålstenlege fellesløysingar og god styring i statlege verksemder. DFØ skal

- forvalte økonomiregelverket i staten (så nær som føresegnehene om departementa si styring av underliggende verksemder, etatsstyring); vurdere og eventuelt føreslå endringar for Finansdepartementet slik at regelverket er oppdatert og relevant
- forvalte og formidle kunnskap om korleis verksemndene skal etter leve økonomiregelverket i staten; syte for at statlege verksemder får eit godt tilbod om kompetansebygging og røysnleoverføring på fagområdet til direktoratet
- forvalte konsernsystema for statsrekneskapen og statens konsernkontoordning

- levere fellestener på økonomiområdet som gjev synergier og stordriftsføremoner for staten; vege omsynet til direkte gevinstar frå standardiserte fellesløysingar mot behovet for spesialtilpassa løysingar for statlege einskildverksemder eller grupper av verksemder
- gjennomføre analysar og utgreiingar som grunnlag for utvikling av statleg styring

Dette er måla for DFØ:

- DFØs kompetanseoverføring representerer beste praksis innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse.
- DFØs fellestener er korrekte, rettidige og nyttige.
- DFØs tenester gjev synergier og stordriftsføremoner.

I tildelingsbrevet for 2014 fekk DFØ fullmakt til å gjennomføre ei omorganisering slik at DFØ skal ha kontorstader i Oslo, Stavanger og Trondheim. Elektronisk fakturabehandling er allereie sentralisert til Hamar, og skal vidareførast på Hamar fram til DFØ ser det som føremålstenleg å samlokalisere funksjonen med rekneskapsavdelinga. DFØ hadde per 1. mars 2014 ei bemanning tilsvarende 356 årsverk.

Mål og resultat 2013

Hovudmål 1: DFØs kompetanseoverføring representerer beste praksis innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse

DFØ tilbyr kompetansetiltak, metodeutvikling, rettleiing og rådgjeving i tillegg til analyse og informasjonsformidling innanfor sitt ansvarsområde. Det omfattar mellom anna fagområda

- mål- og resultatstyring, resultatmålingar og resultatinformasjon
- verksemdsstyring og risikostyring
- tilskotsforvalting
- evalueringar på styringsområdet
- samfunnsøkonomiske analysar
- statsrekneskap og verksemdsrekneskap
- statleg betalingsformidling

DFØ har levert tenester på alle desse områda i 2013. Tenestene er tilgjengelege for alle statlege verksemder, og skal vera til hjelp i arbeidet med betre verksemds- og økonomistyring.

DFØs metodar og kompetansetiltak byggjer på prinsippa og standardane i økonomiregelverket.

DFØ kartla i 2013 behov for kompetanseheving innanfor fagområdet økonomistyring i stat-

lege verksemder. Resultata frå kartlegginga har ført til endringar i tenestene DFØ tilbyr.

Rettleiing i internkontroll for statlege verksemder vart ferdigstilt i 2013. DFØs arbeid med internkontroll er utforma i tråd med resultata frå kompetansekartlegginga. Det er difor for første gong utarbeidd rettleiingar tilpassa målgrupper: ei kort rettleiing for leiarar og ei rettleiing for dei som skal arbeide praktisk med internkontroll.

Hjelp til sjølvhjelp for verksemndene har også vore prioritert. Eit døme er arbeid og rådgjeving overfor fleire verksemder og departement i samband med lansering av samarbeidsforum for internkontroll. Samarbeidsforumet skal vidareutvikle arbeidet med internkontroll i staten.

DFØ har i 2013 også arbeidd med ei ny rettleiing i samfunnsøkonomiske analysar. Den har vore på ei omfattande ekstern høyring, og vart sluttført i fyrste halvår 2014.

Omfanget av kompetansetiltak har vore som tidlegare år, og omfattar mellom anna kurs, seminar og nettverksmøte.

DFØ har i 2013 arbeidd spesielt med informasjon og kompetansebygging overfor verksemder og departement om endringane i økonomiregelverket som tok til å gjelde 1. januar 2014. Dei sentrale områda her er dei nye krava til årsrapport og rekneskapsoppstillingar. Nye rettleiingar er publiserte på nett.

I 2013 har det vore ein omfattande debatt om praktiseringa av mål- og resultatstyring i staten. Røynslene har vist at staten sitt regelverk på dette området er robust og fleksibelt nok, men at praksis mange stader har hatt rom for forbeting og utvikling. DFØ har i 2013 gjennomført fleire kurs og rådgivningsoppdrag om mål- og resultatstyring i tillegg til å vidareutvikle sin eigen kompetanse. DFØ ynskjer å gjere statlege verksemder betre i stand til å bruke økonomiske data i styringa, slik at dei får føresetnader for å vurdere resultata dei leverer opp mot ressursramma si.

Hovudmål 2: DFØs fellestener er korrekte, rettidige og nyttige

DFØs løns- og rekneskapstenester

DFØ tilbyr økonomitenester på friviljug basis til verksemder i statsforvaltninga. I 2013 leverte DFØ tenester innan løn og rekneskap med berre marginale avvik. Kundane er samla sett like nøgde som tidligare år, og rundt 79 pst. seier dei alt i alt er nøgde med DFØ som leverandør.

Omfanget av tenester har auka i 2013, og fleire verksemder har kome til som kundar. Den elektroniske fakturabehandlinga aukar framleis i

omfang. DFØ si satsing på elektronisk fakturabehandling i statlege verksemder har gjeve administrative innsparinger og betre økonomistyring hos kundane. Utviklinga tyder på at påbodet om frå 1. juli 2012 å krevje elektronisk faktura i nye avtaler med staten verkar i aukande grad.

DFØ har utvikla ei e-handelsløysing som integrerer heile innkjøpsprosessen frå ordre til godkjend faktura. Løysinga samhandlar med e-handelsplattforma til Direktoratet for forvaltning og IKT og er ein integrert, men friviljig del av DFØs tenester på rekneskapsområdet. Ved utgangen av 2013 hadde ti verksemder teke løysinga i bruk. Utviklinga går saktare enn venta. Dette heng saman med at e-handel stiller krav til korleis verksemdene organiserer innkjøpa sine. Samstundes har den teknologiske utviklinga på området tatt lengre tid enn venta.

Det er sett i gang fleire prosjekt som lèt DFØ tilby kundane oppgraderte og moderne løysingar. Eit døme på dette er ei løysing der DFØ går over til ein ny plattform for tilgangsstyring og identitetshandtering. Dette omfattar ei omlegging av administrasjonen av brukarar, tilrettelegging for eingongspålogging og integrering av tenester i verksemda sine eigne løysingar. Det er venta at meir effektiv identitetshandtering vil redusere ressursbruken både hos DFØ og hos kundane. Samstundes vil prosjektet gje ei betre oppleveling for brukarane og auka tryggleik og kontroll.

Ved utgangen av 2013 er det utvikla og teke i bruk e-skjema hos alle kundar av DFØ. E-skjema erstattar papirblankettar. Dei gjev meir effektive prosessar i lønssystemet av di ein slepp dobbelt-registreringar. Prosesstida for lønsdata vert òg redusert. Samstundes minkar feilkjeldene i registreringsprosessane.

Eit anna døme er utvikling av ei brukarvenleg elektronisk løysing for oppfølging av sjukefråvær. Ei slik sams løysing gjev lågare investerings- og driftskostnader for DFØ sine kundar. Dette er ein del av DFØs arbeid med å tilby gode fellesløysingar, og medverke til å nå Regjeringa sitt mål om auka digitalisering i offentleg sektor.

Statsrekneskapen, konserntenestene og regelverksforvaltinga

DFØ har ansvaret for å forvalte økonomiregelverket, med unntak av fagansvaret for etatsstyring, som vert forvalta av Finansdepartementet.

I 2013 kom det tolv søknader om unntak frå det statlege økonomiregelverket. Dei fleste var

søknader om unntak frå konsernkontoordninga eller andre føresegner om betalingsformidling og søknader om tidsavgrensa unntak frå føring etter standard kontoplan. Alle søknadene vart godkjende. Ved utgangen av 2013 var det 66 gyldige unntak frå regelverket. Av dei er sju varige. Dei fleste unntaka er for valutakonti i verksemder som er koordinator for EU-prosjekter.

DFØ har ansvaret for forvalting og drift av statsrekneskapen. I 2012 var 99,5 pst. av rapportane frå verksemdene til statsrekneskapen fullstendige og kom inn før fristen. Det er på same nivået som i 2012.

DFØ forvaltar rammeavtalar med bankar om betalingstenester i staten. Kvar statlege verksemd får tilgang til tenestene ved å tinga dei frå ein leverandørane som DFØ har inngått rammeavtale med. Statlege verksemder må bruke avtalane. Gjeldande avtale går ut den 31. desember 2014. Ny rammeavtale med Alliansesamarbeidet Sparebank 1 DA, DNB Bank ASA og Nordea Bank Norge ASA er underskriven i 2014. Det er inngått ein tilleggsavtale med DNB Bank ASA for utbetalinger knytte til statslån.

I 2010 vedtok Finansdepartementet å innføre ein sams standard kontoplan for statlege verksemder. Kontoplanen vart innført som ei friviljig ordning frå 1. januar 2011 og vart obligatorisk frå 1.januar 2014.

DFØ har i 2013 vidareført rekneskapsprogrammet i staten. Gjennom dette programmet er det utvikla eit tenestetilbod som er tilpassa den nye kontoplanen. DFØ har òg gjeve rettleiing til verksemdene om føring av rekneskapen, anten dei bruker kontantprinsippet eller periodiseringsprinsippet. I perioden 2010 til 2014 har DFØ tilbode puljevis, friviljig innføringshjelp til statlege verksemder som har teke i bruk ny kontoplan og/ eller nytt rekneskapsprinsipp. Rekneskapsprogrammet er i sluttfasen, og det vert ikkje løvd pengar til programmet på 21-posten frå og med 2015.

Statsrekneskapsløysinga er lagd til rette slik at dei delane av statsrekneskapen der standard kontoplan inngår, kan gjerast tilgjengelig for brukarane. DFØ har innarbeidd standard kontoplan som ei spesifisering til kapittel og post i rapporteringa til departementa.

Direktoratet har i 2012 og 2013 hatt omfattande oppgåver i samband med revidering av Bestemmelser om økonomistyring i staten. Dei nye føresegnene gjeld frå 1. januar 2014.

Hovudmål 3: DFØs tenester gjev synergiar og stordriftsføremoner

DFØ skal oppnå stordriftsføremoner for staten ved å tilby standardiserte tenester innanfor budsjett og rekneskap og løns- og personaladministrasjon. Over 74 000 tilsette og fleire enn 78 000 honorarlønte i statlege verksemder vart lønte med DFØs lønstenester i 2013, og det vart utarbeidd nærmere 170 000 løns- og trekkoppgåver.

Voluma til DFØ heldt fram med å auke i 2013, både fordi sysselsetjinga i staten aukar, men òg fordi stadig fleire verksemder vel å bruke tenestene til DFØ. Mange av kundane er små og mellomstore verksemder. Ved utgangen av 2013 leverte DFØ lønstenester til 168 statlege verksemder og rekneskapstenester til 133 statlege verksemder. DFØ er blant dei største aktørane i landet innanfor løns- og rekneskapstenester, også når ein reknar med privat sektor. Talet på løns- og/eller rekneskapskundar hos DFØ aukar jamt og omfattar no om lag fire av fem statlege verksemder.

DFØs visjon er «effektiv ressursbruk i staten». Direktoratet hjelper verksemndene med å styrke kompetansen på god styring og leverer fellestener i store volum, noko som er meir effektivt enn om dei statlege verksemndene skulle utføre oppgåvene kvar for seg. Tenesteproduksjonen til DFØ kjem godt ut når vi samanliknar effektivitet i tenesteproduksjonen med tilsvarande verksemder i Noreg og i andre land. Med ei friviljug løysing har ein såleis fått til viktige stordriftsvinstar i staten.

Med store volum på løns- og rekneskapstenestene kan DFØ samle eit større fagmiljø på dette området enn det ein kan i dei fleste andre statlege verksemder. Store fagmiljø kan gje betre høve til faglege diskusjonar, raskare avklaring av problemstillingar og meir og betre utvikling av tenestene. Dei store voluma gjer òg at DFØ kan gjere investeringar i løns- og rekneskapssystem som ei statleg verksemd åleine ikkje kan forsvare.

I arbeidet med å formidle og overføre kompetanse innanfor statleg økonomistyring, legg direktoratet vekt på å utvikle og tilby tenester som kan nå mange. Det kjem mellom anna til uttrykk i DFØs kurs og rettleiingar. Desse utgjer grunnstammen i kompetansetilbodet frå direktoratet.

Utfordringar

Omrulling til ny organisasjonsstruktur

Løns- og rekneskapsarbeid har med tida endra seg frå manuelle prosessar til digitale tenester som i stor grad er automatiserte. Denne utviklinga held fram og fører til andre arbeidsformer og oppgåver

enn før. Det vert stilte store forventningar til tenestene. Ein stadig betre og meir effektiv måte å levere tenester på er blant DFØs viktigaste bidrag til å løye verksemda sitt samfunnsoppdrag. DFØ starta difor i 2012 å greie ut og vurderte ein ny organisasjonsstruktur som møter krav i framtida til ein kostnadseffektiv leverandør av fellestener. Med si rolle, sin visjon og sine ansvarsområde må direktoratet gå føre i slike prosessar. Nye rammevilkår for organisering av direktoratet vart omtalt i Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014). I tildelingsbrevet frå Finansdepartementet for 2014 fekk DFØ fullmakt til å omorganisere verksemda.

Direktoratet står no midt i ei omstilling der talet på kontorstader skal reduserast frå åtte til tre, samstundes som tenesteleveransane skal holdast oppe i omstillingsperioden. 2014 har vore prega av førebuing av avviklinga av kontorstader og oppbygging av dei som skal bestå og vidareutviklast. DFØ har ansvar for å levere stabile og gode tenester. Omstillingsarbeidet inneber risiko for leveringa av tenestene. Arbeidet med vidareutvikling av tenestene vil i omstillingsperioden heller ikkje kunne prioritert like høgt. Dessutan må direktoratet vere budd på å ta opp fleire kundar og gje omstillingsstøtte til eksisterande kundar som følgje av eventuell anna omstilling i staten. DFØ må difor arbeide for å minimere og handtere risiko knytt til desse tilhøva.

Etter omstillinga til ny kontorstruktur vil DFØ kunne levere dei same tenestene til ein lågare kostnad og med auka driftstryggleik. Over tid reknar ein med at ei betre organisert verksemd vil gje betre tenester til kundane.

Rekneskap i staten

DFØ forvaltar og gjev råd om forbetring av økonomiregelverket i staten og staten sine konsernsystem. Direktoratet forvaltar og vidareutviklar òg rekneskapsfunksjonen i staten. Verksemda har gjennom fleire år hatt ei sentral rolle i utviklingsarbeidet med rekneskap i staten. Mellom anna vil den nye obligatoriske standard kontoplanen gje meir informasjon om utgifter og inntekter i verksemndene.

Alle statlege verksemder kan òg, i samråd med overordna departement, velje å føre rekneskapsen etter dei fastsette standardane for føring av periodisert verksemsrekneskap i staten. Desse standardane har vore friviljuge, men tilrådde fram til no. I samband med at standardene vert reviderte i 2014–2015 vil dei òg verte fastsette som obligatoriske for statlege, periodiserte verksemsrekneskapar frå 1. januar 2016, dersom høy-

ringa ikkje gjer grunn til noko anna. Alle verksemder i staten, også dei som fører periodiserte verksemdsrekneskapar, skal rapportere til statsrekneskapen etter kontantprinsippet.

Føremålet med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) er å leggje til rette for eit meir omfattande og standardisert informasjonsgrunnlag for styring i statlege verksemder. Det er no fastsett ein ny sams og overordna mal for årsrapportar frå statlege verksemder, og det er sett krav om publisering på verksemda si nettside. Årsrapportar og -rekneskapar skal gje oversyn over korleis verksemdene har nytta budsjettet sitt og kva resultat dei har nådd i året som er gått. Dei er eit viktig grunnlag for departementa si styring av verksemdene. Desse dokumenta kan òg vere gode informasjonskjelder for publikum.

Den samla rekneskapen for staten vert kvart år lagd fram i Meld. St. 3 Statsrekneskapen. DFØ har ei sentral rolle i utviklingsarbeidet med aggregering og publisering frå statsrekneskapen. Innan nokre få år vil dette mellom anna gje betre grunnlag for å samanlikne rekneskapsinformasjon mellom statlege verksemder og over tid, og eit betre grunnlag for å analysere og samanstille tal for staten sett under eitt. I tillegg vil ein få tilgang til brukarvenlege rapportar som kan gje betre grunnlag for avgjerder i staten og meir innsyn i statsrekneskapen. Dette utviklingsarbeidet er omfattande og vil krevje mykje ressursar i 2015.

Samfunnsøkonomiske analysar

Avgjerder om ressursbruk bør byggje på gode analysar. DFØ har ansvar for kompetansetiltak, metodeutvikling, rettleiing og rådgjeving om samfunnsøkonomisk analyse i staten. Som ei oppfølging av tilrådingane i NOU 2012: 16 *Samfunnsøkonomiske analyser* fastsette Finansdepartementet i 2014 eit nytt rundskriv med prinsipp og krav som skal følgjast i samfunnsøkonomiske analysar som skal inngå i staten sine avgjerder. DFØ utforma same år ei ny rettleiing i samfunnsøkonomisk analyse. Til saman gjev dette eit nytt rammeverk for samfunnsøkonomiske analysar i Noreg. DFØ er statens ekspertorgan for samfunnsøkonomisk analyse, og må også i 2015 bruke ressursar på å heve kvaliteten og auke bruken av samfunnsøkonomiske analysar som grunnlag for fleire vegval og vedtak i staten.

Digitalisering og samarbeid i staten

DFØ har som mål å realisere stordriftsvinstar for staten ved å tilby standardiserte systemløysingar

innanfor løn, rekneskap og statsrekneskap. Desse tenestene eignar seg godt for ytterlegare digitalisering. Sams format og gode teknologiske løysingar legg til rette for å dele informasjon mellom verksemder, og gjev eit godt og naudsynt grunnlag for effektiv utnytting av data på tvers i staten.

DFØ sine tenester vert brukte av dei fleste statlege verksemdene, og direktoratet må difor leggje til rette for integrasjonsløysingar og god datakvalitet. Dette er eit omfattande og langstiktig arbeid. DFØ bidrar med dette til Regjeringa sitt mål om å leggje til rette for utvikling av digitale tenester og produkt basert på offentlege data.

Tryggleik, styring og internkontroll

DFØ forvaltar informasjon om ei stor mengd brukarar. Verksemda yter og kritiske fellesetenester til dei fleste verksemdene i staten. Finansdepartementet legg stor vekt på informasjonstryggleiken i dei underliggjande etatane.

I 2013 peikte Riksrevisjonen på forbettingsområder i informasjonstryggleiken hos DFØ. Saman med DFØs eigne undersøkingar og arbeid med internkontroll danna dette grunnlag for at DFØ utarbeidde ein handlingsplan for IT-tryggleik i 2013. Tiltaka vart gjennomførte etter planen i 2013/14. Alle påpeikingane frå Riksrevisjonen er no følgde opp.

IT-tryggleik er eit område for kontinuerleg overvaking og forbeting, og DFØ vil arbeide vidare i 2015 med å utvikle IT-tryggleiken.

Mål og budsjett 2015

Sjå òg omtale av DFØs hovudmål ovanfor.

Den underliggende målstrukturen og dei kvalitative og kvantitative resultatmåla er fastsette i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og DFØ. Det vert ikkje lagt opp til store endringar i styringsparameterane i 2015, sjølv om etaten er midt i ei omstilling. Dei tilskikta resultata i 2015 skal jamt over vera like gode som resultata i 2013, jf. rapportomtalen ovanfor.

Omstillingarsarbeidet i DFØ inneber ein risiko for tenesteproduksjonen, og DFØ vil setje i verk risikoreduserande tiltak for at desse måla skal verte nådd i det komande budsjettåret òg. Likevel inneber omstillinga ein viss auke i risikoen.

Løyvinga skal brukast i samsvar med dei føremåla og hovudoppgåvene som er omtalte ovanfor. Departementet gjer framlegg om å setja budsjettramma til DFØ for 2015 til 352,5 mill. kroner.

DFØ skal gjennomføre endringa i kontorstrukturen innanfor denne budsjetttramma.

DFØ har lagt til grunn eit omstillingsbudsjett på 31,5 mill. kroner for perioden 2014–2016. Omstillingskostnadene er venta å kome på høvesvis 12 og 16 mill. kroner dei to første åra og 3,5 mill. kroner i 2016. Omstillingskostnadene er i hovudsak knytt til auka husleigeutgifter og lønsutgifter i overgangsperioden frå gammal til ny kontorstruktur. Dette overslaget tek ikkje med interne ressursar til planlegging og gjennomføring av omstillinga. Interne ressursar vil verte prioriterte til opplæring av nye medarbeidrarar og omskolering av eksisterande medarbeidrarar. Dette betyr lågare kapasitet enn normalt til ny utvikling av DFØ sine tenester på løns- og rekneskapsområdet. Budsjettframlegget inneber difor at driftsløyvinga på post 01 er auka, medan løyvinga til utvikling på post 45 er lågare enn tidlegare.

Årleg gevinst etter omstillinga (frå 2017) er rekna til om lag 20 mill. kroner. Dette er ei varig innsparing for staten. Delar av denne gevinsten kan realiserast allereie frå 2016. Den største gevinsten av omstillinga gjeld reduserte lønsutgifter. Dette kjem av at ein no kan realisere stor-driftsføremoner og at omstillinga gjev høve til å effektivisere arbeidsprosessar. I tillegg er gevinsten knytt til reduserte administrative utgifter og til reduserte reiseutgifter.

Det er uvisst kor mange tilsette i DFØ som vil søkje om og få venteløn som følgje av at arbeidsplassen vert flytta i omstillinga. Slike søknader vert behandla og innvilga av Nav, men det er DFØ som må dekkje utgiftene. Den årlege innsparinga

som ein reknar med etter omstillinga vil verte redusert tilsvarende utgiftene til venteløn.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter, utgifter til opplæring, utgifter til leige og drift av kontorlokale, reiser, drift og innkjøp av kontorutstyr og drift og innkjøp av IKT-utstyr m.m. Beløpet omfattar dessutan direkte utgifter til lønskøyring for andre statlege verksemder hos ein ekstern leverandør, i tillegg til utgifter til vidareutvikling av rekneskapsområdet i statlege verksemder. Det vert gjort framlegg om å løyva 336,6 mill. kroner under post 01.

DFØ har inntekter mellom anna frå tenester som direktoratet utfører for andre statlege verksemder. Sidan det er uvisst kor store inntektene vert, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 01 Driftsutgifter med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4605, post 01 Økonomitenester, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for systema og infrastrukturen til DFØ på IKT-området, medrekna naudsynte oppgraderinger, vidareutvikling av systemløysingar og forprosjekt m.m. Posten omfattar dessutan utgifter til ei e-handelsløysing for DFØ sine kundar. Det vert gjort framlegg om å løyve 15,9 mill. kroner under post 45.

Kap. 4605 Direktoratet for økonomistyring

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Økonomitenester	52 090	45 900	49 000
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	20		
16	Refusjon av foreldrepengar	2 800		
18	Refusjon av sjukepengar	5 611		
Sum kap. 4605		60 521	45 900	49 000

Post 01 Økonomitenester

Posten omfattar i hovudsak betaling frå kundar når DFØ vidarefakturerer utgifter i samband med

elektronisk fakturabehandling, programvarevedlikehald og teknisk drift av lønssystemet.

Kap. 1608 Tiltak for å styrke statleg økonomi- og prosjektstyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	15 971	17 000	17 400
	Sum kap. 1608	15 971	17 000	17 400

Løyvinga under kap. 1608 går til ulike sams tiltak for å styrke økonomistyringa i staten og til særlege utviklingstiltak innanfor styring av store statlege investeringsprosjekta.

Økonomistyring

Finansdepartementet sitt arbeid med statleg økonomistyring omfattar mellom anna å fastsetje og forvalte reglement for økonomistyringa i staten og andre sams prinsipp og normer for god økonomistyring, og ulike tiltak for å leggje til rette for økonomistyringa i statlege verksemder. Føremålet med tiltaka er å betre rekneskapsføringa og økonomistyringa i verksemdene og leggje til rette for best mogleg utnytting av ressursane.

I 2013 vart løyvinga og det overførte beløpet frå 2012 mellom anna brukt på DFØ sitt arbeid med aggregering av rekneskapsinformasjon i staten og tilrettelegging av tenestetilbodet til verksemdene, jf. omtale i Gul bok 2013.

Om lag halvparten den føreslegne løyvinga vil gå til å styrke den statlege økonomistyringa. Merksemda vil i 2015 særleg vera retta mot hjelp til arbeidet i verksemdene med å ta i bruk ny standard kontoplan og rapportere rekneskapsinformasjon etter ny sams standard som gjeld frå og med årsrekneskapen 2014.

I 2015 vil Finansdepartementet arbeide vidare saman med DFØ for å kvalitetssikre tala og presentere samla tal for staten basert på ny arts-kontoplan.

Ein må og gjere rekneskapen tilgjengeleg for brukarane på ein høveleg måte. Dette vil gje ålmenta eit betre grunnlag for å gjere seg opp ei meinинг om kva staten bruker pengar på, og kva ein får igjen for pengebruken.

Sjå òg omtalen av statleg økonomistyring i Gul bok 2015, kap. 7.

Prosjektstyring

I 2000 vart det innført ei ordning med kvalitetssikring av kostnadsoverslaget og styringsunderlaget

for alle statlege investeringsprosjekt (så nær som SDØE) med ein kostnad som er rekna til over 500 mill. kroner. Frå 1. januar 2003 vart det i tillegg gjort unntak for helseføretaka. Terskelverd er frå 2011 auka til 750 mill. kroner. Dette er likevel ikkje til hinder for at kvalitetssikringa kan gjennomførast for prosjekt med lågare kostnadsoverslag. Kvalitetssikringa vert utført i to steg:

- kvalitetssikring av konseptvalet når forstudien er fullført (KS 1)
- kvalitetssikring av kostnadsoverslag og styringsunderlag når forprosjektet er fullført, eller i detaljprosjekteringsfasen for einskilde prosjekt (KS 2)

Kvalitetssikringa skal utførast av særleg kvalifiserte private verksemder som etter tevling har fått ein rammeavtale med Finansdepartementet. Det vart inngått ny rammeavtale 4. mars 2011 med fem ulike føretakskonstellasjoner. Rammeavtala gjeld fram til 31. desember 2014. Det kan gjerast unntak frå KS 1 for prosjekt som ikkje har viktige konseptuelle sider, og unntak frå KS 2 for prosjekt der risikoen for ikkje å lukkast med prosjektet er rekna som liten. Som følgje av forvaltingsreforma er fylkesvegnettet utvida ein heil del. Prosjekt på fylkesvegnettet som ligg over terskelverdet, og som heilt eller delvis skal finansierast med bompengar, skal kvalitetssikrast.

Under den gjeldande rammeavtalen frå 4. mars 2011 er det sett i gang om lag 100 oppdrag, og det er levert sluttrapport for om lag 80 av dei.

Finansdepartementet tek sikte på å inngå ei ny rammeavtale om ekstern kvalitetssikring av store statlege prosjekt som vil gjelde frå 2015.

Investeringsprosjekta og kvalitetssikringsarbeidet har sidan 2002 vore følgt opp av eit eige tverrfagleg forskingsprogram: Concept-programmet. Programmet er organisatorisk forankra ved NTNU, og tilhøvet mellom institusjonen og Finansdepartementet er formalisert i ein samarbeidsavtale. I brev om gjennomføring stiller departementet til rådvelde løyvingar til Concept-programmet over kap. 1608.

Concept-programmet arbeider med følgjeforskning på store offentlege investeringar. Det tyder å trekke ut røynsler frå tilrettelegginga og kvalitetssikringa av prosjekta og forske på problemstillingar som er relevante for å betre dette arbeidet. Målet er større samfunnsøkonomisk nytte av investeringane. Dette arbeidet skal vidareførast i 2015.

Etter kvart som tidlegare kvalitetssikra prosjekt vert fullførte, vert røynslesdata som kan samanliknast på tvers av prosjekt og sektorar, samla for å gje kunnskap og råd til dei som skal ta avgjersler og stå for kvalitetssikring. I 2013 var etterhandsevalueringar ein av hovudaktivitetane for programmet. Dei første resultata frå arbeidet med etterhandsevalueringar er samla i Concept-rapport nr. 30, *Etterevaluering av statlige investeringsprosjekter. Konklusjoner, erfaringer og råd basert på pilot evalueringen av fire prosjekt* (Volden og Samset, 2013). I tida som kjem skal det leggjast meir vekt på å gjennomføre etterhandsevalueringar sett både i eit KS 1- og eit KS 2-perspektiv. Concept-programmet har utvikla evaluatingsformatet og prøvd det ut, slik at ein kan evaluere effektane etter kvart som prosjekta vert ferdigstilte og har vore i drift ei stund.

Evaluering av KS 1 gjeld verknadene av prosjekta. Her skal ein sjå i kva mon samfunns- og

effektmåla vart nådde, og om den samfunnsøkonomiske nytta er verkeleggjort etter føresetnade. For å få meiningsfulle evalueringar med overføringsverd til andre prosjekt, skal det gjerast effektevalueringar nokre år etter at prosjekta er sette i drift. Det skal takast omsyn til seinare drifts-, vedlikehalds- og oppgraderingskostnader, endringar i nyttebiletet og kor levedyktig investeringa er sett under eitt.

I eit KS 2-perspektiv skal ein sjå om resultatmåla vart nådde, dvs. om innhaldet i prosjektet vart som føresett, og om leveransen skjedde innanfor budsjett- og tidsrammene.

Forskningsresultata og publikasjonane til Concept-programmet er fritt tilgjengelege og kan lastast ned frå nettsidene til programmet.

Gjennomføring av systematiske prosjektevalueringar er i pilotfasen. Evalueringane kjem til å krevje auka innsats i åra som kjem. Samstundes skal følgjeforskning, arbeid med kompetansebygging, undervisning og rettleiing av studentar, røynsleutveksling nasjonalt og internasjonalt og forskningsformidling vidareførast på same nivå som før.

For 2015 er det lagt opp til at om lag halve den føreslegne løvinga under kap. 1608, post 21 går til Concept-programmet.

Programkategori 23.20 Skatte- og avgiftsadministrasjon

Utgifter under programkategori 23.20, fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr) Pst. endr.
		2013	budsjett 2014	2015	14/15
1610	Toll- og avgiftsetaten	1 618 790	1 572 400	1 584 900	0,8
1618	Skatteetaten	5 093 283	5 114 800	5 466 600	6,9
	Sum kategori 23.20	6 712 073	6 687 200	7 051 500	5,4


Statens innkrevjingga er ikke med i kap. 1618-tala for rekneskap 2013 og saldert budsjett 2014.

Organisering og ansvarsområde

Finansdepartementet har ansvaret for å forvalte skatte- og avgiftssistema. Det omfattar arbeidet med skatte- og avgiftslovgjevinga og styringa av den statlege delen av skatte-, avgifts- og tolladministrasjonen (Skatteetaten og Toll- og avgiftsetaten). Finansdepartementet har òg ansvaret for å styre Statens innkrevjingga (SI), men 1. januar 2015 vil SI verte innlemma i Skatteetaten, sjå nærmere omtale i del I kap. 2.2. Skatteoppkrevjarane høyrer administrativt til kommunane, men dei er underlagde fagleg instruksjon frå Finans-

departementet og Skatteetaten når det gjeld kontrollfunksjonar overfor arbeidsgjevarane og innkrevjing av skatt og folketrygdavgifter. Staten har ansvaret for kontroll og revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen ved høvesvis Skatteetaten og Riksrevisjonen. Regjeringa tek sikt på å flytte skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten, jf. omtale i del I kap. 2.

Finansdepartementet og skatte- og avgiftsadministrasjonen elles skal mellom anna arbeide for at regelverket for skattar, avgifter og toll vert følgt. Etatane har som hovudoppgåver å fastsetje, kreve inn og kontrollere. Ved sida av regelverksutvikling, informasjon og rettleiing er verdikjeda i skatte- og avgiftsadministrasjonen slik det er vist i figur 5.1.



Figur 5.1 Arbeidet til skatte- og avgiftsadministrasjonen med fastsetjing og innkrevjing av skattar og avgifter

Målet for etatane er å leggje til rette for inntekter til fellesskapet gjennom rett fastsettjing og rettidig innbetaling av skattar, avgifter og toll. I tillegg skal Toll- og avgiftsetaten motverka ulovleg inn- og utførel av varer. Skatteetaten skal dessutan arbeide for eit korrekt og oppdatert folkeregister.

Ein nærare omtale av hovudmåla og resultata til etatane m.m. finst under kap. 1610 Toll- og avgiftsetaten og kap. 1618 Skatteetaten.

For åra 2011–2013 fordeler skatte- og avgiftsinntektene seg slik det er vist i tabell 5.2.

Tabell 5.2 Innbetaling av skattar, avgifter og toll

	Rekneskapstal (mill. kroner)		
	2011 ¹	2012 ²	2013 ³
Skatt på inntekt og formue	229 404	235 232	245 608
Arbeidsgjevaravgift	138 542	147 537	148 589
Trygdeavgift	102 436	104 279	120 841
Skatt og avgift på utvinning av petroleum	209 678	232 707	206 436
Meirverdiavgift	208 747	220 713	233 874
Andre avgifter	95 673	96 584	97 024
Tollinntekter, medrekna sal av tollkvotar	2 747	3 070	3 111
Sum skatte-, avgifts- og tollinntekter over statsbudsjettet	987 227	1 040 122	1 055 483
Kommune- og fylkeskommuneskatt på inntekt og formue ⁴	135 519	145 178	153 398
Samla skatte-, avgifts- og tollinntekter	1 122 746	1 185 300	1 208 881

¹ Jf. Meld. St. 3 (2011–2012)

² Jf. Meld. St. 3 (2012–2013)

³ Jf. Meld. St. 3 (2013–2014)

⁴ Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Innbetalingsprosenten har dei siste åra vore jamn og høg for dei viktigaste skattane og avgiftene.

Dette vert omtalt nærare under kap. 1610 *Toll- og avgiftsetaten* og kap. 1618 *Skatteetaten*.

Kap. 1610 Toll- og avgiftsetaten

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	1 550 017	1 507 500	1 543 900
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	68 773	64 900	41 000
	Sum kap. 1610	1 618 790	1 572 400	1 584 900

Føremål, hovedoppgåver og organisering

Toll- og avgiftsetaten har som mål å motverke ulovleg inn- og utførel av varer, å leggje til rette for rett fastsettjing og rettidig innbetaling av toll og avgifter og å yte god service. Hovedoppgåvene er å

- leggje til rette for effektiv inn- og utførel av varer
- kontrollere gods, reisande og transportmiddel på grensa
- forvalte deklarerings-, fastsettjings- og innkrevingssystema som syter for toll- og avgiftsinntekter til staten

- kontrollere grunnlaget for avgifter og toll for å avdekke unndraging
- forvalte regelverket, mellom anna ved å informere og rettleie brukarane

Overføring av oppgåver fra Toll- og avgiftsetaten til Skatteetaten og styrkinga av grensekontrollen i etaten, er nærmare omtalt del I kap. 2. Siktemålet er at overføringa av oppgåver skal gjennomførast seinast innan 1. januar 2016.

Etaten består av eit sentralt direktorat og seks underliggjande tollregionar. Region tollstaden er det administrative senteret i kvar tollregion. Region tollstadene er i Fredrikstad, Oslo, Kristiansand, Bergen, Trondheim og Tromsø. Toll- og avgiftsetaten er også lokalisert 30 andre stader i landet. I tillegg utfører svenske og finske tollstader på grensa oppgåver for norske tollstyresmakter. Per 1. mars 2014 hadde etaten ei bemanning på 1 861 årsverk.

Mål og resultat 2013

Driftsresultata til Toll- og avgiftsetaten vert vurderte ut frå fire fastsette hovudmål for verksemda, jf. nedanfor. Måla er dels skrivne som visjonar for arbeidet. I den praktiske oppfølginga av etaten tek ein høgd for at det er operasjonelle risikoar som det kan vere for dyrt å gardere seg fullt ut imot. Ein må likevel vere medviten om kor store feil og manglar ein kan tolke.

Hovudmål 1: Motverke ulovleg inn- og utførelse av varer

Etaten byggjer i stor grad grensekontrollen på risikoanalysar og etterretning for å avdekke alvorlege lovbroter og profitmotivert smugling. Beslaga varierer frå år til år, og einskildbeslag kan gjere store utslag på årsresultatet.

Tabell 5.3 Toll- og avgiftsetaten – statistikk frå grensekontrollen

År	2011	2012	2013
Kontrollerte objekt	215 837	216 947	212 385
Tal på treff	25 229	26 187	26 461
Treffprosent	11,7	12,1	12,5
Treffprosent i kontroll av reisande	13,1	13,4	13,4
Treffprosent i godskontrollen	5,8	6,7	8,0
Tal på beslag (eitt treff kan omfatta fleire beslag)	35 519	35 879	35 729
Tal på lovbroter melde til politiet	6 568	6 889	8 007
Tal på alvorlege lovbroter melde til politiet	762	750	785
Tal på skanna objekt	8 891	9 445	8 743
Tal på treff på skanna objekt	669	667	696

Kontrollverksemda til Toll- og avgiftsetaten har halde seg på om lag same nivå dei siste åra, samtidig som kontrollane er vorte meir målretta. Talet på kontrollerte objekt i 2013 var om lag 212 000, med ein treffprosent på 12,5. Treffprosenten er høgst i kontrollen av reisande og i kontrollen av transportmiddel. Fleire av beslaga i godskontrollen er store.

I 2013 vart om lag 8 000 saker melde til politiet, og 785 av desse var alvorlege lovbroter. Beslaga gjeld profitmotivert smugling, og aktørane er ofte profesjonelle i organiserte nettverk. Det vart òg

skrive ut 17 700 forenkla førelegg i 2013. Det er ein nedgang på om lag 6,3 pst. frå 2012.

Frå 2012 til 2013 var det ein markant auke på 32,5 pst. i talet på beslag av narkotika. Det er mellom anna beslag av syntetisk narkotika tinga over Internett, som vert sendt i post- og kurersendingar som har auka dei siste åra. Slik smugling er vanskeleg og ressurskrevjande å avdekke.

Beslag av øl og vin i 2013 ligg på om lag same nivå som i 2012. Mykje av varene vart beslaglagde ved grensa til Sverige og var meint for vidaresal.

Tabell 5.4 Toll- og avgiftsetaten – grensekontroll – beslagsstatistikk

År	2011	2012	2013
Tal på narkotikabeslag	2 511	2 959	3 905
Cannabis (i kg)	1 636,3 ¹	1 253,0	866,3
Heroin (i kg)	11,3	35,8	35,2
Amfetamin (i kg)	54,2	110,3	235,0
Kokain (i kg)	47,4	20,7	147,8
Ecstasy (i stk. tabl.)	180	4 031	10 727
Dopingmiddel (einingar)	130 034	205 842	104 465
Brennevin ² (i liter)	41 973	50 027	49 756
Sprit ³ (i liter)	437	5 869	205
Vin (i liter)	71 729	49 435	49 519
Øl (i liter)	414 844	401 288	395 589
Sigarettar (stk.)	9 061 907	10 149 568	8 902 887
Skytevåpen (stk.)	22	4	19
Valuta NOK ⁴	16 810 000	8 804 142	7 375 121

¹ Ved ein feil stod det 1 480,1 i Prop. 1 S (2012–2013)² Alkoholvarer med alkoholprosent over 22 pst. t.o.m. 60 pst.³ Brennevin med meir enn 60 pst. alkohol⁴ Valuta som er beslaglagd pga. mistanke om straffbare tilhøve

Etaten disponerte i 2013 fire skannarar. Av dei er tre mobile, medan ein er fast plassert på Svinesund. I 2013 tinga etaten ein ny mobil skannar med levering i 2014. Den skal erstatte den gamle mobile skannaren til Tollregion Aust-Noreg.

Med skannarane kan ein undersøkje om det er andre varer i lasta enn det som er opplyst. Dei er difor eit effektivt verktøy for å velje ut kontroll-objekt. Næringslivet har også stor nytte av desse skannarane, sidan kontrollane kan gjennomførast raskare og smidigare.

I 2013 vart det skanna 8 743 objekt, og det vart beslaglagt både narkotika, sprit, vin, øl og sigarettar. Treffprosenten gjekk opp fra 15,5 i 2012 til 15,7 i 2013.

I 2013 avdekte etaten brot på deklarasjonsplikta for betalingsmiddel tilsvarande ein verdi på 50,5 mill. kroner, fordelt på om lag 976 høve. Tala for 2012 var 46 mill. kroner og om lag 800 høve. I 2013 vart det skrive ut gebyr for manglande deklarering av betalingsmiddel i 903 saker, og det vart kravd inn slike gebyr for 8,6 mill. kroner. Dei alvorlegaste sakene, der Toll- og avgiftsetaten har mistanke om at betalingsmidla er knytte til straffbare tilhøve, vart melde til politiet. I 2013 vart 73

saker melde til politiet og om lag 7,4 mill. kroner beslaglagde etter mistanke om straffbare tilhøve.

Hovudmål 2: Rett fastsettjing av avgifter og toll

Skal Noreg halde lovnadene som er gjevne i internasjonale avtalar, er etaten nøydd til å behandle og kontrollere den grensekryssande varestraumen med tilhøyrande vareinformasjon og inn- og utførselsdeklarasjonar. Deklarasjonane er grunnlaget for det meste av statsinntektene som kjem av innførsel av varer til Noreg. Deklarasjonane vert også brukt i statistikken for norsk utanrikshandel, og dei utgjer behandlings- og avgjerdsgrunnlag for andre etatar som Mattilsynet, Statens landbruksforvaltning, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå.

I 2013 tok Toll- og avgiftsetaten imot om lag 6,8 mill. inn- og utførselsdeklarasjonar, mot 6,4 mill. i 2012. I 2011 var talet 6,3 mill. deklarasjonar, jf. tabell 5.7. Alle deklarasjonane vert behandla elektronisk i TVINN (TollVesenets INformasjonsystem med Næringslivet). 169 000 deklarasjonar vart tekne ut til dokumentkontroll i 2013, mot 177 100 i 2012 og 175 000 i 2011, jf. tabell 1.4.

Fysisk kontroll av dei deklarerte varene vart utført i 9 900 høve, mot 10 500 i 2012 og 9 800 i 2011. Ved kontrollane vart informasjonen i deklarasjonane halden opp mot underliggende dokumentasjon eller den fysiske vara. Kontrollane i 2013 medførte at deklarasjonane vart korrigerte med 389 mill. kroner til føremon for statskassa, mot 327 mill. kroner i 2012. Auken i korrigert beløp i deklarasjonskontrollen til føremon for staten har truleg si årsak i meir treffsikre kontrollmaskar i TVINN, godt etterretnings- og analysearbeid og målretta kontrollar mot toll- og særavgiftspliktige varer. Deklarasjonskontrollen kan òg føre til grundigare etterkontollar i det økonomiske kontollarbeidet.

Etaten gjennomførte i 2013 1 270 kontollar i toll- og avgiftsrekneskapane til verksemder og kontollar retta mot ulovleg disponering av motorkjøretøy og innførsel av kapitalvarer. Dette førte til at det vart etterrekna 443 mill. kroner i toll, særavgifter og meirverdiavgift, mot 745 mill. kroner i 2012 og 467 mill. kroner i 2011.

Frå 2011 til 2013 auka talet på særavgiftsoppgåver med om lag 16 pst. I 2013 vart det behandla rundt 12 200 særavgiftsoppgåver, og om lag 5 pst. av oppgåvene vart kontrollerte. Som ei følgje av dette vart det korrigert 3,5 mill. kroner til føremon for staten i 2013, mot 10,5 mill. kroner i 2012, jf. tabell 5.5.

Eit nytt system for elektronisk innrapportering av særavgiftsoppgåver via Altinn vart innført hausten 2011. Ved utgangen av 2013 nytta 1 402 av til saman 1 816 særavgiftspliktige verksemder dette systemet. Målet er at alle registrerte særavgiftspliktige skal nytte det elektroniske innrapporteringssystemet. Særavgiftsoppgåvene som kjem elektronisk, held høgare kvalitet enn dei papirbaseerte. Det gjer at etaten kan nytte meir ressursar på målretta økonomiske kontollar.

Den økonomiske kontrollen som Toll- og avgiftsetaten utevær, er viktig for å motverke økonomisk kriminalitet i samfunnet og for å sikre rett betaling av toll og avgifter. Etaten sitt resultat ved økonomisk kontroll dei tre siste åra, er samanfatta i tabellen nedanfor.

Tabell 5.5 Toll- og avgiftsetaten – resultat for økonomisk kontroll – korrigert til føremon for staten

År		(i mill. kroner)		
		2011	2012	2013
Rekneskapskontollar		467	745	443
Deklarasjonskontollar ¹		434	520	570
Kontroll med særavgiftsoppgåver		3	11	3,5
Valutakontroll		56	46	51
Piratvarekontroll		50	16	18
Kontroll av lågverdisendingar				10
Kontroll av varer med høg skatt				90
Sum		1 010	1 338	1 185

¹ Inkluderer kontroll med mellombels tolldeklarasjonar (i mill. kroner 2011: 77, 2012: 92, 2013: 102) og transitterte varer (i mill. kroner 2011: 154, 2012: 102, 2013: 79).

Dei økonomiske kontrollane til etaten avdekte 185 alvorlege lovbroter i 2013, mot 183 i 2012 og 192 i 2011. 28 av sakene vart melde til politiet, mot 30 i 2012 og 36 i 2011.

Kontroll med forfalska merkevarer og andre krenkingar av immaterielle rettar (IPR-varer) førte til at 147 varesendingar vart haldne att i 2013, mot 281 i 2012 og 533 i 2011. Om lag 53 000 einingar vart haldne att i 2013, mot 279 000 i 2012

og 159 900 i 2011. Nivåendringane kan truleg forklarast med ei dreining mot meir privat import som ikkje er omfatta av dei immaterielle rettane.

Etaten arbeider for at dei immaterielle rettane vert følgde, til dømes ved å gjere rettshavarar og potensielle kjøparar meir kjende med regelverket.

Til saman avdekte dei økonomiske kontrollane vel 1,2 mrd. kroner i 2013.

Tabell 5.6 Toll- og avgiftsetaten – økonomisk kontroll – kontrollstatistikk

År		2011	2012	2013
Tal på innførselsdeklarasjonar	5 028 580	5 231 002	5 536 271	
Tal på dokumentkontrollar ved innførsel	151 550	154 707	145 922	
Treffprosent i innførselskontrollen	29,1	32,7	35,9	
Tal på utførselsdeklarasjonar	1 249 633	1 177 232	1 269 026	
Tal på dokumentkontrollar ved utførsel	23 327	22 379	23 405	
Treffprosent i utførselskontrollen	41,9	36,9	38,2	
Tal på oppgåvekontrollar av registrerte særavgiftspliktige	558	557	558	
Tal på kontrollar av verksemder ¹	1 419	1 319	1 270	
Tal på avdekte alvorlege lovbroter	192	183	185	

¹ I tillegg utfører etaten årleg om lag 150–200 kontrollar for tollstyresmakter i andre land.

Hovudmål 3: Rettidig innbetaling av avgifter og toll

Toll- og avgiftsetaten er ansvarleg for innkrevjinga av om lag 16 pst. av alle inntektene til staten. Etaten har arbeidd målretta med å utvikle innkrevjinga og kan dei seinare åra syne til gode resultat på dette området.

I 2013 vart det innbetalt 212,2 mrd. kroner til etaten, jf. tabell 5.8. Dette er ein auke på 2,1 mrd.

kroner (1 pst.) frå 2012. Hovudårsaka er at inntektene frå meirverdiavgifta ved innførsel auka med 1,8 mrd. kroner (1,5 pst.). Utviklinga i etaten sine inntekter er nærmere omtalt i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*.

Etaten har stabilt låge restansar. I 2013 vart 99,87 pst. av alle beløp med forfall i 2013 betalt. Tilsvarande tal for 2012 og 2011 var 99,86 pst. og 99,90 pst.

Tabell 5.7 Toll- og avgiftsetaten – inntekter og restansar

År		(mill. kroner)
Inntekter: ¹		
– tollinntekter ²	204 256	210 077
– meirverdiavgift ved innførsel ³	2 537	2 877
– avgift på motorvogner ⁴	115 374	120 071
– andre særavgifter ⁴	31 912	33 213
Akkumulerte restansar ⁵	54 433	55 916
Nye restansar i året ⁵	572	661
	288	345
		633
		326

¹ Eit meir detaljert oversyn finst i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2014*.

² Unnateke sal av tollkvotar.

³ For meirverdiavgiftspliktige næringsdrivande gjev den meirverdiavgifta som vert kravd inn ved innførsel, rett til frådrag i meirverdiavgiftsoppgeret mellom dei og skattekontora, jf. fotnote til tabell 5.8 og under kap. 1618 *Skatteetaten*.

⁴ Motorvognavgifter omfattar kapittel/post: 5536/71 *Eingongavgift*, 5536/72 *Årsavgift*, 5536/73 *Vektårsavgift*, 5536/75 *Omregistettingsavgift*. Frå 2011 vart bensinavgifta og autodieselavgifta overførte til kapittelet for vegbruksavgift, og vert difor no ført under andre særavgifter. Talet for 2011 er korrigert i samsvar med ny føring.

⁵ Medrekna kontrollkrav.

Hovudmål 4: Yte god service til brukarane

Toll- og avgiftsetaten arbeider jamt og trutt med å yte betre service til brukarane. Etaten har som mål at nettstaden *toll.no* skal vere den informasjonskanalen brukarane går til først. I 2013 hadde nettstaden om lag 2 mill. sidevisingar. Det er over 15 pst. meir enn i 2012. Særleg populære tenester er kalkulatoren for innførsel av køyretøy og ordninga for at køyretøyeigarar sjølv kan hente KID-nummeret dei treng for å betale årsavgifta.

Dei regionale informasjonssentera tok imot om lag 107 000 spørsmål i 2013, mot 116 000 i 2012 og 115 000 i 2011. Om lag 80 pst. av spørsmåla kjem per telefon, resten hovudsakleg per e-post.

Etaten har som mål at saksbehandlingstida skal vere kort, samtidig som kvaliteten skal betrast. Nokre søknadstypar frå næringslivet er høgt prioritert, til dømes søknader om tollkreditt. Behandlingstida per søknad var kortare enn to veker i 98,9 pst. av tilfella, medan talet for 2012 var 98,6 pst.

Toll- og avgiftsetaten skal ha høg kvalitet på behandlinga av klagesaker, og saksbehandlings-tida skal vere kort. For 2013 var målet at minst 60 pst. av alle særavgiftsklagene skulle vere behandla innan seks månader. Toll- og avgiftsdirektoratet behandla i 2013 65 pst. innan fristen. Tilsvarande tal for 2012 var 68,7 pst. Direktoratet har lenge arbeidd målretta for å betre saksbehandlinga i tollregionane. Dette arbeidet held fram i 2015.

Samla resultatvurdering

Ut ifrå hovudmåla som er sette for Toll- og avgiftsetaten og med dei virkemidla og ressursane som etaten rår over, vurderer Finansdepartementet driftsresultata i 2013 som gjennomgåande gode, og med jamne resultat dei siste åra. Etaten kan vise til gode resultat i grensekontrollen. Beslaget av øl og sigarettar har gått noko ned, medan talet på narkotikabeslag har auka. Finansdepartementet er nøgd med resultata på fastsetjingsområdet, der dei aller fleste resultatmåla vart nådde. På innkrevjingsområdet har det vore ein auke frå 2012 i dei samla inntektene, og restansane held seg låge. Departementet vurderer servicen overfor brukarane som gjennomgåande god, og etaten når dei fastsette servicemåla for saksbehandlingstid.

Sentrals utfordringar og tiltak

Styrking av grensekontrollen og flytting av oppgåver til Skatteetaten

Toll- og avgiftsdirektoratet har fått i oppdrag å greie ut ulike tiltak for å styrke grensekontrollen. Utgreiinga skal mellom anna sjå på om etaten treng nye verkemiddel og fullmakter, som til dømes avgrensa politimyndighet. Etaten skal også sjå på om det er føremålstenleg å gje etaten nye oppgåver på grensa. Utgreiinga skal leverast til Finansdepartementet i november 2014.

Sjå omtale i del I kap. 2.2 om overføringa av oppgåver til Skatteetaten og om styrkinga av grensekontrollen.

Både Skatteetaten og Toll- og avgiftsetaten må i 2015 tilpasse sine IKT-system slik at Skatteetaten kan overta særavgiftsforvaltninga som planlagd frå 1. januar 2016. Dette gjeld særleg maskinvare- og systemtilpassingar. Informasjon må kunne gå frå Toll- og avgiftsetaten sitt innførslesystem (TVINN) til Skatteetatens system. Kostnaden ved dette arbeidet er vurdert til 30 mill. kroner i 2015, med 20 mill. kroner i Toll- og avgiftsetaten og 10 mill. kroner i Skatteetaten.

Vidare må etatane vurdere kor grensesnittet mellom systema til etatane skal vere og flyten av informasjon. Dette må ligge til grunn for systema som skal erstatte dei andre TVIST-systema som ikkje skal overførast til Skatteetaten. Til dette arbeidet er det foreslått avsett 10 mill. kroner til Toll- og avgiftsetaten og 5 mill. kroner til Skatteetaten.

Til dekning av ein del andre, administrative meirkostnader i samband med overføring av oppgåver mellom etatane er det sett av om lag 10 mill. kroner til Toll- og avgiftsetaten og om lag 10 mill. kroner til Skatteetaten.

Til saman er det lagt inn om lag 40 mill. kroner til Toll- og avgiftsetaten til arbeidet med oppgåve-overføringa i 2015.

Tiltak mot toll- og avgiftsunndraging

Den økonomiske kontrollen til Toll- og avgiftsetaten skal avdekkje og førebyggje toll- og avgiftsunndraging. Kontrollane skal i størst mogleg grad sikte seg inn mot aktørar som ikkje rettar seg etter regelverket. Internasjonale tollstrategiar, fastsette av EU og WCO, legg også auka vekt på bruk av risikovurderingar av varesendingar og aktørar. Dei siste åra har etaten styrkt arbeidet med risikovurderingar og analyse med betre arbeidsmetodar og grunnlagsmateriale. Dette arbeidet skal halde fram i 2015.

Den økonomiske kriminaliteten vert meir samansett og innfløkt, og stadig fleire varer kryssar grensene. Overføringa av informasjon er i stor grad elektronisk, og informasjonen om varestraumen aukar. Dei siste åra har det vore ein kraftig auke i handelen på Internett. Mange freistar å unndra avgifter ved å setje verdien på varen lågare enn den reelle verdien. I tillegg vert òg varer som det er knytt restriksjonar eller forbod til, tekne inn via postsendingar. Desse utviklingstrekka set store krav til analysekompetansen i Toll- og avgiftsetaten og bruk av ny teknologi i kontrollverksemda.

Kontrollen med vareførselen skal utviklast vidare i 2015. Etaten skal betre metodane på utvalde risikoområde innanfor deklarasjonskontrollen. Røynsler frå kontrollresultat skal brukast meir systematisk, og informasjon frå eigne og eksterne kjelder skal utnyttast betre.

I kampen mot skatte- og avgiftsunndraging skal etaten samarbeide med andre etatar, som Skatteetaten, politiet, Økokrim og Fiskeridirektoratet. Samarbeidet omfattar utveksling av informasjon og sams kontrollar. Etaten skal framleis vere ein aktiv deltakar i Fiskeriforvaltningas analysenettverk (FFA), som arbeider mot ulovleg, ikkje-rapportert og uregulert fiske.

Grensekontrollen

Gjennom kontrollen på grensa gjer Toll- og avgiftsetaten ein viktig del av arbeidet med å redusere den risikoен som straumen av varer, transportmiddel og personar inneber. Det internasjonale rammeverket legg viktige føringer på grensekontrollen. Ein vernar samfunnet mest effektivt ved å møte potensielle trugsmål allereie på grensa.

Toll- og avgiftsetaten har dei siste åra sett at smuglarverksemda har vorte meir profesjonalisert. Det vert meir og meir vanleg at smuglarar er organiserte i nettverk og bruker kontraspaning, følgjebilar og sambandsutstyr for ikkje å verte stansa. Beslagsstatistikken syner at smugling over ubemanna grenseovergangar vert stadig meir vanleg. I 2013 kryssa drygt 8,9 mill. køyretøy grensene inn til Noreg, over dei til saman 11 bemanna eller ein av dei 58 ubemanna grenseovergangane.

For å kunne lukkast med grensekontrollen må ein velje dei rette kontrollobjekta. Difor er kontrollen innretta etter vesentlegheit og risiko, mellom anna ved hjelp av internasjonale kontaktverk, etterretningsinformasjon, risikoanalysar og annan relevant informasjon.

I 2013 utvida etaten bruken av elektronisk utstyr med kamera og skiltattkjennung på grense-

overgangane, særleg dei ubemanna. Systemet varslar og overfører bilete når aktuelle køyretøy passerer ein grenseovergang. Etaten vil halde fram arbeidet med det nye systemet.

Toll- og avgiftsetaten skal i 2015 halde fram med pilotprosjektet med bruk av elektroniske apparat («sniffarar») i grensekontrollen. Dette er utstyr for å avdekke ulovlege eller farlege stoff med analysar av prøver frå bagasje, klede m.m.

Etaten skal halde fram arbeidet mot innførsel av forfalska varer (IPR-varer). Denne handelen har sterke band til svart økonomi. Mange IPR-varer er utrygge eller farlege. Arbeidet mot slike varer tener forbrukarane og fremjar like konkurransesvilkår i næringslivet. Etaten skal vere særleg merksam på forfalska kopiar som trugar helse, miljø og tryggleik.

Etaten arbeidar kontinuerleg for å gjere kontrollane mot valutasmugling meir treffsikre. Brot på plikta til å deklarere valuta og andre betalingsmiddel er i dag eit internasjonalt problem. Etaten vil styrke arbeidet med etterretningar, anna innsamling av informasjon og samarbeidet med andre instansar, mellom anna Skatteetaten, politiet og Nav. Etaten har hundar som er spesialtrena til å lukte seg fram til pengesetlar. Dei har vist seg å vere eit nyttig hjelpemiddel for å finne valuta som er forsøkt smugla.

Toll- og avgiftsetaten har registrert ein auke i beslaga av dopingmiddel. I 2013 vart beslaglagt om lag 104 465 einingar. Etaten inngjekk hausten 2012 ein samarbeidsavtale med Antidoping Norge. Etaten vil halde fram med å utvikle arbeidet mot dopingmiddel i 2015.

Eit prøveprosjekt med forenkla prosedyrar ved flybytte (transfer) skal starte ved Oslo lufthamn, Gardermoen, i 2015. Dette vil gje passasjerar som kjem frå utlandet og skal vidare med innanlandsfly, ei enklare og raskare reise. Prøveprosjektet skal vare i tre år. Regjeringa vil under prøveprosjektet vurdere om ordninga skal gjerast permanent. Prøveprosjektet inneheld ei rekkje tiltak for at tollkontrollen skal bli god nok. Det skal mellom anna setjast i stand eit nytt «tollfilter» for passasjerane som reiser med forenkla transfer. Toll- og avgiftsetatens kostnader til prøveprosjektet er rekna til 36,4 mill. kroner i 2015. Kostnadene er noko usikre. Avinor AS skal dekkje alle kostnader for Toll- og avgiftsetaten i samband med prøveprosjektet.

Prøveprosjekt utrykkingsstatus

Toll- og avgiftsetaten gjennomfører eit prøveprosjekt med bruk av utrykkingskjøretøy og blålys,

jf. Prop. 1 S (2012–2013) for *Finansdepartementet*. Prøveprosjektet starta sommaren 2013.

Prøveprosjektet vert gjennomført i Tollregion Aust-Noreg. Toll- og avgiftsdirektoratet skal evaluere prøveprosjektet i 2015. Det vil gje eit godt grunnlag for å vurdere permanent utrykkingsstatus for Toll- og avgiftsetaten.

Utvikling av inn- og utførselsprosesser

I 2014 oppretta Toll- og avgiftsetaten ei ny utviklingseining for å styrke arbeidet med å utvikle og modernisere prosedyrar for vareførsel, regelverk og teknologiske løysingar.

Utviklingseininga skal medverke til at dei viktigaste forbetringstiltaka i prosjektet «Forbedring av tollvesenets inn- og utførselsprosesser», jf. Prop. 1 S (2011–2012), vert gjennomførte.

Toll- og avgiftsetatens tilpassingar til nytt Autosys

Nytt Autosys er eit prosjekt i regi av Vegdirektoratet, jf. omtale i Prop. 1 S (2014–2015) for *Samferdselsdepartementet* og Prop. 97 S (2013–2014) *Ein del saker om luftfart, veg og jernbane*.

Dagens Autosys er kjelderegister for motorvognavgiftene, og det er avgjerande for rett fastsettjing av avgiftene at data frå registeret er korrekte. Den framtidige utforminga av motorvognavgiftene er òg avhengig av at registeret inneholder tilstrekkelege opplysningar om køyretøy og eigar. I 2015 skal ein ekstern kvalitetssikrar etter planen verte ferdig med ei tilråding til Samferdselsdepartementet om det komande arbeidet med Autosys-prosjektet. Toll- og avgiftsetaten skal halde seg informert om arbeidet i prosjektet. Det må gjerast tilpassingar i Toll- og avgiftsetatens IT-system som følgje av nytt Autosys.

Auka sjølvbetening og publikumsservice på toll.no

Nettstaden er ein viktig kommunikasjonskanal for Toll- og avgiftsetaten. Den er ein del av den naudsynte opplæringa og opplysninga for brukarane, og er ein svært viktig del av det førebyggjande arbeidet. Det er difor avgjerande at nettstaden dekker brukarane sitt informasjonsbehov på ei god måte. Etaten vil difor arbeide for å få på plass løysingar som forenklar og digitaliserer kommunikasjonen.

Klart språk

Toll- og avgiftsetaten har gjennomført eit prosjekt innan klarspråksarbeid. Etaten har gått gjennom

tekstar som handlar om årsavgifta. Meir forståelege tekstar skal gjere det enklare for folk å handle rett. Eit klarare språk kan også medverke til at færre tek kontakt med etaten fordi dei ikkje skjørnar reglane. Det kan dessutan medverke til færre klagar og enklare saksbehandling. Klarspråkarbeidet kan gje publikum betre tenester og etaten eit styrkt omdøme.

Internasjonalt samarbeid

Oppgåvene til Toll- og avgiftsetaten vert meir og meir prega av den internasjonale utviklinga. Etaten må difor prioritere oppgåvene sine etter det.

Størstedelen av norsk handel med utlandet er med andre europeiske land. Difor er det viktig at regelverk, prosedyrar og kontrollmetodar er godt avstemde med dei europeiske handelspartnerane våre. Etaten følgjer med på og freistar å påverke standardane og regelverket som vert utvikla gjennom Verdas handelsorganisasjon (World Trade Organization, WTO), Verdas tollorganisasjon (World Customs Organization, WCO) og gjennom frihandels- og samarbeidsavtalar som Noreg forhandlar om.

Toll- og avgiftsetaten hjelper også WCO og WTO med tollfagleg ekspertise i ein del utviklingsland. Målet er å innføre internasjonalt godkjende reglar som legg til rette for ein effektiv verdshandel. Toll- og avgiftsetaten arbeider også for å setje utviklingsland i betre stand til å bruke handelsavtalane og dei tollpreferansane som desse avtalane gjev. WTO vedtok i ministermøtet på Bali i desember 2013 ein ny avtale om tilrettelegging av prosedyrane for internasjonal handel (Agreement on Trade Facilitation). WTO-avtalen skal etter planen tre i kraft i 2015. Dette vil også krevje ein større innsats frå Noreg.

Noreg deltek aktivt i frihandelsforhandlingane som vert førte i regi av EFTA. Toll- og avgiftsetaten skal støtte Finansdepartementet og andre departement, særleg Nærings- og fiskeridepartementet og Utanriksdepartementet, i dette arbeidet. Tiltak for å lette varepasseringa over grensene er også eit viktig tema i multilaterale forhandlingar om frihandelsavtalar. Toll- og avgiftsdirektoratet skal saman med Finansdepartementet og Utanriksdepartementet ta del i forhandlingar og setje i verk frihandelsavtalar.

Noreg har inngått ei rekke tollsamarbeidsavtalar om gjensidig administrativ støtte. Det er viktig at Toll- og avgiftsdirektoratet følgjer opp avtalane. Det er også viktig at etaten kontinuerleg vurderer behovet for nye avtalar og gjev tilråding til Finansdepartementet der ein av tollfaglege grunnar bør få innleidd forhandlingar eller endra inngåtte avtalar.

Mål og budsjett 2015

Finansdepartementet har fastsett desse hovudmåla for Toll- og avgiftsetaten for 2015:

- motverking av ulovleg inn- og utførsel av varer
- rett fastsetjing av avgifter og toll
- innbetaling av avgifter og toll til rett tid
- god service overfor brukarane

Måla er dels skrivne som visjonar for arbeidet. I den praktiske oppfølginga av etaten tek ein høgd for at det er operasjonelle risikoar som det kan vere for dyrt å gardere seg fullt ut imot. Ein må likevel vere medviten om kor store feil og manglar ein kan tote.

Den underliggjande målstrukturen vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Toll- og avgiftsetaten i samband med utforminga av tildelingsbrevet frå departementet til etaten. Resultata i 2015 bør jamt over vere like gode som resultata i 2013.

Prosessen med overføring av oppgåver til Skatteetaten er krevjande. Av roynsle er det då risiko for at slike prosessar i ein overgangsperiode kan påverke oppgåveløysinga. Ein kan ikkje fullt ut gardere seg mot noko svakare resultat for ei tid og på einskilde område.

Toll- og avgiftsetaten arbeider jamt og trutt med å løyse oppgåvene sine betre. Heilt feilfrei

saksbehandling er likevel eit urealistisk mål. I praksis må etaten vege kvalitet mot effektivitet.

Departementet føreslår å setje utgiftsramma til Toll- og avgiftsetaten til 1 584,9 mill. kroner. Dette er 0,8 pst. høgare enn saldert budsjett 2014.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter og er budsjettert til 1 543,9 mill. kroner. Det er ein auke med 2,4 pst. frå saldert budsjett 2014.

Finansdepartementet ber om fullmakt til å overskrida løyinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, postane 01 *Særskilt vederlag for tolltenester* og 04 *Ymse refusjonar*, jf. nærmere omtale nedanfor.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar større vedlikehald, utskiftingar og kjøp til IT-føremål. Posten er budsjettert med 41 mill. kroner. I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å tinga for meir enn det som er løyvt. Departementet ber difor om ei tingingsfullmakt på 40 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Kap. 4610 Toll- og avgiftsetaten

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Særskilt vederlag for tolltenester	6 392	6 200	6 400
02	Andre inntekter	2 287	2 500	2 600
03	Refunderte pante- og tinglysingssgebyr	1 888	2 000	2 000
04	Diverse refusjonar	4 779	3 200	3 300
05	Refusjon frå Avinor AS			36 400
11	Gebyr på kredittdeklarasjonar	30 755	20 000	18 900
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak		103	
16	Refusjon av foreldrepengar		13 026	
17	Refusjon lærlingar		33	
18	Refusjon av sjukepengar		22 768	
85	Gebyr for regelbrot – valutadeklarering	8 315	6 000	6 500
	Sum kap. 4610	90 346	39 900	76 100

Post 01 Særskilt vederlag for tolltenester

Posten omfattar gebyr for privatrekviret tollbehandling og ekspedisjonsgebyr for utført tollforretning utanfor kontorstad og ekspedisjonstid. For å dekkje dei meirkostnadene som denne behandlinga og ekspederinga fører med seg ved høgare aktivitetsnivå enn det som er føresett, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4610, post 01 *Særskilt vederlag for tolltenester*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Satsane for privatrekviret tollbehandling vert auka til 400 kroner for 50 pst. overtid og til 540 kroner for 100 pst. overtid. Ekspedisjonsgebyret skal som i 2014 vere på 200 kroner per påbyrja halvtime.

Post 02 Andre inntekter

Posten omfattar fleire typer inntekter, som til dømes gebyr for avskilting, inntekter frå auksjonssal av overliggende inndregne varer, innkravde sakskostnader og agio. Gebyret for avskilting på 900 kroner er noko høgare enn det kostnadene til etaten tilseier, slik at det òg skal verke preventivt.

Toll- og avgiftsetaten har ein del direkte utgifter i samband med auksjonssal, særleg til kunnigjeringar, provisjon til nettauksjonsstaden og til taksering av særskilde varer, til dømes tepper og smykke. Slike utgifter er med på å gje høgare salsinntekter. For å få eit meir korrekt uttrykk for salsresultatet føreslår departementet at slike direkte utgifter kan trekkjast frå brutto salsbeløp (netttoposterast), jf. framlegg til romartalsvedtak IX.1.

Post 03 Refunderte pante- og tinglysingsgebyr

Posten omfattar refusjon av pante- og tinglysingsgebyr som Toll- og avgiftsetaten tidlegare har betalt til dei alminnelege namsmennene for å gjennomføre tvangsinnskrevjing.

Post 04 Ymse refusjonar

Posten vert brukt til inntekter som er ei direkte følgje av og av same slag som den tilsvarande utgifa. Det gjeld mellom anna tilskot til prosjekt etter oppdrag frå Norad og tilskot frå andre statlege etatar til bestemte prosjekt, kompetansetiltak

m.m., inntekter frå kursverksemder for næringslivet, inntekter frå framleige av lokale ved Svinesund tollstad til spedisjonsføretak og provisjonar til dekning av meirutgifter som etaten har ved innkrevjing av gebyr o.l. for andre.

Det er nær samanheng mellom desse inntektene og dei tilhøyrande utgiftene på kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, og inntektene varierer ein del frå år til år. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4610, post 04 *Ymse refusjonar*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 05 Refusjon frå Avinor AS

Avinor AS skal dekkje Toll- og avgiftsetatens meirkostnader i samband med eit prøveprosjekt med forenkla transfer ved Oslo lufthamn, Gardermoen, jf. omtale foran under Grensekontrollen. Refusjonar frå Avinor AS skal førast på denne posten. Fordi meirkostnadene og dermed også refusjonsbeløp er noko usikre, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4610, post 05 *Refusjon frå Avinor AS*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1

Post 11 Gebyr på kredittdeklarasjonar

Ved innførsel er hovudregelen at toll og avgifter skal betalast ved grenseplasseringa. Etter tollkredittordninga kan godkjende importørar få kreditt, slik at deklarasjonar for ein kalendermånad kan samlast og betalast den 18. i månaden etter. I månader der ein importør har brukt tollkredittordninga, vil han få eit gebyr på 100 kroner. Samla gebyrinntekter svarer til dei kostnadene som Toll- og avgiftsetaten har med tollkredittordninga.

Post 85 Gebyr for regelbrot – valutadeklarering

Posten omfattar inntekter frå gebyr som vert tilagde ved ulovleg ut- og innførsel av valuta. Valuta og andre betalingsmiddel med ein verdi på meir enn 25 000 kroner skal meldast og leggjast fram for Toll- og avgiftsetaten ved inn- og utførsel i samsvar med tollova med forskrifter. Når det er konstatert brot på deklaringsplikta, kan det ileggjast eit gebyr, eventuelt kan tilhøvet meldast til politiet. Gebyret kan utgjere opp til 20 pst. av det ikkje-deklarerte beløpet.

Kap. 1618 Skatteetaten

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	4 656 390	4 541 400	4 877 600
21	Spesielle driftsutgifter	135 987	167 200	157 700
22	Større IT-prosjekt, <i>kan overførast</i>	195 704	298 800	323 600
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	101 577	104 400	104 600
70	Tilskot	3 625	3 000	3 100
Sum kap. 1618		5 093 283	5 114 800	5 466 600

Statens innkrevingsentral er ikkje med i tala for rekneskap 2013 og saldert budsjett 2014.

Føremål, hovudoppgåver og organisering

Skatteetaten skal legge til rette for rett fastsetjing og innbetaling av skattar, avgifter og andre krav, syte for eit oppdatert folkeregister og yte god service. Hovudoppgåvene til etaten er å:

- skrive ut forskotsskatt
- sikre skatte- og avgiftsprøvenyet, mellom anna ved å kontrollere grunnlaget for oppgåvene frå skatte- og avgiftspliktige og tredjepart
- fastsetje og kontrollere folketrygdavgifter og skatt på formue og inntekt
- fastsetje, kontrollere og krevje inn meirverdiavgift
- kontrollere og føre tilsyn med korleis dei kommunale skatteoppkrevjarane krev inn direkte skattar og arbeidsgjevaravgift
- forvalte folkeregisteret
- forvalte regelverk, som òg inneber å informere og rettleie publikum
- krevje inn straffekrav som er utferda av justisstyremaktene, og avgifter, gebyr og mislegthalde krav for andre statlege verksemder

Skatteetaten består i 2014 av eit sentralt direktorat, fem skatteregionar (Skatt nord, Skatt Midt-Noreg, Skatt vest, Skatt sør og Skatt aust), Sentralskattekontoret for storbedrifter, Oljeskattekontoret og Skatteopplysninga. Skatteregionane hadde per 1. juni 2014 til saman 113 skattekontoreiningar. I tillegg har Skatteetaten 50 serviceavtalar med andre offentlege kontor. Etaten hadde per 1. mars 2014 ei bemanning tilsvarende 5 801 årsverk.

Frå 1. januar 2015 skal Statens innkrevingsentral (SI) innlemmast i Skatteetaten. SI har som hovudoppgåve å krevje inn straffekrav som er utferda av justisstyremaktene, og avgifter, gebyr og misleghalde krav for andre statlige verksemder. SI har òg oppgåver knytte til eit saksbehandlarsystem som etaten har sams med dei alminnelege namsmennene.

Overføring av oppgåver frå Toll- og avgiftsetaten og innlemming av Statens innkrevingsentral er nærmare omtalt i del I kap. 2.2.

Mål og resultat 2013

Driftsresultatet til Skatteetaten vert vurdert ut frå fire fastsette hovudmål, jf. nedanfor. Måla er dels skrivne som visjonar for arbeidet. I den praktiske oppfølginga av etaten tek ein høgde for at det er operasjonelle risikoar som det kan vere for dyrt å gardere seg fullt ut imot. Ein må likevel vera medviten om kor store feil og manglar ein kan tote.

Mål og resultat 2013 for Statens innkrevingsentral står under kap. 1634 *Statens innkrevingscentral*.

Hovudmål 1: Skattane skal vere fastsette rett og tilrett tid

I 2013 vart det fastsett 969,2 mrd. kroner i direkte og indirekte skattar på ansvarsområdet til etaten. Det var 52,1 mrd. kroner meir enn i 2012, jf. tabell 5.8. Trygdeavgifta og arbeidsgjevaravgifta auka med høvesvis 6,4 og 9,5 mrd. kroner. Meirverdiavgifta auka med til saman 14,9 mrd. kroner frå 2012. Meirverdiavgifta på import, fastsett av Toll- og avgiftsetaten, auka med 4,1 mrd. kroner, og

meirverdiavgifta fastsett av Skatteetaten, auka med 10,8 mrd. kroner. Det vart utlikna 2,2 mrd. kroner i arveavgift i 2013.

Nærare omtale finst i Prop. 1 LS (2013–2014)
Skatter, avgifter og toll 2015.

Tabell 5.8 Fastsette skatter og avgifter – oversyn

	(mill. kroner)		
	2011	2012	2013
Skatt på inntekt og formue	347 900	353 500	374 600
Trygdeavgift	93 400	103 500	109 900
Petroleumsskatt	174 400	226 200	230 000
Sum fastsett ved likningsbehandlinga	615 700	683 200	714 500
Arbeidsgjevaravgift, unnateke sentralt utrekna arbeids- gjevaravgift	123 800	130 900	140 400
Meirverdiavgift ¹	209 200	220 900	235 800
Arveavgift	1 700	1 700	2 200
Sum fastsette skattar og avgifter	950 400	1 036 700	1 092 900
Sum fastsette skattar og avgifter unnateke meirverdiav- gift fastsett av Toll- og avgiftsetaten	834 400	917 100	969 200

¹ Beløpet omfattar meirverdiavgift som Toll- og avgiftsetaten krev inn ved innførsel. Det utgjer 123,7 mrd. kroner for 2013 og 119,6 mrd. kroner for 2012. For meirverdiavgiftspliktige næringsdrivande gjev meirverdiavgifta som vert kravd inn ved innførsel, rett til frådrag i meirverdiavgiftsoppgjeter mellom dei og skattekontora, jf. fotnote 3 i tabell 5.7 under kap. 1610 Toll- og avgiftsetaten.

Arbeidet med likninga kan delast inn i fire hovudbolkar: Utskriving og endring av skattekort (grunnlaget for skattetrekk), innhenting av grunnlagsdata, produksjon og behandling av sjølvmeldingar og utsending av skatteoppgjer.

Utskriving og endring av skattekort for inntektsåret 2013

For inntektsåret 2013 vart det i desember 2012 skrive ut vel 3,7 mill. skattekort. Av desse vart 8,2 pst. endra i desember 2012 og januar 2013. Dette er ein auke på 0,1 prosentpoeng frå eitt år tidlegare. I 2013 vart 23,1 pst. av skattekorta endra. Tilsvarande tal var 23,7 pst. i 2012 og 24,4 pst. i 2011. I 2013 vart det gjennomført prøvedrift for ordninga med e-skattekort, der arbeidsgjevarane vart tilbode å hente skattekorta elektronisk. Røynsla frå denne nyvinninga er god.

Likning for inntektsåret 2012

I 2013 behandla Skatteetaten sjølvmeldingar for inntektsåret 2012 frå om lag 3,6 mill. lønstakarar

og pensjonistar, 373 000 personleg næringsdrivande og 256 000 selskap, jf. tabell 5.19.

Innhenting av omfattande grunnlagsdata, som vert førehandsutfylte i sjølvmeldinga, gjev høgare kvalitet på sjølvmeldinga enn om skattytaren sjølv skulle ha fylt ut. Grunnlagsdata er tredjepartsopplysningar som Skatteetaten får frå til dømes bankar, arbeidsgjevarar og frå offentleg forvaltning. Betre og fleire grunnlagsdata gjer det lettare å fastsetje skattane rett. Skatteetaten fekk inn 58,4 mill. oppgåver med grunnlagsdata i samband med likningsarbeidet i 2013. Det er 0,5 mill. fleire oppgåver enn i 2012. I alt 99,5 pst. av oppgåvene med grunnlagsdata vart mottekne innan produksjonsstarten for sjølvmeldinga. Det er ein auke på 0,6 prosentpoeng frå 2012. Kvaliteten på grunnlagsdata vert mellom anna målt ved kor stor del dei uidentifiserte grunnlagsdataoppgåvene utgjorde. For 2013 var målet at den skulle vere mindre enn 1,5 pst. Resultatet vart 0,9 pst.

Tabell 5.9 Tal på behandla sjølvmeldingar m.m.

	2011	2012	2013
Sjølvmelding lønstakarar og pensjonistar	3 551 500	3 556 000	3 624 500
Sjølvmelding personleg næringsdrivande	324 000	373 000	373 000
Sjølvmelding etterskotspliktige selskap	240 000	241 000	256 800
Grunnlagsdata (løns- og trekkoppgåver, bankoppgåver m.m.)	54 150 000	57 885 000	58 436 000

Produksjonen og kvaliteten på likninga for inntektsåret 2012 var stort sett god.

Ordninga med leveringsfritak for sjølvmeldinga vart innført frå inntektsåret 2007. I 2009 valde 58,3 pst. av lønstakarane og pensjonistane å nytte seg av leveringsfritaket. Talet auka til 69,0 pst. i 2013. Av dei som leverte sjølvmelding, leverte 72,1 pst. elektronisk i 2013, mot 63,5 pst. i 2012.

91,1 pst. av upersonlege skattytarar og personlege skattytarar som driv næring, leverte sjølvmeldinga til rett tid i 2013. I 2012 var andelen 90,6 pst. Målet er at minst 95 pst. skal leverere i tide. Fleire tiltak vert vurderte for å betre situasjonen. Av dei som leverte sjølvmelding, leverte 84,5 pst. elektronisk i 2013, mot 83,1 pst. i 2012.

Likning ved sentralskattekontora

Sentralskattekontoret for storbedrifter (SFS) er oppretta for å behandle skattlegging og kontroll av verksemder med omsetnad over ei viss grense. Kontoret likna i 2013 om lag 4 650 selskap, og det vart fastsett skatt for om lag 30,1 mrd. kroner. Det er ein auke på 3,6 mrd. kroner frå 2012. Talet på likna selskap auka med om lag 150. SFS liknar i tillegg alle kraftverk med yting over 5 500 kVA, til saman 141 kraftproduserande selskap. Frå 1. januar 2014 har SFS òg ansvar for kontroll av meirverdiavgift og arbeidsgjevaravgift i verksemder som er tekne med i manntalet til kontoret. SFS er lagt direkte inn under Skattedirektoratet, med tre kontoreiningar. Frå 1. januar 2015 vil talet på verksemder som tilhørar manntalet til SFS, auke. Kontoret vil då få ansvaret for alle konsern med omsetning over 3 mrd. kroner. Endringane er ei følge av Skatteetatens satsing på arbeidet med storbedrifter.

Sentralskattekontoret for utanlandssaker, som er underlagt Skatt vest, er oppretta for å ta seg av visse område innanfor skattlegging av utanlandske selskap og arbeidstakarar med mellombels tilknyting til landet. Kontoret likna 68 700 lønstakarar og sjømenn i 2013. Det er ein auke på 12 pst.

frå 2012. Ved den ordinære likninga for 2012 vart det fastsett 3,6 mrd. kroner i skatt for forskotspliktige. Det var 729 mill. kroner meir enn ved likninga for 2011. Kontoret likna til saman 750 selskap og om lag 3 300 forskotspliktige næringsdrivande ved ordinær likning i 2013. Fastsett skatt for etterskotspliktige ved ordinær likning for inntektsåret 2012 var 675 mill. kroner. Det er ein auke på 103 mill. kroner frå 2012.

Oljeskattekontoret, som er underlagt Skattedirektoratet, tek seg av skattlegginga av petroleumsverksemda. Kontoret likna 78 selskap i 2013 og fastsett skatt var 230,0 mrd. kroner. Det er ein auke på 3,8 mrd. frå 2012, jf. tabell 5.8.

Skatteoppgjeret for inntektsåret 2012

Skatteoppgjeret for inntektsåret 2012 vart klart i juni 2013 for om lag 81,0 pst. av lønstakarane og pensjonistane. Året før var talet 83,5 pst. Årsaka til nedgangen er at dei som leverte sjølvmeldinga på papir, ikkje fekk skatteoppgjer før tidlegast i august. Personleg næringsdrivande kunne få tidlege skatteoppgjer frå august og utover. I 2012 fekk 79 pst. personleg næringsdrivande skatteoppgjeret før oktober. I 2013 auka denne delen til 84 pst. Etterskotspliktige skattytarar (selskap m.m.) får alltid skatteoppgjeret i oktober.

I 2013 fekk 726 000 eller 18,2 pst. av dei forskotspliktige skattytarane restskatt, mot 19,2 pst. i 2012. Det gjennomsnittlege restskattebeløpet var om lag 22 000 kroner, eitt tusen kroner høgare enn i 2012. Talet på skattytarar med beløp til gode, var om lag som i 2012. Om lag 3,0 mill. (79 pst.) skattytarar hadde beløp til gode i 2013. Gjennomsnittleg beløp til gode var om lag 12 800 kroner eller til saman 38 mrd. kroner. Det var ein liten auke frå 2012.

Fastsetjing av meirverdiavgift og arveavgift

Ved utgangen av 2013 var det registrert om lag 348 300 verksemder i meirverdiavgiftsmanntalet, og det vart vart behandla i overkant av 1,6 mill. omset-

nadsoppgåver i 2013. 90,9 pst. av oppgåvene vart leverte til rett tid. Det er ein auke på 0,5 prosentpoeng frå 2012. Om lag 92 pst. av skjønsfastsetjingane skjedde innan 80 dagar. Det er ei betring på om lag 5 prosentpoeng frå 2012. Målet er 90 pst. Dei siste åra har resultata i arbeidet med fastsettjing av meirverdiavgift vorte betre.

I 2012 vart det innført pliktig elektronisk levering av meirverdioppgåva, med dispensasjonsordning for dei som ikkje kan levere elektronisk. I 2013 vart 98,8 pst. av meirverdioppgåvene levert elektronisk, mot 98,4 pst. 2012.

I 2013 fekk Skatteetaten om lag 45 900 arve- og gavemeldingar. Det er om lag det same som i 2012. 80,7 pst. av sakene vart behandla innan 6 månader, mot 67,6 pst. i 2012. Resultatmålet er 90 pst. Restansane er minka frå 18 000 saker til 9 100 saker ved utgangen av 2014. Arveavgifta er avvikla frå 2014. Planen er at alle sakene skal vere avslutta i løpet av 2014.

Kontroll av skatttytarar og næringsdrivande

Ein stor del av Skatteetatenes kontroll med næringslivet vert utført i samband med den årlege likningsbehandlinga og ved behandlinga av omsetnadsoppgåver. I tillegg gjennomfører Skatteetaten og dei kommunale skatteoppkrevjarane ei rekke kontrollaktivitetar, mellom anna etterkontollar (avdekkingsskontollar m.m.).

Skatteetaten har innført kontrollstrategiar der ulike kontrolltypar og andre verkemiddel vert vurderte i samanheng med siktet på eit best mogleg resultat og auka etterleving. For etaten er det dessutan viktig å arbeide førebyggjande, mellom anna gjennom målretta informasjon og rettleiing, for å oppnå mest mogleg korrekt skatte- og avgiftsberekning. Etaten skal informere om resultata av kontrollane, slik at opplevd fare for å verte oppdaga aukar. Frå 2013 har departementet gått bort frå å styre på talet på etterkontollar og oppgåvekontollar av meirverdiavgift. Departementet ynskjer å styre etaten meir etter effektmål. Difor skal Skatteetaten vurdere nye parametrar og forklaringsvariablar som kan måle effektar av etaten sitt arbeid. Dei siste åra har Skatteetaten flytta ressursar frå likningsarbeid til utvida kontrollar av næringsdrivande og selskap. Departementet er nøgd med utviklinga.

Skatteetaten legg vekt på å kontrollere mest på dei områda der faren for medvitne feil og unndra-

ging er størst. Utveljinga av saker har vorte betre. Det har ført til avdekking av store, samansette saker med medvitne skatte- og avgiftsunndragingar.

Resultatmåla for gjennomsnittleg avdekt beløp per kontroll for inntekt og meirverdiavgift vart nådde. I gjennomsnitt vart det avdekt 169 000 kroner ved kontroll av inntekt og 61 000 kroner ved kontroll av meirverdiavgift.

I 2013 vart det i gjennomsnitt avdekt 25 000 kroner for kvar kontrollerte omsetnadsoppgåve for meirverdiavgift. Dette er om lag 5 000 kroner høgare enn i 2012, og målet for 2013 er nådd.

Med god samansetjing av kontrollane skal etaten dekkje både dei store, tunge sakene og dei meir typiske kontrollaksjonane der synleggjering av kontrollarbeidet er eit av måla. Skatteetaten har mellom anna valt å måle kontrollarbeidet opp mot opplevd oppdagingsrisiko. I 2011 viste KRISINO-undersøkinga (Kriminalitets- og sikkerheitsundersøkinga i Noreg) at 29 pst. av dei næringsdrivande trudde det var låg eller svært låg risiko for å verte oppdaga ved unndracing av skattar og avgifter. Ved ei tilsvarende undersøking i 2013 trudde 21 pst. det same. Det er positivt at denne har minna. Kor redde folk er for å verte oppdaga har mykje å seie for kor mykje skattar og avgifter som vert unndratt. Sjå elles omtalen nedanfor av arbeidet etaten gjer for å motverke skattekriminalitet.

Hovudmål 2: Skattane skal betalast til rett tid

Innkrevjing av inntekts- og formuesskatt og avgifter til folketrygda (trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift) er lagt til dei kommunale skatteoppkrevjarane, med Skatteetaten som fagleg overordna styresmakt. Skatteetaten er eineansvarleg for innkrevjing av innanlands meirverdiavgift, petroleumsskatt og arveavgift.

Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift

Per 31. desember 2013 utgjorde samla innbetalingar i forskotsordninga 99,9 pst. av dei fastsette krava for inntektsåret 2012 (forskotsordninga er summen av forskotstrekk og forskotsskatt personar), jf. tabell 5.10. Av dette utgjer 99,2 pst. såkalla friviljuge innbetalingar. Innbetalinga av restskatt frå personar for inntektsåret 2011 var på same nivå som for inntektsåret 2010.

Tabell 5.10 Skatt og arbeidsgjevaravgift for inntektsåra 2010–2012

Inntektsår ¹		(mill. kroner)		
		2010	2011	2012
Forskotstrekk ²	Sum krav	336 991	358 556	382 665
	Innbetalt	99,9 pst.	99,9 pst.	99,9 pst
	Aktiv restanse ⁴	175	82	78
Forskotsskatt (personar) ²	Sum krav	28 242	29 331	31 136
	Innbetalt	98,9 pst.	99,2 pst.	99,2 pst
	Aktiv restanse ⁴	315	223	232
Forskotsskatt (upersonlege skattytarar) ²	Sum krav	54 373	54 863	54 239
	Innbetalt	99,9 pst.	99,9 pst.	99,9 pst
	Aktiv restanse ⁴	55	32	25
Restskatt (upersonlege skattytarar) ³	Sum krav	22 941	18 094	
	Innbetalt	98,8 pst.	97,2 pst	
	Aktiv restanse ⁴	90	382	
Restskatt (personar) ³	Sum krav	15 467	16 674	
	Innbetalt	94,0 pst.	94,0 pst	
	Aktiv restanse ⁴	861	914	
Arbeidsgjevaravgift ²	Sum krav	123 629	130 876	140 438
	Innbetalt	99,8 pst.	99,8 pst.	99,8 pst
	Aktiv restanse ⁴	192	76	69

¹ Inntektsåret kjem eitt år før likningsåret.² Målt per 31. desember – 1 år etter inntektsåret.³ Målt per 31. desember – 2 år etter inntektsåret.⁴ Med aktiv restanse er meint restanse unnateke krav i konkursbu, utsette krav og krav knytte til gjeldsforhandlingar.**Innkrevjing av meirverdiavgift**

Per 31. desember 2013 var 99,4 pst. av meirverdiavgifta som var fastsett for avgiftsåret 2012, inn-

betalt. Resultatet var det same året før. Resultatet for tvangsinnekrevjing – 74,2 pst. – var litt betre enn året før. Etaten har nådd resultatmåla.

Tabell 5.11 Meirverdiavgift for avgiftsåra 2010–2012

Avgiftsår		(mill. kroner)		
		2010	2011	2012
Sum krav ¹		199 680	208 462	218 476
Innbetalt ¹		99,3 pst.	99,4 pst.	99,4 pst
Aktiv restanse ²		533	453	441

¹ Målt per 31. desember – 1 år etter avgiftsåret.² Unnateke konkursbu, restkrav, avskrivningar og ettergjevingar. Restansen gjeld berre avgiftsåret.

Samla aktiv restanse – skatt og meirverdiavgift

Samla aktiv restanse var 30,2 mrd. kroner per 31. desember 2013, om lag 2,7 mrd. kroner meir enn året før, jf. tabell 5.12.

Tabell 5.12 Skatteetaten – samla aktiv restanse¹

	(mill. kroner)		
	2011	2012	2013
Skatt og arbeidsgjevaravgift	23 543	20 974	23 789
Meirverdiavgift ²	5 420	5 945	5 890
Arveavgift	533	517	477
Samla aktiv restanse	29 496	27 435	30 156

¹ Med aktiv restanse er meint restanse medrekna krav i konkursbu, men unnateke utsette krav.

² Omfattar ikkje innførselsmeirverdiavgift som er fastsett av Toll- og avgiftsetaten, eller krav på tilbakebetaling av meirverdiavgift.

Skatteoppkrevjarfunksjonen for kommune 2312 – Skatteoppkrevjar utland

Sentralskattekontoret for utanlandssaker er likningsstyremskt for sokkelkommunen (kommune 2312), medan skatteinnkrevjinga vert utført at Skatteoppkrevjar utland. Båe kontora er underlagde Skatt vest. Arbeidstakrarar og oppdragsgjevarar som har mellombels opphold eller oppdrag på land eller sokkel i Noreg, og som ikkje har tilknyting til andre kommunar, vert knytte til kommune 2312.

Arbeidsoppgåvene til Skatteoppkrevjar utland er særleg krevjande fordi skyldnarane er så kort tid i Noreg. Kontoret nådde resultatmåla for innkrevjing, og resultata vart noko betre enn i 2012. Likevel syner totalrestansen ved Skatteoppkrevjar utland ein auke på om lag 83 mill. kroner i 2013. Restansesituasjonen vart bortimot uendra om ein tek omsyn til ein einskild stor restanse betalt i etterhand.

Samla sett er departementet nøgd med resultatutviklinga ved Skatteoppkrevjar utland, men ventar at direktoratet framleis følgjer opp dette området særskilt.

Kontrollen av skatterekneskapen og den faglege oppfølginga av skatteoppkrevjarane

Kontroll av skatterekneskapen vert utført av regionale kontolleiningar ved skattekontora. I 2013 vart det gjennomført stadleg kontroll av 82 pst. av skatteoppkrevjarkontora. Dette er ein auke på 4 prosentpoeng frå i 2012 (78 pst.) og 7 prosentpoeng over målet på 75 pst.

Hovudmål 3: Folkeregisteret skal ha høg kvalitet

I 2013 vart det registrert om lag 235 000 nye personar i Folkeregisteret. Av desse er 60 000 fødde i Noreg, 75 000 er innvandra og 100 000 fekk dnummer.

Eit oppdatert folkeregister er avgjerande for ei rekke sentrale samfunnsfunksjonar. Eit godt folkeregister føreset at Skatteetaten får inn korrekte opplysningar frå borgarane og andre instansar, og at endringar vert melde raskt. I 2013 vart resultatmåla for saksbehandlinga nådde for seks av åtte styringsparametrar.

Tabell 5.13 Behandla meldingar i Skatteetaten – resultat

	2011	2012	2013
Innflytting og flytting innanfor kommunen – innan 4 dagar	72,8 pst.	70,3 pst.	77,8 pst.
Inn- og utvandring – innan 9 dagar	53,4 pst.	51,6 pst.	69,6 pst.
Skilsmål, separasjon, vigsel og dødsmelding – innan 9 dagar	68,6 pst.	69,3 pst.	64,7 pst.
Fødsel – innan 20 dagar	97,7 pst.	97,9 pst.	98,1 pst.
Fyrstegongs namnesaker – innan 4 dagar	92,2 pst.	93,2 pst.	93,4 pst.
Prøving av ekteskapsvilkår – innan 14 dagar	80,6 pst.	87,5 pst.	84,5 pst.

Registrering i det norske folkeregisteret er attraktivt for mange, og det er ein fare for at nokon skal tileigna seg fødsels- eller d-nummer på gale grunnlag. Ein god id-kontroll ved melding om innvandring eller rekvisisjon av d-nummer er difor viktig. Skatteetaten omorganiserte og styrkte i 2012 id-kontrollen sin. Den er no samla på 42 skattekontor over heile landet. I 2013 avdekte Skatteetaten 59 falske id-dokument, mot 66 i 2012.

Hovudmål 4: Brukarane skal få god service

Skatteetaten legg stor vekt på å yte god service og gje god informasjon til dei skattepliktige, mellom anna for å sikre høg tillit til skattesystemet og etaten. Etaten har dei siste åra styrkt rettleiinga og servicen overfor skattytarane og er opptatt av korleis ein kan kommunisere på ein god og forståeleg måte med publikum. Dette gjeld både personleg via telefon, i skranken og i dei elektroniske kontaktflatene. Dei siste åra har Skatteetaten prioritert å ruste opp *skatteetaten.no*, som er etatens hovudkanal for service.

Brukargranskinger

Skatteetaten gjennomfører jamleg brukargranskinger blant privatpersonar og hos næringslivet. Ei brukargransking i 2013 syner at publikum stort sett er nøgd med servicen frå Skatteopplysinga. 77 pst. av skattytarane som har hatt kontakt med Skatteetaten, synast servicen er god.

Skatteopplysinga har òg gjennomført ei kvalitetsundersøking av tenesta for rettleiing. Her vart det til saman stilt 400 spørsmål. Undersøkinga syner ein gjennomsnittleg feilprosent på 12,5 pst. på skattespørsmål frå privatpersonar og 14,5 pst. på spørsmål som gjeld folkeregisteret. Departementet er ikkje nøgd med desse resultata. Skatteetaten har sett i gang tiltak for å betre den faglege kvaliteten i fyrstelinjetenesta.

Fyrstelinjetenesta

Den landsdekkjande telefontenesta Skatteopplysinga fekk i 2013 2,15 mill. oppringningar, ein reduksjon på rundt 10 pst. frå året før. Frå 2012 til 2013 gjekk ventetida ned frå 12 til 6 minutt. Svarprosenten auka med over 10 prosentpoeng, frå 73 pst. i 2012 til 84 pst. i 2013. Skatteetaten arbeider systematisk og målretta med å vere tilgjengeleg for brukarane.

Servicesenter for utanlandske arbeidstakrar (SUA)

Ved SUA kan både arbeidsgjevarar og utanlandske arbeidstakrar få rettleiing og behandling av søknader. Frammøtet ved sentra i Oslo, Stavanger og Kirkenes har vore så stor at nordiske borgarar ikkje lenger er i målgruppa for desse sentra. Desse borgarane må vitje dei ordinære kontora til Skatteetaten, Politi, UDI og Arbeidstilsynet. I 2013 vitja nesten 116 000 brukarar SUA, mot om lag 120 000 i 2012 og om lag 103 000 i 2011. Nordiske borgarar er ikkje rekna med i tala. I 2013 utgjorde nordiske borgarar åleine om lag tusen brukarar per månad berre i Oslo.

Skattehjelpa

Skattytarane har rett til informasjon og rettleiing, men behovet for slik hjelp varierer. Skattehjelpa er eit tiltak som er retta mot skattytarar som av ulike årsaker ikkje har vore i stand til å oppfylle sine plikter og vareta sine rettar overfor skattestyresmaktene.

Skattehjelpa arbeider førebyggjande gjennom informasjon og rettleiing og vurderer saker som inneber endring av tidlegare fastsetjing, mellom anna heil eller delvis ettergiving av krav. Skattehjelpa skal særleg prioritere saker med skjønnnsfastsette krav (manglande eigendeklarering). Samarbeid med andre styresmakter innan til

dømes helsesektoren, rusmiddelomsorga, kriminalomsorga og Nav si rettleiingsteneste er viktig for å treffe den rette målgruppa. I fleire tilfelle kontaktar Skattehjelpa òg skattytar sjølve. Det er etablert særskilde einingar i skatteregionane som har ansvar for å koordinere regionen sitt arbeid på området.

I 2013 tok Skattehjelpa 1 241 saker opp til vurdering. Om lag halvparten av sakene førte til endra fastsetjing eller at krav vart ettergitt.

Ordninga med Skattehjelpa skal evaluerast i 2014. Evalueringa skal mellom anna omfatte målgruppene for ordninga, arbeidsmetodar og ressursbruk. Finansdepartementet vil følgje opp evalueringa av Skattehjelpa og vurdere om ordninga bør styrkast. Sjå òg omtale i Prop. 94 LS (2013–2014).

Behandling av klager på skatte- og arveavgiftsvedtak

Tabell 5.14 syner talet på klagesaker som er behandla ved skattekontora og i nemndene.

Talet på klager som vart behandla ved skattekontora i 2013, minka med over 10 000 frå 2012. I 2013 vart om lag 91 pst. av klagene på likningsbehandlinga behandla innan 3 månader etter at klaga vart motteken. Dette er over resultatmålet på 90 pst. og ein betring på 4 prosentpoeng frå 2012.

Saksbehandlingstida i Klagenemnda for meirverdiavgift har gjennom fleire år utvikla seg positivt. Ved utgangen av 2013 var 84,9 pst. av sakene til nemndna behandla innan 6 månader. Dette er om lag det same som i 2012 (85,1 pst.), men framleis under målet på 90 pst. Talet på saker som vart behandla i nemndene i 2013 er om lag som i 2012. Saksbehandlingstidene ved klagenemndene må ned. Skatteetaten følgjer opp klagenemndene nøyne med sikte på dette. Finansdepartementet sendte 28. april 2014 på høyring framlegg til endringar i klagenemndsordninga på skatte- og meirverdiavgiftsområdet, jf. omtale under Sentrale utfordringar og tiltak.

Tabell 5.14 Tal på behandla klager på skattevedtak

	2011	2012	2013
Behandla av skattekontoret sjølv i 1. instans ¹	87 568	92 408	81 960
Behandla i dei regionale skatteklagenemndene	3 848	3 941	3 722
Behandla i Riksskattenemnda	118	4	5
Behandla i Klagenemnda for petroleumsskatt	45	23	20
Behandla i Klagenemnda for meirverdiavgift	304	281	390

¹ Talet omfattar både saker som er omgjorde etter klage og etter eige initiativ.

Skatteetaten har i 2013 nådd resultatmålet for saksbehandlingstid for klager på arveavgiftsvedtak. 83,9 pst. av klagene vart behandla innan 3 månader, mot høvesvis 63,7 pst. og 77 pst. i 2011 og 2012.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet er stort sett nøgd med resultata i 2013 på fastsetjingsområdet. Kvaliteten på opplysningane som etaten får inn som grunnlag for likninga, vert stadig betre, og grunnlagsdata vert i stor mon rapporterte elektronisk. Dei store produksjonane er gjennomførte til rett tid og med tilfredsstillande kvalitet. Det er fortsatt litt for låg del av dei upersonlege skattytarane og personlege skattytarane som driv næring, som leverer sjølvmeldinga til rett tid.

Departementet er stort sett nøgd med resultata til etaten på kontrollområdet. Frå 2013 har departementet gått bort frå å styre på talet på etterkontrollar og oppgåvekontrollar av meirverdiavgift. Departementet ynskjer å styre etaten meir etter effekt-mål. Skatteetaten har i 2013 gjennomført færre etterkontrollar og oppgåvekontrollar enn i 2012, men samstundes har gjennomsnittleg avdekka beløp auka. Det er viktig å finne rett balanse mellom kontrolltypane. Departementet er nøgd med at etaten har dreia ressursbruken mot større kontrollar og meir komplekse saker. Departementet er òg tilfreds med at etaten prioriterer arbeidet med skattecriminalitet, og at etaten har sett i gang ei rekke prosjekter og tiltak på dette området.

Resultata på innkrevjingsområdet er gode, men etaten må framleis følgje opp utviklinga i meirverdiavgiftsrestansane særskilt.

Dei fleste resultata på folkeregisterområdet i 2013 oppfyller måla. Saksbehandlingstida på folkeregisterområdet har dei seinare åra gått ned.

Brukargranskinger syner at publikum gjennomgående er godt nøgd med rettleiinga frå Skatteopplysninga, og at skattytarane er nøgde med servicen til etaten. Skatteetaten må likevel følgje betre opp at den faglege kvaliteten i fyrsteline-tjenesta er god. På nokre område må ein få saksbehandlingstida ned, særleg ved klagenemndene.

Med dei virkemidla og ressursane som etaten rår over, vurderer departementet resultata til Skatteetaten for 2013 som gode sett under eitt.

Sentrale utfordringar og tiltak

Overføring av oppgåver til Skatteetaten

Regjeringa har sett i verk fleire tiltak for ei meir heilskapleg og effektiv skatte- og avgiftsforvaltning. Sjå meir omtale i del I kap. 2.2.

Både Skatteetatens og Toll- og avgiftsetaten sine IKT-system må tilpassast i 2015 slik at Skatteetaten kan overta særavgiftsforvaltninga som planlagd frå 1. januar 2016. Dette gjeld særleg maskinvare- og systemtilpassingar. Det må mellom anna sørkjast for informasjonsutveksling frå Toll- og avgiftsetaten sitt innførslesystem (TVINN) til Skatteetatens system. Kostnaden ved dette arbeidet er vurdert til 30 mill. kroner i 2015, med 20 mill. kroner i Toll- og avgiftsetaten og 10 mill. kroner i Skatteetaten.

Vidare må det i 2015 arbeidast med utgreiing av eit konkret grensesnitt mellom systema til etatane og den framtidige informasjonsflyten mellom dei. Dette må ligge til grunn for systema som skal erstatte dei andre TVIST-systema som ikkje skal overførast til Skatteetaten. Til dette arbeidet er det foreslått avsett 10 mill. kroner til Toll- og avgiftsetaten og 5 mill. kroner til Skatteetaten.

Til dekning av ein del andre, administrative meirkostnader i samband med overføring av oppgåver mellom etatane er det sett av om lag 25 mill. kroner til Skatteetaten og om lag 10 mill. kroner til Toll- og avgiftsetaten.

Til saman vert det foreslått avsett 40 mill. kroner til Skatteetaten sitt arbeid med oppgåveoverføringa i 2015.

Ny IKT-løysing for særavgifter

TVIST-systema omfattar mellom anna Toll- og avgiftsetaten sine system for å fastsetje og krevje inn særavgifter. Stønad og feilretting på dagens teknologiske plattform fell bort ved utgangen av 2018. Bortfall av stønad vil hindre vidareutvikling,

tilpassingar og feilretting i systema. Dette vil mellom anna gjere det vanskeleg å tilpasse IKT-sistema til endringar i avgiftspolitikken.

Regjeringa har starta eit arbeid for ei betre og meir effektiv skatte- og avgiftsforvaltning, som mellom anna omfattar å overføre særavgiftsforvaltninga til Skatteetaten, jf. omtale i del 1 kap. 2. Arbeidet skal gje Skatteetaten eit heilskapleg ansvar for alle skattetyper, og skal bidra til ei meir eins forvaltning av alle skattetyper i éin etat. Hovudmåla er ei styrking av arbeidet mot svart økonomi, betre grensekontroll, forenkling for innbyggjarar og næringsliv og redusert ressursbruk.

Som følgje av overføringa av ansvaret for særavgiftsforvaltninga vil òg ansvaret for fornyinga av IKT-sistema for særavgifter verte overført til Skatteetaten. Skatteetaten har utarbeidt eit forslag til korleis forvaltninga av særavgiftene kan løysast innanfor systemporteføljen til etaten. Forslaget støttar godt opp under Regjeringas hovudmål for arbeidet med ei betre og meir effektiv skatte- og avgiftsforvaltning.

På grunn av meir gjenbruk av felleskomponentar er førebels overslag for samla kostnad for prosjektet om lag 200 mill. kroner lågare enn for å utvikle tilsvarande funksjonalitet i Toll- og avgiftsetaten. Skatteetaten sitt arbeid med å konkretisere andre synergiar og gevinstar er ikkje avslutta, og etaten vil halde fram arbeidet med å stadfeste og konkretisere gevinstar i den vidare planlegginga av prosjektet. Gevinstane kjem mellom anna av moglege forenklingar av arbeidsprosessar gjennom automatisering av rutineoppgåver, enklare samhandling med næringsliv og innbyggjarar og auka bruk av digitaliserte tenester, eksempelvis sjølvbetenings- og innsynstenester og elektroniske betalingsløysingar. I tillegg vil arbeidet mot svart økonomi styrkjast gjennom breiare tilfang av informasjon og ei betre analyseplattform.

Det saknas framleis enkelte avklaringar av grensesnittet mellom Skatteetaten og Toll- og avgiftsetaten. På grunn av kort tid frå offentleggjering av Regjeringas planar og behovet for å kome raskt i gang, er prosjektdokumentasjonen førebels på eit overordna nivå og tilfredsstiller ikkje dei krava som vert stilte for å kunne føreslå ei kostnadsramme for Stortinget i Prop. 1 S (2014–2015). Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med eit forslag til kostnadsramme når det er eit fullstendig grunnlag for ei avgjerd for prosjektet.

Det er avgjerande med god framdrift i prosjektet i 2015. På bakgrunn av overslag for utgiftsbehovet i 2015 er det avsett 104,8 mill. kroner til Skatteetatens vidare arbeid i 2015 med IKT-løysingar for handtering av særavgifter.

Tiltak mot skatte- og avgiftsunndraging

Skatte- og avgiftsunndragingar råkar fellesskapen og svekkjer grunnlaget for velferdsstaten. Det er dessutan grunn til å tru at omfattande skatte- og avgiftsunndraging i eit samfunn er med på å svekkje den allmenne lojaliteten til skattesystemet. Arbeidet med å redusere omfanget av skatte- og avgiftsunndraging er eit av Skatteetatenes viktigaste tiltaksområde.

Ein del av skatte- og avgiftskriminaliteten innår i meir omfattande og organisert kriminell verksemd. Kriminelle bakhjem og nettverk organiserer ulike former for utnytting av arbeidstakrar. Dette kan vere alt frå meir eller mindre grove brot på arbeidsmiljølova til reint tvangsarbeid og menneskehandel. Skatteetaten har i nokre miljø avdekt utstrakt bruk av falske identitetar, både for å kunne ta arbeidstakrar ulovleg inn i landet og for å kunne kvitvaske pengar. Skatteetaten har også sett mykje bruk av ukorrekte eller falske dokument, stråmenn og bruk av kontante betalingsmiddel for å kvitvaske utbytte.

Forpliktande samarbeid med politiet er heilt sentralt i kampen mot skatte- og avgiftsunndraging. Auka aktivitet over landegrensene, arbeidsinnvandring, fleirnasjonale konsern med verksemder i fleire land, nett-tjenester o.a. er med på å gjere sakene som Skatteetaten arbeider med, større og meir innfløkte. Skatte- og avgiftsunndragingane vert vanskelegare å spore, avdekke og hindre. Internasjonal utveksling av røynsler er difor vesentleg.

I bygg- og anleggsbransjen er det avdekt mykje økonomisk kriminalitet. Seriøse verksemder innanfor bygg og anlegg er utsette for konkurranseriving fordi konkurrentar som nyttar svart arbeidskraft og ikkje betaler skatt og avgift, får urettmessige føremonar. Mange av desse problema har ein også avdekt i reinholdsbransjen. Skatteetaten følgjer opp desse bransjene særskilt.

Meirverdiavgiftssystemet byggjer i stor mon på tillit mellom styresmaktene og næringslivet. Dei næringsdrivande deklarerer sjølv den avgifta som skal betalast inn eller refunderas frå statskassa. Både i utlandet og i Noreg vert det kvart år avdekt omfattande svindel med meirverdiavgifta. Analysar syner også at det er feil- og underrapportering av omsetnaden i kontantintensive bransjar. Skatteetaten vil framover ha målretta tiltak som kan avdekke skatte- og avgiftsunndraging i utsette bransjar. Utviklinga dei siste åra syner at svindelmetodane har vorte meir avanserte og omfattar bruk av spesialtilpassa teknologi. Ein rapport frå ei arbeidsgruppe i Skattedirektoratet

som kom med framlegg til regelverk om kassasystem, var på høyring i 2012. Framlegget vart i august 2013, i samsvar med krava i EØS-høyringslova, også sendt på høyring i EØS-området. Saka er no til behandling i departementet.

Det er viktig at Skatteetaten samarbeider med politi og andre kontrolltatar for å få eit sams og heilsakapleg trugselbilete. Dette vil vere eit utgangspunkt for sams operative tiltak. Det er også viktig for etaten å vere tidleg ute med målretta val av andre verkemiddel, til dømes regelutvikling, metode- og kompetanseutvikling og informasjon for å oppnå mest mogleg korrekt skatte- og avgiftsutrekning. På område der det har vorte avdekt store unndragingar, vert det arbeidd med å analysere omfang, årsaker og kjenneteikn. Bransje- og temakontrollar har synt seg effektive og får ofte stor merksemd. Dei verkar allmennpreventivt. Skatteetaten skal difor halde fram med desse kontrollane og auke omfanget av førebyggjande tiltak.

Skatteetaten har i 2014 delteke i eit prøveprosjekt i Bergen saman med Arbeidstilsynet for å styrke samarbeidet mot arbeidslivskriminalitet, jf. omtale i Prop. 1 S (2014–2015) for Arbeids- og sosialdepartementet. Prøveprosjektet inneber mellom anna at personell frå både etatar arbeider saman om saker mot dei same aktørane i arbeidslivet. For 2015 er det sett av 8,3 mill. kroner kvar til Skatteetaten, Politiet og Arbeidstilsynet for å vidareutvikle samarbeidet mot arbeidslivskriminalitet.

Den landsdekkjande ordninga med bistandsrevisorar skal medverke til effektiv etterforsking i melde skatte- og avgiftssaker. Ordninga inneber at skatterevisorar yter politiet bistand i behandlinga av slike saker. Det operative samarbeidet med politiet bør utviklast vidare.

Det er viktig at dei kriminelle ikkje får økonomisk vinst av handlingane sine. Skatteetaten prioriterer difor å sikre og krevje inn uteståande skatte- og avgiftskrav. Skatteetaten vil ha merksenda retta mot bakhjem og medhjelparar som har medverka til skatte- og avgiftskriminalitet, mellom anna ved å melde dei til politiet og å fremje erstatningskrav når det er grunnlag for dette.

Mange unndragingar skjer gjennom bruk av såkalla skatteparadis og gjennom ulovleg flytting av skattefundament ut av landet. For å førebyggje og avdekke skatte-, avgifts- og tollunndraging følger Skatteetaten, saman med Toll- og avgiftsetaten, straumen av pengar, varer og tenester inn og ut av landet. Det er no etablert gode informasjonsutvekslingsavtalar med dei fleste såkalla skatte-

paradisland. Det vil snart ligge føre eit komplett nettverk av slike avtalar som Skatteetaten vil bruke i kontrollverksemda. Arbeidet med internprising og Skatteetatens e-handelsprosjekt er viktige delar av satsinga på dette området, jf. omtalen nedanfor om internasjonalt arbeid.

Skatteetaten samarbeider med ei rekke arbeidslivs- og bransjeorganisasjonar, mellom anna gjennom «Samarbeid mot svart økonomi». Dette fremjar seriøsitet i næringslivet og får fleire til å følgje reglane. Samarbeidet held fram i 2015. Det same gjeld samarbeidet med Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening (NARF) og Revisorforeininga.

Ny klagenemndsstruktur på området for skatt og meirverdiavgift

Departementet føreslår ei samla klagenemnd for skatt og meirverdiavgift, «Skatteklagenemnda». Skatteklagenemnda skal dekkje heile landet og kjem i staden for dei fem regionale skatteklagenemndene vi har i dag, skatteklagenemndene ved Sentralskattekontoret for storbedrifter og Sentralskattekontoret for utanlandssaker, samt Klagenemnda for meirverdiavgift. Forslaget har vore på høyring, og det er i Prop. 1 LS (2014–2015) gjort framlegg til lovendringar. Sjå nærmere omtale i Prop. 1 LS (2014–2015).

Servicesenter for utanlandske arbeidstakrarar

I Bergen vert det i 2015 etablert eit nytt servicesenter for utanlandske arbeidstakrarar (SUA). Senteret er eit samarbeid mellom Skatteetaten, politiet, Utlendingsdirektoratet og Arbeidstilsynet. Det er sett av 2,2 mill. kroner til Skatteetaten til dette senteret.

Uførereforma – overgangsreglar

Departementet foreslår at det i samband med uførereforma vert gjeve overgangsreglar for utvalde grupper, jf. omtale i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*. Ordninga vil komplisere forskots- og likningssistema og gje risiko for feil, både ved berekninga av skattefrådraget og ved likninga av andre skattytarar. Truleg vil det òg verte stor pågang frå skattytarar som ynskjer informasjon om overgangsreglane og eventuelle konsekvensar for eiga likning. Det er for 2015 sett av 12 mill. kroner til mellom anna naudsynte systemendringar.

Kvalitet på register og grunnlagsdata

Betre og fleire grunnlagsdata gjer det lettare å fastsetje skattane rett. Skatteprovenyet vert rettare, og rettstryggleiken til skattytarar aukar. I tillegg kjem samfunnsmessige vinstar ved at meir førehandsutfylling av sjølvmeldinga gjer arbeidet lettare for skattytarane, og at fleire kan nyte leveringsfriftak. Gode register, både etatens eigne og dei som andre forvaltar, er heilt avgjerande for å få gode resultat på både skatte- og avgiftsområdet og på folkeregisterområdet. Skatteetaten vil halde fram med å heve kvaliteten på grunnlagsdata og på eigne register.

I 2013 skrev Noreg under på ein avtale med USA om standardisert og automatisk utveksling av informasjon på det finansielle området (FATCA). FATCA-avtalen har verknad frå 30. juni 2014 med fyrste rapportering frå finansnæringa til Skatteetaten i mai 2015. I 2015 må Skatteetaten vere klar til å ta i mot informasjon frå dei som er pliktige til å rapportere i samsvar med FATCA, og sende informasjonen vidare til USA. Skatteetaten og finansbransjen sine organisasjonar må saman ta eit ansvar for at finansbransjen skal greie å oppfylle dei krava som FATCA set til å identifisere rapporteringspliktige kontoar og til at riktig informasjon vert rapportert.

Noreg har, som eit av 44 land, meldt at dei vil vere med og setje i verk «Common Reporting Standard» (CRS) med verknad frå inntektsåret 2016. CRS er ein standardisert datautveksling av finansopplysningar mellom avtalepartane. Avtaleane vil gje Skatteetaten gode kontrollopplysnigar og vil vere viktige for å førebyggje og avdekke skjulte inntekter og formue i utlandet. I 2015 vil Skatteetaten utarbeide planar for utvikling av IT-løysing for å kunne ta i mot og distribuere informasjon i samsvar med CRS og for å kunne nyte den informasjonen Skatteetaten tek i mot. Naudsynte endringar i regelverket som følgjer av CRS, må òg på plass i løpet av 2015. Skatteetaten og Finanstilsynet vil medverke til informasjon til næringa, klare reglar og gode prosessar slik at belastninga på næringa kan minskast.

Avtaleane som Noreg inngår om utveksling av informasjon, vil utvide grunnlaget for eit systematisk arbeid for å avdekkje manglande etterleving. Skatteetaten må planleggje og utvikle IT-løysingar og prosessar som effektivt kan nytte denne informasjonen. Rapporteringsløysinga for FATCA skal utviklast av MAG-prosjektet – sjå omtale nedanfor.

Internasjonalt arbeid

Kontrollar har synt at stadig fleire unndragingar har tilknyting til utlandet. Skatteetaten legg difor stor vekt på samarbeid med andre skatteadministrasjonar. Dei nordiske skatteadministrasjonane samarbeider godt. Skatteetaten samarbeider òg med skattestyresmaktene i andre land, mellom anna om utveksling av kontrollopplysningar om formue og inntekt og innkrevjing av skatte- og avgiftskrav. Etaten tek òg aktivt del i arbeidet i OECD og Samarbeidsorganisasjon for europeiske skatteadministrasjonar (IOTA).

Dei seinare åra er det teke store steg i retning av større openheit og utveksling av informasjon mellom skatteadministrasjonane. Det er gjort eit omfattande arbeid med skatteavtalar og avtalar om informasjonsutveksling for at Skatteetaten skal få innsyn i internasjonale transaksjonar og disposisjonar som er viktige for norsk skattlegging. Noreg har per i dag skatteavtalar med 87 land og 41 avtalar om informasjonsutveksling med såkalla skatteparadis. I tillegg har etaten administrativt skattesamarbeid med fleire land gjennom ein nordiske bistandsavtale og ein multilateral avtale om gjensidig administrativ bistand i skattesaker som er utarbeidd av OECD og Europarådet. Målet er å inngå slike avtalar med alle land der norske skattytarar kan gøyme midlar utan å skatte av dei. Avtalane verkar førebyggjande og vil vere til nytte for å hente inn relevante opplysningar i einskildsaker.

Dei siste åra er det òg teke store steg internasjonalt for auka automatisk utveksling av informasjon om finansielle kontoar, jf. avsnitt ovanfor om kvalitet på register og grunnlagsdata.

Riksprosjekt

På utvalde område der det krevst langvarig og systematisk innsats for å auke etterlevinga, har Skatteetaten organisert arbeidet i såkalla riksprosjekt. Riksprosjekta skal gje meir lik behandling, sams kompetanseutvikling og ei samla prioritering av kontrollinnsatsen på området. Prosjekta er nasjonale, men vert leidde og samordna av ein av skatteregionane. Det er etablert riksprosjekt på områda «fisk», «elektronisk handel», «internprising», «finans» og «transaksjonar mellom nærliggande».

Kunnskap basert på forsking

Kunnskap og forsking er viktig for Skatteetaten verksemd. I tillegg til etaten sitt eige analysemiljø,

har Skatteetaten eit nært samarbeid med eksterne forskingsmiljø. Kunnskap som byggjer på forsking på skatt og etterleving av skatteregelverk er viktig for samfunnet og for det arbeidet Skatteetaten gjer for å halde ved lag den høge etterlevinga i Noreg. Skatteetaten ynskjer å vere ein profesjonell samarbeidspartner for forskingsmiljøa og søker å integrere relevant forsking i utviklinga av tenestene sine. Noregs handelshøgskules (NHH) senter for skatteforskning får finansiering frå mellom anna Skatteetaten og det skatteøkonomiske forskingsprogrammet til Noregs forskingsråd. Skatteetaten samarbeider òg med skatteadministrasjonane i dei nordiske landa for å utveksle røynsler.

Modernisering av folkeregisteret

Skattedirektoratet vil modernisere folkeregistret slik at det betre kan møte behova i samfunnet, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Viktige område i denne samanhengen er aukande migrasjon, ID-kriminalitet, overgang til digital kommunikasjon og ei meir effektiv samhandling innanfor offentleg sektor og med private verksemder. Skattedirektoratet har i 2013 utarbeidd ein forstudierapport som handlar om ulike sider ved eit moderniseringsarbeid. Skattedirektoratet har òg greidd ut ulike konsept for val av framtidig personindikator/nytt personnummer.

Riksrevisjonen har påpeikt låg kvalitet på dei opplysingane som er i d-nummerdatabasen. Skattedirektoratet arbeider med moglege tiltak for å auke kvaliteten. Det er òg sett i gang eit formalisert arbeid mellom fleire departement om heilskapleg identitetsforvaltning i Noreg.

Modernisering av grunnlagsdata (MAG)

Dagens mange grunnlagsdatasystem i Skatteetaten skal byttast ut med eitt sams grunnlagsdatasystem, jf. Prop. 1 S (2011–2012). Grunnlagsdata er tredjepartsopplysningar som Skatteetaten får inn frå næringslivet, til dømes bankar og arbeidsgjevarar, og frå offentleg forvaltning. For Skatteetaten vert det ei stadig større og viktigare oppgåve å leggje til rette for at informasjonen som vert henta inn, er fullstendig og av god kvalitet. MAG vert grunnstammen i etatens løysingar for elektronisk innhenting av informasjon frå næringslivet. Den nye systemløysinga vert mellom anna eit viktig fundament for nye fellestener for arbeidsgjevarane ved realiseringa av a-ordninga – sjå omtalen nedanfor.

Den fyrste ordninga i MAG vart sett i drift vinteren 2013. Ordninga omfattar mottak av opplys-

ningar om innskot, utlån og rente frå bankar og finansinstitusjonar. I 2014 vart det sett i drift rapportering for taxi, gåver, tilskott, kontrolloppgåver frå primærnæringa og pass og stell av barn. I 2015 er det planlagt å innföra rapportering frå bustadselskap og bustadsameige. Med unntak av fire ordningar, vil dei attståande ordningane verte utvikla i 2015 og tekne i bruk i 2016. Ein av grunnane til at fire ordningar vert teken ut av MAG-prosjektet, er at rapporteringsløysinga for FATCA (den avtalte automatiske utvekslinga av opplysnigar om finansielle produkt mellom Noreg og USA) skal utviklast av MAG-prosjektet og verte ein del av grunnlagsdatarapporteringa til Skatteetaten. Endringa vil ikkje endre kostnadsramma til prosjektet.

I 1. halvår 2014 er uvissa i MAG-prosjektet analysert. Usikkerhetsomstende som påverkar gjennomföringa, er identifisert og vurdert. For 2015 er det sett av 55,4 mill. kroner til utviklinga av eit nytt sams grunnlagsdatasystem. Den prisjusterte kostnadsramma for perioden 2012–2016 for prosjektet er 233,8 mill. kroner inkl. mva og 218,5 mill. kroner eks. mva. I tillegg kjem 29 mill. kroner som er den berekna ressursbruken til Skattedirektoratets linjeorganisasjon i prosjektet. MAG-prosjektet skal utvikle funksjonalitet for innrapportering etter «lov om arbeidsgivers innrapportering av ansettelses- og inntektsforhold m.m.» (a-opplysningslova). Det arbeidet kjem i tillegg og vert finansiert gjennom løvinga til EDAG-prosjektet.

Nysams ordning for rapportering frå arbeidsgjevarane av tilsetjings- og inntektstilhøve m.m. (a-ordninga/EDAG-prosjektet)

I 2012 vart det vedteke å innföre ei ny sams ordning for rapportering frå arbeidsgjevarane av tilsetjings- og inntektstilhøve m.m. til Skatteetaten, Arbeids- og velferdsetaten (Nav) og Statistisk sentralbyrå (SSB), jf. Prop. 111 S (2011–2012) og lovframlegg i Prop. 112 L (2011–2012). Ordninga er omtalt som a-ordninga etter a-opplysningslova. Målet med ordninga er å samkøyre informasjonskrava frå styresmaktene til arbeidsgjevarane i ei sams ordning og gjere det lettare for arbeidsgjevaren å oppfylle opplysningsplikta si. Det er planlagt å setje ordninga i verk i januar 2015. Sjå tidlegare omtalar av ordninga i Prop. 1 S (2011–2012) og Prop. 1 S (2012–2013).

Ordninga vedkjem regelverka og ansvarsområda til ulike etatar, og ho er difor forankra i ei særskild lov (a-opplysningslova) som gjer regelverket lett tilgjengeleg for arbeidstakrar og mottakrar av løn, pensjon m.m. Lova vil regulere opp-

lysningsplikta til arbeidsgjevaren, forvaltinga av ordninga og måten etatare hentar inn opplysnigar på. Forskrift om arbeidsgivers innrapportering av ansettelses- og inntektsforhold med mer (a-opplysningsforskrifta) vart fastsatt 24. juni 2014.

Hausten 2012 sette Skatteetaten, Nav og SSB i gang EDAG hovudprosjekt. Føremålet med prosjektet er å utforme og gjennomføre a-ordninga. Skattedirektoratet har det overordna ansvaret for at EDAG hovudprosjekt vert gjennomført på ein god måte. Hovudprosjektet omfattar utviklingsarbeid og tilrettelegging av innföringa, etatsvise mottaksprosjekt, skiping av eit sams forvalningsapparat og det første året med drift i 2015. I 2015 skal ein gjennomføre sjølv innföringa av a-ordninga og sørge for eit velfungerande forvalting gjennom opprettning av Etatenes felles forvaltning (EFF).

I 1. halvår 2014 er uvissa i EDAG-prosjektet analysert. Usikkerhetsomstende som påverkar gjennomföringa, er identifisert og vurdert. Den største risikoene i prosjektet gjeld leverandørane av løn- og personalsystem si evne til å lage gode systemløysingar innanfor tilgjengeleg tid, og dei opplysningspliktige si evne til å tilpasse seg den nye ordninga. Det er satt i verk fleire tiltak for å redusere risikoene.

Den prisjusterte kostnadsramma for perioden 2012–2015 for prosjektet er på 619,0 mill. kroner inkl. mva og 596,4 mill. kroner eks. mva, medrekna ei uvisseavsetning på 143,9 mill. kroner inkl. mva. Uvisseavsetninga heng særleg saman med at prosjektet er innfløkt og involverer fleire etatar.

I 2015 skal prosjektet gjennomføre innföringa av a-ordninga, og sørge for ein vel fungerande forvaltning gjennom opprettninga av Etatenes felles forvaltning (EFF). I samband med analysen av uvissa i EDAG-prosjektet vart MAG- og EDAG-prosjekta sin del av ny, modernisert driftsplattform vurderte. Det vart konkludert med at MAG-prosjektet bør bere ein større del av kostnadene ved etablering av plattforma. Dette gjev ikkje endringar i dei totale kostnadsrammene til prosjekta. Eksklusiv meirverdiavgift er det satt av 189,1 mill. kroner til EDAG-prosjektet i 2015, og av dette gjeld 179,1 mill. kroner Skatteetaten. Medrekna meirverdiavgift er tala høvesvis 205,2 og 195,2 mill. kroner.

Modernisering av sistema for forskotsutskriving og skatteutrekning (SOFUS)

Skatteetaten starta i 2014 arbeidet med å modernisere prosessen og sistema for forskotsutskriving og skatteutrekning. Desse sistema er gamle, og faren for feil i utrekningane har auka. Dessutan er

det ressurs- og kostnadskrevjande å forvalte systema, og teknologiplattforma er utdatert. SOFUS-prosjektet er ein del av eit større arbeid med å fornye skatleggjingsprosessen og leggje til rette for den nye skatteforvaltningslova.

Moderniseringa skal sikre løpende skattebereking og vise skattytarane dei skattemessige fylgjene av endring i inntekt, frådrag og verde. Dette vil kunne styrke rettstryggleiken og dialogen med skattytar både ved berekning av forskot og ved skatteoppgjeret. Prosjektet skal gjennom moderniseringa av systemløysingane tryggje løpende produksjon, betre endringsevna og gje redusert vekst i forvaltningskostnadene.

Kostnadsramma i perioden 2014–2017 for prosjektet er 291,2 mill. kroner inkl. mva og 249,8 mill. kroner eks. mva, jf. Prop. 1 S (2013–2014). Prosjektet vil òg ha nokre aktivitetar i 2018, men dette vil ikkje påverke den totale kostnadsramma. Eksklusive meirverdiavgift er det i 2015 sett av 44,6 mill. kroner til arbeidet. Medrekna anslått meirverdiavgift er beløpet 53,7 mill. kroner.

Forenkla sjølvmelding for næringsdrivande med enkle skatteforhold

Skatteetaten skal utvikle ei ny, forenkla sjølvmelding for næringsdrivande med enkle skatteforhold, jf. omtale i Prop. 1 S (2013–2014). Det er rekna med at om lag 200 000, eller ein tredel av alle næringsdrivande, kan nytte ei slik sjølvmelding. Om lag 110 000 av desse nytta i dag papir eller portalløysinga til Altinn og er hovedmålgruppa for den nye løysinga. Mange av dei som i dag bruker årsoppgjørsprogram eller rekneskapsystem til rapporteringa, kan òg få glede av ei enklare sjølvmelding.

Det er grunn til å tru at verksemder som kan nytte den forenkla sjølvmeldinga, kan få monaleg lågare administrative kostnader. Ei forenkla sjølvmelding vil gje færre feil, raskare behandling og etter kvart truleg redusert ressursbehov i likningsbehandlinga. Den alternative sjølvmeldinga er det første steget i arbeidet med ei fullstendig fornying av sjølvmeldinga for alle grupper næringsdrivande. Kostnadsramme for prosjektet er 51,7 mill. kroner. Det er i 2015 rekna med 10,3 mill. kroner inkl. mva, medan det på kap. 1618, post 22, er sett av 8,4 mill. kroner eks. mva.

Metadata løysing for elektronisk samhandling

For å få til meir elektronisk samhandling i åra framover må offentlege verksemder ha eins data-

og omgrepssdefinisjonar (metadata). Inntil vidare nyttar ein SERES (semantikkregisteret for elektronisk samhandling) som løysing for informasjonsforvaltning for tenester i Altinn. Dette arbeidet vert leidd av Brønnøysundregistra. Skatteetaten bidreg i arbeidet. Sjå elles omtale i Prop. 1 S (2014–2015) for *Nærings- og fiskeridepartementet*.

I 2015 vil Skatteetaten arbeide vidare med informasjonsforvaltning gjennom å utvikle og utbetre etaten sin informasjonsmodell GMS (Generisk Metamodell Skatt). Etaten vil halde fram med å byggje kompetanse på fagfeltet.

Nytt analysesystem for gassalsavtalar (SAGA)

Ved behandlinga av Prop. 126 LS (2009–2010) *Endringar i skatte- og avgiftsreglene mv.*, vart det innført ei føresegn i petroleumsskattelova som pålegg petroleumsselskapa å gje Oljeskattekontoret opplysningar om sal av gass frå norsk sokkel. Føremålet er å hjelpe Skatteetaten i arbeidet med å kontrollere at gassen er verdsatt til marknadsverdi, jf. skattelova § 13-1. Lovendringa med forskrift tok til å gjelde 1. juli 2012.

Skatteetaten starta difor i 2011 å utvikle ei analyseløysing som gjev betre oversikt over og grunnlag for å analysere utvinningsselskapa sine gassalsavtalar. Utviklinga av løysinga er planlagt gjennomført i to fasar. Løysinga for å rapportere inn tilhøyrande analysegrunnlag (fase ein) vart sett i produksjon i 2012. Etter at ein har fått røynsle med å hente inn og analysere denne typen data tek fase to til i fyrste kvartal 2015. I fase to vil ein mellom anna vurdere om dataformatet bør endrast for å betre datakvaliteten og forenkle rapporteringa for selskapa. Ein vil òg vurdere moglege forbetringar av analysane. Prosjektet er planlagt avslutta i 2015, eitt år etter den opphavelege planen. Sjå òg Prop. 1 S (2012–2013).

Elektronisk samhandling ved tvangsføring – Statens innkrevjingssentral

Statens innkrevjingssentral har utarbeidd ei løysing for elektronisk samhandling (elektroniske sendingar) mellom alminnelege namsmenn og større inkassobyrå i samband med kravsmål og forliksklagar, jf. orienteringa i Prop. 1 S (2012–2013) for *Finansdepartementet*. Løysinga gjev gevinstar for staten, mellom anna kortare registreringstid, raskare innkrevjing, betre kvalitetsikring og færre feilregistreringar, lågare portoutgifter og fjerning av fysisk arkiv. Inkassobransjen får mindre utgifter til porto og papir når han går over til elektronisk registrering.

Sjølv om det er eit stort potensial for effektivisering med elektronisk samhandling, har det vist seg at dette tek tid då inkassobyråa må gjere store endringar i datasistema sine for at saksbehandlinga skal verte digital. Dette har forseinka innføringa. Arbeidet med å få fleire inkassobyrå til å nytte tenesta vil halda fram i 2015.

Elektroniske tenester – Statens innkrevjingssentral

Statens innkrevjingssentral (SI) starta i 2010 eit omfattande arbeid med å utvikle elektroniske tenester på nett. Forvaltninga skal legge til rette for at borgarane vil velje digitale løysingar i møte med det offentlege. SI har med utgangspunkt i dette utvikla ein ny nettstad der brukarane kan få effektiv og funksjonell sjølvbetening, og råd og rettleiing som er tilpassa deira situasjon. I utviklinga av dei digitale tenestene har det vore viktig for SI å setje brukarbehova i sentrum. I 2012 fekk SI prisen for brukarvennlegheit frå Den norske dataforening for arbeidet med nettstaden. I 2013 fekk SI sølv i Farmandprisen for beste offentlege nettstad, og vart kåra til «årets rakett» av Difi.

Dei elektroniske tenestane på nett er laga for både debitorar (skyldnarar) og kreditorar (oppdragsgjevarar). SI skal òg lage tenester for trekkpliktige (arbeidsgjevarar og Nav). I tillegg skal det lagast opne tenester for borgarane. Tenestene for kreditorar vart sett i drift i november 2013. Arbeidet med å utvikle tenestene både for debitorar og kreditorar held fram i 2014 og 2015.

SI vil i samarbeid med Politidirektoratet og alminneleg namsmann (AN) i 2014 og 2015 greie ut digitalisering av AN sine tenester.

Mål og budsjett 2015

Finansdepartementet har fastsett desse hovudmåla for Skatteetaten for 2015:

- Skattane skal fastsetjast rett og til rett tid
- Skattar og andre krav skal betalast til rett tid, og innkrevjast effektivt
- Folkeregisteret skal ha høg kvalitet
- Brukarane skal få god service

Måla er dels skrivne som visjonar for arbeidet. I den praktiske oppfølginga av etaten tek ein høgde for at det er operasjonelle risikoar som det kan vere for dyrt å gardere seg fullt ut imot. Ein må likevel vere medviten om kor store feil og manglar ein kan tolke.

Den underliggende målstrukturen vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Skatteetaten i samband med utforminga av

tildelingsbrev til etaten for 2015. På bakgrunn av overføringa av oppgåver til Skatteetaten som det er gjort greie for i del I pkt. 2.2, skal etaten i 2015 arbeide vidare med å utvikle målstrukturen.

Resultata i 2015 skal jamt over vere minst like gode som resultata i 2013, jf. omtalen ovanfor, der det mellom anna går fram kva som er satsingsområde og område som kan betrast.

Skatteetaten arbeidar jamt med å løyse oppgåvene sine betre. Heilt feilfri saksbehandling er likevel eit unrealistisk mål. I praksis må etaten vege kvalitet mot effektivitet.

Prosesssen med overføring av oppgåver til Skatteetaten er krevjande. Av røynsle er det då risiko for at slike prosessar i ein overgangsperiode kan påverke oppgåveløysinga. Ein kan ikkje fullt ut gardere seg mot noko svakare resultat for ei tid og på einskilde område.

Budsjettramma for Skatteetaten er sett til 5 466,6 mill. kroner i 2015. Det er ein auke på om lag 6,9 pst. frå saldert budsjett 2014. Auken kjem særleg av høgare investeringar og innlemming av Statens innkrevjingssentral i Skatteetaten, medan innføring av nettoordning for meirverdiavgift reduserer løyvingsbehovet her.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar mellom anna lønsutgifter, utgifter til opplæring, utgifter til leige og drift av kontorlokale, reiser, kontorutstyr m.m. Posten omfattar òg utgifter til rekneskapsføring, innkrevjing og kontroll av skatt frå oppdrags- og arbeidstakrarar som er skattepliktige i Noreg, men som ikkje har tilknyting til nokon kommune. Posten dekkjer mellom anna drift og forvalting av IT-systema til etaten, tiltak mot svart økonomi og skattekriminalitet og arbeid med utanlandske arbeidstakrarar. For 2015 er det gjort framlegg om å løyve 4 877,6 mill. kroner under post 01. Det er ein auke på om lag 7,4 pst. Auken kjem særlig av at driftsutgifter for Statens innkrevjingssentral er lagt til og av løns- og prisjustering.

Skatteetaten har nokre inntekter frå sal av tenester til andre statsinstitusjonar og kommunar, og ein del andre inntekter. Fordi det er uvisst kor store inntektene vil vere, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1618, post 01 Driftsutgifter, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4618, post 03 Andre inntekter, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Statens innkrevjingssentral har utgifter til tenester for eksterne oppdragsgjevarar. Finansdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1618, post 01 Driftsutgifter, mot tilsva-

rande meirinntekter under kap. 4618, post 02 Andre refusjonar, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 21 Særlege driftsutgifter

Posten omfattar Skatteetatens utgifter til innkrevjing av meirverdiavgift m.m., Skatteetatens del av dei kommunale skatteoppkrevjarane sine utgifter til innkrevjing av arbeidsgjevaravgift, skatt og trygdeavgift, og kostnader med tvangsförretning, tinglysing og garantistilling. For 2015 er det gjort framlegg om å løyve 157,7 mill. kroner under post 21.

Post 22 Større IT-prosjekt, kan overførast

Posten omfattar mellom anna løyving til etaten sitt arbeid med utvikling av sams grunnlagsdatasystem (MAG), EDAG hovudprosjekt og modernisering av systema for forskotsutskrivning og skatteutrekning. Prosjekta er nærmere omtalte ovanfor. For 2015 er det gjort framlegg om å løyve 323,6 mill. kroner under post 22.

For desse investeringsprosjekta kan det trenngast avtalar som går utover budsjettåret. Departemen-

mentet ber difor om at Skatteetaten får fullmakt til å inngå slike avtalar innanfor dei kostnadsrammene som er gjevne ovanfor, jf. framlegg til romartalsvedtak V.2.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar ei avsetning til IT-føremål, medrekna utgifter til større IT-utskiftingar i etaten. Posten kan også brukast til vedlikehald av programvara til etaten. For 2015 er det gjort framlegg om å løyve 104,6 mill. kroner under post 45.

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å tinga for meir enn det som er løyvt. Difor ber departementet om ei tingingsfullmakt på 35 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Post 70 Tilskot

Posten omfattar tilskot til Senter for skatteforskning ved Noregs handelshøgskule i Bergen, jf. omtale ovanfor. For 2015 er det gjort framlegg om å løyve 3,1 mill. kroner under post 70.

Kap. 4618 Skatteetaten

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr	63 971	82 000	67 000
02	Andre refusjonar			42 500
03	Andre inntekter	47 438	25 800	45 000
05	Gebyr for utleggsforretningar	38 989	28 000	40 000
07	Gebyr for bindande førehandsfråsegner	2 007	1 500	2 000
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	1 302		
16	Refusjon av foreldrepengar	34 787		
17	Refusjon lærlingar	150		
18	Refusjon av sjukepengar	84 081		
85	Misleghaldne lån i Statens lånekasse for utdanning			240 000
86	Bøter, inndragingar m.m.			1 300 000
87	Trafikantsanksjonar			70 000
88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret			200 000
89	Gebyr for regelbrot	100		2 500
Sum kap. 4618		272 725	137 400	2 009 000

Postane 02, 85, 86, 87 og 88 var tidlegare på kap. 4634 Statens innkrevjingsentral. Inntektene på desse postane er jamt over vanskelege å budsjetttere. Hovudgrunnen er at krava vert ilagde av andre. Særleg har straffekrav fra politi og domstolar variert mykje fra år til år.

Post 01 Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr

Posten omfattar refusjon av gebyr ved utleggsforretningar som vert utførte av dei alminnelege namsmennene, og staten sin del av dei refusjonane som skatteoppkrevjarane får inn frå debitorane, jf. kap. 1618, post 21.

Post 02 Andre refusjonar

Posten (tidlegare kap. 4634, post 02) omfattar refusjonar for utgifter verksemda ved Statens innkrevjingscentral har til tenester for oppdragsgjevarane. Det gjeld først og fremst innkrevjing av misleghalden kringkastingsavgift.

Post 03 Andre inntekter

Posten (tidlegare post 02) omfattar mellom anna refusjonar for datatenester som er utførte for andre statlege verksemder, gebyr for folkeregisteropplysninga og nokre andre refusjonar.

Skatteetaten framleiger ein del lokale. På grunn av den nære samanhengen som det her er mellom utgifter og inntekter, vil nettoføring gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettføre refusjonane som utgiftsreduksjon under kap. 1618 Skatteetaten, post 01 Driftsutgifter, jf. framlegg til romartalsvedtak IX.2.

Post 05 Gebyr for utleggsforretningar

Posten omfattar gebyrinntekter frå utleggsforretningar som skattekontora utfører sjølv.

Post 07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner

Posten omfattar inntekter frå gebyr for bindande førehandsfråsegner frå Skattedirektoratet og skattekontora.

Post 85 Misleghaldne lån i Statens lånekasse for utdanning

Posten (tidlegare under kap. 4634) omfattar inntekter frå innkrevjing av misleghaldne lån som er tapsførte i Statens lånekasse for utdanning.

Post 86 Bøter, inndragingar m.m.

Posten (tidlegare under kap. 4634) omfattar inntekter frå bøter (forenkla førelegg, vanlege førelegg og bøter som er ilagde ved dom), inndragingar og sakskostnader.

Post 87 Trafikantsanksjonar

Posten (tidlegare under kap. 4634) omfattar inntekter frå trafikkgebyr, parkeringsgebyr og overlastgebyr, utforda av politiet og Statens vegvesen.

Post 88 Forseinkingsgebyr, Reknesaksregisteret

Posten (tidlegare under kap. 4634) omfattar innbetaling av forseinkingsgebyr ilagde av Reknesaksregisteret.

Post 89 Gebyr for regelbrot

Posten (tidlegare post 85) omfattar inntekter frå gebyr for regelbrot som kan illeggjast» arbeidsgjevarar som ikkje kan leggje fram ei oppdatert personalliste. Nye lovforesegner om plikt til å ha personalliste gjeld frå 1. januar 2014. Inntektene i 2015 her er særslig sidan det ved budsjettettinga berre låg føre rekneskapstal for få månader i 2014.

Tilsegnsordninga ved oppfølging av konkursbu

For å sikre og følge opp krav i konkursbu som ledd i det offentlege innkrevjingsarbeidet vart det for 2013 gjeve fullmakt til å gje nye, vilkårsbundne tilsegner om dekking av kostnader ved vidare bubehandling for opp til 8 mill. kroner. Ved utgangen av 2013 låg det føre slike tilsegner for vel 9,8 mill. kroner. Tilsegnsfullmakta er knytt til kap. 1610 Toll- og avgiftsetaten, post 01 Driftsutgifter og kap. 1618 Skatteetaten, post 21 Spesielle driftsutgifter. Vidare har skatteoppkrevjarane etter § 4-6 i skatteoppkrevjarinstruksen høve til å gje tilsegn om opp til 0,5 G til dekking av utgifter til vidare bubehandling. Tilsegnna kan utvidast til opp til 1 G etter godkjenning frå skattekontoret. Når det er ein skatteoppkrevjar som gjev tilsegn, vert utbe-

talinga skuldskriven skatterekneskapen. Tilsegner frå skatteoppkrevjarane er ikkje omfatta av rapporteringa her.

Vanlegvis vert det gjeve tilsegn når ein reknar med at vidare bubehandling kan tilføre eit konkursbu aktiva, men buet ikkje har evne til å bere risikoen for kostnadene. I særlege tilfelle er tilsegna grunngjeven med preventive omsyn. Det gjeld mellom anna når mistanke om økonomisk kriminalitet tilseier at konkursbuet forfølgjer tilhøvet privatrettsleg eller overfører saka til påtalemakta. Ordninga medverkar dessutan til å avsløre brot på skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga og motverkar økonomisk tapping av verksemder.

Føremålet med tilsegsordninga er å tilføre skatte- og avgiftskreditorane verdiar som gjev betre dekning av skatte- og avgiftskrav som er

melde i buet. Skatteetaten opplyser at skatte- og avgiftskreditorane får ei meirdekning i konkursbu der det er gjeve tilsegn om midlar til vidare bubehandling.

Finansdepartementet ser på tilsegsordninga som viktig med tanke på både innkrevjing og allmennprevensjon. Ansvaret for å gje nye tilsegner er delegert til Skattedirektoratet og Toll- og avgiftsdirektoratet. Departementet gjer framlegg om å vidareføre ordninga i 2015 ved å gje Skattedirektoratet og Toll- og avgiftsdirektoratet fullmakt til å gje nye vilkårsbundne tilsegner om dekking av kostnader ved vidare bubehandling for opp til 8 mill. kroner innanfor ei samla fullmakt for nye og gamle tilsegner på 23,9 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak VIII. Finansdepartementet vil fordele fullmakta mellom dei to direktorata.

Tabell 5.15 Tilsegsordninga ved oppfølging av konkursbu

	(i 1 000 kr)
	Tilsegner
Samla ansvar per 1. januar 2013	9 826
Nye tilsegner i 2013	3 609
Tilsegsreduksjonar som følgje av utbetalingar i avslutta bu	- 487
Tilsegsreduksjonar som følgje av utbetalingar i ikkje avslutta bu	- 838
Differanse mellom tilsegner og utbetalingar i avslutta bu	-4 246
Samla ansvar per 31. desember 2013	7 863
Fullmakt til nye tilsegner i 2014	8 000
Framlegg til fullmakt til nye tilsegner i 2015	8 000
Framlegg til samla fullmakt i 2015 for nye og gamle tilsegner	23 863

Programkategori 23.30 Offisiell statistikk

Utgifter under programkategori 23.30

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	(i 1 000 kr) Pst. endr. 14/15
1620	Statistisk sentralbyrå	733 733	743 400	743 000	-0,1
	Sum kategori 23.30	733 733	743 400	743 000	-0,1

Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	(i 1 000 kr)
01	Driftsutgifter	542 654	524 900	523 500	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	188 063	208 300	210 900	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 016	10 200	8 600	
	Sum kap. 1620	733 733	743 400	743 000	

Statistisk sentralbyrå har hovudansvaret for å dekke behovet for statistikk om det norske samfunnet og driv omfattende forskingsverksemnd. Offisiell statistikk dekkjer dei fleste samfunnsområde og gjev viktig kunnskap om korleis samfunnet er bygd opp, korleis det verkar og korleis det utviklar seg. Statistikk er eit viktig grunnlag for planlegging og styring.

Oppgåvene til Statistisk sentralbyrå er regulerte i statistikklova og omfattar

- å kartlegge og prioritere behova samfunnet har for offisiell statistikk
- å samordne statistikk som vert utarbeidd av forvaltningsorgana
- å utvikle statistiske metodar og nytte statistikken til analyse og forsking
- å gje opplysningar til statistisk bruk for forskingsføremål og offentleg planlegging
- å ha det norske hovudansvaret for internasjonalt statistisk samarbeid

Statistikklova slår fast at Statistisk sentralbyrå er ein fagleg uavhengig institusjon som administras-

tivt er underlagd Finansdepartementet. Sjølvstendet i høve til styresmakter og interessegrupper er avgjerande for den tillita og autoriteten offisiell statistikk må ha. Høg kvalitet i statistikken er ein berebjelke i omdømet til Statistisk sentralbyrå. Kvalitet, datatryggleik og personvern er avgjerrande føresetnader for tillit hos oppgåvegjevarane og intervjuobjekta, og dermed for verksemda til Statistisk sentralbyrå.

Deltaking i internasjonalt statistisk samarbeid legg sentrale føringar på verksemda i Statistisk sentralbyrå. Deltakinga er med på å heve kvalitten på norsk statistikk og gjer han lettare å samanlikne med internasjonal statistikk. Den europeiske statistikklova, som inneholder retningslinjer for utvikling, produksjon og formidling av europeisk statistikk, er gjort gjeldande i norsk rett. Saman med FNs grunnleggjande prinsipp for offisiell statistikk, utgjer desse retningslinene eit internasjonalt rammeverk for verksemda til Statistisk sentralbyrå.

Statistisk sentralbyrå deltar òg i det internasjonale utviklingssamarbeidet for statistikk.

Organisering

Statistisk sentralbyrå prioriterer arbeid som gjev meir effektiv drift av verksemda og betra statistikkproduksjon. Talet på tilsette er redusert med vel 100 frå 2010 til 2013, utan at det har påverka produksjonen. Ved utgangen av 2013 hadde verksemda 912 tilsette, og av dei jobba 561 i Oslo og 351 på Kongsvinger. Statistisk sentralbyrå hadde dessutan 174 intervjuarar. Utanom intervjuorganisasjonen svarer bemanninga per 1. mars 2014 til 850 årsverk.

Departementet understreker at meir effektiv bruk av ressursar er naudsynt for at Statistisk sentralbyrå også i tida framover skal kunne løyse sine oppgåver på ein god måte. Den pågåande standariseringa av statistikkproduksjonen og andre IKT-satsingar dei siste åra bør gje grunnlag for effektiviseringsevinstar i verksemda. Ei generell effektivisering bør kunne gje grunnlag for å auke kvaliteten på, og omfanget av, den samla produksjonen av statistikk, også innanfor strammare rammer for statsoppdraget. Ein legg til grunn at Statistisk sentralbyrå bruker dei moglegheiter som ligg føre for å nå ei god måloppfylling.

Med heimel i statistikklova peiker Finansdepartementet ut styret for Statistisk sentralbyrå for periodar av normalt fire år. Nytt styre vart utpeika 1. januar 2014. I styret sit leiaren, nestleiaren og fem ordinære medlemer, mellom anna ein representant for dei tilsette. I tillegg har styret tre vara-medlemmer. Det er laga ein ny instruks til styret. Instruksen gjeld frå 1. januar 2014.

I samsvar med statistikklova fører styret alminneleg tilsyn med utviklinga i offisiell statistikk og med verksemda til Statistisk sentralbyrå.

Styret handsamar og godkjenner strategiar og planar for verksemda etter framlegg frå administrerande direktør. Styret handsamar og godkjenner årsrapporteringa og budsjettframlegga, og legg årsrapporten fram for departementet med ei særskild fråsegn frå styret. Styret skal òg sjå til at verksemda har tilfredsstillande intern kontroll.

Statistikkrådet er eit rådgjevande organ for Statistisk sentralbyrå og andre produsentar av statistikk i Noreg. Rådet skal medverke til samordning av produksjon og formidling av offisiell statistikk. Statistikkrådet er for tida samansett av representantar fra 25 statistikkprodusentar og registrereigarar. Administrerande direktør i Statistisk sentralbyrå leiar rådet.

Statistisk sentralbyrå har tett dialog med representantar for brukarar og oppgåvegevarar, og utvekslar informasjon med dei. Representantane gjev mellom anna råd om mål og prioriteringar innanfor ulike statistikkområde gjennom ei rekke rådgjevande utval.

Rapport 2013

Nedanfor følgjer ein nærmare omtale av sentrale resultatindikatorar for statistikkproduksjonen i 2013.

Aktualitet

Som mål på aktualitet til statistikken nyttar ein talet på veker frå referanseperioden går ut til statistikken vert publisert. Som det går fram av tabell 5.16, var produksjonstida for månads- og kvartalsstatistikkane om lag den same i 2013 som i 2012. For årsstatistikken vart aktualiteten betra.

Tabell 5.16 Aktualiteten til statistikken – talet på veker frå utgangen av referanseperioden til publisering¹

	2009	2010	2011	2012	2013
Månadsstatistikk	4,4	4,4	4,3	4,3	4,4
Kvartalsstatistikk	9,0	8,7	8,7	9,0	9,0
Årsstatistikk	40,6	37,2	38,9	35,4	34,0

¹ Tala for aktualitet for 2012 og 2013 er reviderte. Dette gjeld særleg for årsstatistikken der fleire statistikkar enn tidlegare no er inkludert. Aktualitetstala før og etter 2011 er difor ikkje direkte samanliknbare.

Punktleg publisering av statistikk

Statistisk sentralbyrå skal annonse tidspunkta for publisering på førehand. Dette vert gjort i ein kalender på nettsida *ssb.no*. Statistikken skal som

hovudregel publiserast på det tidspunktet som går fram av denne kalenderen. I 2013 vart 88 pst. av statistikkane publisert på det varsla tidspunktet. Av statistikkane med avvik kom ein tredel tidlegare enn varsla og to tredelar seinare.

Tabell 5.17 Publisering av statistikk – avvik frå varsla tidspunkt

	2009	2010	2011	2012	2013
Avvik frå varsla tidspunkt (i pst.)	12	11	12	13	12

Svarprosentar

For at statistikken skal halde høg nok kvalitet, er det viktig at svarprosenten er høg. Statistikklova gjev Statistisk sentralbyrå heimel til å bruke oppgåveplikt og eventuelt tvangsmulkt ved innsamling av data. Svarprosenten for Statistisk sentralbyrå sine undersøkingar med oppgåveplikt var den same i 2013 som i 2011 og 2012, jf. tabell 5.18.

For dei friviljuge undersøkingane var svarprosentane lågare i 2013. Utviklinga dei siste åra tyder på at svarprosentane har stabilisert seg på eit lågare nivå. Dette er ei utvikling som statistikkbyrå i fleire andre land òg har erfart. Statistisk sentralbyrå arbeider målretta for å auke svarprosentane, særleg i dei friviljuge undersøkingane. Verksemda arbeider òg for å finne metodar som kan gjere mindre utval meir representative, slik at tala vert meir utsegnskraftige.

Tabell 5.18 Svarprosentar i undersøkingar frå Statistisk sentralbyrå

Undersøkingar:	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Med oppgåveplikt	95	95	96	94	94	94
Friviljuge	73	74	67	61	63	61

Oppgåvebør

Berekningar frå Oppgåveregisteret i Brønnøysundregistera syner at arbeidet med rapportering til

Statistisk sentralbyrå svarer til om lag tre pst. av den samla oppgåvebøra for næringslivet i 2013. Som tabell 5.19 syner, har oppgåvebøra, målt i årsverk, gått klårt ned dei siste åra.

Tabell 5.19 Oppgåvebør ved rapportering til Statistisk sentralbyrå

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Samla (årsverk)	177	146	137	126	123	108
- Næringslivet i alt	107	103	100	86	79 ¹	85
- Andre	70	43	37	40	44	23

¹ Tal for 2012 er korrigert frå Prop. 1 S (2013–2014). Oppgåvebøra er redusert med 11 årsverk.

15 pst. av alle føretak i privat sektor vart bedne om å rapportere til Statistisk sentralbyrå i ei eller fleire undersøkingar i 2013. Nivået var det same som året før. Dei fleste føretaka i privat sektor (94 pst.) har færre enn 10 tilsette, og av dei fekk 11 pst. skjema frå Statistisk sentralbyrå. Dette er ein like stor del som i 2012. Tilsvarande var det 67 pst.

av føretak med 10–19 tilsette som fekk skjema, mot 64 pst. året før og 89 pst. av føretak med 20–49 tilsette, mot 86 pst. året før.

Føretak med fleire enn 50 tilsette utgjer om lag 1 pst. av populasjonen. I denne gruppa deltok 99 pst. i minst ei undersøking i 2013, mot 98 pst. året før.

Elektronisk rapportering frå næringslivet

Satsinga på elektronisk rapportering gjer mellom anna at ein ikkje lenger sender ut papirskjema til verksemdar og føretak som standard. Oppslut-

ninga om dei elektroniske løysingane aukar framleis, jf. tabell 5.20, og elektronisk rapportering er no norma for rapportering frå næringslivet. I 2013 vart i alt 87 pst. av skjema frå næringslivet til Statistisk sentralbyrå leverte elektronisk.

Tabell 5.20 Prosentdel av oppgåvegevarane som rapporterer elektronisk

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Elektronisk rapportering	53	63	65	77	84	87

Frigjevne statistikkar

I 2013 vart det i alt publisert 977 statistikkar frå Statistisk sentralbyrå. Det var 10 fleire enn året før, jf. tabell 5.21.

Tabell 5.21 Frigjevne statistikkar

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Frigjevne statistikkar	1 009	993	951	980	967	977

Feil i statistikken

Frå september 2012 har Statistisk sentralbyrå systematisk registrert feil i publiseringane av statistikk og rettingar av publisert statistikk. Alle endringar av tal og data i same publisering vert registrerte som berre éin feil. I 2013 registrerte Statistisk sentralbyrå feil i 9,4 pst. av publiseringane. 10 av feila vart vurderte som alvorlege, det vil seie at 1 pst. av publiseringane var råka.

Eurostat vil i 2014 og 2015 utføre ei fagfellevurdering («peer review») av Statistisk sentralbyrå og det norske statistikkssystemet. Det kan bidra til betre kvalitet og rutinar i statistikkproduksjonen.

Anna rapportering

Produksjon og formidling av statistikk

Nettstaden til Statistisk sentralbyrå, *ssb.no*, kom over på ei ny og moderne plattform i 2013. Dei nye systema har vore særskilt driftssikre, og det har vore få alvorlege tekniske feil etter lanseringa av den nye nettstaden. Ei stor brukarundersøking vart gjennomført tidleg i 2014. Delen tilfredse brukarar var 86 pst., det same som i ei tilsvarende undersøking frå vinteren 2012. Delen brukarar som fann det dei leita etter, auka samstundes frå 83 pst. til 87 pst. Det står samstundes igjen ei rekje utviklingsoppgåver som ikkje vart prioriterte før lanseringa av nettstaden. Også tilbakemeldin-

gar frå brukarane har vist eit behov for å utvikle nettstaden vidare.

Statistikkbanken er utgangspunktet for publisering av tabellar og datasett. Statistisk sentralbyrå utvidar jamt statistikkbanken med fleire tabellar og lengre tidsseriar. Over hundre av dei mest brukte datasetta er no tilgjengelege i API-format (maskin-til-maskin-format) som opne data.

Internasjonalt samarbeid

Det internasjonale arbeidet på statistikkområdet har med tida auka mykje. Samarbeidet inneber at det vert sett særskilde krav til innhald, omfang og kvalitet i statistikkane. For å møte slike krav må ein stadig tilpasse eksisterande statistikkar og utvikle nye. Internasjonale prioriteringar samsvarer ofte, men ikkje alltid, med Statistisk sentralbyrå sine eigne prioriteringar.

Det europeiske samarbeidet har størst omfang. EØS-avtalen sikrar at Noreg får delta i alle saksførebuande komitear og ekspertgrupper i regi av statistikkbyrået i EU (Eurostat). Statistisk sentralbyrå deltok på ei rekke møte i det statistiske samarbeidet i EØS i 2013.

Relevante statistikkrettsakter som er vedtekne av EU, vert tekne inn i vedlegg XXI om statistikk i EØS-avtalen og deretter innarbeidde i norsk rett. Ved utgangen av 2013 inneheldt vedlegget om lag 350 rettsaktar. EØS-komiteen tok

16 nye rettsakter inn i statistikkvedlegget til EØS-avtalen i 2013.

Internasjonalt utviklingssamarbeid

I tråd med målsetjingar i norsk utanriks- og bistandspolitikk er hovudmålet for Statistisk sentralbyrås utviklingssamarbeid å støtte opp om demokratiutvikling og arbeid mot fattigdom. Det er brei semje om at ein treng statistikk og uavhengige nasjonale statistikkbyrå for å stø opp om utviklingsretta politikk.

Statistisk sentralbyrå har heilt sidan 1960-talet stødd utvikling av statistikk i utviklingsland og i overgangsland. Samstundes har Noreg auka arbeidet med kapasitetsutvikling av offisiell statistikk i samarbeidslanda. Statistisk sentralbyrå bidreg med teknisk rådgjeving i samband med utvikling og iverksetjing av nasjonale strategiar for statistikk- og kapasitetsutvikling i samarbeidslanda sine eigne statistikkbyrå. Arbeidet vert for det meste organisert gjennom institusjonssamarbeid med systerorganisasjonar i utvalde land. I 2013 nytta Statistisk sentralbyrå om lag 20 årsverk til internasjonalt utviklingssamarbeid. Etaten har arbeidsgjeveransvar for dei som driv med dette. Dei internasjonale aktivitetane er finansierte gjennom oppdragsinntekter.

Informasjonstryggleik

Statistisk sentralbyrå syter heile tida for informasjonstryggleik i verksemda. I samband med aktuelle hendingar har ein testa rutinar og prosedyrar. Rutinane knytt til handtering av mindre avvik frå retningslinene, har vore tilfredsstillande handsama. Ny IKT-strategi i verksemda er nylig vedtatt og har gjeve klart auka merksemrd om informasjonstryggleik både gjennom endra rutinar og nye IKT-verktøy. Riksrevisjonen har revidert IKT-tryggleik knytt til mobile einingar og rutinar for tilgangar. Funn frå revisjonen vert følgde opp, mellom anna gjennom den nye IKT-strategien for verksemda, og vil bidra til å redusere risikoen på området.

Elektronisk datafangst

Moderniseringa av datafangsten i Statistisk sentralbyrå har resultert i meir effektive arbeidsprosessar og betre kvalitet på statistikken. Dette arbeidet held fram. Deltakinga i EDAG-prosjektet (Elektronisk dialog med arbeidsgjeverane) vart ført vidare, jf. nærmere omtale i kap. 1618. Både hovudprosjektet og Statistisk sentralbyrås mottaksprosjekt følgjer stort sett planane.

Nye rettsakter innanfor personstatistikk

Sidan juni 2008 er det vedteke 11 EU-rettsakter som har følgjer for personstatistikk, og fleire nye forordningar er i EUs vedtaksprosess. Alle forordningane krev at ein legg om eksisterande statistikk, med meir omfattande intervjuundersøkingar eller heilt nye datainnsamlingar. Dette vil bidra til utvikling av statistikk på fleire område, og til å dekkje behov frå fleire brukarar.

I 2013 har Statistisk sentralbyrå følt opp krav i forordningar innanfor utdanning, demografi og migrasjon, levekår og helse. Statistisk sentralbyrå har også arbeidd med å utvikle statistikk for arbeidsulykker og rapportering av undersøkinga om vaksne si læring. I 2013 vart det òg arbeidt med rapportering av Folke- og bustadstellinga til Eurostat. Dette arbeidet vert avslutta i 2014.

Hovudrevisjon av nasjonalrekneskapen m.m.

Revisjonen av nasjonalrekneskapsstatistikkane tek utgangspunkt i dei nye retningslinene som ein finn i FN sitt «System of National Accounts 2008» og det europeiske nasjonalrekneskapssystemet frå 2010. I tillegg reviderer Statistisk sentralbyrå utanriksrekneskapen i tråd med retningslinene frå IMF og OECD. Resultata frå hovudrevisjonen 2014 vert publiserte i november 2014.

Etter finanskrisa etterspør internasjonale organisasjonar stadig meir statistikk. IMF har etablert den nye «Special Data Dissemination Standard (SDDS) Plus» som omfattar datakategoriar innanfor finans- og utlandsstatistikk. Statistisk sentralbyrå har vurdert statistikkkrava. Det vil vere behov for overgangsordningar om Noreg skal slutte seg til SDDS Plus.

Sysselsetjings- og lønsstatistikk

I samband med satsinga på EDAG kjem Statistisk sentralbyrå til å utvikle sysselsetjings- og lønsstatistikken sin vidare. EDAG vil gje større og betre grunnlag for statistikkane og gjøre sysselsetjingsstatistikken meir aktuell. I 2013 og fyrste del av 2014 har Statistisk sentralbyrå etablert mottaksordninga mellom det sentrale mottaket i Skattekonsolideringa og mottaket i Statistisk sentralbyrå. Ei omdanning frå rådata til mikrodata er etablert. Statistisk sentralbyrå har starta arbeidet med overgang frå mikrodata til statistikkdata, der det vert lagt stor vekt på samordning av sysselsetjings- og lønsstatistikken for lønstakarar. Det vert arbeid vidare med korleis Arbeidskraftundersøkinga (AKU) kan dra nytte av det nye datamaterialet frå EDAG.

Forsking og analyse

Forskningsprosjekta følgde stort sett planane gjennom 2013, også når det gjeld levering av oppdaterte modellar og modelltenester, og gjennomføring av analysar for forvaltninga.

Arbeidet med konjunkturanalysar, makromodellar og modelloppgåver for forvaltninga og Stortinget vart vidareført i 2013. Som planlagt vart det publisert tre konjunkturanalyser i 2013. I makromodellane vart mellom anna samspeleffektar mellom bustadprisar og gjeld i hushalda inkludert. Statistisk sentralbyrå har også ført vidare arbeidet med langsiktige studiar av samanhengane mellom demografi, statsfinansar og økonomisk utvikling.

Statistisk sentralbyrå har gjennomført skatte- og pensjonsanalyser i tråd med planane, og har halde fram med å leve tenester til forvaltninga og partia på Stortinget. Fordelingsanalyser er utvikla vidare med vekt på fordeling av inntekt og formue og effektar av offentlege velferdsordningar. Skatte- og trygdemodellane vart utvikla vidare. LOTTE-Skatt-modellen vart i 2013 oppdatert med nytt grunnlag mykje tidlegare enn før. Utviklinga av mikrosimuleringsmodellar for trygdeytigar (LOTTE-Trygd) og skattlegging av verksemder (LOTTE-AS) har vorte prioritert.

Gjennom 2013 har Statistisk sentralbyrå vidareutvikla fleire av dei økonomiske modellane for analyse av norsk, europeisk og global økonomi, med særskild vekt på klima og energimarknader. Dei nye modellane har også vorte aktivt nytta i anvendte økonomiske analysar.

På bakgrunn av verksemda sine mikrodata er det gjennomført analysar av mellom anna tilstrøyming til trygdesystemet, entreprenørskap, produktivitet og skattlegging av verksemder.

Analysar av befolkningssamsetning og demografisk åferd vart vidareført. Arbeidet med framskrivingane av befolkninga vart omorganisert.

Produktivitet

Statistisk sentralbyrå arbeider kontinuerleg med å effektivisere arbeidsprosessane og auke produktiviteten. I 2013 vart det starta eit eige prosjekt som omfattar heile verksemda og har som mål å betre organisasjonen si evne til omstilling og effektivisering. Statistikkproduksjonen til Statistisk sentralbyrå var i 2013 på om lag same nivå som i 2012. Samstundes vart talet på tilsette redusert frå 958 til 912. Dette syner at Statistisk sentralbyrå auka produktiviteten i 2013.

Sentrale prioriteringar

Statistisk sentralbyrås hovudoppdrag er å produsere statistikk og analysar til nytte for samfunnet. Byrået arbeider systematisk med å utvikle og forbetre statistikken og analysane. Dei sentrale prioriteringane for 2015 tek utgangspunkt i Statistisk sentralbyrås strategiske hovudmål og internasjonale krav til statistikkproduksjonen, særleg EØS-forordningar.

Den gjeldande strategien vart vedteken i 2014. Strategien er bygd opp kring seks hovudmål:

- Statistisk sentralbyrå skal vere samfunnet sin leiande faktaleverandør.
- Statistikken skal møte behova til brukarane.
- Relevant forsking og analyse skal gje meirverdi til statistikken.
- Statistisk sentralbyrå skal delta i internasjonalt samarbeid om statistikk.
- Statistisk sentralbyrå skal ha god tilgang til datakjelder.
- Statistisk sentralbyrå skal vere ein effektiv og kunnskapsbasert organisasjon.

Offisiell statistikk er eit felles gode, og Statistisk sentralbyrås statistikkar og analyser skal kome heile samfunnet til gode. Hovudmåla syner korleis Statistisk sentralbyrå skal forvalte den faglege fridommen, mellom anna korleis ein prioriterer mellom ulike statistikkområder, kva som skal publiserast og korleis det skal gjerast. Hovudmerksemda skal ligge på verksemda sine kjerneoppgåver. Statistisk sentralbyrå vurderer kontinuerleg om det trengst nye statistikkar og kva statistikkar som ein kan leggje ned. Det kan også vere ein del av vurderinga av å gjere verksemda meir effektiv, jf. eige avsnitt om organisering.

Etterspurnaden etter ny og betre statistikk og analysar aukar, og statistikkane må tilpassast endringar i brukarbehova. Samstundes skal eksisterande statistikk halde like god kvalitet og vere like aktuell som før. På ei rekkje område må statistikken produserast i samsvar med internasjonale krav og retningsliner. Desse må i størst mogleg grad sjåast i samanheng med eigne statistikkprioriteringar.

Det er eit mål å utvikle effektive metodar slik at oppgåvebøra for personar og føretak vert så låg som råd er. Bruk av offentlege register og elektronisk rapportering er viktig for å nå målet, og kan også medverke til vidare effektivisering.

Statistisk sentralbyrå skal nytte eigne ressurser på ein mest mogleg effektiv måte. Arbeidet med å auke produktiviteten vil halde fram i 2015. Regjeringa legg til grunn at alle statlege verk-

semder gjennomfører årlege tiltak for å auke produktiviteten. For å gje incentiv til meir effektiv statleg drift og skape handlingsrom for prioriteringar, vil ein trekkje ut delar av desse produktivitetsgevinstane. Statistisk sentralbyrå må dermed vere førebudd på at budsjetta kan verte stramme framover.

Verksemda må leggje betydeleg vekt på kostnadseffektivitet i oppgåveløysinga og organiseringa. Både gjennomført og pågående standardisering av statistikkproduksjonen og andre IKT-satsingar bør gje grunnlag for effektiviseringsgevinstar i verksemda. Talet på tilsette er redusert med vel 100 personar frå 2010 til 2013, utan at det har redusert den samla produksjonen. Framover bør òg ei generell effektivisering kunne gje grunnlag for å auke kvaliteten på og omfanget av den samla produksjonen av statistikk, òg innanfor strammare rammer for budsjettet og med færre tilsette. Ein legg til grunn at Statistisk sentralbyrå bruker dei moglegheiter som føreligg for å rasjonalisere og omstille verksemda.

Informasjonstryggleik

Arbeidet med datatryggleik skal prioriterast høgt i 2015 òg. Statistisk sentralbyrå vil ta del i relevante, sentrale øvingar der tryggleik og beredskap er tema. Den nye IKT-strategien i verksemda vil òg vere eit viktig verktøy for å auke datatryggleiken.

Formidling av statistikk og analyse

Ssb.no er hovudkanalen for formidling av statistikk og analyse frå SSB. Nettstaden har vorte modernisert i eit fleirårig prosjekt. Den nye nettstaden vart lansert i fyrste kvartal 2013. Brukarundersøkingar har vorte nytta i arbeidet med den nye nettstaden.

Statistikkbanken er eit utgangspunkt for publisering av tabellar og datasett. Statistikkbanken vert heile tida utvida med fleire tabellar og lengre tidsseriar. Alle data er fritt tilgjengelege og kan enkelt lastast ned i ulike format. Både ei brukarundersøking og andre tilbakemeldingar syner at det er eit behov for å utvikle statistikkbanken vidare. Statistisk sentralbyrå utviklar og tek i bruk nye tekniske løysingar for rapportering av data til Eurostat via statistikkbanken på stadig nye statistikkområder i dei nærmaste åra.

Modernisering av datafangst

Statistisk sentralbyrå held stendig fram med å modernisere og effektivisere datainnsamlinga for å møte nye internasjonale krav, betre kvaliteten og avgrense oppgåvebøra.

Elektronisk samhandling gjennom nye rapporteringsløysingar, elektronisk meldingsteneste og meir effektive utval er viktige verkemiddel for å avgrense oppgåvebøra for næringslivet. Nye datafangstløysingar i Altinn II vil gje grunnlag for å redusere talet på portalløysingar gjennom å fase ut Statistisk sentralbyrås eigne system for informasjons- og datautveksling med næringslivet (IDUN). Takk vere dei nye datafangstløysingane i Altinn II vert dagens skjemabaserte løysingar og rapportering på lite tenlege format erstatta med meir moderne og automatiske løysingar for uttrekk av data. Løysingane vil verte meir brukarvennlege og konsistente for Statistisk sentralbyrås oppgåvegevarar.

Arbeidet med å standardisere og betre statistikkproduksjonen held fram gjennom vidare utvikling av sams datamottak til mellom anna registerinformasjon. Statistisk sentralbyrå skal òg vidare utvikle metadatasystem og etablere eit godt samvirke basert på felles metadata. Utvikling av felles løysingar vil verte nytta av EDAG og andre prosjekter i Statistisk sentralbyrå, irekna løysingar med kopling mot revisjonssistema ISSE (integriert system for datarevisjon og estimering).

Moderniseringa omfattar òg ein gradvis overgang til full elektronisk kommunikasjon med oppgåvegevarane.

Forbruksundersøkinga

I 2013 publiserte Statistisk sentralbyrå resultat frå forbruksundersøkinga etter at ho vart lagd om frå ei årleg undersøking til ei periodisk undersøking basert på eit større utval. Resultata frå forbruksundersøkinga vert nytta i ulike samanhengar til dømes i økonomiske analysar og levekårsanalysar. Statistisk sentralbyrå evaluerer resultata frå denne undersøkinga, og er no i gang med å utvikle eit nytt system for innsamling av data til forbruksundersøkinga. Ei ny undersøking er planlagt i 2017.

Forbruksundersøkinga krev omfattande datainnsamling, og svarprosenten har gått ned over tid. Det er difor viktig å sjå på alternative metodar for datafangst og vurdere om det er mogleg å samle inn data elektronisk i større grad enn i dag.

Auka krav til personstatistikk

Etterspurnaden etter personstatistikk har auka, både nasjonalt og internasjonalt. Som følgje av nye internasjonale krav vil Statistisk sentralbyrå i 2015 utvikle ny statistikk og rapportering innanfor demografi, helse og levekår. Ei ny forordning om demografi krev konsistens med forordninga om migrasjon, og ein vil gjere tilpassingar for å møte krava. Statistisk sentralbyrå utviklar ny statistikk over arbeidsulykker. Denne skal oppfylle både nasjonale brukarbehov og internasjonale krav og vil verte publisert i 2015.

Som følgje av ei forordning på helseområdet vil Statistisk sentralbyrå gjennomføre ei nasjonal intervjuundersøking om helse i 2015, med rapportering av resultat til Eurostat i 2016. Statistisk sentralbyrå skal samordne undersøkinga med den nasjonale undersøkinga om helse, og dette medfører at undersøkinga vert lagt om og utvida. Undersøkinga vil gje data som er eigna for internasjonal samanlikning og vil vere ei viktig kjelde for data til offentleg planlegging, forsking og overvaking av helse.

Auka internasjonalisering av næringslivet

Nye, reviderte internasjonale retningsliner vert for tida innarbeidde i nasjonalrekneskapsstatistikkane. Samstundes vurderer Statistisk sentralbyrå andre sider av statistikkgrunnlaget, mellom anna korleis internasjonaliseringa av næringslivet påverkar statistikkane som ein nyttar i nasjonalrekneskapen. Arbeidet inneber å kartlegge store verksemder som handlar med utlandet, eig verksemder i utlandet eller er eigde frå utlandet. Å få auka kvalitet på tala for eksport og import av varer og tenester, i tillegg til finansielle transaksjonar til og frå utlandet, er krevjande. Det vil difor ta tid å fornye og modernisere innsamlinga av data slik at dei tilfredsstiller kvalitetskrava i nasjonalrekneskapen.

Å betre og utvide kjeldene for finansstatistikk overfor utlandet vil vere ei viktig oppgåve i 2015. Internasjonaliseringa av næringslivet gjer det krevjande å halde oversikt over dei store konserna, dele inn i einingar på nasjonalt nivå og samle inn data frå globale føretak. I samband med dette følgjer Statistisk sentralbyrå òg opp framlegget frå Eurostat om ny rammeverksforordning for næringsstatistikk (FRIBS).

Endra tilgang til rekneskapsdata

Rekneskapsdata som vert henta inn frå register i Skatteetaten og Brønnøysund, er sentrale kjelder i

den økonomiske statistikken. Omleggingar hos registereigarane gjer at Statistisk sentralbyrå må legge om produksjonssystemet for statistikkane dette gjeld, og endre løysingane for datafangst.

Forsking og analyse

Statistisk sentralbyrå si forskingsverksemd skal gje statistikken meir verdi gjennom relevant forsking og analyse, og gje ny kunnskap om økonomisk åferd og økonomiske verknader av ulike hendingar, mellom anna politiske tiltak. Forskinga skal òg verke tilbake på statistikken, og slik gjere statistikkproduktet betre. Forskinsverksemda vil halde fram i 2015. Det vil òg tenestane overfor forvaltinga og partia på Stortinget.

Statistisk sentralbyrå skal oppdatere og utvikle vidare skatte- og pensjonsanalysane. Fordelingsanalysar vil verte vidareutvikla med vekt på fordeling av inntekt og formue og effektar av offentlege velferdsordningar.

Statistisk sentralbyrå skal styrke den makroøkonomiske forskinga. Konjunkturanalysane held fram. Makromodellane vil verte utvikla vidare i dialog med brukarar. Arbeidet med studiar av dei langsiktige samanhengane mellom demografi, statsfinansar og økonomisk utvikling vert førde vidare.

Analysane av åferda til verksemder, individ og hushald skal førast vidare. Ein legg vekt på å inkludere resultat frå denne forskinga i modellane. Tema som vert prioriterte er mellom anna entreprenørskap og produktivitet, bedriftsskattar, val av utdanning, pensjon og faktorar som påverkar tilstrøyminga til trygdesystemet.

Studiar av internasjonale energimarknader og av norsk og europeisk energi- og klimapolitikk held fram. Vidare utvikling av analyseverktøy for å studere norsk klimapolitikk i ein internasjonal samanheng vil ha høg prioritet.

Arbeidet med befolkningsframskrivningar held fram. Analysar av innvandring og døyeleghet vert vidareført. Analysar av utviklinga i fruktbarheit vert òg meir omfattande.

Budsjett 2015

Departementet gjer framlegg om ei budsjetttramme for Statistisk sentralbyrå i 2015 på 743,0 mill. kroner. Framlegget inneber ein reell reduksjon i løvinga på nærmare 12 mill. kroner frå 2014.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til løn, opplæring, leige og drift av kontorlokale, reiser, kontorutstyr o.a. For

2015 gjer departementet framlegg om ei løying om ei løying på 523,5 mill. kroner under post 01.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Spesielle driftsutgifter er knytte til brukarfinansierte oppdrag. Posten omfattar utgifter til løn, opplæring, leige og drift av kontorlokale, reiser, kontorutstyr o.a. For 2015 gjer departementet framlegg om ei løying på 210,9 mill. kroner. Ved brukarfinansierte oppdrag vert utgiftene posterte på kap. 1620 *Statistisk sentralbyrå*, post 21 *Spesielle driftsutgifter*. Inntekta frå slike oppdrag skal dekke utgiftene og vert postert på kap. 4620 *Statistisk sentralbyrå*, post 02 *Oppdragsinntekter*. Inntektsframlegget overstig utgiftsfralegget med 3,2 mill. kroner. Det svarer til den meirverdiavgiftsut-

gifta ein reknar med ved brukarfinansierte oppdrag og som skal posterast på kap. 1633.

Statistisk sentralbyrå kan overskride løyinga til oppdragsverksemda på kap. 1620, post 21 *Spesielle driftsutgifter*, med eit beløp som svarer til meirinntektene på kap. 4620, post 02 *Oppdragsinntekter*. Eventuelle unytta meirinntekter kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på post 21, jf. framlegg til romertsvedtak II.2.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Det meste av løyinga skal brukast til utvikling av systema for statistikkproduksjon, datatryggleik og Statistisk sentralbyrås teknologiske plattform elles.

Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Salsinntekter	242	300	300
02	Oppdragsinntekter	195 945	208 300	214 100
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	420		
16	Refusjon av foreldrepengar	7 058		
18	Refusjon av sjukepengar	9 536		
85	Tvangsmulkt	14 754	10 000	10 000
Sum kap. 4620		227 955	218 600	224 400

Post 02 Oppdragsinntekter

Sjå omtale under kap. 1620, post 01.

Post 85 Tvangsmulkt

Statistisk sentralbyrå har med heimel i statistikklova høve til å leggje tvangsmulkt.

Programkategori 23.40 Andre føremål

Utgifter under programkategori 23.40, fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag	(i 1 000 kr)
		2013	budsjett 2014	2015	Pst. endr. 14/15
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	18 785 676	21 490 000	22 020 000	2,5
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift			5 150 000	
1634	Statens innkrevjingssentral	305 024	299 000		-100,0
1638	Sal av klimakvotar	872 276	3 700		-100,0
1645	Statens finansfond	3 000	3 000		-100,0
Sum kategori 23.40		19 965 976	21 795 700	27 170 000	24,7

Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2013	budsjett 2014	2015
61	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	17 185 303	19 800 000	20 200 000
72	Tilskot til private og ideelle verksemder, <i>overslagsløyving</i>	1 600 373	1 690 000	1 820 000
Sum kap. 1632		18 785 676	21 490 000	22 020 000

Post 61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2004 vart det innført ei allmenn ordning der kommunar og fylkeskommunar vert kompenserte for meirverdiavgift på kjøp av varer og tenester. Føremålet med ordninga er at meirverdiavgifta i minst mogleg mon skal påverke avgjerdene som kommunane tek om anten å produsere avgiftspliktige tenester med eigne tilsette eller å kjøpe dei frå private. Ordninga vart finansiert med ein reduksjon i dei frie inntektene til kommunane. Den allmenne kompensasjonsordninga kom i staden for ei avgrensa kompensasjonsordning som vart innført i 1995.

I saldert budsjett for 2014 vart det lagt til grunn ei utgift på 19 800 mill. kroner i momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar. For 2015 er kompensasjonen rekna til 20 200 mill. kroner.

Kommunane sender inn oppgåver over kompensasjon for meirverdiavgift til avgiftsstyresmaktene annankvar månad slik som i det ordinære meirverdiavgiftssystemet, men det er også mogleg å levere årsoppgåver. Utbetalingane skjer etter kvart og innan tre veker etter innsending. Dokumentasjonskrava i samband med innsending av krav om kompensasjon er forenkla ved at krava berre skal ha stadfesting frå revisor. Krav frå private tenesteprodusentar kan sendast direkte til avgiftsstyresmaktene. Det er ei minstegrense på 20 000 kroner

for kompensasjonsbeløp per år for at verksemder skal kome inn under ordninga. Ordninga gjeld nokre private og ideelle verksemder òg. Det er ein eigen tilskotspost for desse, jf. post 72.

Post 72 Tilskot til private og ideelle verksemder, overslagsløyving

For ikkje å medverke til konkurransevriding mellom kommunal og privat produksjon av sentrale velferdstenester er private og ideelle verksemder òg omfatta av ordninga. Det gjeld private og ideelle verksemder som utfører slike sosiale

tenester og helse- og undervisningstenester som kommunane ved lov er pålagde å utføre. Det er på desse områda ein reknar med at kompensasjonsordninga i størst mon vil kunne gje kommunane ein konkurranseføremoen framfor private verksemder utan avgiftsplikt. Dei private og ideelle verksemdene som er omfatta av ordninga, skal sende krav etter dei same kriteria som kommunane.

I saldert budsjett for 2014 vart det lagt til grunn ei utgift på 1 690 mill. kroner på denne poseten. For 2015 er kompensasjonen rekna til 1 820 mill. kroner.

Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	(i 1 000 kr)	Forslag 2015
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>			5 150 000	
	Sum kap. 1633			5 150 000	

Nøytral meirverdiavgift for statsforvaltninga

Regjeringa varsla i Prop. 1 LS Tillegg 1 (2013–2014) at ein ville prioritere arbeidet med å få på plass ei ordning med nøytral meirverdiavgift i statleg sektor og for helseføretaka. Regjeringa foreslar i budsjettet for 2015 ei ordning med nettoføring av meirverdiavgift for utgiftene over postane 01–49 for ordinære statlege forvaltningsorgan. For helseføretaka er det naudsynt med fortsatt utgreiing av korleis ei slik ordning kan innrettast.

Store delar av offentleg sektor er i dag utanfor meirverdiavgiftslova, og har difor ikkje frådragsrett for meirverdiavgift på anskaffingar til bruk i verksemda. Når statlege verksemder kjøper tenester frå private må dei betale meirverdiavgift, medan det ikkje kjem til meirverdiavgift dersom verksemda nytta eigne tilsette til å utføre tenesta. Dagens ordning motiverer til eigenproduksjon av einskilde tenester, og kan vere til hinder for effektiv bruk av ressursane i samfunnet. Ei ordning som nøytraliserer meirverdiavgifta i statleg sektor, kan difor bidra til ein meir effektiv ressursbruk ved at meirverdiavgifta ikkje lenger er til hinder for at billigaste alternativ vert valt.

I arbeidet med å greie ut nøytral meirverdiavgift er det fleire forhold som må vurderast nøye. Særleg viktig er det at ein ikkje legg til opp til ei ordning som skapar nye konkurransevrideringar mot private tilbydarar og at forholdet til statsstøtte-

regelverket etter EØS-avtalen er vurdert. Ei ordning bør vere budsjettøytral, slik at løyvingane til statlege verksemder vert sett ned tilsvarende forventa betalt meirverdiavgift. Frå 2015 foreslar Regjeringa å innføre ei ordning for ordinære bruttobudsjeterte statlege forvaltningsorgan.

Ordninga frå 2015 liknar ordninga som regjeringa Bondevik II foreslo i budsjettet for 2006. Det inneber ei ordning med nettobudsjettering, der ordinære forvaltningsorgan ikkje vert belasta meirverdiavgift på sine budsjettkapittel. I staden har verksemdene i ordninga fullmakt til å postere betalt meirverdiavgift på ein eigen utgiftspost – kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter, i statsrekneskapen. Denne ordninga er avgrensa til ordinære forvaltningsorgan som rapporterer sitt løyvingsrekneskap til statsrekneskapen og som har eit mellomvære med statskassa.

Dette inneber at statlege forvalningsverksemder og nettobudsjeterte verksemder ikkje er omfatta av ordninga no. For å unngå nye konkurransevrideringar er i tillegg einskilde ordinære statlege verksemder haldne utanfor ordninga. Så snart som mogleg skal ein søkje å få også desse verksemdene inn i ordninga. Sosiale tenester, undervisningstenester, finansielle tenester, einskilde kulturtenester og omsetjing og utleige av fast eigedom er omsetjing som i hovudsak er unntatt frå meirverdiavgift. Dersom statlege verksemder med slike tenester vert kompenserte for

betalt meirverdiavgift, vil det oppstå ny konkurranseridning der statleg eigenproduksjon vert billigare enn å kjøpe tenesta i marknaden. Verk-

semder som er haldne utanfor ordninga, går fram av tabellen nedanfor.

Tabell 5.22 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift – forvaltningsorgan utanfor ordninga

Forvaltningsorgan haldne utanfor ordninga	Grunngjeving
Arbeids- og velferdsetaten (Nav), Barne-, ungdoms- og familieetaten (BUF-etat) og Utlendingsdirektoratet	Sosiale tenester (unntatt mva.)
Statens fagskole for gartnerar og blomsterdekoratørar, Statped, Politihøgskolen, same-skolane i Midt-Noreg, Karasjok og Kautokeino, og Det praktisk-teologiske seminar	Undervisningstenester (unntatt mva.)
Lånekassa, Husbanken og Statens pensjonskasse (boliglånordning)	Finansielle tenester (unntatt mva.)
Rikskonsertane, Riksteateret og Kunst i offentlege rom	Kulturelle tenester (unntatt mva.)
Forsvarbygg	Fast eigedom (unntatt mva.)
Statens vegvesen	Fast eigedom (unntatt mva.)
Den norske kyrkja (Kirkerådet og Bispedømeråda)	Arbeid med eit tydeleg skilje mellom kyrkja og staten
Statsbygg, Garanti-instituttet for eksportkreditt, Statens kartverk, Statens pensjonskasse Forvalningsbedrift, Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE-anlegg og SDØE	Forvaltningsverksemder
Direktoratet for nødkommunikasjon og Jernbaneverket	Full ut mva-pliktige og får allereie frådragsført all meirverdiavgift
Verksemder som mottek budsjettet som utbeta-ling frå sitt fagdepartement på 50-post	Nettobudsjettet verksemd

Betalt meirverdiavgift som del av eit forvaltningsorgans meirverdiavgiftspliktige omsetjing, får verksemda allereie frådragsført. Den meirverdiavgifta inngår difor ikkje i nettoordninga og kan ikkje posteras på kap. 1633, post 01.

Nettoordninga for statleg betalt meirverdiavgift er ikkje ein del av meirverdiavgiftsordninga. Men ein legg opp til at meirverdiavgift som ikkje gjev rett til frådrag etter meirverdiavgiftslova kap. 8, heller ikkje skal inngå i nettoordninga. Dette gjeld mellom anna meirverdiavgift på varer og tenester som også kan nyttast til private føremål, som servering, personkøyretøy m.m. Dette er dei same avgrensningane som gjeld i frådragsretten for meirverdiavgiftspliktige verksemder og i kompensasjonen for kommunar og fylkeskommunar. Vidare er som hovudregel ikkje meirverdiavgift

på kjøp til bygg, anlegg eller annan fast eigedom omfatta av ordninga. Finansdepartementet vil i eit eige rundskriv til forvaltinga gje nærmare føresegner om nettoordninga.

Nettobudsjettering av meirverdiavgift inneber reduserte utgifter for dei verksemndene som er med i ordninga. For at innføringa skal vere budsjettøytral er løyvingane til dei forvaltningsorgana som ordninga omfattar, reduserte tilsvarande venta utgifter til meirverdiavgift i 2015. Trekket for meirverdiavgift er basert på innrapporterte tal frå departementa. Samla er drifts- og investeringsløyvingane til departementa sett ned vel 5 150 mill. kroner. Same beløp er foreslått løvd på kap. 1633, post 01. Omlegginga er også omtalt i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*, kap. 21.

Kap. 1634 Statens innkrevjingssentral

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	294 700	282 500	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	10 324	16 500	
	Sum kap. 1634	305 024	299 000	

Føremål, hovedoppgåver og organisering

Statens innkrevjingssentral (SI) skal syte for effektiv og rett innkrevjing på vegne av oppdragsgjevarane og yte god service. SI har som hovedoppgåve å krevje inn straffekrav som er utforda av justisstyresmaktene, avgifter, gebyr og misleghaldne krav for andre statlege verksemder. Verksemda skal også drifte og vidareutvikle eit samsaksbehandlarsystem for SI og dei alminnelege namsmennene (SIAN), forvalte ein database for samordning av utleggstrekk og levere økonomitenester til politi- og lensmannsetaten (PLØS).

Verksemda ligg i Mo i Rana og hadde per 1. mars 2014 ei bemanning som tilsvarte 338 årsverk. Per 1. januar 2014 hadde SI 35 statlege oppdragsgjevarar og 191 ulike slags krav til innkrevjing.

1. januar 2015 skal Statens innkrevjingssentral innlemmaste i Skatteetaten, jf. omteile i del I kap. 2.2 og kap. 1618.

Mål og resultat 2013

Driftsresultata til SI vert vurderte etter fire hovudmål for verksemda, jf. nedanfor. Måla er dels skrivne som visjonar for arbeidet. I den praktiske oppfølginga av verksemda tek ein høgd for at det er operasjonelle risikoar som det kan vere for dyrt å gardere seg fullt ut imot. Ein må likevel vere medviten om kor store feil og manglar ein kan tolke.

Hovudmål 1: Innkrevjinga skal vera effektiv

SI skal syte for ein høg innkrevjingsgrad for både straffekrav utforda av justisstyresmaktene, og for avgifter, gebyr og misleghaldne krav frå andre statlege verksemder.

SI skal ha god ressursutnytting.

Tabell 5.23 Statens innkrevjingssentral – registrerte krav og innkravd beløp per år

	2011	2012	2013
Talet på registrerte krav (i heile 1 000)	1 191	1 207	1 196
– Straffekrav	316	317	305
– Andre slags krav	875	890	891
Samla innkravd beløp (i mill. kroner)	3 785	3 779	3 769
– Straffekrav	1 357	1 321	1 341
– Andre slags krav	2 428	2 458	2 428

Tabell 5.23 syner ein nedgang i talet på registrerte krav frå 2012 til 2013. Talet på registrerte straffekrav har minka med 12 000, medan talet på andre slags krav har auka med 1 000. Det innkravde beløpet gjekk litt ned. Utleggsdatabasen, som SI drifter, inneheld frå 2013 utleggsforretningar frå alle særnamsmenn i Noreg. Alle utleggsforretningar, så nær som utleggsforretningar haldne av SI

med resultatet «inkje til utlegg», vert no overførte frå utleggsdatabasen til Lausøyregisteret, slik at registeret vert eit godt verktøy for kredittvurderingar. Utleggsdatabasen medverkar til korrekt innkrevjing for SI, men er også med på å sikre rettsstryggleiken for skyldnarar ved at det ikkje vert lagt ned trekk det ikkje er rom for i skyldnaren sin økonomi.

Føremålseffektivitet

For å kunne vurdere kor føremålseffektiv verksomda er, er det sett mål for kor stor del av kvar

kravtype som er oppgjord (løysingsprosent) og innbetalt (innbetalingsprosent) i perioden.

Tabell 5.24 Statens innkrevjingssentral – innkrevjingseffektivitet (løysings¹- og innbetalingsprosent²)

Kravtype	Løysingsprosent			Innbetalingsprosent		
	Resultat 2012	Resultat 2013	Resultat- mål 2013	Resultat 2012	Resultat 2013	Resultat- mål 2013
Bøter	58,3	58,2	59,1	55,8	56,2	56,5
Erstatningar	4,4	4,4	5,5	3,9	3,8	4,1
Inndragingar	9,1	17,8	9,2	6,7	8,0	6,5
Mislegħaldne studielān	9,8	10,4	12,2	5,5	5,4	7,0
Regresskrav, sakkostnader m.v.	34,0	39,2	35,4	13,8	8,3	12,5
Forseinkingsgebyr etter rekneskapslova	91,1	92,4	92,0	27,7	25,8	28,0
Trafikantsanksjonar	58,1	62,5	61,4	56,9	52,9	58,5
Gebyr etter skipstryggleikslova				91,0	91,8	92,0
Mislegħalden årsavgift på motorvogn				39,7	37,9	39,5
Mislegħalden kringkastingsavgift				34,8	32,0	33,5

¹ Del av beløp til innkrevjing som er oppgjord (innbetalt og avskrivet) per kravtype i perioden.

² Del av beløp til innkrevjing som er innbetalt per kravtype i perioden.

Dei fleste resultata i 2013 er litt lågare enn dei måla som vart sett. Avvika er ikkje vesentlege. Eldre krav er generelt vanskelegare å krevje inn enn nyare krav, og kravtilfanget vil difor påverka det samanlagde resultatet. Resultata er også påverka av at utleggsdatabasen no er teken i bruk av alle særnamsmenn. Dette har mellom anna ført til at SI har mått vike prioriteten og dermed få lågare resultat. Departementet vurderer

føremålseffektiviteten i innkrevjingga ved SI som tilfredsstillande.

Kostnadseffektivitet

For 2013 vart det brukt to produktivitetsindikatorar for å kaste lys over kostnadseffektiviteten til verksemda, jf. tabell 5.25. Hovudmålet er at produktiviteten skal auke.

Tabell 5.25 Statens innkrevjingssentral – produktivitetsutvikling

Indikator	Resultat 2011	Resultat 2012	Resultat 2013
Innkrevd beløp per årsverk (i mill. kroner)	12,7	12,8	12,7
Kostnad per innkrevde 1 000 kr ¹		64,6	68,3

¹ Kalkylemodellen vart kvalitetssikra i 2013, og tala frå 2011 kan ikkje jamførast direkte med tala for 2012 og 2013. 2011-talet er difor ikkje med i tabellen.

Innkrevd beløp er så godt som uendra frå 2011 til 2013. Kostnad per innkrevde tusen kroner i 2013 auka nokon frå 2012 til 2013, mellom anna på grunn av investeringar i digitalisering av tenester. Desse

utgiftene gjev grunnlag for seinare kostnadsreduksjon og betre service. Departementet meiner resultata tyder på at drifta alt i alt er kostnads effektiv.

Hovudmål 2: Innkrevjingsarbeidet skal ha god kvalitet

SI skal legge vekt på rettstryggleik og lik behandling i innkrevjingsarbeidet.

Tabell 5.26 Rett saksbehandling

Indikator	2012	2013
Minst 99 pst. av saksbehandlinga ved friviljug innkrevjing skal vere feilfri	94,4	99,4
Minst 99 pst. av saksbehandlinga ved tvangsinnekkrevjing skal vere feilfri	98,5	99,1
Minst 96 pst. av saksbehandlinga ved annan innfordring skal vere feilfri ¹		99,7

¹ Indikatoren var ny i 2013.

Resultata er basert på stikkprøvar. Alle mål for kvalitet er nådd. Departementet er nøgd med kvaliteten på arbeidet til SI.

Hovudmål 3: Verksemda skal vere serviceorientert
SI skal i saksbehandlinga vege omsynet til oppdragsgjevaren mot omsynet til skyldnaren. Verksemda skal yte god service i innkrevjingsarbeidet.

Tabell 5.27 Statens innkrevjingssentral – servicegrad¹

Kategori	Resultatmål	Resultat 2011	Resultat 2012	Resultat 2013
Telefon, fyrsteline	Minst 70 pst. av oppringingane skal svarast på innan 1 minutt	77 pst	68 pst.	72 pst.
Saksbehandlingstid skriftlege førespurnader i friviljug innkrevjing	Minst 50 pst. av svara skal leverast innan 10 dagar			71 pst.
Saksbehandlingstid skriftlege førespurnader i tvangsinnekkrevjing	Minst 80 pst. av svara skal leverast innan 10 dagar			84 pst.
Saksbehandlingstid skriftlege førespurnader i annan innfordring	Minst 50 pst. av svara skal leverast innan 10 dagar			76 pst.
Saksbehandlingstid for klagar på tvangsinnekkrevjing	Minst 65 pst. av svara skal leverast innan 10 dagar			81 pst.

¹ Måla for saksbehandlingstid for skriftlege førespurnader var nye i 2013.

Alle måla for service er nådd. Departementet er godt nøgd med resultata på dette området.

Hovudmål 4: Driftssentralfunksjonane skal ha god kvalitet

SI skal arbeide for at økonomitenestene som verksemda leverer til politi- og lensmannsetaten, held god kvalitet. Dette gjeld politiets økonomisystem (PLØS), systemet for rekneskapsføring av ikkje-statlege midlar (RIM), systemet for elektronisk fakturabehandling (CI), saksbehandlarløysinga

for SI og dei alminnelege namsmennene (SIAN) og forvaltinga av utleggsdatabasen (UB). Dei fastsette måla for fagleg utøving av denne delen av verksemda i 2013 vart nådde. Svarprosenten på telefonoppringingar til PLØS har i gjennomsnitt vore 98. Svarprosenten på telefonoppringingar til SIAN og UB var også 98. Av registrerte saker vart høvesvis 97 pst. (PLØS) og 95 pst. (SIAN og UB) løyste innan ei veke. Det vart gjennomført brukargranskningar i 2013 for både PLØS og SIAN. Desse granskningane synte at brukarane stort sett var nögde med tenestene.

Samla resultatvurdering

Departementet vurderer driftsresultata i 2013 samla sett som gode med dei ressursane etaten har til rådvelde. Føremålseffektiviteten i innkrevjingsarbeidet var noko svakare i 2013 enn i 2012 på nokre kravtypar. Departementet vurderer drifta av SI som kostnadseffektiv. Kvaliteten på saksbehandlinga og lovbruken er god. SI har innarbeidd gode rutinar for å halde fristane for saks-

behandlingstid. SI nådde måla for svarprosent og servicegrad i fyrstelina for telefontenesta. Det er viktig at verksemda prioriterer ei god og effektiv svartene. Departementet er nøgd med SIs service overfor skyldnarane. Alle mål er nådde for svarprosent og servicegrad for økonomisystemestene til politiet og lensmannsetaten, saksbehandlingsløysinga for dei alminnelege namsmennene og utleggsdatabasen.

Kap. 4634 Statens innkrevjingssentral

Post	Nemning	Rekneskap 2013	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
02	Refusjonar	46 421	41 400	
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	4		
16	Refusjon av foreldrepengar	1 512		
18	Refusjon av sjukepengar	7 106		
85	Misleghaldne lån i Statens lånekasse for utdanning	254 731	240 000	
86	Bøter, inndragingar m.m.	1 312 431	1 300 000	
87	Trafikantsanksjonar	66 799	70 000	
88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	250 661	200 000	
Sum kap. 4634		1 939 665	1 851 400	

Inntektene på kap. 4634 *Statens innkrevjingssentral* har jamt over vore vanskelege å budsjetttere. Hovudgrunnen er at krava har vorte ilagde av andre. Særleg har straffekrav fra politi og domstolar variert mykje fra år til år.

Post 02 Refusjonar

Posten omfatta refusjonar for utgifter verksemda hadde til tenester for oppdragsgjevarane. Det gjaldt først og fremst innkrevjing av misleghalden kringkastingsavgift.

Post 85 Misleghaldne lån i Statens lånekasse for utdanning

Posten omfatta inntekter fra innkrevjing av misleghaldne lån som vart tapsførte i Statens lånekasse for utdanning.

Post 86 Bøter, inndragingar m.m.

Posten omfatta inntekter fra bøter (forenkla føreligg, vanlege føreligg og bøter som er ilagde ved dom), inndragingar og sakskostnader.

Post 87 Trafikantsanksjonar

Posten omfatta inntekter fra trafikkgebyr, parkeringsgebyr og overlastgebyr, utforda av politiet og Statens vegvesen.

Post 88 Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret

Posten omfatta innbetaling av forseinkingsgebyr, ilagde av Rekneskapsregisteret.

Kap. 1638 Sal av klimakvotar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	4 549	3 700	
21	Kvotekjøp, generell ordning, <i>kan overførast</i>	867 727		
	Sum kap. 1638	872 276	3 700	

Rapport 2013

I løpet av den første Kyoto-perioden (2008–2012) inngjekk staten avtalar om kjøp av klimakvotar med ein forventa levering på om lag 22,3 mill. kvotar. I 2013 vart det utsteds og levert om lag 13,2 mill. kvotar til ein samla kostnad på om lag 866 mill. kroner. Førebels overslag tyder på at staten har behov for 21,2 mill. kvotar for å nå målet om ei overoppfylling på 10 pst. i den første Kyoto-perioden. Kvotar som ikkje vert nytta i den første Kyoto-perioden (2008–2012), kan overførast til den neste perioden (2013–2020).

2014

Ansvaret for forvaltninga av statens kjøp av klimakvotar vart 1. januar 2014 overført frå Finansdepartementet til Klima- og miljødepartementet. For ein nærmare omtale av statens kvotekjøp viser ein til kap. 1481 under Klima- og miljødepartementet.

Kap. 4638 Sal av klimakvotar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Salsinntekter	5 362	539 600	
	Sum kap. 4638	5 362	539 600	

Rapport 2013

I 2013 selde staten den resterande delen av kvo-tereserven som ikkje vart nytta i perioden 2008–2012. Dette gav ei inntekt på 5,3 mill. kroner. Salet av 2013 kvotar vart utsett som følgje av forseinkin- gar i arbeidet med å knyte Noreg til den felles-europeiske auksjonsplattforma.

2014

Ansvaret for sal av klimakvotar vart i 2014 overført frå Finansdepartementet til Klima- og miljø-departementet, jf. omtale i Prop. 93 S (2013–2014) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2014*. For ein nærmare omtale av statens sal av klimakvoter viser ein til kap. 4481 under Klima- og miljødepartementet.

Kap. 1645 Statens finansfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
70	Tilskot til drift	3 000	3 000	
	Sum kap. 1645	3 000	3 000	

Rapport

Ved kongeleg resolusjon av 14. februar 2014 vart det bestemt å avvikle Statens finansfond ved utløpet av fyrste kvartal 2014. I Meld. St. 21 (2013–2014) *Finansmarknadsmeldinga 2013* er det i kap. 8 gjort greie for verksemda i fondet i 2013.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.

Programkategori 24.1 Statsgjeld, renter og avdrag m.m.

Utgifter under programkategori 24.10, fordele på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	(i 1 000 kr)
					Pst. endr. 14/15
1650	Statsgjeld, renter m.m.	12 219 638	10 758 600	12 912 400	20,0
1651	Statsgjeld, avdrag og innløysing	66 544 000		61 419 000	
	Sum kategori 24.10	78 763 638	10 758 600	74 331 400	590,9

Det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet, slik det er berekna ved nysalderinga av budsjettet, vert finansiert med overføring frå Statens pensjonsfond utland. Finansieringsbehovet i statsbudsjettet, m.a. avdrag på statsgjelda, netto utlån og kapitalinnskot til statsbankane, vert dekt med låneopptak i marknaden og/eller ved trekk på staten si kontantbeholdning.

Det er lagt opp til at finansieringsbehovet til staten skal dekkjast ved å ta opp nye langsiktige lån innanlands. Av omsyn til statspapirmarknaden vert det vanlegvis lagt opp til å glatte ut den langsiktige opplåninga over fleire år. Den kortskiktige opplåninga skal mellom anna sikre at staten har tilstrekkeleg likviditet til å dekkje daglege betalingar.

Finansdepartementet si fullmakt til å låne i marknaden vert fastsett av Stortinget på grunnlag av den årlege stortingsproposisjonen om lånefullmakter, jf. Prop. 24 S (2013–2014) *Fullmakt til å ta opp statslån o.a.*

Statsgjelda auka sterkt etter at ein i 2008 etablerte ordninga der staten sel statskassevekslar i byte mot obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). På det meste var det utført statskassevekslar for 229 mrd. kroner under byteordninga. Dei siste byteavtalane forfall i juni 2014.

Tabell 5.28 syner den innanlandske statsgjelda per 31. desember 2013, medrekna kontolån frå ordinære fond i statskassa.

Tabell 5.28 Innanlandske statsgjeld per 31. desember 2013

Type lån	Beløp (mill. kr)
Faste innanlandske lån	288 862
Statskassevekslar	161 940
Kortsiktige kontolån	153 243
Kontolån frå ordinære fond ¹	85 694
Sum	689 739

¹ Gruppe 81 i Statsrekneskapen. Er ikkje omfatta av dei ordinære lånefullmaktane.

Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	33 660	33 000	40 400
89	Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	12 185 978	10 725 600	12 872 000
	Sum kap. 1650	12 219 638	10 758 600	12 912 400

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsutgifter som staten har i samband med gjelds- og likviditetsforvalting. Det gjeld m.a. utgifter til informasjons- og analysesystem, utgifter som Noregs Bank og verdipapirsentralen (VPS) har i samband med behandlinga av staten sine lån, og utgifter knytte til ratingbyråa si vurdering av Noreg. Posten dekkjer òg betaling til Noregs Bank for tenester som banken yter Finansdepartementet i samband med forvaltinga av gjelda og likviditeten til staten, og drift og forvalting av statens kontoar i Noregs Bank.

I Prop. 24 S (2013–2014) *Fullmakt til å ta opp statslån o.a.*, varsla Finansdepartementet at ein vil sjå nærmare på arbeidsdelinga med banken «med sikte på å reindyrke si rolle som overordna, styrande eining og Noregs Banks rolle som utøvande eining innafor ramma av eit mandat.» Etter nærmare drøftingar er det no avklårt at banken skal få utvida operative oppgåver i samband med opp-

låninga i marknaden. Vidare skal han få nye oppgåver med rekneskap og betalingar. Dessutan skal banken ha utvida investorkontakt og betre informasjonen om norske statspapir.

Post 88 Renter og provisjon m.m. på utanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

Det siste utanlandsrånet forfall i 2004. Departementet har ikkje bedt om fullmakt til å ta opp nye lån i utanlandsk valuta, og det er difor ikkje budsjettet med rentebetalingar på denne posten.

Dei fleste utanlandsråna var ihendehavarlån, og midlar knytte til uavhenta obligasjoner og rentekupongar står hos betalingsagentar. Ved forelding av lånet skal agenten tilbakeføre uavhenta midlar. Slike midlar skal førast som inntekter på kap. 1650, post 88. Eventuelle seinare krav frå obligasjonseigarane etter at foreldingsfristen er gått ut, skal førast som utgifter på denne posten.

Post 89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

(mill. kr)

Underpost	Underpostens betegnelse	Rekneskap 2013 ¹	Saldert budsjett 2013	Forslag 2015
89.11	Faste lån	10 414	9 029	8 106
89.12	Gjenkjøps- og rentebyteavtalar	-3 053	-2 464	-2 583
89.13	Kontolån	183	40	172
89.14	Kontolån frå ordinære fond	1 622	1 690	3 980
89.15	Statskassevekslar	3 020	3 014	1 046
89.17	Nye faste lån		1 492	2 150
	Sum kap. 1650, post 89	12 186	12 800	12 872

¹ I rekneskapen vert faste lån og nye faste lån ført samla.

Til grunn for overslaget for renteutgiftene under kap. 1650, post 89, ligg dels eksisterande lån og dels overslag over behovet for låneopptak i 2014 og 2015. Renteutgiftene vert påverka av omfanget av ny opplåning, førtidig innfriing og endringar i statens portefølje av rentebyteavtalar. Renteutgiftene vert òg påverka av utviklinga i marknadsrentene. Overslaget over renteutgifter er usikkert.

Underpost 89.11 Faste lån

Under denne posten vert det budsjettet renteutgifter på obligasjonslån som er tekne opp før 1. januar 2014. Ved opptak av statsobligasjonslån kan det på grunn av skilnad mellom kupongrente på det aktuelle lånet og marknadsrenta på lånetidspunktet, oppstå ein over- eller underkurs. For å gje eit meir korrekt bilet av dei årlege finansieringskostnadene for staten, vert ein slik over- eller underkurs ikkje inntekts- eller utgiftsført på lånetidspunktet, men avrekna mot ein balansekonto i statsrekneskapen (gruppe 77) og inntekts- eller utgiftsført på post 89.11 over den løpetida som står att for lånet. Renteutgiftene på faste lån i 2015 kjem dermed fram som kupongrente, justert for den delen av over- eller underkursen som vert inntekts- eller utgiftsført i 2015.

Renteutgiftene på faste lån er anslått til 8 106 mill. kroner i 2015.

Underpost 89.12 Gjenkjøps- og rentebyteavtalar

Posten omfattar renteutgifter i samband med utlån av statspapir til primærmeklarane (gjenkjøpsavtalar). Staten betaler rente på kontantinnskotet som primærmeklarane stiller som sikkerheit i utlånsperioden. I tillegg vert nettoeffekten på renteutgiftene frå rentebyteavtalar i norske kroner ført på denne posten. Staten mottek ei fast langsiktig rente og betaler ei kortsiktig penge-marknadsrente i desse avtalane. Ettersom ein ventar låge pengemarknadsrenter framover, reknar ein med ei nettoinntekt på denne posten på 2 583 mill. kroner i 2015.

Underpost 89.13 Kontolån

Statsinstitusjonar og statlege fond skal etter avtale plassere ledige midlar som innskot (kontolån) i statskassa. For dei fleste av desse innskota betaler staten rente. Kontolånsplasseringar som kjem frå overskotslikviditet i samband med skatte- og avgiftsbetalingar, vert ikkje forrenta. Renteutgiftene på kontolån er anslått til 172 mill. kroner i 2015.

Underpost 89.14 Kontolån frå ordinære fond

Inneståande kontolån frå ordinære fond (gruppe 81 i Statsrekneskapen) var ved utgangen av 2013 på 85,7 mrd. kroner (medrekna kapitaliserte renter). For 2015 vert rentene på kontolån frå ordinære fond anslått til 3 980 mill. kroner.

Underpost 89.15 Statskassevekslar

Den ordinære kortsiktige opplåninga i marknaden skjer gjennom auksjon av statskassevekslar. Dette er renteberande papir utan kupongrente, der rentekostnaden følgjer av underkursen som papira vert lagde ut til. Den effektive renta på statskassevekslane er såleis avhengig av kurser som staten oppnår i auksjonane.

Ordninga med byte av statspapir mot obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) innebar at staten og bankane bytte statskassevekslar mot OMF. Bankane fekk utbetalt statskassevekselrenta frå staten i heile avtaleperioden, og den vart ført som utgift under post 89.15.

Dei samla renteutgiftene til staten under denne posten er anslått til 1 046 mill. kroner i 2015.

Underpost 89.17 Nye faste lån

Underposten omfattar renteutgifter på innanlandske obligasjonslån med faste rente- og avdragsterminar tekne opp etter 1. januar 2014. Kupongrente vert betalt årleg og etterskotsvis, og difor er det lagt til grunn i utrekninga at faste lån som er tekne opp i 2015 ikkje gjev renteutgifter i 2015. Over- eller underkurs er budsjettet som omtalt under post 89.11. For 2015 er renteutgiftene på nye faste lån anslått til 2 150 mill. kroner.

Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløysing

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
98	Avdrag på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	66 544 000		61 419 000
	Sum kap. 1651	66 544 000		61 419 000

Post 98 Avdrag på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

Posten omfattar avdrag på langsiktige statsobligasjonslån. Det er ikkje mogleg å gje noko godt overslag over omfangen av eventuelle tilbakekjøp

og førtidige innfriingar, og ein har difor ikkje innarbeidd dette i budsjettet. Det er heller ikkje ynskjeleg å gå ut med talfesta overslag, sidan det kan gje staten mindre handlefridom i marknaden. I 2015 forfell eit statsobligasjonslån med anslått avdragsvolum 61 419 mill. kroner.

Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.

Utgifter under programkategori 24.20

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1670	Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken			20 000	
	Sum kategori 24.20			20 000	

Kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	(i 1 000 kr)	
				Forslag 2015	
50	Tapsfond for miljølåneordninga			20 000	

Den nordiske investeringsbanken (NIB)

Den nordiske investeringsbanken (NIB) vart skipa i 1975 etter avtale mellom regjeringane i dei nordiske landa. Avtalen er seinare revidert etter semje 23. oktober 1998. Frå 1. januar 2005 vart Estland, Latvia og Litauen medlemer av banken. NIB har hovudkontor i Helsingfors i Finland.

Nærare om låne- og garantiordningane i NIB

Hovudtyngda av verksemda til banken er vanlege investeringsutlån og garantiar. Dei vanlege utlåna vert finansierte med grunnkapitalen til banken. Utanom vanlege utlån og garantiar yter banken lån til prosjektinvesteringar utanfor Norden (PIL) og miljølån til prosjekt i nærområda til medlemslanda (MIL).

Grunnkapitalen

Grunnkapitalen er dels innbetalt kapital og dels garantikapital frå medlemslanda. Noregs garantiskyldnad overfor NIB er 1 243 659 651 euro. Finansdepartementet tilrår at Stortinget gjev Finansdepartementet fullmakt til å gje garantiar i 2015 for Noregs del av grunnkapitalen til NIB, fråtrekt inn-

betalt kapital, innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 243 659 651 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.1.

Prosjektinvesteringslån (PIL)

Gjennom PIL gjev banken lån til finansiering av prosjekt i land med relativt god betalingsevne, først og fremst i Asia, Sentral- og Aust-Europa, Latin-Amerika og Afrika. NIB rapporterer jamleg om engasjementa under PIL. NIB gjev dessutan lån til bedriftsinvesteringar innanfor OECD-området.

Utlånsramma for prosjektlåneordninga (PIL) er 4 000 mill. euro. Garantiansvaret til medlemslanda er avgrensa til 90 pst. av kreditrisikoen ved kvart lån innanfor eit samla beløp på 1 800 mill. euro. Styret i NIB har vedteke at banken skal dekke eventuelle tap under PIL, opp til ein viss sum som er avsett i eit eige fond. Fondet er bygt opp gradvis. I 2008 sette banken av 43,7 mill. euro av overskotet i 2007 til dette fondet. I tillegg har Noreg sett av 16 mill. kroner til tapsfond for PIL.

Finansdepartementet tilrår at Stortinget for 2015 gjev departementet fullmakt til å gje garantiar for lån frå NIB i samband med PIL innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar

på 329 309 000 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.2.

Miljølåneordninga (MIL)

Gjennom MIL gjev NIB lån til miljøprosjekt i nærområda i Øst-Europa. Føremålet er å minke miljøbøra som nærområda skaper for medlemslanda. Ordninga vert garantert 100 pst. av medlemslanda. Noregs garantiansvar var fram til juli 2014 61 324 000 euro. I åra 1998 til 2004 vart det løyvt til saman 45 mill. kroner til eit tapsfond for denne låneordninga.

Eit utlån under MIL på 25 mill. USD er misleg halde i 2013, og NIB har kravt innløysing av garantiansvaret som medlemslanda har. Noregs del er 5 372 651,79 USD og vart betalt 2. juli 2014 med 33 143 888,49 kroner. Beløpet vart belasta tapsfondet. Noregs garantiansvar under MIL vart dermed redusert til 57 354 136,09 euro. NIB har varsla at det under miljølåneordninga truleg vil kome ytterlegare tap, førebels rekna til 10 mill. USD i 2014 og 5 mill. USD i 2015.

Finansdepartementet tilrår at Stortinget gjev departementet fullmakt til å gje garantiar i 2015 for lån frå NIB under MIL innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 57 354 136,09 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.3.

Tapsfondet på 45 mill. kroner utgjer snautt 10 pst. av Noregs opphavlege garantiskyldnader

under ordninga. På grunn av innløysinga av garantiansvar i 2014 er tapsfondet minskat til under 11,9 mill. kroner. Finansdepartementet tilrår at det på kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken, post 50 Tapsfond for miljølåneordninga, vert løyva 20 mill. kroner i 2015 til å byggje opp fondet igjen slik at det vert mogleg å dekkje eventuelle seinare tap under MIL-ordninga. Før moglege tap vil fondet med dette vere på snautt 31,9 mill. kroner ved inngangen til 2015. Tapsfondet vil då utgjere nærmare 7 pst. av Noregs garantiansvar. På grunn av risiko for nye tap under MIL tek ein sikte på ytterlegare avsetjingar, slik at forholdet mellom tapsfondet og Noreg sitt garantiansvar med tida kjem opp at til om lag 10 pst.

Den nordiske investeringsbanken er eit sams nordisk-baltisk tiltak. Reglar for økonomiforvaltinga i den norske statsforvaltninga kan difor ikkje utan vidare gjerast gjeldande. Forvaltinga av Noreg sine garantiskyldnader under PIL-ordninga og MIL-ordninga oppfyller ikkje føresegnene i økonomireglementet om forvalting av statlege garantiar. Dette gjeld reglane om at garantiordninga skal vera sjølvfinansierande og staten skal stille som enkel kausjonist, og krava om lineær nedtrapping av garantiansvaret, om pro rata risikofordeling og om valutaslag.

I tabell 5.29 er det gjeve ei samla oversikt over garantiordningane for Den nordiske investeringsbanken.

Tabell 5.29 Garantiordninga for Den nordiske investeringsbanken

	Utbetalt pga. tap i 2013	Samla garantiansvar 31.12.2013 ¹	Samla fullmakt i 2014 for nye og gamle garantiar ²	Samla fullmakt i 2015 for nye og gamle garantiar ²
1. Grunnkapital fråtrekt innbetalt kapital frå Den nordiske investeringsbanken	-	10 424 977	10 138 935	10 138 935
2. Prosjektinvesteringsslån gjennom Den nordiske investeringsbanken	-	2 858 357	2 684 691	2 684 692
3. Miljølån gjennom Den nordiske investeringsbanken	-	532 289	499 944	467 580
Sum garantiar under Finansdepartementet	-	13 815 623	13 323 571	13 291 206

¹ Omrekna frå euro 29. desember 2013 (kurs 8,32)

² Omregna frå euro 29. august 2014 (kurs 8,1525)

Kap. 5341 Avdrag på uteståande fordringar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
91	Vanlege fordringar	116		
95	Avdrag på lån til andre statar	247	300	300
98	Avdrag på eigenbehaldning statsobligasjonar	6 000 000		8 000 000
	Sum kap. 5341	6 000 363	300	8 000 300

Post 91 Vanlege fordringar

På denne posten vert det ført eventuelle avdrag på lån, m.a. til næringsverksemd.

Post 95 Avdrag på lån til andre statar

I 1983 vart det gjeve lån til Jugoslavia på 40 mill. norske kroner, jf. St.prp. nr. 92 (1982–83) og Innst. S. nr. 262 (1982–83). Lånet var eit avdragslån med endeleg forfall i august 1999. Det vart betalt avdrag til og med terminen 1. februar 1991 og renter til og med terminen som forfall 1. februar 1992.

Etter oppløysinga av Jugoslavia vart lånet fordelt på dei enkelte republikkane. Låneskyldnaðene for Kroatia, Slovenia og Bosnia-Hercegovina

er gjort opp. Etter ein avtale i Paris-klubben fekk Serbia og Montenegro sletta 51 pst. av gjelda i 2002 og tok til å betale renter i 2003. Etter den same avtalen vart 30 pst. til av gjelda sletta i byrjinga av 2006. Det fyrste avdraget på lånet vart betalt i 2008. For 2015 er avdraga rekna til 0,3 mill. kroner.

Post 98 Avdrag på eigenbehaldning statsobligasjonar

Posten omfattar avdrag som staten får innbetalt på eigenbehaldning av statsobligasjonar som vert nytta til marknadspleie. I 2015 forfell eit statsobligasjonslån der staten har ein eigenbehaldning på 8 000 mill. kroner.

Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
85	Overføring			3 000 000
	Sum kap. 5351			3 000 000

Etter retningslinene for Noregs Banks årsoppgjersdisposisjonar, fastsette ved kgl. res. 21. desember 2000, skal eit eventuelt overskot setjast av til bankens kursreguleringsfond inntil fondet utgjer ein bestemt del av dei innanlandske og utanlandske aktiva som inneber ein kursrisiko for banken. Eventuelt overskot etter avsetjingar til kursreguleringsfondet skal setjas av i eit overføringsfond. Ved kvart årsoppgjør skal eit beløp svarande til ein tredel av inneståande beløp i overføringsfondet overførast til statskassa .

Basert på vurderingar av risikoen for swingningar i resultatet til Noregs Bank i åra framover, er

storleiken på kursreguleringsfondet sett til 40 pst. av bankens netto internasjonale fordringar og 5 pst. av bankens behaldning av innanlandske verdipapir. Dersom kursreguleringsfondet er mindre enn dette, vert det ikkje sett av midlar til overføringsfondet. Retningslinene er nærmare omtala i St.prp. nr. 40 (2002–2003). Kursreguleringsfondet har i fleire år vore lågare enn minstekravet i retningslinene. Rekneskapen for 2013 tilseier at kursreguleringsfondet må byggjast opp til 136,1 mrd. kroner før det vert overført middel til overføringsfondet. Ved utgangen av 2013 var kursreguleringsfondet på 126,7 mrd. kroner, og det er difor no

ikkje middel i overføringsfondet. Auka avkastning av valutareservane har løfta kursreguleringsfondet vidare i 2014. Ein reknar no med at det vil vere grunnlag for overføringer til staten frå og med

2015. Venta overføring i 2015 er 3 mrd. kroner. Endeleg beløp vert fastlagt ved Noregs Banks avslutning av rekneskapen for 2014.

Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar

Post	Nemning	Rekneskap 2013	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
80	Av statskassas foliokonto i Noregs Bank	119	233 200	435 000
81	Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta	167	300	200
82	Av innanlandske verdipapir	1 572 330	1 579 500	1 760 400
83	Av alminnelege fordringar	25 406	30 000	25 000
84	Av driftskreditt til statsverksemder	199 676	309 800	253 400
85	Renteinntekter frå byteavtalar m.m.	2 376 663	790 300	
86	Renter av lån til andre statar	315	200	100
87	Renteinntekter m.m. frå Statens finansfond	57 416	7 800	
89	Garantiprovisjon	40 541	40 100	
	Sum kap. 5605	4 272 633	2 991 200	2 474 100

Post 80 Av statskassas foliokonto i Noregs Bank

Ved utgangen av 2013 var staten si kontantbeholdning i Noregs Bank om lag 89 mrd. kroner, mot 131 mrd. kroner ved utgangen av 2012.

Alle betalingar til og frå staten vert avrekna mot staten sin foliokonto i Noregs Bank. Det er store daglege svingingar på kontoane til staten, m.a. som følge av skatteinnbetalingar og overføringer til Statens pensjonsfond utland. Utviklinga i kontantbeholdninga er heller uviss.

Renta av det inneståande på foliokontoen vert rekna ut på bakgrunn av den renta som Noregs Bank får på sine utanlandske krav. For 2015 er dei samla renteinntektene under denne posten anslått til 435 mill. kroner.

Post 81 Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta

Posten omfattar m.a. renter på staten sine bankinnskot til bruk på utanriksstasjonane. For 2015 er renteinntektene under denne posten anslått til 0,2 mill. kroner.

Post 82 Av innanlandske verdipapir

Posten omfattar for det meste renteinntekter som staten får på eigenbeholdninga av statspapir som vert nytta til marknadspieleføremål.

For å gje eit meir korrekt bilet av dei årlege renteinntektene på eigenbeholdninga og dermed av dei årlege netto finansieringskostnadene til staten, vert over- eller underkurs ført etter dei same prinsippa som for statsgjelda, jf. omtale under kap. 1650, post 98. For 2015 er renteinntektene under denne posten anslått til 1 760 mill. kroner.

Post 83 Av alminnelege fordringar

Posten omfattar renteinntekter av innskot frå statens rekeskapsførarar i bankar utanom konsernkontordringa, utlån som vert forvalta av Finansdepartementet og andre departement, og andre renteinntekter av alminnelege krav.

Inntektene på denne posten er vanskeleg å føreseia. På usikkert grunnlag er det for 2015 ført opp inntekter på 25 mill. kroner.

Post 84 Av driftskreditt til statsverksemder

Dei regionale helseføretaka kan ta opp lån i statskassa til investeringsføremål. Føretaka skal ikkje betale renter i opptrekksperioden. Rentene i denne perioden skal i staden kapitalisera og leggjast til låna gjennom ei særskild låneløyving for opptrekksrenter under Helse- og omsorgsdepartementet, jf. kap. 732, post 83 og kap. 732, post 91. Post 84 her er den motsvarande inntektposten. Etter opptrekksperioden skal rentene på låna innbetalast av føretaka og inntektsførast på særskilde postar under fagdepartementet.

I 2009 vart dei regionale helseføretaka sine driftskredittar i private bankar omgjorde til driftskredittar i staten, jf. kap. 732, post 86 under Helse- og omsorgsdepartementet. Føretaka betaler renter av trekka på driftskredittramma, og desse rentene vert òg inntektsførte under post 84.

For 2015 er renteinntektene under denne posten anslått til 253,4 mill. kroner.

Post 85 Renteinntekter frå byteavtalar m.m.

Dei siste avtalane under ordninga med byte av statspapir mot obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) hadde forfall i 2014.

Post 86 Renter av lån til andre statar

Renteinntekter av lån til Serbia og Montenegro, jf. kap. 5341, post 95, vert ført under denne posten. For 2015 er renteinntektene anslått til 0,1 mill. kroner.

Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
85	Utbyte	73 513	77 200	82 700
	Sum kap. 5692	73 513	77 200	82 700

Den nordiske investeringsbanken betaler utbytte til medlemslanda i høve til den innskotne kapitalen. Storleiken på utbytet vert vedteken av styret i banken på grunnlag av resultatet av verksemda året før. For 2013 har banken i 2014 betalt utbytte

Post 87 Renteinntekter m.m. frå Statens finansfond

Statens finansfond vart avvikla fyrste halvår 2014.

Post 89 Garantiprovisjon

Island gjorde 19. november 2008 ein avtale med Det internasjonale valutafondet (IMF) om eit stabiliseringsprogram. For å finansiera programmet gjekk Noreg saman med Danmark, Finland og Sverige om å tilby langsiktige lån på til saman 2,5 mrd. USD. Det norske lånet var organisert som eit lån frå Noregs Bank til den islandske sentralbanken med garanti frå den islandske og den norske staten. Stortinget gav 14. mai 2009 Finansdepartementet fullmakt til å gje statsgaranti, jf. St.prp. nr. 47 (2008–2009) og Innst. S. nr. 221 (2008–2009). Låneavtalane vart underskrivne 5. juli 2009.

Det samla beløpet for dei nordiske lånetilsegnene vart omrekna til euro og fastsett til 1 775 mill. euro. Den norske delen utgjorde 480 mill. euro. Staten fekk ein garantiprovisjon på 2,5 pst. per år av uteståande lånebeløp. Løpetid for låna vert sett 12 år med fem års avdragfridom.

I løpet av fyrste halvår 2012 valde Island å betale tilbake litt meir enn halvparten av de nordiske låna. Noregs Bank tok då i mot til saman 281 mill. euro i ekstraordinære avdrag. I juli 2014 betalte Island tilbake resten av lånet. Det vil difor ikkje lenger vere noka provisjonsinntekt frå dette lånet.

til den norske stat med 10,14 mill. euro eller 82,9 mill. kroner. Basert på same utbyte i 2015 som i 2014 og valutakursen per 29. august 2014 gjer departementet framlegg om å føre opp eit utbytte på 82,7 mill. kroner for 2015.

Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2013	budsjett 2014	2015
85	Utbyte frå Folketrygdfondet	927	1 100	1 500
	Sum kap. 5693	927	1 100	1 500

Det er tidlegare lagt til grunn at staten skal ha normalt utbyte av den innskotne ansvarlege kapitalen i Folketrygdfondet, jf. Prop. 1 S (2009–2010) for *Finansdepartementet*. I tråd med dette er det for

2014 fastsett eit utbytekrav på 1,53 mill. kroner. Utbytekravet er fastsett med utgangspunkt i ei femårig statsobligasjonsrente. For 2015 er det difor budsjettet med eit utbyte på 1,5 mill. kroner.

Del III
Andre saker

6 Likestilling og mangfold

Nedanfor kjem ei oversikt over stoda i arbeidet med likestilling og mangfold på Finansdepartementets område, jf. likestillingslova § 1 bokstav a. Som nemnt i pkt. 1.1 i del I omfattar denne proposisjonen av praktiske grunnar og programkategori 00.30 Regjering, som Statsministerens kontor har ansvaret for. Difor er likestillingsstoda for denne programkategorien òg teken med.

Budsjettkapitla på området til Finansdepartementet gjeld for det aller meste administrasjon og statens gjeld og krav. Disponeringa av desse løvingane har lite å seia for kjønns- og likestillingstilhøve. Departementet sitt arbeid med til dømes skatte-, avgifts- og pensjonsspørsmål har i nokre tilfelle følgjer for likestillinga. Det same gjeld personalpolitikken til departementet og dei underliggende etatane.

6.1 Finansdepartementet

Personalpolitikken til Finansdepartementet bygger på prinsippet om likeverd og like høve for alle uavhengig av kjønn, alder og etnisk tilhøyrsle.

57 pst. av medarbeidarane i departementet er i aldersgruppa 30–49 år, 23 pst. er i gruppa 50–59 år, 11 pst. er under 30 år og 9 pst. er over 60 år. 0,5 pst. av mennene og 11 pst. av kvinnene arbeider deltid.

Kvinner utgjorde 46 pst. av dei tilsette per 1. oktober 2013. Blant leiarane var talet 28 pst., og på mellomleiarnivå 35 pst. Av seniorsaksbehandlerane var 40 pst. kvinner, og av juniorsaksbehandlerane var 63 pst. kvinner. 48 pst. av juristane og 38 pst. av økonomane var kvinner.

Finansdepartementet legg til rette for at tilsette med varig eller mellombels redusert funksjonsevne kan bruke kompetansen sin og røynslasi. Dette går òg fram av tilsettingspolitikken.

Ved utgangen av 2013 hadde om lag 3 pst. av dei tilsette innvandrarbakgrunn. Talet på søkjavar med innvandrarbakgrunn var 15 pst. i 2013, dvs. noko høgare enn gjennomsnittet på 14 pst. for dei siste fem åra.

6.2 Etatane under Finansdepartementet

Tabell 6.1 gjev ei oversikt over prosentdelen kvinner og prosentdelen kvinnelege leiarar per 1. oktober 2013 i verksemndene som ligg under Finansdepartementet. Vidare er vist fordelinga på kjønn for dei som arbeider deltid. Tala i parentes her og i dei to neste tabellane er frå 2012.

Tabell 6.1 Likestilling og mangfald i etatane under Finansdepartementet

	Skatte- etaten	Toll- og avg.etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet
Tilsette	6 156 (6 259)	1 935 (1 913)	931 (984)	359 (362)	364 (354)	269 (276)
Prosentdelar:						
Kvinner i etaten	62 (62)	48 (48)	52 (52)	61 (61)	70 (71)	53 (51)
Kvinnelege leiarar, heile etaten	51 (52)	37 (32)	49 (36)	58 (57)	70 (74)	48 (48)
Kvinnelege toppleiarar medrekna regiondirektørar	38 (36)	20 (20)	36 (27)	43 (33)	57 (57)	50 (43)
Kvinnelege mellomleiarar	54 (53)	47 (33)	52 (38)	63 (63)	75 (80)	47 (50)
Deltid alle tilsette	14,9 (15,5)	10 (10,5)	20 (19,8)	9,7 (8,3)	15,7 (12,4)	8,2 (8,7)
Deltid kvinner	20,5 (21,8)	16,2 (17,3)	24,8 (24,5)	13,2 (12,7)	19,5 (15,9)	12,7 (9,9)
Deltid menn	5,6 (5,3)	4,4 (4,3)	14,9 (14,7)	4,3 (1,4)	6,5 (3,9)	3,2 (7,4)

Tabellen under viser at med nokre unntak hadde kvinnene i gjennomsnitt lågare løn enn sine mannlige kollegaer.

Tabell 6.2 Kvinner sin del av løna til menn i eit utval kodar

	Skatte- etaten	Toll- og avg.etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet
Prosentdelar:						
Leiar nivå 2 koder 1477 og 1062	101,5 (103,9 ¹)	100,5 (100,2 ¹)				98,3 (98,3)
Leiar nivå 2 kode 1060	97,0 (95,9)	102,4 (102,7)		95,5	103,7 (97,1)	
Leiar nivå 2 kode 1538			99,4 (99,4)			
Leiar nivå 3 kode 1280		99,1 (99,7 ¹)				
Leiar nivå 3 koder 1211 og 1059	98,7 (97,5)	107,8 (105,9)	98,6 (99,0)	97,2 (99,6)	91,3 (87,4)	94,3 (94,0)
Leiar nivå 4 koder 1059 og 1054	98,6 (97,5)	97,7 (96,7)				
Seniorrådgjevar kode 1364	98,6 (97,6)	95,0 (95,5)	95,7 (96,3)	96,5 (96,1)	90,0 (90,7)	96,7 (95,4)
Rådgjevar kode 1434	98,0 (98,8)	97,9 (98,1)	99,7 (98,8)	96,0 (97,5)	95,5 (99,0)	100,1 (96,8)

¹ Berre på regionnivå.

I Finansdepartementet tener ein kvinneleg avdelingsdirektør 99,8 pst. av det ein mannleg avdelingsdirektør tener. Kvinnelege seniorråd-

gjevarar har 97,6 pst. og kvinnelige rådgjevarar har 95,9 pst. av den løna som menn har.

Tabell 6.3 Tilsette med innvandrarbakgrunn

	Skatte- etaten	Toll- og avg. etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet	Heile dep. omr.
Tilsette med innvandrar- bakgrunn	6,6 (6,2)	5,2 (5,1)	11,1(12,5)	8,2 (9,1)	3,3 (3,6)	6,6 (6,3)	6,7 (6,7)
Landgruppe 1 ¹	2,3 (2,1)	2,1 (2,2)	3,8 (4,3)	2,2 (2,7)	0,5 (0,5)	2,1 (2,1)	2,3 (2,3)
Landgruppe 2 ²	4,3 (4,1)	3,1 (2,9)	7,3 (8,2)	6,0 (6,4)	2,7 (3,1)	4,5 (4,2)	4,4 (4,4)

¹ EU-/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand.

² Resten av verda.

Skatteetaten

Om lag halvparten av leiarane i Skatteetaten er kvinner. Det er ei overvekt av menn på dei to høgaste leiarnivåa, medan dei to lågaste leiarnivåa har ei overvekt av kvinner. På dei høgare nivåa er det flest menn, medan det på dei lågare er flest kvinner. Tabell 2 viser at mannlege leiarar tener meir enn kvinnelege leiarar på alle nivå utanom det høgaste (regiondirektørar). Mannlege seniorrådgjevarar og rådgjevarar tener òg meir enn dei kvinnelege, men skilnadene er ikkje store.

Etaten har m.a. som mål at tilsette med innvandrarbakgrunn skal utgjere minst 4,5 pst. av dei årlege nytildelingane. Tiltaka omfattar m.a. kurs i mangfaldsrekrytering, behovsanalysar innanfor eigne tenesteområde for å sjå på alternative språkkrav ved tilsetjingar, vektlegging av fleirspråklegheit og tilbod om praksisplass i etaten. I 2013 hadde 6,1 pst. av dei nytildelte i etaten innvandrarbakgrunn.

Om lag 7 pst. av medarbeidarane i etaten opplyste at dei har nedsett funksjonsevne. Etaten har som mål at 5 pst. av dei nytildelte kvart år skal vere personar med nedsett funksjonsevne. Tiltaka omfattar m.a. deltaking i traineeprogram for personar med nedsett funksjonsevne (2), IA-plassar eller praksisplassar, og profileringstiltak.

Toll- og avgiftsetaten

Det har vorte fleire kvinnelege leiarar i dei siste tre åra. Auken har skjedd blant førstelinjeleiarane i direktoratet. Drygt ein tredel av leiarane i etaten er kvinner. I mangfaldsstrategien til etaten er det m.a. mål om balansert kjønns- og alderssamsetnad og om å få fleire medarbeidarar med fleirkulturell bak-

grunn og/eller nedsett funksjonsevne. Det vert nytta målretta stillingsutlysingar og kvinnelege leiarandidatar vert prioriterte til leiarutviklingsprogram. Kandidatar med innvandrarbakgrunn vert prioriterte til leiaropplæringsprogram og ved opp-tak av tollaspirantar. Nokre regionar har som mål å innkalle minst 2 med innvandrarbakgrunn. Det er utarbeidd ein rekrutteringsrettleiar og eit leiaropplæringsprogram der mangfold er med som eige tema. Etaten er òg med i det statlege nettverket for mangfold som består av sju statlege verksemder i tillegg til Likestillings- og diskrimineringsombudet. Det er svært få søkjavarar som opplyser om funksjonsnedsetting. Enda færre er kvalifiserte. Etaten har i stor grad klart å behalde tilsette som både får og har nedsett funksjonsevne.

Statistisk sentralbyrå (SSB)

Knapt halvparten av leiarane i etaten er kvinner, og på mellomleiarnivå er det no fleire kvinner enn menn. SSB følgjer utviklinga i kjønnssamsetnaden nøyde og har dei seinare åra arbeidd særleg med å rekruttere fleire kvinnelege leiarar. Verksemda har gjennom mange år rekruttert tilsette med innvandrarbakgrunn som har høgare utdanning, og denne medarbeidargruppa har ståande tilbod om norskundervisning. Statistisk sentralbyrå har via Arbeids- og velferdsetaten motteke og lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

Direktoratet for økonomistyring (DFØ)

Vel halvparten av leiarane og knapt to tredeler av mellomleiariene i verksemda er kvinner. Verksemda prøver å tilsetje medarbeidarar med nedsett funksjonsevne når kvalifikasjonane til søkerane elles er

like. Målet er at det alltid skal vere tilsette med nedsett funksjonsevne i sentraleininga og i kvar region.

Statens innkrevjingssentral (SI)

Kjønnsfordelinga på leiarnivå er om lag som fordelinga i heile verksemda. Innkrevjingssentralen ynskjer jamnare kjønnsfordeling mellom kvinner og menn og vil ta i bruk verkemidla i likestillingsregelverket. Innkrevjingssentralen har via Arbeids- og velferdsetaten motteke og lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

Finanstilsynet (FT)

Om lag halvparten av leiarane i verksemda er kvinner. Kvinner sin del av løna til menn har auka

dei siste åra, frå 85,9 pst. i 2010 til 90,9 pst. ved slutten av 2013.

Av alle nytilsette i 2012 hadde 15 pst. innvandrarbakgrunn, og delen av medarbeidarar med slik bakgrunn utgjer no 4,5 pst.

6.3 Legemeldt sjukefråvær i Finansdepartementet og dei underliggjande etatane

Legemeldt sjukefråvær

Tabellane nedanfor syner tal for legemeldt sjukefråvær i perioden 2009–2013 for staten, sjølv Finansdepartementet (FIN) og etatane som ligg under departementet.

Tabell 6.4 Legemeldt sjukefråvær i pst. – både kjønn

	Staten	FIN	Skatte- etaten	Toll- og avgiftsetaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet
2009	4,9	2,3	5,4	4,9	4,4	4,8	4,8	4,1
2010	4,4	2,0	4,9	4,8	4,2	4,4	5,1	2,2
2011	4,6	2,4	5,4	4,7	3,7	4,7	5,8	2,3
2012	4,4	2,5	5,1	4,2	4,0	5,0	7,2	2,4
2013	4,3	1,9	4,7	4,8	4,1	4,8	6,2	2,3

Tabellen over syner at det legemeldte sjukefråværet har gått ned to år på rad i Skatteetaten og at det fra 2012 til 2013 har gått ned i alle etatane unntatt Toll- og avgiftsetaten og Statistisk sentralbyrå. Det har vore størst nedgang i Statens inn-

krevjingssentral der det legemelde sjukefråværet er redusert frå 7,2 pst. i 2012 til 6,2 pst. i 2013. Finansdepartementet har i fleire år hatt lågt legemeldt sjukefråvær og hadde i 2013 lågast fråvær av alle departementa.

Tabell 6.5 Legemeldt sjukefråvær i pst – kvinner

	Staten	FIN	Skatte- etaten	Toll- og avg.etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet
2009	6,8	3,6	6,8	6,5	6,0	6,2	5,8	4,9
2010	6,3	3,2	6,2	6,4	6,0	6,1	6,3	3,1
2011	6,4	4,6	6,7	6,3	4,8	7,0	6,8	2,8
2012	6,3	3,9	6,4	6,1	6,1	6,5	8,0	3,7
2013	6,0	3,1	5,9	6,1	5,8	6,0	7,8	2,8

Det legemelde sjukefråværet blant kvinner var høgast i Statens innkrevjingssentral og lågast i Finanstilsynet i 2013. I både Statens innkrevjingsentral og Toll- og avgiftsetaten var det høgare enn i staten elles.

Tabellen over syner også at det legemeldte sjukefråværet blant kvinner har gått ned i alle våre etatar med unntak av Toll- og avgiftsetaten der det er på same nivå som i 2012. Nedgangen har vore størst i Finanstilsynet og Finansdepartementet.

Tabell 6.6 Legemeldt sjukefråvær i pst – menn

	Staten	FIN	Skatte-etaten	Toll- og avg.etaten	SSB	DFØ	SI	Finans-tilsynet
2009	3,3	1,5	3,3	3,5	2,7	2,9	2,3	3,3
2010	2,9	1,1	2,8	3,4	2,2	2,2	2,1	1,4
2011	3,1	0,8	3,4	3,3	2,6	1,5	3,5	1,9
2012	2,9	1,4	3,3	2,5	1,8	2,8	5,1	1,2
2013	2,9	0,9	2,9	3,6	2,1	3,0	2,6	1,7

Tabellen over syner at det legemeldte sjukefråværet blant menn har gått opp i fleire etatar. Det har gått opp mykje i Toll- og avgiftsetaten – frå 2,5 pst.

til 3,6 pst. Sjukefråværet blant menn i Finanstilsynet, Statistisk sentralbyrå og Direktoratet for økonomistyring har også gått opp, men meir moderat.

Tabell 6.7 Legemeldt sjukefråvær i pst. etter aldersgruppe

	FIN	Skatte-etaten	Toll- og avg.etaten	SSB	DFØ	SI	Finans-tilsynet
16–20 år		0,4 (1,6)	1,3 (1,7)	0 (1,0)			
21–29 år	2,9 (3,2)	3,7 (3,1)	2,6 (3,3)	2,4 (2,7)	5,5 (5,0)	6,5 (4,1)	0,9 (2,6)
30–39 år	1,8 (2,6)	4,8 (5,1)	5,3 (3,9)	2,6 (3,6)	5,9 (4,7)	8,5 (5,5)	1,8 (2,6)
40–49 år	1,7 (1,9)	4,2 (4,8)	4,8 (4,2)	3,9 (3,3)	3,4 (4,3)	5,5 (6,6)	2,0 (2,4)
50–59 år	1,9 (1,8)	5,2 (5,2)	5,1 (4,2)	4,3 (4,6)	5,4 (5,9)	6,0 (9,9)	2,4 (2,3)
60–69 år	1,8 (4,4)	6,7 (6,4)	5,2 (6,3)	5,9 (5,1)	5,9 (5,6)	5,9 (10,1)	5,1 (2,3)

Tala er frå 2013, med 2012-tal i parentes. Tabellen viser ingen klåre utviklingstrekk eller andre forskjellar mellom etatane enn dei som går fram av tabellane ovanfor. Med nokre unntak har kvinner høgare legemeldt sjukefråvær enn menn i alle

aldersgrupper i alle etatar. I dei yngre aldersgruppene er svangerskap med på å forklare fråværet, medan årsakene er meir samansette i dei eldre aldersgruppene.

6.4 Programkategori 00.30 Regjering

Statsministerens kontor

Statsministerens kontor har som mål å fremje likestilling og mangfold gjennom personalpolitikken. Kontoret legg vekt på å gje kvinner og menn same moglegheit til utvikling i oppgåver og kompetanse, og dermed same høve til lønsutvikling.

Tilstandsrapport kjønn

Tala i tilstandsrapporten er per 1. oktober 2013. For at det ikkje skal vere mogleg å identifisere enkeltmedarbeidarar, er opplysningane om deltid, bruk av mellombels tilsette og foreldrepermisjon ikkje spesifisert i stillingskategoriar.

	Fordeling tilsette i %		Kvinners løn i % av menns
	Menn	Kvinner	
Alle tilsette	54	46	103,0
Toppleiing	33	67	105,0
Adm. leiargruppe	62,5	37,5	103,3
Seniorrådgjevarar	80	20	87,6
Andre saksbehandlarar o.a.	24	76	99,1
Sjåførar	89	11	97,6

Målet er å halde på den jamne kjønnsfordelinga blant dei tilsette ved kontoret. Fordelinga kan verte betre i enkelte grupper, som sjåførgruppa og gruppa andre saksbehandlarar og støttefunksjonar. I sekretærgruppa var det 11 kvinner og ein mann, og i sjåførgruppa var det 16 menn og to kvinner.

På leiarnivå har kvinner noko høgare gjennomsnittsløn enn menn. Gjennomsnittsløna for menn og kvinner i andre grupper varierer, avhengig av fagområde, kompetanse og arbeidserfaring.

3,7 pst. av de tilsette arbeider deltid etter eige ynskje. Ingen av desse er menn.

Det var tre mellombels tilsette vikarar i 2013; ein mann og to kvinner. Av desse var to vikarar for fast tilsette i foreldrepermisjon. Fem menn og fire kvinner tok ut foreldrepermisjon i 2013. 47 pst. av det samla talet på permisjonsdagar vart brukt av mennene og 5 pst. av kvinnene.

I 2013 hadde kontoret 10 tilsette over 62 år – seks kvinner og fire menn.

Legemeldt sjukefråvær i pst. av moglege dagsverk	SMK	Kvinner	Menn
2009	1,5	3	0,1
2010	1,4	2,4	0,6
2011	4,8	6,3	3,5
2012	2,3	2,8	1,8
2013	2,0	4,1	0,8

Tiltak for å fremje likestilling og mangfold

Ved utlysing av stillingar i dei gruppene der det er skeiv kjønnsfordeling, vert det underrepresenterte kjønet oppmoda til å søkje. Målet er at ein på sikt kan få til ei betre kjønnsfordeling i alle gruppene.

Funksjonshemma og personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje ledige stillingar ved kontoret. Dersom det finst kvalifiserte søkerar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne, vert minst ein søker kalla inn til intervju.

Statsministerens kontor er IA-verksemd. Kontoret legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr, arbeidsoppgåver og arbeidstid for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne eller for andre med behov for særskild tilrettelegging, for eksempel på grunn av graviditet eller omsorgsoppgåver.

Kontoret ynskjer å leggje til rette for gode arbeidsvilkår for ulike fasar i livet. I IA-avtalen er det teke inn fleire tiltak for å førebyggje tidleg avgang frå arbeidslivet. Dette omfattar både haldningsskapande arbeid og andre generelle seniorpolitiske tiltak. Desse tiltaka er dei same for menn og kvinner. For tilsette over 60 år vert det gitt tilbod om ein seniorsamtale for å kartlegge eventuelle ynskjer om endra arbeidsoppgåver, tilrettelegging av arbeidssituasjonen og andre tiltak som kan styrke moglegheita for å stå lenger i stillinga enn fyrste moglege pensjonsalder.

Arbeidsmiljøutvalet har ein årleg gjennomgang av likestillingssituasjonen i dei ulike stillingsgruppene ved kontoret.

Det vert med jamne mellomrom gjennomført undersøkingar av arbeidsmiljøet.

Eigne rutinar for varsling av kritikkverdige forhold ved kontoret inneheld òg forhold som diskriminering.

Regjeringsadvokaten

Regjeringsadvokaten har ein likestillingsplan med mål som skal hindre forskjellsbehandling på grunn av kjønn innafor område som bemanning, leiing, faglege utfordringar, løn, tilrettelegging for omsorgsplikter m.m. Embetet legg vekt på å gje kvinner og menn same mogleheit for utvikling gjennom oppgåver og kompetansetiltak.

Tilstandsrapport kjønn

Alle tal i tilstandsrapporten er frå 1. oktober 2013. Tre av sju medlemer i leiargruppa var kvinner. Kvinnene utgjorde 42,5 pst. av advokatane ved embetet og heile 79,0 pst. av dei administrativt tilsette. Alle advokatane arbeidde i 100 pst. stilling. Fire kvinnelege tilsette på administrativ side arbeidde deltid. Ingen mannleg tilsett arbeidde i redusert stilling.

Gjennomsnittsløna for kvinnelege advokatar (inkludert leiarar og vikarar) er marginalt lågare enn for mannlege advokatar (inkludert leiarar og vikarar), tilsvarende 96,8 pst. av menns løn. Differansen er tilfeldig og heng saman med den alderssamansetjinga av kjønnsgruppene. Hos Regjeringsadvokaten får advokatane eit betydeleg lønshopp

når dei får møterett for Högsterett. Tildeling av prøvesaker for Högsterett følgjer i stor grad ansienheten og vil såleis alltid skje på kjønnsnøytrale premiss.

Eitt av måla i likestillingsplanen er at «det skal vere akseptabelt og rosverdig at fedrar tar like stor del i omsorgsoppgåvene som mødrer». Også i 2013 tok fleire av dei mannlige advokatane som var i omsorgspermisjon, noko lengre permisjon enn dei lovmessige vekene som er sette av for far.

Det samla legemeldte sjukefråveret i 2013 var 7 pst. for embetet. Sjukefråveret for menn var 0,3 pst. og 12,1 pst. for kvinner.

I 2013 hadde Regjeringsadvokaten 8 tilsette over 50 år – seks kvinner og to menn, og den eine kvinnen var 72 år.

Tiltak for å fremje likestilling og mangfold

Ved utlysing av stillingar i dei gruppene der det er skeiv kjønnsfordeling, vert det underrepresenterte kjønnet oppmoda til å søkje. Målet er at ein på sikt kan få til ei betre kjønnsfordeling i alle gruppene. I alle kunngjeringar som gjeld administrative stillingar, er det gitt uttrykk for målet om å rekruttere fleire med innvandrarbakgrunn. Regjeringsadvokaten kallar som hovudregel inn minst ein søker, som regel fleire, med innvandrarbakgrunn til intervju. Tilsvarande gjeld dersom det er kvalifiserte søkerar med nedsett funksjonsevne.

Regjeringsadvokaten er ei IA-verksemd, og legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr og arbeidsoppgåver for medarbeidarane. Embetet tilbyr arbeidsplassvurdering til alle nyttilsette og gir mogleighet til trening. I tillegg vert det tilbode eiga oppfølging for gravide arbeidstakarar gjennom tilrettelegging av arbeidsplass og oppgåver. Det vert òg gitt tilbod om gratis bistand frå bedriftshelsetenesta ved livskriser.

For dei som har minimum fem år til fyrste moglege avgangstidspunkt, vert det lagt opp til ein seniorsamtale. Formålet er å diskutere framtidsutsikter og kva mogleheter arbeidsgjevar har til å føreslå utfordrande oppgåver og kompetansehevande tiltak som kan gjere det attraktivt å stå lenger i stillinga. Individuelle ordningar vert vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det er òg frivillig helseundersøking kvart år for alle over 50 år.

Arbeidsmiljøutvalet hos Regjeringsadvokaten har ein årleg gjennomgang av likestillingssituasjonen i dei ulike stillingsgruppene ved kontoret. Embetet har regelmessige undersøkingar av arbeidsmiljøet. Det er utarbeidd eigne rutinar for varsling av kritikkverdige forhold ved kontoret.

7 Miljø- og ressursspørsmål

Løyvingane til reine miljøtiltak på området til Finansdepartementet er rekna til 34,0 mill. kroner for 2015, jf. tabell 7.1.

Tabell 7.1 Løyvingar til miljøtiltak

Kap.	Nemning	(i 1 000 kr)	
		Saldert budsjett 2014	Framlegg 2015
1600	Finansdepartementet	2 000	2 500
1620	Statistisk sentralbyrå	11 500	11 500
1670	Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken – tapsfond for miljølåneordninga	-	20 000
	Sum	13 500	34 000

7.1 Finansdepartementet

7.1.1 Oppfølging av arbeidet med berekraftig utvikling

Nedanfor vert det gjort greie for Finansdepartementet sitt arbeid med berekraftig utvikling.

Berekraftig utvikling

Finansdepartementet har eit sektorovergripande ansvar for å leggje grunnlaget for effektiv ressursforvalting. I arbeidet med den økonomiske politikken skal Finansdepartementet medverke til at den økonomiske utviklinga skjer på eit miljømessig forsvarleg grunnlag.

Direkte miljøløyvingar på Finansdepartementet sitt eige driftsbudsjett i 2015 er rekna til 2,5 mill. kroner og gjeld m.a.

- grøn skattekommisjon
- finansiering av klimarelatert økonomisk forsking og utgreiing
- vidareføring av departementet sitt arbeid med dei internasjonale klimaforhandlingane

Finansdepartementet hadde fram til 2014 også ansvaret for handel med klimavotar, men ansvaret her ligg no i Klima- og miljødepartementet.

Avsetning til tapsfond for miljølåneordninga i Den nordiske investeringsbanken

Sida 1997 har Finansdepartementet hatt fullmakt til å gje garanti for miljølåneordninga i Den nordiske investeringsbanken. I åra 1998–2004 vart det gjennom løyvingar på statsbudsjettet bygt opp eit tapsfond på 45 mill. kroner til dekking av eventuelle tap. Som følgje av tap i 2014 og varsla, ytterlegare tap, vert det for 2015 gjort framlegg om å løye 20 mill. kroner til tapsfondet.

Sektorovergripande klima- og miljøverkemiddel

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for innretting av avgifter i miljøpolitikken. Saman med omsetjelege utsleppskvotar og direkte reguleringar, er avgifter dei mest aktuelle verkemidla styresmaktene har mot miljøproblema. Rett utforma miljøavgifter gjev tildriv til å minke utsleppa der det er billegast, og sikrar at forureinrarane betaler. Difor vert det lagt stor vekt på miljø- og energirelaterte avgifter.

I budsjettet for 2014 var det ei klår dreiling i retning av grøne skattar. Auka avgifter på klimagassar og energi gjev staten auka inntekter på 1,75 mrd. kroner. Mellom anna vart dei generelle satsane i CO₂-avgifta på mineralolje (utanom autodiesel) og gass og avgifta på klimagassane HFK og PFK auka med om lag 100 kroner per tonn CO₂. Som ein del av budsjettforliket mellom regjeringspartia og Kristeleg Folkeparti og Venstre vart i tillegg grunnavgifta på mineralolje auka med 52 øre per liter utover ordinær prisjustering og avgifta på elektrisk kraft auka med 0,56 øre per kWh. I tråd med Sundvolden-erklæringa har regjeringa sett ned ein ny grøn skattekommisjon som fram til 1. desember 2015 skal vurdere om og korleis ei grøn skatteomlegging kan bidra til betre ressursbruk og til å oppfylle måla i klimaforliket. Det er viktig å sjå bruken av virkemiddel samla.

I tråd med Sundvolden-erklæringa har regjeringa vurdert eit skattefrådrag for enøk-investeringer. Det har ikkje vore mogleg å få ei slik ordning på plass frå 1. januar 2015. Regjeringa foreslår i fyrste omgang å leggje om og utvide Enovas ordning for enøk-støtte retta mot private hushald. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 LS (2014–2015) Skatter, avgifter og toll 2015.

Utforminga av eingongsavgifta motiverer kraftig til val av bilar med låge utslepp. Det er ein av grunnane til at CO₂-utsleppa frå nye personbilar har gått kraftig ned. CO₂-utsleppa frå nye personbilar har gått ned frå 177 g/km i 2006 til 111 g/km i dei fyrste åtte månadane av 2014. Økt elbilsal er hovudårsaka til nedgangen i utslepp frå nye personbilar dei siste to åra. Elbilsalet utgjorde 13 pst. av samla sal av nye personbilar i dei fyrste åtte månadane av 2014, opp frå knapt 3 pst. i 2012.

7.2 Statistisk sentralbyrå

Statistikk over utslepp til luft er eit prioritert område. Statistikken over utsleppa av klimagassar er mellom anna knytt til oppfølginga av Kyoto-protokollen og til ei ny forordning i Eurostat. Statistikken over langtransportert forureining er mest knytt til oppfølginga av Göteborg-protokollen. I tillegg til dei krava som Kyoto-protokollen set, vert det no teke med tal for utslepp frå internasjonal luft- og sjøfart og opptak av CO₂ i skog. Det er viktig å utvikle vidare kvaliteten i utsleppsstatistik-

ken, m.a. når det gjeld arbeidet med å få konsistens i energidata frå Statistisk sentralbyrå og utsleppsdata frå Miljødirektoratet. Utviklinga av statistikk over verkemiddelbruk, m.a. avgifter og utsleppskvotar, skal halde fram.

Statistikk over avfall og attvinning skal dekkje både rapporteringskrav frå EU og nasjonale behov. Statistikken over reinsing og utslepp av kommunalt avløpsvatn vert utvikla vidare. Statistisk sentralbyrå skal også følgje opp forordninga om materialrekneskapar.

Statistisk sentralbyrå skal oppdatere og publisere arealstatistikken for Noreg (arealbruk og arealressursar) og dei andre meir analysepregra temastatistikkane om areal. Ein tek sikte på å etablere gode formidlingskanalar for arealrekneskap og endringar i denne.

Statistisk sentralbyrå skal vidareføre viktige statistikkar, basert på rapportering i KOSTRA, over kommunal og fylkeskommunal miljøforvalting. Dessutan kjem Statistisk sentralbyrå til å arbeide vidare med statistikk over støyforureining og kjemikaliebruk.

Etterspurnaden etter miljøstatistikk til internasjonale publikasjonar og indikatorsystem, særleg i EU og OECD, er aukande. Frå 2013 vart ei ny EU-forordning for miljørekneskapar sett i kraft, og tal for næringsfordelte utslepp etter nasjonalrekneskapsstandarden (NAMEA), miljørelaterte skattar og rekneskapar for materialstraumar (MFA) vert rapporterte. Nye internasjonale rapporteringar til Eurostat over miljøvernugifter (EPEA), miljørelaterte varer og tenester (miljønæringer – EGGS) og næringsfordelt energibruk etter standarden for nasjonalrekneskap som følgjer av NAMEA skal skje frå 2017.

På miljø- og klimafeltet vil ein utvikle vidare økonomiske analysemodeller av norsk, europeisk og global økonomi og bruke desse til analysar av norsk og europeisk energi- og klimapolitikk, samt ressursforvaltning i Noreg og Arktis. Statistisk sentralbyrå har også viktige prosjekt på økosystemtenester og naturressursverdiar innanfor fiske, skog og jordbruk. Forskinga bidrar til statistikkarbeidet på feltet. Som del av det samfunnsfaglege sentret for energiforsking, CREE, arrangerar og deltar forskarane i aktivitetar overfor norske brukarar i forvaltninga, nærings- og organisasjonslivet, allmenta, samt nasjonale og internasjonale samarbeidspartnerar.

Finansdepartementet

tilrår:

I Prop. 1 S (2014–2015) om statsbudsjettet for år 2015 vert dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Finansdepartementet vert i Prop. 1 S (2014–2015) statsbudsjettet for budsjettåret 2015 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 20–51 og 1600–1670, 3021–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5605 og 5692–5693

I

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Regjeringa				
20	Statsministerens kontor			
01	Driftsutgifter	99 600 000	99 600 000	
21	Statsrådet			
01	Driftsutgifter	154 700 000	154 700 000	
24	Regjeringsadvokaten			
01	Driftsutgifter	62 600 000		
21	Spesielle driftsutgifter	14 400 000	77 000 000	
	Sum regjeringa			331 300 000
Stortinget og underliggjande institusjonar				
41	Stortinget			
01	Driftsutgifter	875 000 000		
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	346 300 000		
70	Tilskot til partigruppene	174 000 000		
72	Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek	1 500 000		
73	Kontingentar, internasjonale delegasjoner	13 000 000		
74	Reisetilskot til skular	3 500 000	1 413 300 000	
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret			
01	Driftsutgifter	6 800 000	6 800 000	
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga			
01	Driftsutgifter	64 300 000	64 300 000	
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste			
01	Driftsutgifter	13 000 000	13 000 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
45	Nasjonal institusjon for menneskerettar			
01	Driftsutgifter		9 300 000	9 300 000
51	Riksrevisjonen			
01	Driftsutgifter		460 000 000	
75	Internasjonale organisasjoner og nettverk		21 500 000	481 500 000
	Sum Stortinget og underliggjande institusjonar			1 988 200 000
		Finansdepartementet		
		Finansadministrasjon		
1600	Finansdepartementet			
01	Driftsutgifter		321 400 000	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		51 600 000	
70	Forsking på og allmennopplysning om finansmarknaden		13 000 000	386 000 000
1602	Finanstilsynet			
01	Driftsutgifter		328 500 000	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		10 200 000	338 700 000
1605	Direktoratet for økonomistyring			
01	Driftsutgifter		336 600 000	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		15 900 000	352 500 000
1608	Tiltak for å styrke statleg økonomi- og prosjektstyring			
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		17 400 000	17 400 000
	Sum finansadministrasjon			1 094 600 000
		Skatte- og avgiftsadministrasjon		
1610	Toll- og avgiftsetaten			
01	Driftsutgifter		1 543 900 000	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		41 000 000	1 584 900 000
1618	Skatteetaten			
01	Driftsutgifter		4 877 600 000	
21	Spesielle driftsutgifter		157 700 000	
22	Større IT-prosjekt, <i>kan overførast</i>		323 600 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	104 600 000	
	70	Tilskot	3 100 000	5 466 600 000
		Sum skatte- og avgiftsadministrasjon		7 051 500 000
		Offisiell statistikk		
1620		Statistisk sentralbyrå		
	01	Driftsutgifter	523 500 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	210 900 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	8 600 000	743 000 000
		Sum offisiell statistikk		743 000 000
		Andre føremål		
1632		Kompensasjon for meirverdiavgift		
	61	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	20 200 000 000	
	72	Tilskot til private og ideelle verksemder, <i>overslagsløyving</i>	1 820 000 000	22 020 000 000
1633		Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	5 150 000 000	5 150 000 000
		Sum andre føremål		27 170 000 000
		Statsgjeld, renter og avdrag m.m.		
1650		Statsgjeld, renter m.m.		
	01	Driftsutgifter	40 400 000	
	89	Renter og provisjon m.m. på innanlandske statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	12 872 000 000	12 912 400 000
1651		Statsgjeld, avdrag og innløysing		
	98	Avdrag på innanlandske statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	61 419 000 000	61 419 000 000
		Sum statsgjeld, renter og avdrag m.m.		74 331 400 000
		Statlege krav, avsetningar m.m.		
1670		Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken		
	50	Tapsfond for miljølåneordninga	20 000 000	20 000 000
		Sum statlege krav, avsetningar m.m.		20 000 000
		Sum departementets utgifter		112 730 000 000

Inntekter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Regjeringa				
3021	Statsrådet			
01	Leigeinntekter		300 000	300 000
3024	Regjeringsadvokaten			
01	Vederlag for utgifter i rettssaker		14 400 000	14 400 000
	Sum regjeringa			14 700 000
Stortinget og underliggende institusjonar				
3041	Stortinget			
01	Salsinntekter		7 600 000	
03	Leigeinntekter		900 000	8 500 000
3051	Riksrevisjonen			
01	Refusjon innland		1 800 000	
02	Refusjon utland		800 000	2 600 000
	Sum Stortinget og underliggende institusjonar			11 100 000
Finansdepartementet				
4600	Finansdepartementet			
02	Diverse refusjonar		500 000	500 000
4602	Finanstilsynet			
03	Prospektkontrollgebyr		10 000 000	
86	Vinningsavst��ing og gebyr for regelbrot m.m.		500 000	10 500 000
4605	Direktoratet for økonomistyring			
01	Økonomitenester		49 000 000	49 000 000
4610	Toll- og avgiftsetaten			
01	S��rskilt vederlag for tolltenester		6 400 000	
02	Andre inntekter		2 600 000	
	Refunderte pante- og tinglysingsgebyr		2 000 000	
04	Diverse refusjonar		3 300 000	
05	Refusjon fr�� Avinor AS		36 400 000	
11	Gebyr p�� kredittdeklarasjonar		18 900 000	
85	Gebyr for regelbrot – valutadeklarering		6 500 000	76 100 000
4618	Skatteetaten			
01	Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr		67 000 000	
02	Andre refusjonar		42 500 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	03	Andre inntekter	45 000 000	
	05	Gebyr for utleggsforretningar	40 000 000	
	07	Gebyr for bindande førehandsfråsegner	2 000 000	
	85	Misleghaldne lån i Statens lånekasse for utdanning	240 000 000	
	86	Bøter, inndragingar m.m.	1 300 000 000	
	87	Trafikantsanksjonar	70 000 000	
	88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	200 000 000	
	89	Gebyr for regelbrot	2 500 000	2 009 000 000
4620		Statistisk sentralbyrå		
	01	Salsinntekter	300 000	
	02	Oppdragsinntekter	214 100 000	
	85	Tvangsmulkt	10 000 000	224 400 000
		Sum Finansdepartementet		2 369 500 000
		Ymse inntekter		
5341		Avdrag på uteståande fordringar		
	95	Avdrag på lån til andre statar	300 000	
	98	Avdrag på eigenbehaldning stats- obligasjonar	8 000 000 000	8 000 300 000
5351		Overføring frå Noregs Bank		
	85	Overføring	3 000 000 000	3 000 000 000
		Sum ymse inntekter		11 000 300 000
		Skatter og avgifter		
5580		Sektoravgifter under Finansdepartementet		
	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	335 900 000	335 900 000
		Sum skatter og avgifter		335 900 000
		Renter og utbyte m.m.		
5605		Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar		
	80	Av statskassas foliomkonto i Noregs Bank	435 000 000	
	81	Av verdipapir og bankinnskot i utanlandske valuta	200 000	
	82	Av innanlandske verdipapir	1 760 400 000	
	83	Av alminnelege fordringar	25 000 000	
	84	Av driftskreditt til statsverksemnder	253 400 000	
	86	Renter av lån til andre statar	100 000	2 474 100 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
5692	Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken			
85	Utbyte	82 700 000	82 700 000	
5693	Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.			
85	Utbyte frå Folketrygfondet	1 500 000	1 500 000	
	Sum renter og utbyte m.m.		2 558 300 000	
	Sum departementets inntekter			16 289 800 000

Fullmakt til å overskride gjevne løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2015 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1600 post 01	kap. 4600 post 02
kap. 1600 post 21	kap. 4600 post 02
kap. 1605 post 01	kap. 4605 post 01
kap. 1610 post 01	kap. 4610 postane 01, 04 og 05
kap. 1618 post 01	kap. 4618 post 02
kap. 1618 post 01	kap. 4618 post 03

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskridning, skal òg dekkje meirverdiavgift som er knytt til overskridinga, og kjem difor òg ved kap. 1633, post 01, for dei statlege forvaltningsorgana som kjem inn under nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal reknast med ved berekninga av overføring av unytta løyving til neste år.

2. overskride løyvinga til oppdragsverksemd på kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, post 21 Spesielle driftsutgifter, med eit beløp som svarer til alle meirinntektene på kap. 4620 Statistisk sentralbyrå, post 02 Oppdragsintekter.

Unytta meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal reknast med ved utrekning av overføbart beløp på posten.

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskridning, skal òg dekkje meirverdiavgift som er knytt til overskridinga, og kjem difor òg ved kap. 1633, post 01, for dei statlege forvaltningsorgana som kjem inn under nettoordninga for meirverdiavgift.

III

Fullmakt til overskridning

Stortinget samtykkjer i at Statsministerens kontor i 2015 kan overskride løyvinga på kap. 21 Statsrådet, post 01 Driftsutgifter, for å setje i verk naudsynte tryggingstiltak for regjeringa.

Fullmakter til å pådra staten skyldnader utover løyingane

IV

Tingingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2015 kan gjere tingingar utover det som er løvt, men slik at den samla ramma for nye tingingar og gammalt ansvar ikkje overstig desse summane:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1602		Finanstilsynet	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	10 mill. kroner
1610		Toll- og avgiftsetaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	40 mill. kroner
1618		Skatteetaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	35 mill. kroner

V

Fullmakt til å gjere avtalar om investeringsprosjekt

Stortinget samtykkjer i at:

- ein i 2015 kan inngå avtalar for oppgåver som blir avslutta i 2015 og seinare under kap. 41 Stortinget, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, innanfor den kostnadsramma som er nemnd i Prop. 1 S (2014–2015).
- Finansdepartementet i 2015 kan inngå avtalar om gjennomføring av dei investeringsprosjekta som er omtalte i Prop. 1 S (2014–2015) under kap. 1618 Skatteetaten, post 22 Større IT-prosjekt, innanfor dei kostnadsrammene som er gjevne der.

VI

Garantifullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2015 kan gje garantiar for:

- grunnkapitalen til Den nordiske investeringsbanken innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 243 659 651 euro.

- lån frå Den nordiske investeringsbanken som gjeld ordninga med prosjektinvesteringsslån innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt garantiansvar på 329 309 000 euro.
- miljølån gjennom Den nordiske investeringsbanken innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt garantiansvar på 57 354 136 euro.

VII

Fullmakt til å dekkje utgifter til vidare bubehandling

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet for 2015 under ordninga med oppfølging av staten sine krav i konkursbu kan pådra staten skyldnader utover løyingane, men slik at den samla ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig 23,9 mill. kroner. Utbetalinger vert dekte av løyingane under kap. 1610 Toll- og avgiftsetaten, post 01 Driftsutgifter, og kap. 1618 Skatteetaten, post 21 Særlege driftsutgifter.

*Andre fullmakter***VIII****Fullmakt til å rette opp uoppklåra differansar og feilposteringar i statsrekneskapar for tidlegare år**

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2015 i einskildsaker kan rette opp uoppklåra differansar i rekneskapane og feilposteringar i statsrekneskapen som gjeld rekneskapar for tidlegare år. Dette må gjerast ved å postere over kontoen for forskuingar i balansen i statsrekneskapen i rekneskapen for det inneverande året. Fullmakta gjeld opp til 1 mill. kroner.

IX**Nettobudsjetteringsfullmakter**

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2015 kan:

1. trekke direkte utgifter i samband med auksjonssal frå salsinntektene før det overskytande vert ført som inntekter under kap. 4610 Toll- og avgiftsetaten, post 02 Andre inntekter.
 2. nettoføre refusjonar av fellesutgifter og liknande der Skatteetaten framleiger lokale, som utgiftsreduksjon under kap. 1618 Skatteetaten, post 01 Driftsutgifter.
-

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak****1 Noregs Bank**

Sentralbanksjefen er tilsett på seks års åremål frå 1. januar 2011 til 31. desember 2016. Sentralbanksjefen leier òg hovudstyret i Noregs Bank.

Løna til sentralbanksjefen utgjorde 2 032 715 kroner i 2013. Verdien av andre føremoner utgjorde same året 167 760 kroner. Sentralbanksjefen er medlem av Noregs Banks pensjonskasse med dei vilkåra som til kvar tid gjeld for den.

2 Folketrygdfondet

Folketrygdfondet er eit særlovselskap, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet. I 2013 utgjorde løna til administrerande direktør 2 849 186 kroner, pensjonsutgiftene 512 311 kroner og anna godtjersle 75 023 kroner.

Folketrygdfondet er medlem av Statens pensjonskasse. I tillegg har administrerande direktør ein avtale med Folketrygdfondet som inneber at ho ved fylte 60 år vil ha pensjonsrettighetar tilsvarende full opptening i Statens pensjonskasse. Utgiftene dekkes av Folketrygdfondet.

Den vanlege oppseiingstida er seks månader. Den administrerande direktøren har rett til etterløn tilsvarende 12 månaders pensjonsgjevande løn rekna frå utgangen av oppseiingstida dersom ho vert oppsagt eller sjølv seier opp etter avtale med styret. Etterløna vert fastsett til 18 månaders pensjonsgjevande løn rekna frå utgangen av oppseiingstida dersom oppseiingstida går ut etter fylte 62 år.

3 Statens finansfond

Statens finansfond vart skipa ved lov 6. mars 2009 nr. 12 om Statens finansfond. Administrerande direktør vart tilsett av styret. Styret fastsette òg lønsvilkåra for stillinga. I 2013 var det tilsett ein administrerande direktør i halv stilling, og han hadde ei løn på 693 267 kroner. Pensjonsutgiftene var på 13 865 kroner og anna godtjersle 12 985 kroner.

Administrerande direktør slutta i Statens finansfond 30. juni 2014 i samband med at fondet vart avvikla. Han hadde attåt stillinga i Statens finansfond ei deltidsstilling i sekretariatet for banklovkommisjonen.

Offentlege institusjonar kan tingre fleire
eksemplar frå:
Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2014

